

# **Årsrapport 2015**

**Fylkesmannen i Hordaland**

## **Innhold**

<b>I - Fylkesmannens beretning</b>	Side 3
<b>II - Introduksjon til embetets hovedtall</b>	Side 6
<b>III - Årets aktiviteter og resultater</b>	Side 10
<b>IV - Styring og kontroll i embetet</b>	Side 20
<b>V - Vurdering av framtidsutsikter</b>	Side 23

# I - Fylkesmannens beretning

## Overordna vurdering av samla resultat, ressursbruk og måloppnåing

Embetet er etter vår oppfatning styrt ressurreffektivt, med kontinuerleg merksemd og avveging av bruken av ressursar på dei einskilde områda/ og oppgåvene. Ved behov blir ressursar overførte, permanent eller mellombels, mellom seksjonar og avdelingar.

Aktiviteten i 2015 har vore høg i alle avdelingar. Det er arbeid med god kvalitet i avgjerdene, og embetet har løyst embetsoppdraga med god måloppnåing. Dei prioriterte oppgåvene er i all hovudsak gjennomførte innanfor ressursrammene. Volumkrav for tiltak (t.d. tilsyn) er oppfylde. Saksbehandlingstider for enkeltsaker etter den spesielle forvaltningsretten, er i all hovudsak oppfylte.

Embetet har i 2015 halde fram arbeidet med å utvikle eit godt styringssystem med utgangspunkt i dei sentrale styringsdokumenta. Det er tatt inn i eit styringshjul som sikrar god styring og kontroll av oppgåver og økonomi gjennom året. I 2015 hadde embetet eit mindreforbruk på ca. kr. 2,6 millioner.

## Overordna framstilling av dei viktigaste prioriteringane for året

### Gjennombrøt for statleg samordning

Embetsoppdraget og den faktiske situasjonen i fylket har ført til at det har vore stor merksemd om samordning av statlege tenester. Det mest nærliggande døme er arbeidet med flyktningar. Embetet har her eit prøveprosjekt når det gjeld busetjing. Asylsituasjonen, særleg hausten 2015, har også medført oppgåver for embetet, i samarbeid med UDI Vest. I dette arbeidet er det nytta fleire tiltak. Det har vore viktig for oss at kommunane får høve til å møte ein samordna stat. Det er gjort ved at det er arrangert møter mellom kommunar, ein eller fleire, der dei samla møter aktuelle statsetatar, t.d. UDI, IMDI, Bufetat, Husbanken når det gjeld flyktningar, og t.d. Statens vegvesen, NVE, Kystverket, når det gjeld arealplansaker i samband med motsegnprosjektet embetet har deltatt i frå starten, 01.09.2013. Vi viser til kap. V for ein vidare omtale av dette punktet.

Samordning står også sentralt når det gjeld Fylkesmannens eigne oppgåver. Vi viser her m.a. til den interne koordineringa av arbeidet med t.d barn og unge, tilsyn, planarbeid, folkehelse i plan. Vi har også lagt vekt på å koordinere tiltak frå t.d. Justis- og beredskapsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet når det gjeld beredskap. I dette arbeidet har vi ei klar haldning til at samordna tiltak skal skje innafor embete sin alminnelige styringsstruktur og arbeidsmåtar, og ikkje som eit prosjekt på sida av den alminnelige drifta i embetet.

Under dette avsnittet vil vi òg nevne at embete i 2015 har hatt fem prioriterte fellessatsingar: 1) barn og unge, 2) beredskap, 3) kommunereforma, 4) busetjing av flyktningar og 5) kompetanse-utvikling – med felles kompetanseplan og utvikling av «Fylkesmannsskulen»).

Dessutan har embetet som strategisk fokus hatt merksemda si retta mot fire overordna risikoområde: 1) verjemål, 2) informasjonstryggleik, 3) tilskotforvaltning og 4) busetjing av flyktningar.

## Kort omtale av dei sentrale forholda i embetet og fylket som har hatt betydning for det oppnådde resultatet

### Arbeidssituasjonen – regional struktur i endring

Sysselsettinga i fylket er prega av ei sterk tilknytning til olje- og gassindustrien . Ein tredel av produksjonen og kvar femte arbeidsplass er knytt til denne næringa. Det har òg vore stor vekst i fylket, og med den største veksten langs kysten. Med den sterke nedgangen i oljeprisen det siste halvanna året veks arbeidsløysa. Analyser viser at for kvar arbeidsplass som vert lagt ned i olje- og gassnæringa, vil det forsvinne sju arbeidsplassar utanfor denne næringa. Arbeidsløysa er venta å kome opp i 4,8 prosent som årsgjennomsnitt i 2016, og kan auke til 6 prosent i 2022.

Ei slik utvikling kan ha fleire konsekvensar som ein i dag ser konturane av. Ein normal vekst langs kysten vil kunne bidra til at den klåre ubalansen mellom ytre og indre distrikt kan bli mindre. Vi ser òg ei tydelig satsing på meir tradisjonelle næringar som industri og landbruk. Ein anna, isolert sett, positiv konsekvens er at vi kan oppleve eit noko mindre press på arealressursane.

### Planutfordringar

Fylkesmannen har i 2015 hatt stor merksemd på overordna planar, tre kommuneplanar, fem samfunns-delar til kommuneplan og tre planprogram. Vi har og gitt uttale til alle reguleringsplanprosessar, både ved oppstart og offentlig ettersyn. Det vart meldt om oppstart av 274 reguleringsplanar og 166 reguleringsplanforslag var ute til offentlig ettersyn.

I 2015 har vi hatt ein auke på talet av dispensasjonar frå arealdelen av kommuneplanen for utviding og endring av plassering av akvakulturanlegg. Regjeringas offensiv for auka akvakulturproduksjon kjem nokre gonger i konflikt med tema som miljømessige konsekvensar for fjordsystem, forureining, naturmangfald og friluftsliv. Desse sakene er ikkje godt nok utgreidde når slike endringar ikkje følgjer plansporet i plan- og bygningslova, men dispensasjonssporet. Vi oppmodar kommunane om å starte interkommunal planlegging for å kunne vurdere større sjøområde og fjordar under eitt. Vi er derfor nøgde med at Kommunal- og moderniseringsdepartementet no arbeider meir generelt med planlegging av sjøareala, der det er vesentlege manglar i systemet i dag.

Embetet opplever også betydelege utfordringar ved at kommunale planar i liten grad omhandlar behandling av betydelege deponimassar frå store infrastrukturprosjekt, og at det ofte ikkje blir planlagt for gode samfunnsnyttige formål, men ender opp med lite gjennomtenkte deponiløysingar.

### Kommuneøkonomi og kommunereform

Hordaland var i mange år eit av fylka med flest kommunar i ROBEK, men har frå sumaren 2015 ingen i registret. Dei siste to kommunane vart meldt ut i sumar.

Årsaka er generell vekst i kommuneøkonomien kombinert med meir effektiv drift, men også at kommunane i stadig større grad støttar seg på eigedomsskatt. Ein god illustrasjon på dette er at 26 av 33 kommunar i Hordaland hadde eit bidrag frå eigedomsskatt som var høgare enn netto driftsresultatet i 2014.

Fylkesmannen i Hordaland skal etter tildelingsbrevet halde talet på ROBEK-kommunar på null i 2016. Målsetjinga er sjølv sagt ei utfordring i ei tid med lågare vekst og aukande kommunegjeld. Derfor har vi, som alltid har hatt ei tett oppfølging av kommuneøkonomien, intensivert oppfølginga ytterlegare.

Vi har i 2015 fylgt opp strategien med å orientere om kommunereforma i alle attverande kommunestyre som ikkje vart besøkte i 2014, for å kunne gi same informasjon til alle kommunestyrerepresentantar. I tillegg har det vore mange formelle og uformelle kontaktar med kommunane som har etterspurt råd og rettleiing. Valkampen og valet til kommunestyre i 2015 slakka tempoet i reformarbeidet. Etter nye kommunestyre var konstituerte vart det nytt initiativ i arbeidet, som også fekk ein pådrivar med forslag til endringar i inntektssystemet for kommunane. Stoda er no at det er prosessar og forhandlingar i dei fleste av kommunane i fylket, og vi står no framfor endelege politiske avgjerder i kommunestyra.

For omtale generelt om trongen for strukturendringar, syner vi til kap. V.

### Velferd – helse

Den breie satsinga på barn og unge er omtalt tidlegare år. I tillegg finn vi dei største utfordringane i barnevernet. Både det kommunale og det statlege barnevernet treng styrking av kompetanse og kapasitet, noko vi er merksame på i einskildsaker og i møte med etatsleiarar. Vi vil og peike på at mange kommunar framleis manglar budstader til låginntektsfamiliar og tilrettelagde bustader for personar med rus og psykisk sjukdom. Den store tilveksten av flyktningar aukar behovet for utleigebustader. Når det gjeld samhandlingsreforma erfarer vi at fastlegane har i for liten grad vorte trekte inn i tenesteutviklinga, i arbeidet med samarbeidsavtalane og i planlegging av akutthjelpsenger.

Arbeidet med pasienttryggleik har ikkje fått same gjennomslaget i dei kommunale helse og omsorgs-tenestene som i spesialisthelsetenesta.

### Beredskap

I 2015 vart arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap hos Fylkesmannen gjennomført som planlagt. Det er halde tilsyn i åtte kommunar og gjennomgang av transportberedskapen med Hordaland fylkeskommune. Fylkesberedskapsrådet si årlege samling på Solstrand hadde fokus på klima og terror. Fylkesberedskapsrå har òg vore innkalt i samband med Øvelse Bjørgvin. Årleg samling med alle beredskapskontaktane i kommunane i lag med viktige beredskapsaktørar var vellukka.

### Verjemål

I Hordaland har vi no ca 5 840 verjemål og vi forvaltar nærare kr. 2,3 milliarder på kapitalkonto for personar med



verje. Vi har ein klår oppfatning av at verjemålsreforma har vore viktig for å styrkje rettstryggleiken og rettslikskapen for verjetrengande. Vi har framleis store utfordringar med eit lite og mangelfullt datasystem, sjølv om vi opplever ei viss betring, og med ein stram ressursituasjon i denne fasen med etablering av ein funksjonell verjemålsadministrasjon i fylket.

### Miljø

Embetet har betydeleg arbeid med opprydding i forureina sediment. Bergen hamn er blant 17 nasjonalt prioriterte område. Vi opplever også betydelege utfordringar i forvaltninga av laks og aure, som følge av rømt fisk og påverknad frå akvakulturnæringa. Arbeidet med etablering av tre kandidat område når det gjeld marint vern går etter planen. Formell høring er venta februar 2016. I 2015 gjennomførte vi utgreiingar når det gjeld frivillig skogvern for fire område. Konesjonshandsaminga etter forurein-inglova har vore omfattande innan industri, akvakultur, veg- og kraftanlegg og mudring/ utfylling. Forvaltning av verneområde har hatt høg prioritet i 2015. Eit betydeleg løft er at våre 69 sjøfuglreservat har fått ferdig utkast til felles forvaltningsplan.

Klimatilpassingsarbeidet krev stadig større innsats på bakgrunn av fleire tilfelle med ekstremver, store mengder snø, ras og nedbørsflaumar. I Odda og Voss er sett i gang arbeid med sikte på flaumsikring noko som og omfattar verna vassdrag.

### Landbruk

Aktiviteten i landbruket viser eit oppsving i 2015 med stor søknad om investeringsmidlar både på sau, mjølk og frukt. Desse områda er kjernen i matproduksjonen i fylket. Mangel på investeringsmidlar gjennom Innovasjon Norge begrensar ytterlegare satsing og fornying, spesielt i mjølkeproduksjonen.

Lars Sponheim

(sign)

## II - Introduksjon til embetets hovedtall

### Presentasjon av Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen er staten sin representant i fylket, og skal arbeide for at vedtak, mål og retningsline frå Stortinget og Regjeringa vert følgde opp. Fylkesmannen er dessutan eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter, med høve til å spele inn viktige saker frå kommunesektoren til sentrale styresmakter. Fylkesmannen skal aktivt bidra i samfunnsutviklinga i regionen samt ivareta rettstryggleik for innbyggjarane og sørge for samordning.

Fylkesmannen er administrativt underlagt Kommunal og moderniseringsdepartementet. Dei tolv oppdragsdepartementa og åtte oppdragsdirektorata våre formidlar mål og resultatkrav. Dei enkelte departementa har direkte instruksjonsmynde over Fylkesmannen innan det enkelte departement sitt saksområde.

Sentrale oppgåver for Fylkesmannen er:

- Å ivareta rettstryggleiken for enkeltpersonar gjennom tilsyn og klagebehandling
- Å formidle og bidra til gjennomføring av nasjonal politikk
- Å sørge for samordning av statlege styringssignal til kommunesektoren og formidle statlege forventningar konsistent, tydeleg og heilskapleg
- Å spille ein aktiv rolle i det regionale plan og utviklingsarbeidet
- Å vere talerøyr for fylket overfor sentrale styresmakter
- Å vareta tilskotsforvaltning og andre forvaltningsoppgåver på ein god måte.

All verksemd skal gjennomførast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Verksemda følgjer prinsippa om kvalitetsleiing og kontinuerleg forbetring.

### Omtale av embetet

Fylkesmannen i Hordaland er lokalisert i Statens hus i Bergen. Lars Sponheim er fylkesmann, og Rune Fjeld er assisterande fylkesmann. Fylkesmannen hadde i fjor 184 årsverk fordelt på 200 tilsette. I årsverka inngår alle faste tilsette og lengre engasjement uavhengig av finansiering.

Vi har seks fagavdelingar:

- Miljøvern- og klima
- Landbruk
- Helse- og sosial
- Utdanning
- Kommunal- og samfunnsplan
- Administrasjon – og verjemål

Følg lenkje til organisasjonskart.

### Visjon, verdiar og leiarprinsipp

Fylkesmannen har definert ein visjon og eit verdsett som skal ligge til grunn for all aktivitet i verksemda.

Vår visjon: *Fylkesmannen skal utføre godt styresett og møte urett med rett*

Verdigrunlaget vårt:

- Demokratisk
- Rettferdig

- Open
- Påliteleg
- Effektiv

### Klart språk

Vi er oppteken av å ha eit klart og godt språk, og vi har utarbeida ein folder som vert delt ut til alle nyttilsette. Embetet har nynorsk kurs kvart år. Dette er obligatorisk for nyttilsette.

### Samordning samarbeid

Eit viktig mål for embetet er å ha god intern samordning og samarbeidd på tvers av avdelingane. Vi har etablert ei lang rekkje interne møtestader for å drøfte oppgåver som er avdelingsovergripande og det er utarbeidd samarbeidsrutinar på fleire område m.a. innanfor planområdet, tilsyn, verjemål, beredskap, barn- og unge, landbruk/miljø.

Embetet hadde fire prioriterte fellessatsingar i 2015:

1. Barn og ungeprosjekt
2. Beredskap
3. Kommunereforma
4. Kompetanseutvikling

### Samarbeid med andre embete og andre verksemder

Fylkesmannen i Hordaland har innanfor mange fagområde eit utstrekt samarbeid med andre embete.

Vi har fagleg samarbeid og nettverk med andre embete m.a. innanfor:

- Kystsonenettverk i plan og bygg
- Verjemål
- Nettverk for velferdsfag
- Landbruksnettverk som følgjer opp forskning frå Bioforsk Furuneset fagsenter
- Sørvest-nettverket på barnehage og utdanning
- Barnevern-nettverk
- NAV- og sosialnettverk
- Nettverk om helse og omsorgstenestelova kap.9
- Nettverk om pasient- og brukarrettslova kap. 4 A
- Helsetilsynet i vest-nettverk
- Plannettverk
- Administrative område

I tillegg har vi mykje kontakt på tvers av embeta både på leiar- og sakshandsamarnivå på ulike fagfelt, særskilt med dei andre vestlandsfylka.

### Kap 525/Økonomi

	Samlet bevilgning	Budsjettavvik (kr)	Budsjettavvik (%)	Driftsutgifter	Lønnsandel av driftsutgifter	Husleie	Husleie(% av driftsutgifter)
FMHO	112026000	2637258	2.35	100388742	70.81	10150503	17.52

112020000	201220	4,33	107300174	13,01	17177003	11,34
-----------	--------	------	-----------	-------	----------	-------

**Regnskapstall sortert på poster**

	052501	052521	Post 01 (untatt 052501)	Post 20-29 (untatt 052521)	Post 30-39	Post 40-49	Post 60-69	Post 70-79	Post 80-89
FMHO	110005967	26814411	34457421	96346778	1973027	0	442004524	38869839	5938000

**Administrativ kostnadsdekning**

	Totalt	% av lønn (andre kap enn 525.01)
FMHO	8497111	0

**Sykefravær**

	Totalt(%)	Kvinner(%)	Menn(%)	Egenmeldt(%)	Legemeldt(%)
FMHO	4,6	5,4	3,5	1,6	3

**Ansatte**

	Antall årsverk totalt	Antall kvinner	Antall menn	Antall årsverk midlertidige ansatte
FMHO	184	110	71	6

**Aldersfordeling**

	Gjennomsnitt	Under 20	20-29	30-39	40-49	50-59	Over 60
FMHO	0	0	5	44	53	50	37

**Lønn per 31.12**

	Lønnsutgifter per årsverk(alle kapitler)	Gjennomsnitt per årsverk Kvinner	Gjennomsnitt per Årsverk Menn
FMHO	45443	43103	49166

**Stillingskoder**

	Stillingskode	Stillingsbetegnelse	Gjennomsnittslønn per stillingskode	Gjennomsnittslønn per stillingskode Kvinner	Gjennomsnittslønn per stillingskode Menn
FMHO	1072	Arkivleder	0	0	0
FMHO	1059	Underdirektor	55333	0	55333
FMHO	1211	Seksjonssjef	54625	54615	54637
FMHO	1060	Avdelingsdirektor	64125	64446	63158
FMHO	1061	Assisterende direktør	0	0	0
FMHO	1062	Direktør	0	0	0
FMHO	1538	Fagdirektør	68164	68833	67829
FMHO	1063	Førstesekretær	0	0	0
FMHO	1065	Konsulent	32690	0	32690
FMHO	1408	Førstekonsulent	35540	35540	0
FMHO	1363	Seniorkonsulent	37299	36475	38124
FMHO	1068	Fullmektig	0	0	0
FMHO	1069	Førstefullmektig	0	0	0
FMHO	1070	Sekretær	0	0	0
FMHO	1409	Sekretær	0	0	0
FMHO	1433	Seniorsekretær	0	0	0
FMHO	1071	Kontorleder	0	0	0
FMHO	1411	Avdelingsingeniør	0	0	0
FMHO	1084	Avdelingsingeniør	0	0	0
FMHO	1275	Ingeniør	0	0	0
FMHO	1085	Avdelingsingeniør	0	0	0
FMHO	1083	Ingeniør	0	0	0
FMHO	1087	Overingeniør	40483	40483	0
FMHO	1181	Senioringeniør	46402	46712	46091
FMHO	1088	Sjefingeniør	0	0	0
FMHO	1434	Rådgiver	38423	37349	40412
FMHO	1364	Seniorrådgiver	46019	44943	47383
FMHO	1113	Prosjektleder	0	0	0
FMHO	1117	Fagarbeider	0	0	0
FMHO	1203	Fagarbeider m/fagbrev	0	0	0
FMHO	1362	Lærling	0	0	0



**Årsrapport 2015 Fylkesmannen i Hordaland - Innhold:**

FMHO	0129	Assisterende fylkesmann	92225	0	92225
FMHO	0431	Fagkonsulent	0	0	0
FMHO	0382	Fylkesagronom	33175	0	33175
FMHO	0434	Fylkesskogmester	0	0	0
FMHO	0822	Fylkessykepleier	0	0	0
FMHO	1261	Fylkesjordsjef	0	0	0
FMHO	0435	Fylkesskogsjef	0	0	0
FMHO	0774	Ass. fylkeslege	0	0	0
FMHO	0779	Fylkeslege	88558	88558	0
FMHO	1057	Informasjonssjef	0	0	0
FMHO	1184	Kokk	0	0	0
FMHO	1127	Husholdsleder	0	0	0
FMHO	1129	Renholdsbetjent	0	0	0
FMHO	1130	Renholder	0	0	0
FMHO	1132	Renholdsleder	0	0	0

**Turnover**

	<b>Turnover(%)</b>
FMHO	5

**Andel administrasjon av totalt antall årsverk**

	Økonomi(%)	Lønn(%)	Innkjøp(%)	IKT(%)	Personal(%)	Arkiv(%)	Resepsjon(%)	Sentralbord(%)
FMHO	2,5	0,3	0,1	1,5	0,5	6	1,5	0,5

**Medarbeiderundersøkelsen(hvert annet år), score på følgende spørsmål**

	I vårt embete stimuleres det til læring og samarbeid på tvers av avdelingene	I vårt embete utvikler vi oss faglig ved gjensidig kontakt med andre embeter
FMHO	3,2	3,4

## III - Årets aktiviteter og resultater

### Samla vurdering av måloppnåing

Tildelingsbrev og embetsoppdraga inneheld samla fleire oppgåver / aktivitetar enn det det er ressursar til. Dei viktigaste sakene er prioriterte. Generelt leverer alle fagavdelingane godt med omsyn til både kvalitet på vedtak og talet på saker. Jamt over oppfyller vi måltala som er sett for sakshandsamingstid, tilsyn og opplæringstiltak. Vi har tett dialog med kommunane. Det gir resultat i ei betre kommunal sakshandsaming, betre planer, raskare prosesser og meir nøgde brukarar av dei offentlege tenestene.

Vi har sett i verk fleire organisatoriske tiltak for å få ein meir effektiv og samordna organisasjon. Resultatet er at vi innanfor fleire fagområde har hatt ein markant nedgang i sakshandsamingstid. Vi har over tid nedbemanna embetet for å frigjere nokre av ressursane til lønsauke og kompetansetiltak. Resultatet er at vi har god overordna budsjettstyring. Vi gjer innan alle fagområde grundige vurderingar av prioriteringar, samt tenkjer forenklingar og effektivitetstiltak.

### Sakshandsaming og innsynskrav

Talet på journalførte dokument i sakshandsamarsystemet ePhorte viser ei auke i 2015 og har aldri vore høgare. Vi registrerte i fjor 40 593 inngåande journalpostar og 26 368 utgåande journalpostar. I tillegg kjem post til verjemålsforvaltninga som i fjor utgjorde 25 107 inngåande journalpostar og 19 827 utgåande journalpostar. Journalførte dokument innan verjemålsforvaltninga utgjer 38,8% av den totale dokumentmengda i embetet.

Talet på innsynskrav har årleg blitt redusert etter den store auken som kom i 2010 då offentleg elektronisk postjournal (OEP) blei innført. I 2015 mottok vi 2620 krav om innsyn. Dette er ein nedgang på 729 innsynskrav frå 2014.

### Omtale og vurdering av kvart sektorområde

#### Kommunereforma

Fylkesmannen fylgde i 2015 opp strategien sin for kommunereforma med å orientere om reforma i alle attverande kommunestyre som ikkje vart besøkte i 2015. Opplegget er at vi legg likelydande informasjon til dei organa som er tillagt ansvaret for å fatte vedtak i denne saka. Utover det har vi hatt både formell og uformell kontakt med dei kommunane som har etterspurt kompetansen vår på ulike felt. Vi inviterte på nyåret alle næringsorganisasjonane i arbeidslivet til eit opent informasjonsmøte om reforma. Utover det har Fylkesmannen delteke på ei rekkje møter/seminar/ konferansar med innlegg/debatt om kommunereforma. Vi har elles hatt faste møter med styret i KS Hordaland. Kommunevalet 2015 og valgkampen føreut sette kommunereforma på vent frå mai/juni inntil nye kommunestyre var på plass og interne val gjennomførte.

I mindre grad var kommunereforma i Hordaland ei synleg valkampsak under valet i Hordaland, rett nok med nokre få unntak. Samnanger sitt nye kommunestyre etter valet la kommunereforma ned som ei «ikkje-sak» for kommunen. Nokre mellomstore kommunar har også undervegs konkludert med å stå på eigne bein etter å ha gjennomført utgreingar og prosessar, for eksempel Bømlo og Kvinnherad og for så vidt Askøy. Sistnemnde konkluderte med dette standpunktet utan å gå omvegen gjennom ein avklaringsprosess med andre.

Utover desse har forhandlingane gått vidare for dei fleste kommunane. Høyringsutkastet til nytt inntektssystem for kommunane oppfatar vi forsterkar den allereie pågåande diskusjonen om reforma. Det kan setjast spørsmålsteikn ved at desse vedtaka vart fatta utan tilstrekkeleg kunnskap om det nye inntektssystemet til kommunane.

#### Skjønsmidlar

Fylkesramma for skjønstilskot i 2015 var kr. 127,7 mill. Av denne ramma blei kr. 100,7 mill. fordelt mellom kommunane som ordinære skjønsmidlar i samband med statsbudsjettet. I denne ordinære fordelinga var om lag kr. 32 ½ mill. gitt til kommunane som kompensasjon knytt til den differensierte arbeidsgivaravgifta. Av dei 33 kommunane i fylket fekk 26 kommunar ordinært skjønstilskot i 2015. Målsetjinga vår med den ordinære fordelinga av skjønstilskot er å ta omsyn til lokale økonomiske utfordringar i kommunane som ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til gjennom inntektssystemet.

Av fylkesramma for skjønstilskot i 2015 blei kr. 27,0 mill. fordelt gjennom året. Denne delen av skjønnsramma blei gitt til forvings- og innovasjonsprosjekt, satsing mot barnfattigdom, busetting av flyktningar m.m.

## **Kommuneøkonomi**

Fylkesmannen i Hordaland følger kommunane si økonomiforvaltning tett, og gir skriftleg tilbakemelding til kvart einaste budsjett (og ikkje berre til kommunar i ROBEK eller på grensa til ROBEK). Saman med hyppig bruk av KOSTRA og generell oppfølging av kommunane, set det oss i stand til å følgja endringar i den økonomiske statusen for alle kommunane i fylket.

Hordaland vart i sumar, for fyste gong sidan etableringa av ROBEK i 2001, utan kommunar i registeret. Embetet arbeider aktivt med å unngå nye ROBEK-kommunar.

## **Velferd, helse og personleg tenesteyting**

Oppdrag frå HOD, BLD og ASD er samordna. Vi har også lagt vekt på å koordinere tiltak med oppdrag som Fylkesmannen fekk frå andre departement, til dømes JD, KD og KMD om beredskap, barn og unge og folkehelse i plan. Det er utstrekt samarbeid mellom fagavdelingane i embetet, særleg i samband med oppfølging av nasjonale satsingsområde og rettleiing, men også ved behandling av klager og tilsyn. Vi meiner at samordninga er til fordel for kommunane. Det er og ei effektivisering av arbeidet vårt.

Den breie satsinga på barn og unge er nærare omtalt i neste punkt, og har på same måten i seg samordning av mange tiltak og område. Kommunane har brukt denne satsinga til grundig kartlegging av utfordringar og har funne fram til fleire strukturelle tiltak som dei no vil ta tak i.

Dei største utfordringane er i barnevernet. Både det kommunale og det statlege barnevernet treng styrking av kompetanse og kapasitet. Vi har løfta det fram i einskildsaker og i møte med leiarane. Vi vil prioritere arbeidet for å styrkje barneverntenestene ytterlegare det komande året. Vi bruker nettsida til å løfte fram viktige saker. Det har ført til ei rekkje mediaoppslag som har skapt debatt om viktige verdiar og synleggjort tenesteområdet.

Mange kommunar manglar framleis bustader for låginntektsfamiljar. Det manglar også tilrettelagde bustader for personar med rus og psykisk sjukdom. Den store tilveksten av flyktingar i kommunane aukar behovet for utleigebustader som ikkje er for dyre. I mange tilfelle er eigna bustad ein føresetnad for at brukaren kan motta og ha nytte av andre tilbod. Mange kommunar har oppretta ulike lågterskeltilbod for personar med rusproblem og psykiske lidningar, men behovet for slike tilbod og tilrettelagt arbeid, er ikkje dekt. Fleire mindre kommunane har vanskar med å tilretteleggje og oppretthalde tilbod.

God leiing, nok personell med rett kompetanse ei generell utfordring i velferdstenestene. Det tek tid å få til omstilling og meir fleksibel bruk av ressursar slik at tenestene er tilgjengelege når brukarane treng dei. Fylkesmannen har arbeidd systematisk for å styrkje styring og leiing ved tilsyn, behandling av klager og i møte med leiarar for dei ulike deltenestene.

Samhandlingsreforma har vore viktig for å utvikle samarbeidet mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Mykje er blitt betre, men fastlegane har i for liten grad vore trekt inn i tenesteutviklinga, i arbeidet med samarbeidsavtalane og i planlegging av akutthjelpengene.

Brukarmedverknad har førebels ikkje fått nødvendig merksemd i tenestene. Det føreset endring i haldningar og praksis hos alle. Det tek tid.

Arbeidet med pasienttryggleik har ikkje fått same gjennomslag i dei kommunale helse- og omsorgstenestene som i spesialisthelsetenesta. Leiarforankring er avgjerande for å få endring og resultat.

I 2015 gjennomførte vi landsomfattande tilsyn i samsvar med resultatkrav og vi held saksbehandlingstida i klage og tilsynssakene. Funn og erfaringar frå tilsyn er oppsummerte og formidla til dei ulike tenestene lokalt og regionalt. Svikt i samarbeid og uavklarte forventingar mellom involverte tenester var ei problemstilling som ofte kom opp i saker der brukarane (barn og unge og vaksne) trong tenester frå fleire instansar over lengre tid. Slike samarbeidsutfordringar tok vi opp i møte med leiarane for dei aktuelle tenestene. Det har ført til endringar i rutinar og nye samarbeidsavtalar.

Folkehelseomsynet er vel ivaretatt i Fylkesmannens merknader til kommunale planframlegg og har etter kvart fått ein brei plass i drøftingane i planforum og fylket sitt plannettverk.

Det er langt att til alle kommunane har god nok oversikt over folkehelsa og eit sentralt forankra langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

## **Oppvekst, barnehagar, opplæring og barnevern**



Embetet si interne koordinering av arbeidet for barn og unge er framleis løyst gjennom ei barn og unge-gruppe. Den overordna målsettinga for arbeidet er å betre forholda for særleg utsette barn og unge. Embetsleiinga og avdelingsdirektørane frå alle aktuelle avdelingar, Kommunal og samfunnsplan, Helse og sosial, Verjemål og Utdanning, deltar fast i gruppa sine månadlege møter.

Embetet si satsing på barn og unge er planlagt ut frå ein strategi med følgjande komponentar; intern koordinering, planarbeid, informasjon og rettleiing, samarbeid med eksterne tilsyn og klagebehandling og målretta satsing mot barnefattigdom med fem prosjektkommunar.

Satsinga mot barnefattigdom er eit av dei mest omfattande tiltaka vi har arbeidd med i 2015. Fleire kommunar har forplikta seg til å vere med i ei femårig satsing for å betre fattige barn sine levekår. Eit hovudelement i satsinga er kommunen som tenesteleverandør, og korleis god samordning og felles kunnskap om barn og familiar med levekårsutfordringar kan ivareta på ein god og utjamnande måte. Fylkesmannen bidreg med faglege samlingar foredrag i deltakarkommunane. Vi legg og til rette for at kommunane får utveksle erfaringar. Kommunane som deltar har fått skjønsmidlar til arbeidet.

Som nemnt er Kommunal- og samfunnsplanavdelinga sentral i arbeidet vårt for barn og unge. Vi har etablert gode strukturar for å sjå barn sine interesse i arbeidet vårt med plansaker. Embetet sitt arbeid med busetting, og særleg busetting av einslege mindreårige, har og gitt oss godt høve til å drøfte spørsmålet med kommunane. Alle kommunar som ønskjer det får tilbod om eit eige møte med Fylkesmannen og andre leiarar frå regional stat (NAV, Bufetat, IMDi, Husbanken). I desse møta er spørsmål om korleis kommunane planfester barn og unge sine interesser tema.

Fylkesmannen har eit svært god system for kontakt med og mellom kommunane og fylkeskommunen. I 2015 har Fylkesmannen, i et samarbeid med kommunar og fylkeskommunen, arrangerer ein stor konferanse der tema var psykisk helse og risikofaktorar knytt til fråfall. Konferansen vart raskt fullteikna og deltakinga var stor frå fleire sektorar. Vi har og lagt til rette for eit samarbeid der fylkeskommunen bryt ned fråfallstala sine og sporar dei tilbake til kvar einskild kommune. Fylkesmannen arrangerer møtestader der fylkeskommunen og kommunane drøftar tala og ser på kva som kan vere tenleg samarbeid for betre gjennomføringa. Vi ser for oss at det kommunale barnevernet og kommunehelsetenesta må bli del av dette analysearbeidet.

Når det gjeld tilsyn på barnehage og skoleområdet, har embetet overoppfylt kravet. Hendingbaserte tilsyn er ei av forklaringane til det. Når vi oppsummerer tilsynsarbeidet med kommunane, er tilbakemeldingane i det alt hovudsaklege at dette er nyttig. Nytt felles nasjonalt tilsyn er tatt godt imot. Det same gjeld rettleingsmateriell som er utarbeidd frå direktoratet si side. Klagebehandlinga på barnehage og skoleområdet er følgd opp utan nemneverdige restansar.

Dei kommunane vi meiner har manglande kompetanse om lov og regelverk, får tilbod om kurs. Dett gjeld særleg i forvaltningsrett og regelverket knytt til elevane sitt psykososiale miljø. Vi har etablert ei ordning med faste kursdagar på embetet som kommunane melder seg til etter behov. Mange kommunar som får nye medarbeidarar treng denne opplæringa. Vi i trur det er ein effektiv måte å nytte dei faglege ressursane våre på. I tillegg kjem sjølvsgatt informasjon på nettsider og på større samlingar.

### **Busetting av flyktningar – prosjekt**

Barne- og likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) har invitert Fylkesmannen i Hordaland som eitt av to embete, med i eit to-årig prosjekt for å auke busettinga av flyktningar.

Busetting av flyktningar har vore ei av embetet sine høgt prioriterte oppgåver i 2015. Vi har lagt vekt på at prosjektet skal gjennomførast innanfor embetet sin alminnelige styringsstruktur og arbeidsmåtar. Vi har derfor ikkje lagt opp til ein eigen prosjektorganisasjon. På den måten kan vi få svar på om Fylkesmannen, med oppgaveporteføljen og kontaktflata si til kommunane, kan bidra positivt til busettingsarbeidet. Det gjeld både å få opp talet på vedtaks plassar, men og på integreringsarbeidet.

Det er tidleg å trekke tydelege konklusjonar om Fylkesmannens bidrag når det gjeld talet på vedtaks plassar i kommunane. Vi trur det har hatt eit positivt bidrag, men eitt år inn i prosjektet er for kort tid til å slå det fast.

På andre område meiner vi at arbeidsmåten vår har fått direkte betydning for kommunane sitt busettingsarbeid. Som sagt har embetet valt å løyse busettingsarbeidet på tvers av avdelingane. Når busetting av vaksne, familiar og einslege mindreårige er tema i møta våre med kommuneleiinga, deltek embetsleiinga med avdelingsleiarar og rådgjevarar frå alle aktuelle avdelingar. I praksis vil det vere Kommunal og samfunnsplan, Helse og sosialavdelinga, Verjemål og Utdanning. Alle spørsmål kommunane har kan då anten løysast over bordet, eller dei blir tatt med til aktuell avdeling for nærmare behandling. I tillegg har vi tatt med leiarane for regional stat i desse



Om tatt med til utøving av utøving for rettshandling. I tillegg har vi hatt med kommunane for regional stat i desse møta, NAV, Bufetat, IMDi og Husbanken. Sett frå vår side er det effektiv bruk av tida vår og av kommunane sin tid. Samstundes får vi synleggjort for kommunane at busettings- og integreringsarbeid best lar seg gjennomføre i eit samarbeid mellom einingar. Fleire kommunar har no gitt uttrykk for at dei vil gå bort frå ordninga med ein flyktningskonsulent, og sjå om dei kan løyse oppgåvene med likeverdig deltaking frå fleire einingar.

## **Verjemål**

Fylkesmannen i Hordaland har i 2015 arbeidd vidare med å byggje opp og utvikle ei trygg og forsvarleg verjemålsforvaltning i tråd med embetsoppdraget og interne føresetnader. I Hordaland har vi no 5838 verjemålssaker (pr. 31.12.2015), og vi forvaltar nærare kr 2,3 mrd. på kapitalkonto for personar med verje. Verjemålsreforma har til tross for ei krevjande oppstart vore eit viktig framsteg for å auke rettstryggleik og rettslikskap for verjetrengande. Vi hadde i fjor god måloppnåing, og vi arbeider kontinuerleg med å halde nede sakshandsamingstida på ulike område. Vi prioriterer saker som hastar, som til dømes oppnemning av setteverje for barn og vaksne, og oppnemning av representantar for einsleg mindreårige asylsøkjjarar. Godtgjering til verjer og representantar, og bruk av kapital til dei verjetrengande er også blant dei sakane som vi prioriterer. Vi har opparbeid eit «verjekorps» med 80 verjer som har høg og allsidig kompetanse innan juss, økonomi, rusproblematikk og psykiatri.

Hausten 2015 vart det etablert fleire mottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar i Hordaland. Fleire nye mottaksplasser skal etablerast på nyåret 2016. Vi brukte i fjor haust mykje ressursar til å etablere eit representantkorps, og gje representantane naudsynt opplæring og rettleiing. Det er gledeleg å registrere at det har vore stor pågang av personar som har ønska å bli representant for mindreårige. Det har difor så langt ikkje vore noko problem med å få nok representantar til oppdrag. Vi ser for øvrig at det er eit særskilt krevjande arbeidsområde som gir oss ekstra utfordringar både kapasitetsmessig og økonomisk.

Sjølv om vi har hatt god måloppnåing, har 2015 likevel vore eit særskilt krevjande år for verjemålsforvaltninga i Hordaland. Det skuldast m.a. at vi framleis har hatt store utfordringar med eit lite effektivt og mangelfullt dataverkty. I tillegg har vi ein stram ressursituasjon. Fylkesmannen i Hordaland har i 2015 vore pilotfylke for det nye dataverktyet VERA, og vi har prioritert å bruke interne ressursar til å hjelpe departementet i utviklinga og testinga av systemet. Vi er godt nøgde med at vi i desember tok i bruk nytt datasystem, og vi ser klare forbetringar. Det er likevel ennå for mange «tidstjuvar» og funksjonalitet som manglar i systemet. Dettmå på plass, før vi kan seie å ha den effektive og heilskaplege dataløysinga som var ei målsetting og føresetnad for reforma då ho vart gjennomført frå 1.juli 2013.

## **Planlegging, bustad- og bygningsrett**

### Byggjesaker

Vi mottok framleis eit betydeleg tal på klagesaker etter plan- og bygningslova. Det gjeld både byggjesaker og klager på reguleringsplanar.

Klagarane er oftare enn før også representerte med advokat. I mange av sakene blir det sett fram begjæring om omgjerding av Fylkesmannen sitt vedtak. Det medfører fleire omkampar og er ressurskrevjande for embetet. Dette arbeidet vert ikkje synleggjort i årsrapporteringa til departementet.

Fylkesmannen arbeidar elles framleis systematisk med å halde sakshandsamingstida på tre månader i klagesakene. I 2015 har sakshandsamingstida vore på ca. to månader. Vi har handsama fleire klagesaker i 2015 enn i 2014, sjå vedlegg til punkt 66.1.

Vi mottok flest klagesaker frå dei store og folkerike kommunane i Hordaland, m.a. Bergen, Fjell og Askøy. Vi har ikkje registrert nedgang i tal motekne klagesaker etter lovendingane i plan- og bygningslova per 1. juli 2015.

## **Planlegging, byutvikling og geodata**

### Prioriteringar

Fylkesmannen har også i år hatt sterkast fokus på overordna planar. Tre kommunar hadde arealdel til kommuneplan ute til offentleg ettersyn. Ein av desse gjaldt andre gongs offentleg ettersyn. Fem kommunar hadde samfunnsdelen av kommuneplanen ute til offentleg ettersyn. I tillegg hadde tre kommunar planprogram for rullering av samfunnsdel ute til offentleg ettersyn. Ein kommune hadde samla planprogram for arealdel og samfunnsdel ute til oppstart.

I tillegg til satsinga på overordna planar har Fylkesmannen også gitt uttalar i alle regulerings-planprosessar, både ved oppstart og offentleg ettersyn. Det vart meldt om oppstart for 274 reguleringsplanar og 166

I tillegg har Fylkesmannen gitt uttale i 268 av dei 1057 dispensasjonssakene vi fekk til uttale. 1618 dispensasjonsvedtak vart sendt oss til klagevurdering. Vi klaga på 74 av vedtaka, medan talet på klager i 2014 var 18. Auken i talet skuldast dels at ein har hatt fleire saker knytt til utviding av akvakulturanlegg og andre tiltak i strandsona. I tillegg er det mange saker knytt til frådelling eller bygging på dyrka jord. Mange vedtak er også dårleg grunngjeve slik at det er vanskeleg å sjå at vilkåra for dispensasjon er oppfylt.

### Utfordringar

I 2015 har me sett ei auke i talet på dispensasjonar frå arealdelen av kommuneplanen for utviding eller endring av plassering av akvakulturanlegg. Me har klaga på fleire vedtak, då desse sakene reiser fleire spørsmål som burde løysast i kommuneplanen eller i ein reguleringsplan. Behovet for konsekvensutgreiing er stort i desse sakene m.a. for å få vurdert kva konsekvensar endringane har for fjordsystem, naturmangfald, friluftsliv. For å sikra god medverknad er det også viktig at utviklinga av oppdrettsnæringa skjer gjennom planlegging og ikkje ved bruk av dispensasjon.

I den samanheng har me oppmoda kommunane om å starta interkommunal planlegging for å kunne få vurdert større sjøområde og fjordar under eitt, og vi har annonsert at vi vil bruke skjønnsmidlar på slik planlegging. I pågåande planarbeid ber vi kommunane om å ha fokus også på sjøområda for å få ei vurdering av kor ein skal ha havbruksnæring, samt for å sikra tilstrekkeleg store og tenlege areal til slik næring.

Ei anna utfordring er at private planforslag (kart/føresegner) ofte har store manglar og i liten grad er i samsvar med plan- og kartforskrifta. Det gjer det utfordrande å gje tilbakemeldingar, og det gjer også grunn til å spørja om plankonsulentane har nødvendig kompetanse.

### Raskare prosessar

Fylkesmannen i Hordaland er med i samordningsprosjektet for motsegner. Det gjer at ein i stor grad løyser konfliktpunkt knytt til arealbruk i dialog med kommunane. Det gir i mange tilfelle raskare planprosessar enn kva som var tilfelle tidlegare. Fylkesmannen har også sett nytten av dialog med kommunane på eit tidlegare tidspunkt enn ved offentlig høyring, anten i planforum eller med eigen møte/telefonsamtalar for å få ei tidleg avklaring av potensielle utfordringar med påtenkt arealbruk.

## **Landbruk og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern**

### **Landbruk og næringsutvikling**

Jordbruket i Hordaland har hatt ein høg effektivitetsauke dei siste åra og har vore tilpassingsdyktig når det gjeld krav og moglegheiter. I stadig fleire føretak tar dei no ut stordriftsfordelar enten ved at dei har gått saman i samdrifter, eller ved utviding av produksjonen på eigen gard ved bruk av ny teknologi. Det gjev samstundes stordriftsulemper med store avstandar knytt til innhausting av fôr og utkjøring av gjødsel. Dei unge satsar likevel. Det er stor investeringslyst og både robot i mjølkebesetningar og føringsautomatar i større sauebesetningar, sørger for meir fritid og fleksible arbeidsdagar. Vi ser også ein auke i satsing på nye næringar med grunnlag i garden sine ressursar. Nye og unge brukarar har oftast ikkje landbruksutdanning og vi ser ein auke i etterspørsel etter kompetanseheving / vaksenopplæring. Det er behov for å sikre betre oppfølging frå kommunar og rådgivingsteneste når det gjeld overtaking og utvikling av føretaka.

I Hordaland kjem 44,9 % av verdiskaping frå mjølkeproduksjonen, 27% frå sauehald og 10,3 % frå frukt og bær. Bruken av virkemidlane knytt til næringsutvikling, er styrt av Regionalt næringsprogram for Hordaland (2013 – 2017). I 2015 var det stor søknadsmengde til innovasjon sine investeringsmidlar (IBU-midlar). Kr. 12 mill. gjekk til investering innanfor driftsbygning mjølk, kr.7,2 mill. til investering til driftsbygning sau og kr. 6 mill. til investering i frukttrefelt. Kr. 5 mill. gjekk til investering i tilleggsnæringar.

Kravet om lausdrift i mjølkeproduksjonen trer i kraft 01.01.24. I dag har Hordaland 118 lausdriftsfjøs og 421 bås-fjøs, 59,8 % av mjølka kjem framleis frå bås-fjøs. Hordaland må auke leveransen frå lausdriftsfjøs med 50 mill. liter innan 2024. Det medfører eit investeringsbehov på kr.750 mill. kroner, eller ca.kr. 90 mill. kr pr. år. Årleg fornyingstakt må vere på 6,25 mill. liter mjølk pr. år, dvs. nesten 50 % høgare enn i 2015. Sjølv om vi ser at også bruk ned mot 20 kyr vil investere i robotteknologi, vil dei små bruka har store utfordringar med dei krava som kjem i 2024.

Fruktnæringa i Hardanger betyr mykje for den samla fruktproduksjonen i Norge. Det er stor optimisme i næringa, men 2015 blei eit vanskeleg år med låge avlingar knytt til kald og sein vår. Lite insekt i blomstringa førte til stor ørlingseklede. 140 ørlingsekar blei meldt inn høvsten 2015.



Skogbruket i Hordaland har utfordring når det gjeld struktur og storleik på eigedomane. Fylket har mange små skogeigedomar med krevjande driftstilhøve. I mange område manglar framleis skogveger for å sikre positivt driftsresultat for skogeigarane. Hogst av skogen i fylket har tradisjonelt auka kvart einaste år. I 2015 vart det hogd 230 888 m<sup>3</sup>, medan det i 2014 vart hogd 181 964 m<sup>3</sup>. det var ein forventa auke i volum frå året føre på grunn av opprydding etter ekstremværet Nina. Hogst av plantefelt med gran utgjør 93 % av volumet. Det er satt ned eit arbeid for å arbeide fram hovudplan veg i kommunane. Prosjektet har avdekket eit behov for ca. 600 km ny veg i hogstmoden skog. Skal desse vegane byggast i løpet av dei komande 20 åra, betyr det årleg 30 km vegbygging til ein kostnad på om lag kr. 35 millionar.

I 2015 vart «Matarena» etablert som eit eige aksjeselskap der bondeorganisasjonane, Hanen og Bondens marknad er deleigarar i selskapet. Desse vil frå 2016 ta ansvar for å arrangere Bergen matfestival i samarbeid med private og offentlege aktørar. Hausten 2015 blei Bergen teke opp i nettverket som ein av 18 byar i verda med status «UNESCO Creative Cities of Gastronomy». Det vil forplikta og i enda større grad sette fokus på lokalprodusert mat, matkultur og mattradisjonar i Hordaland.

Hordaland vart invitert av LMD til å ta del i prosjektet «Det gylne måltid» som har som føremål å setje fokus på ernærings situasjonen og miljøet rundt måltida på sjukeheimane og eldreinstitusjonane våre. Arrangementet var eit tett samarbeid mellom landbruksavdelinga og helseavdelinga hos Fylkesmannen. Prosjektet fekk stor merksemd i media. Institusjonane ynskte tiltaket velkomen og ville gjerne fortsette i 2016.

Inn på tunet-arbeidet har hatt nasjonal og regional handlingsplan som rettesnor for arbeidet. Det er eit bredt samarbeid mellom helse-, utdanning- og landbruksavdeling hos Fylkesmannen i tillegg til Nav. Det er stor interesse for Inn på tunet i landbruket. Fylkesmannen har vore ansvarleg og medansvarleg for kompetansehevingstiltak både for nye og etablerte tilbydarar. NAV Hordaland har auka engasjementet sitt på området, og nyttar Inn på tunet mellom anna i ordninga «Grønt arbeid». I kommunesektoren går arbeidet framleis for seint. Det har vore møter og samlingar i einskildkommunar og Fylkesmannen har intensivert informasjonsarbeidet ved hjelp av månadlege infobrev til kommunar, regionale aktørar, forskingsmiljø og tilbydarar.

## Miljøvern og klima

### Forureina sediment skal dekkast til i Bergen hamn

Bergen hamn er blant dei 17 nasjonalt prioriterte sjøområda for opprydding i forureina sediment. Bergen hamn er definert i tre delområder: Vågen, Puddefjorden og Store Lungegårdsvann. I Puddefjorden er det søkt om løyve for tre ulike tiltak. Tiltak skal utførast først i Indre Puddefjorden. Sjøbotn vert dekket til med tunnelboremassar frå Jernbaneverket sitt prosjekt for ny tunell gjennom Ulriken. Tiltaket er finansiert gjennom 75 prosent tilskot frå Miljødirektoratet over statsbudsjettet og 25 prosent frå Bergen kommune og Bergen og Omland Havnevesen. Innanfor dette arealet er det to nedlagde skipsverft og eit aktivt.

### Omfattande forvaltning av laks og sjøaure

Året starta med stormen Nina, som førte til at det rømte fisk frå 6 anlegg i fylket, i tillegg til at eit heilt oppdrettsanlegg rømte. Fiske etter rømt fisk er i stor grad basert på frivillig innsats. Det at rømningane skjedde i januar var ein fordel, sidan det då allereie var eit lovleg fiske etter rømt fisk i fylket. Stormen Nina viste med all tydelegheit at ei beredskapsordning må på plass. Vi kan ikkje basere oss på frivillige hobbyfiskarar, og det er heller ikkje aktuelt for oss å opne for garnfiske utover perioden som allereie er sett.

Vi har to store prosjekt som gjeldt reetablering av laks i fylket; redningsaksjonen for Vossolaksen og reetablering av laks og kalking i Modalen. Redningsaksjonen har gått føre seg sidan 2010 og skal halde på fram til 2020. I Modalen heldt vi fram med rognplanting av Vossolaks i vassdraget. Ordinær kalking frå nytt kalkingsanlegg startar opp våren 2016.

Bestandane av laks og sjøaure frå 22 vassdrag i Hardanger og Sunnhordland skal inn i ein ny genbank. Første år med innsamling var 2015. Vi reknar med å måtte halde på i ti år for å få nok material, grunna lite fisk og til dels høg innblanding av oppdrettslaks i villaksbestandane. Det er lokale lag som står for innsamlinga av stamfisk, og den lokale forankringa er viktig for prosjektet.

### Marint vern – ny verneform på Vestlandet

Arbeidet med marint vern av tre store kandidat område — i alt om lag 380 km<sup>2</sup> sjøareal — går som planlagt. Oppstartsmeldinga for desse områda vart sendt i 2015 og vart følgt opp med opne informasjonsmøte, dels også orienteringar for kommunestyre og regionråd. Tilbakemeldingane er oppsummerte, avgrensingar justerte og framlegg til verneforskrifter er utarbeidde. Formell høyring er venta februar 2016 etter tilbakemelding frå

### Frivillig skogvern er i gang

I løpet 2015 gjennomførte vi utgreiingsprosessar for fire område: Djonno (Ullensvang), Tjongspollen (Bømlo), Alsåker (Ullensvang) og Ullensvang prestegardskog (statleg grunn). Målet er å få vernevedtak for mest mogleg av desse innan utgangen av 2016. Frå før har vi takka nei til oppstart av verneprosess i to skogområde, med bakgrunn i manglande miljøverdiar. Totalt har vi 14 område som enten er i prosess eller der det no er tidlege sonderingar mellom Vestskog BA og aktuelle skogeigarar.

### Tilsyn og konsesjonshandsaming etter forureiningslova

Vi har gjennomført 60 tilsyn. Konsesjonshandsaminga har vore omfattande innan industri, akvakultur, veg- og kraftanlegg og mudring og utfylling.

Fylkesmannen nådde målkravet i 2015 når det gjaldt gebyrinntekter på konsesjonshandsaming og tilsyn. Inntektene er på kr. 2,4 millionar kroner. Som vi har påpeika før, står inntektene i form av gebyr ved tilsyn ikkje i forhold til arbeidsmengda.

### Viktige avløpsanlegg sett i drift

Bergen kommune har i 2015 sett i drift tre nye sekundærreinseanlegg. Biogassanlegget i Rådalen og Flesland reinseanlegg vil ha driftsstart i 2016. Med desse fire anlegga vil omlag 90 prosent av avløpsmengda i Bergen kommune stette sekundærreinsekravet.

Stord, Askøy, Kvam, Fjell og Os er i gang med planlegging av nye reinseanlegg for å overhalde primærreiskekravet.

Oppfølging av kommunar som ikkje klarer fristen for primærreinsing held fram. Vi har mottatt forpliktande framdriftsplanar med tiltak for alle aktuelle kommunar. Basert på denne har vi revidert utsleppsløyva for kommunane Os og Fjell og arbeider med utsleppsløyve for kommunane Bergen, Stord, Askøy og Kvam.

### Forvaltning av verneområda er viktig

Feltet har også i 2015 vore høgt prioritert. Eit vesentleg løft er at dei 69 sjøfuglreservata våre no har fått eit ferdig utkast til felles forvaltingsplan. Oppfølging av planen vil generere mykje innsats dei næraste åra.

Særleg fokus har også vore gitt til ein tidlegare statsskog, som vart teke over av Miljødirektoratet i 2012 og gjort om til naturreservat på Ånuglo i Tysnes kommune. Her vil store mengder av utanlandske treslag som gran, sitkagran, edelgran, lerk og vestamerikansk hemlokk, gje store skjøtselsutfordringar, som har vore planlagde i detalj i 2015. Fylkesmannen kan bli den største skogbrukaren i Hordaland i dei komande to åra som følgje av dette eine prosjektet.

### Få utfordringar med rovvilt

Hordaland har få utfordringar knytt til rovvilt samanlikna med andre fylke i landet. I fjor hadde vi ein relativt stor tapssituasjon søraust i fylket der jerv var skadegjerar. Skadane vart godt dokumenterte av Statens naturoppsyn og gav eit godt grunnlag for å handsame erstatningssøknadane.

### Regional vassforvaltningsplan vedteken

Vi har delteke som sektormyndigheit i dei fem vassområda, og i vassregionutvalet inkludert arbeidsutvalet. Vi har aktivt medverka til vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet for vassregion Hordaland som vart vedteke i Hordaland fylkesting i desember 2015.

### Klimatilpasning krev stadig større innsats

Hordaland har dei siste åra hatt fleire episodar med ekstremver, store mengder snø og nedbørsflaumar. Talet på beredskapsmeldingar som følgje av klimaendringar aukar. Flaumen i Odda og Voss har ført til ein diskusjon om flaumsikring av verna vassdrag. Det vart i desember sett i gang eit utredningsarbeid i begge kommunar for å utgreie moglege løysingar for flaumsikring. Dette arbeidet held fram i 2016 med deltaking frå Fylkesmannen.

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

I 2015 vart arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap hos Fylkesmannen gjennomført som planlagt. Det er halde tilsyn i åtte kommunar og gjennomgang av transportberedskapen med Hordaland fylkeskommune. Fylkesberedskapsrådet (FBR) si årlege samling på Solstrand hadde fokus på klima og terror. FBR har òg vore innkalt i samband med Øvelse Bjørgvin. Årleg samling med alle beredskapskontaktane i kommunane i lag med viktige beredskapsaktørar var vellukka.



Hovudscenarioet for Øving Hordaland 2015 var ei atomulykka knytt til anløp av eit reaktordrive fartøy til Haakonsvern orlogsstasjon. Øvinga avdekte eit behov for meir samordning på sentralt (nasjonalt nivå). Til dømes erfarte vi at Statens strålevern og politiet hadde ulike tolkingar av roller og ansvar ved slike hendingar. I ettertid vart vi klar over at det ikkje er samsvar mellom «Atomberedskap – sentral og regional organisering» og «Politiets beredskapssystem del I». Vidare er ikkje ansvars- og myndighetstilhøva klart nok definerte på overordna nivå. Då mister Fylkesmannen si samordningsrolle noko av funksjonen sin, fordi vi ikkje har formelt avgjerdsmynde ved usemje i samordningssituasjonar.

Vi vil også peike på at tildelingsbrevet gir urealistiske forventningar om at Fylkesmannen skal ha eit system for raskt å kunne ta i mot og vidareformidle varsel på beredskapskanal. Vi hadde langt over 600 loggføringar i CIM i 2015. Om lag 15 % av desse skjedde utanom arbeidstid. Det er lite tilfredsstillande å ikkje kunne tilby «samfunnet» ei vaktordning som sikrar at det regionale leddet faktisk er til stades 24/7 og kan respondere slik det er forventa i embetsoppdraget. Det er mogeleg at den manglande heimevaktordninga kan grunnjevast med at politiet, jf. politilova § 27 tredje ledd, skal organisere og koordinere hjelpeinnsatsen til annan myndigheit tek over ansvaret. Men i tilfelle kan ei løysing vere at politiet òg reelt ta over ansvaret for varsling og rapportering i den innleiande fasen.

## Arbeidet med tidstjuvar

Vi har innan fristen 1. juni 2015 meldt inn i rapporteringsløysinga til DIFI brukarretta tidstjuvar i eiga verksemd.

### Tidstjuvar vi har prioritert å fjerne

Embetet har gjennom fleire år arbeidd internt med forenklingar og effektiviseringstiltak, for å sikre betre og smartare oppgåveløysing. Alle avdelingane har kartlagt ulike tidstjuvar og arbeidd med å fjerne desse. Vi har i dette arbeidet prioritert tiltak knytt til intern organisering og samordning, sakshandsaming/saksflyt, møteorganisering, bruk av lync/video, kunnskapsdeling, IKT-kompetanse og digitalisering. Vi har også i større grad tatt i bruk opplæring via e-læring t.d Difi sine e-læringskurs.

### Tiltak for å fjerne utvalde tidstjuvar:

- Gjennomgang av saksflyt og utarbeiding av brevmalar

Vi har systematisk gjennomgått arbeidsprosessar og gjort forenklingar der vi kan. Dette har gitt ei meir effektiv sakshandsaming.

- Bruk av lync- og videomøte

Det tiltaket som utan tvil har gitt størst gevinst er auka bruk av videomøte og Lync-møte. Fleire møterom er tilrettelagt for Lync/videomøte. Dette fungerer godt i møte med andre embete, vi har møtt litt større komplikasjonar i møte med direktorat. Effekten ser vi både i form av konkrete kostnader og reisetid. Vi meiner og det er verdt å legge merke til at møta er kortare, dei er betre førebudd og vi har dei litt hyppigare. I ein del tilfelle har det gitt større kontinuitet i kontakten.

- Rettleiing over nett

Utdanningssektoren har tradisjonelt arrangert fleire samlingar kvart år knytt til regelverk og lovendringar. Det har vi no redusert til ei samling kvart år. Som kompensasjon legg vi mange fleire saker på ut på nett. Her er det viktig å legge til at det sparar tid både i embetet, men og for sektoren elles. Om kvar kommune deltar med ein person pr. samling, vil det utgjere 33 dagsverk pr. samling vi brukar nett til å informere om.

- Intern møteaktivitet

Faste møter er innanfor fleire fagområde er halvvert dei siste to åra. Vi har oppsummert at dette sparar oss for fleire månadsverk kvart år.

- IKT-kompetanse

Vi har internt arbeidd mykje med å auke kompetansen i IKT og bruk av våre dataverkty t.d. opplæring i ePhorte.

- Digitaliserte løysingar

Vi har trinnvis tatt i bruk dei digitale løysingar som er utvikla. Det gjer tenestene våre meir tilgjengelege og enklare for brukarane. Vi har og arbeidd med og gitt skjønmidlar til å få kommunane til å ta i bruk EDU-løysing.

Om lag halvparten av kommunane i fylket er no i gang med EDU. Dei digitale løysingane har også gode interne

---

effektar. Elektroniske reiserekningar for eksterne gjer handteringa meir effektiv. Det er utarbeidd elektroniske løysingar for den administrative delen av eksamensarbeidet som gjer stor innsparing både i avdelinga og i administrasjonen. Vi har tatt i bruk den elektroniske tilskottsløysinga som er utvikla i Sogn og Fjordane, som også gjer arbeidsprosessane meir effektive.

Fråvær av gode geodataløysingar (GIS-verktøy) er ein av dei største tidstjuvane i det daglege arbeidet på plan- og beredskapsområde. Det er derfor sterkt ønskeleg at eit kommunalt planregister snarast blir ein del av DOK.

### Resultatet av tiltaka

Tiltaka vi har sett i verk har samla sett resultert i ei meir effektiv verksemd. Innanfor fleire område har det gitt betre, enklare og meir tilgjengelege tenester til brukarane våre.

### **Asylsituasjonen 2015**

Også hos Fylkesmannen i Hordaland prega tilstrømminga av flyktningar til landet arbeidssituasjonen hausten 2015. Fleire oppgåver må nemnast spesielt: kontakt med kommunane, intern koordinering, kontakt med regional stat, media og rapportering. Innleiingsvis vil vi understreke at Fylkesmannen viste seg å vere godt eigna til å handtere ein så akutt, samansett situasjon, og vidare å kunne systematisere informasjon og bidra med oversikt både til kommunalt og til statleg nivå.

Kommunane vende seg raskt og i stort monn til Fylkesmannen med spørsmål knytte til plikter og rettar i fall dei skulle bli vertskommunar for flyktningmottak. Områda som var særleg aktuelle var utdanning, helse, verjemål og plan- og bygningslova. Kontakten med kommunane vart følgd opp møter, men i det hovudsaklege pr. telefon og e-post. Embetsleiinga la vekt på at alle fagavdelingane skulle prioritere slike henvendingar. Arbeidet blei difor raskt eit spørsmål om nettopp prioritering, ikkje organisering. Det er ikkje tvil om at det like fullt var stort behov for koordinering både mot kommunane og statleg nivå. Arbeidet vart lagt til utdanningsavdelinga og følgd opp i alle leiarmøta, i tillegg til dagleg kontakt med embetsleiinga.

Kontakten med andre statsetatar, særleg UDI-vest, vart raskt etablert. Fylkesmannen kunne særleg avhjelpe UDI-Vest på informasjonssida og vi var einige om at UDI-Vest ikkje måtte nøle med å vise kommunane til Fylkesmannen med dei spørsmåla dei hadde. Embetsleiinga stilte og fagavdelingane til disposisjon for UDI-Vest sine tilsette i spørsmål dei måtte ha. UDI-Vest stilt og på fleire av embetet sine samlingar og informerte om situasjonen. Vi prioriterte også høgt å samordne kompetansesentra på helseområdet sine oppdrag og innsatsar for kommunane sine tilsette.

Media viste stor interesse for prosessane knytt til planlegging og etablering av asylmottak. Embetet prioriterte å følgje opp media og opent informere om all den kjennskapen vi hadde til prosess og til avgjerder etter kvart som dei vart gjort.

Til slutt kan rapportering nemnast. Situasjonen i haust var prega av at ulike etatar og instansar enten hadde mangelfull oversikt og difor var på leit etter informasjon, eller at dei hadde informasjon dei gjerne ville ha ut. Fylkesmannen blei forståeleg nok sentral her. Konklusjonen vår er at vi langt på veg klarte å samordne og rydde i informasjonsbilete. Om vi kjem opp i liknande situasjonar framover, har vi gjort oss nyttige erfaringar som vi meiner kan betre informasjonsflyten og sikre at rett instans får rett og tilstrekkeleg informasjon til rett tid. Til dømes viste det seg at dei mange og ulike nemningane på mottak som var i bruk (midlertidig, akutt, ordinær, transitt osv.) førte til mykje forvirring i kommunane kva gjeld rettar og plikter.

Vi kan ikkje legge skjul på at avtalte oppgåver er prioritert vekk, at andre oppgåver er utsette og at haustens situasjon førte til at mange arbeidstimar skal kompenseras for i 2016. Det gjeld dei fleste avdelingane, utan at vi har valt å talfeste ressursbruken. Vi oppsummerer at Fylkesmannen har oppgåvemessig rekkevidde som var godt eigna til å avhjelpe og styre haustens situasjon på ein kostnadseffektiv måte.

### **Ressursbruk for embetet totalt sett og for resultatområda**

Som vi har peika på tidlegare, inneheld tildelingsbrev og embetsoppdraga samla fleire oppgåver / aktivitetar enn det det vi har ressursar til. Innanfor alle fagområde må vi difor gjere prioriteringar og tilpasse oppgåveløysinga til ressursane. Dei viktigaste sakene blir prioriterte. Trass ei krevjande ressursituasjon har medarbeidarane våre innanfor alle område klart å innfri krava til høg kvalitet og sakshandsamingstid.

Vi har i 2015 hatt eit høgt og uendra aktivitetsnivå innanfor alle departement- og resultatområde. Dei endringane som har vore på nokre resultatområde frå 2014 til 2015 har si forklaringar i personalmessige tilhøve og mellombels vakanse. Vi har ikkje særskilde avvik å melde utover dette.



Vi vil særskilt trekke fram ressursutfordringar innanfor to område:

### 1. Verjemålsforvaltninga

Vi har ved fleire høve meldt tilbake ei bekymring for ressurs situasjonen for verjemålsforvaltninga. Grunntildelinga til embetet er for låg, og vi er underfinansierte sett i lys av saksmengda og sakskompleksiteten. Ein konsekvens av det er at vi må nytte ressursar over bud. kap 0525 for gjere verjemålsoppgåver. Vi må likevel nedprioritere viktige oppgåver. Om denne situasjonen held fram, er vi uroa over konsekvensane det vil få for kvaliteten i verjemålsforvaltninga. Før drifta av verjemålsoppgåvene blir overført til budsjettramma på bud.kap. 0525 er det sær viktig at det blir gjort ein grundig analyse av ressursbehovet. For å få ei forsvarleg verjemålsforvaltning slik intensjonane bak lova var tenkt, må embeta få ressursar og bemanning som gjer det mogleg å nå desse måla.

### 1. Samfunnstryggleik og beredskap

Manglande klårgjering og samordning på sentralt nivå er ei utfordring for beredskapsområde. Det mest alvorlige tilhøve er likevel manglande samsvar mellom forventningar (tildelingsbrevet) og tildelte ressursar. Vi er ikkje i nærleiken av å kunne levere når det gjeld forventningane den dagen vi står oppe i ein (alvorleg) krisesituasjon. Sjølv under ordinære tilhøve må vi dagleg bryte arbeidsmiljøloven og avtaleverket i statleg sektor om vi skal levere i tråd til tildelingsbrevet. Det er lite tilfredsstillande.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
Arbeids- og sosialdepartementet	kr 2 659 536,16	kr 1 328 950,72
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 4 734 999,63	kr 1 451 651,53
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 16 768 462,76	kr 7 514 501,43
Justis- og beredskapsdepartementet	kr 5 542 227,59	kr 12 309 370,40
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	kr 44 394 353,85	kr 2 308 221,31
Kunnskapsdepartementet	kr 9 484 108,04	kr 12 997 013,09
Landbruks- og matdepartementet	kr 12 284 399,44	kr 0,00
Klima- og miljødepartementet	kr 13 175 738,85	kr 2 803 113,92
Andre	kr 339 916,28	kr 0,00
Sum:	kr 109 383 742,00	kr 40 712 822,00

## IV - Styring og kontroll i embetet

### Fylkesmannen sin overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

Fylkesmannen har mål- og resultatstyring som grunnleggande styringsprinsipp. Styring skal være heilskapleg og tilpassa risiko. Vi har i 2015 innanfor alle fagområde løyst embets-oppdraga med ei god måloppnåing, jf. del III.

Den overordna styringa i embetet skjer gjennom leiargruppa i leiarmøte. Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa. Vi har utarbeidd eit styringshjul som sikrar at vi har god styring og kontroll gjennom året. For å få til ei heilskapleg leiging har det vore viktig å knytte seksjonsleiarane tettare til leiargruppa. Vi har etablert fire faste leiarmøte i året for den "store" leiargruppa.

Med utgangspunkt i dei sentrale styringsdokumenta utarbeider vi verksemdplanar som gir ein samla oversikt over årlege mål og resultatkrav. Verksemdsplanen er eit viktig styringsverktøy for den samla aktiviteten i embetet, og ein reiskap for å følgje opp og sikre at oppdraga blir utførte. Vi arbeider i hovudsak med verksemdplanen frå desember til februar, men dette er eit levande verktøy som vi endrar underveis i året ved behov/nye styringssignal. I den årlege prosessen skal det leggest til rette for at medarbeidarane kan påverke og bidra til verksemdplanen.

Verksemdplanen for embetet består av:

1. Overordna verksemdplan med strategisk fokus for året
2. Detaljert plan for kvar avdeling med resultat, arbeidsmål og tiltak embetet skal realisere.

### Risikostyring

Risikostyring er integrert i verksemdsplanarbeidet og i styringshjulet. Kvar avdeling skal i samband med verksemdsplanarbeidet gjennomføre risikovurderingar av kritiske faktorar knytt til å nå hovudmåla i oppdraga. Leiinga gjennomfører årlege risikovurderingar på overordna nivå.

Det overordna risikobilde har ikkje vore kritisk i 2015, men vi har hatt fleire risikoområde kor vi har sett inn tiltak:

1. Verjemål
2. Informasjonstryggleik
3. Tilskotsforvaltning
4. Beredskap
5. Busettingsprosjektet

Grunna tiltak som er sett i verk, har fleire av punkta i løpet av året fått justert ned risiko og er kvittert ut. Informasjonstryggleik er eit av

### Intern styringssystem

Vi har utarbeidd eit internt styringssystem som inneheld alle interne styringsdokument og våre interne retningsline (internkontroll). Som ein del av systemet er m.a. eit delegeringsreglement som tydeleggjer ansvar og roller i embetet. Styringssystemet ligg tilgjengeleg for alle tilsette på vårt intranett. Leiinga vurderer at styringssystema samla sett fungerer godt, og at det er god styring og kontroll i verksemda.

I denne vurderinga er det lagt vekt på:

- Embetet sin evne til å nå dei mål og resultat som er sett i tildelingsbrev og embetsoppdrag
- Embetet sin evne til effektiv ressursbruk innanfor tildelte midlar
- Økonomistyringa i embetet
- Kontroll med risikomoment og risiko er innanfor akseptable nivå

Vi har ei serviceerklæring der vi har definert forventta sakshandsamingstider for dei viktigaste utoverretta tenestene våre mot publikum.



## **Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjon**

Embetet har stabil bemanning med kompetanse som er godt tilpassa oppgåvene. Vi har spesialistkompetanse på fleire fagområde, og vi har tilsette som i dag blir nytta i særskilte oppdrag av departement og direktorat. Det er generelt god søking til ledige stillingar.

Vi har dei siste åra gjort mange organisatoriske tiltak og endringar for å utvikle ein meir ressurseffektiv og samordna organisasjon. Det har vore eit vellukka tiltak og organisasjonen leverer betre resultat, og vi har auka effektivitet og kvalitet i oppgåveløysinga. Vi har innanfor fleire fagområde hatt ein nedgang i sakshandsamingstid. På fleire område må vi likevel ut i frå omsyn til kapasiteten gjere stramme prioriteringar. Vi vil særskilt trekke fram at det er behov for meir kapasitet på verjemålsområdet.

Vi har to allmøte årleg for alle tilsette. I fjor vår var tema for allmøte klimautfordringar. I desember var det flyktningar som var tema for allmøte.

## **Kompetanseutvikling**

Vi har dei siste åra hatt eit særleg fokus på kompetanseutvikling. Vi har utarbeidd ein kompetansestrategi og kompetanseplan for 2014 – 2016. I 2015 etablerte vi «Fylkesmannskulen». Dette er eit internt opplæringstiltak for å sikre at nyttilsette får god rolleforståing og tilstrekkeleg kompetanse om Fylkesmannens oppgåver og oppdrag.

## **Interne og personalmessige forhold, likestilling, HMS og arbeidsmiljø**

### **Likestilling**

Det har ikkje vore tatt opp problemstillingar om likestilling og diskriminering, men vi er medvitne om at vi har ei svak overvekt av kvinner, ca. 60 prosent. Vi tar omsyn til kjønnsbalanse i tilsettingssaker, men ser at vi jamt over har fleire kvinnelege enn mannlege søkjarar til ledige stillingar. I leiargruppa har vi jamn kjønnsfordeling, både i den øvste leiargruppa og blant nestleiarane (seksjonssjefane).

Sjølv om embetet legg til rette for kombinasjon av yrkesliv og familieliv på lik linje for kvinner og menn, ser vi at det er fleire kvinner som vel å arbeide deltid i periodar dei har omsorg for born. Det gjenspeglar situasjonen for øvrig i samfunnet.

### **Helse, miljø og tryggleik**

Vi skal ha trygge og gode arbeidstilhøve ved embetet som gjer at dei tilsette trivst i arbeidet, og får brukt ressursane sine på best mogleg måte. Alle har ansvar for å bidra til eit arbeidsmiljø prega av tverrfagleg samarbeid, respekt, tillit og samhold. Vi driv systematisk HMS-arbeid, og har utarbeidd ein kombinert IA/HMS-tiltaksplan med fokus på helsefremjande aktivitetar. Av aktivitetar kan nemnast Pilates, førstehjelpskurs, treningsretteleing, «friskdagar», pausetrim, turlunsjar mv. I fjor fekk vi hjartestartar på plass i Statens hus.

I tillegg har vi tett oppfølging av sjukmelde og fokus på tilrettelegging av oppgåver og arbeidstid for å hindre full sjukmelding i dei tilfella det er aktuelt. Vi gjennomfører to IA-møte kvart år. I fjor var varsling tema for eit av møta.

### **Informasjonstryggleik**

Fleire tiltak er sette i verk dei siste åra for å sikre at informasjonstryggleiken i embetet er i tråd med gjeldande lovverk og vår rutine for trygg handtering av informasjon. Vi har gjennomført ROS-analyse, og fleire tiltak er sett i verk som t.d. "Followmeprint" og Data LossPrevention (DLP). Fylkesmannen har nyleg revidert rutinen for trygg handtering av informasjon. Alle tilsette har underteikna instruks for trygg handtering av informasjon, og dette er jamleg oppe som tema i avdelingane. Vi er i ferd med å implementere kvalitetssystemet RiksManager som m.a. skal sikre oppfølging av evt. avvik knytt til informasjonstryggleik.

### **Miljøtiltak**

Vi er med i "Klimapartnerar Hordaland" som er Noregs største offentlege og private nettverk for systematisk klimaarbeid. Ved å vere med i dette nettverket forpliktar vi oss til å tenkje klimaavtrykk, vere miljøfyrtårnsertifisert og lage planar for å redusere utslepp av klimagass. Vi følgjer opp handlingsplanen for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Vi har inngått kontrollmedlemskap i Grønt Punkt Norge AS. Med dette set vi krav til leverandørane våre om at dei er medlem av ei returordning for emballasje, eller oppfyller

I Statens Hus har vi inngått samarbeid med huseigar Entra Eigendom AS om miljøleingssystem. Vi har saman med huseigar signert "Grøn fordelsavtale" som inneber ein energireduksjon på omlag 250 000 kWh i året for Statens hus. Det svarer til 15 prosent av energiforbruket i bygget. Det er sett i verk tiltak for energisparing knytte til varme og lys, miljøvenleg avfallshandtering og val av miljøvenlege byggjematerialar.

Embetet har ei målsetning om å redusere talet på tenestereiser. Tilsette skal alltid grunngje om det er naudsynt å reise eller om ein i staden kan gjere nytte av telefonmøte og videokonferanse. Alle tenestereiser skal gjennomførast på billegaste og raskaste måte, og mest mogleg trygt og miljøvenleg.

### **Innkjøp**

Vi har eigen innkjøpskoordinator som kvalitetsikrar og rådgjer i innkjøpsprosessar. Vi har utarbeidd tenlege rutinar og støttesystem i eigen organisasjon som sikrar at risikoen er låg for brot på regelverket for innkjøp. Vi har inngått innkjøpsavtale med Bergen kommune om reiser, kontorrekvisita, kontormøblar og hotell/konferanseavtale. I 2015 hadde vi opplæring i innkjøpsreglementet for alle leiarar.

### **Oppfølging av eventuelle svakheiter/utfordringar**

Vi hadde i 2015 revisjon på utvalde saksforhold – informasjonstryggleik. Vi fekk merknad på at vi i perioden 2011 til mars 2015 ikkje hadde gjennomført jamleg sikkerhetsrevisjon av informasjonssystemet jf. krav i personopplysningsforskriften. Det ble vidare anbefalt at vi fekk på plass rutinar som sikrar dokumentasjon av endringar i tilgangar i ePhorte.

Vi har fått på plass dei anbefalingar vi fekk frå Riksrevisjonen. I mars 2015 gjennomførte vi sikkerhetsrevisjon, og dette er no implementert i vårt årshjul og vil bli gjennomført årleg. Vidare har vi også implementert eit internt system som sikrar dokumentasjon av endringar i tilgangar i ePhorte.

Vi har ikkje kjennskap til andre avdekte punkt eller utfordringar.

## V - Vurdering av framtidsutsikter

- **Overordna omtale av forhold i og utanfor embetet som kan virke på embete si evne til å løyse samfunnsoppgaget på sikt**
- **Med utgangspunkt i forrige kulepunkt – gi ein nærare omtale av moglege konsekvensar for embete si evne til å nå fastsette mål og resultat på lengre sikt**

Dei vurderingane som er etterspurde i dette kapittelet er ei forlenging av det embetet er bede om å skildre i kapittel III under overskrifta Kort omtale av dei sentrale forholda i embetet og fylket som har hatt betydning for det oppnådde resultatet. Dessutan finn vi dei to ovannemnde omtalepunkta å gå såpass over i kvarandre at vi finn det mest formålsteneleg å skildre desse samla.

Omtalen i dette avsnittet vil handla om samordning og grunnleggjande føresetnader for vidare ut-vikling, regionalisering og embete si organisering og kompetanse.

### Samordning

I kap. III går det fram at embetet i 2015 har hatt stor merksemd om samordning av statlege tenester. Det er der skildra den samordninga som har vore dominerande når det t.d. gjeld arbeidet med flyktningar og plansaker gjennom motsegnprosjektet.

Kommunane sitt møte med ein samla stat har vore:

- kostnadseffektiv
  - for kommunane ved at dei slepp å møte eit og eit statsorga
  - for statsorgana ved at dei kan møte fleire kommunar om gongen
- harmoniserande/koordinerande ved at kommunane og staten får diskutert problemstillingar som er uklåre og som kan ligge i grenselandet mellom fleire statsstyresmakter
- kompetansebyggjande
  - kommunane får koordinert informasjon / kunnskap
  - staten kan lokalisere der det er utfordringar av ymse slag: - manglande koordinering, - manglande kunnskap både i kommunane og hos staten, - manglande reguleringar / tiltak.

På denne måten har det vakse fram nye samordningsarenaer. Ein avgjerande føresetnad for denne utviklinga er den korte geografiske avstanden det er mellom dei fleste regionale statsetatane som har ansvaret for ulike sider ved ulike oppgåver, t.d. akvakultur. Dei har som regel hovudkontor/stadleg representasjon i Bergen, og det gir godt høve til å samlas på felles møtearenaer.

For å forsere den utviklinga vi ser når det gjeld samordning, bør det i eit vidare perspektiv vurderast ei organisatorisk samansmelting av statlege regionale organ, som t.d. Fylkesmannen, IMDI, UDI,NVE, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet – heilt eller delvis - som alle står i ei tradisjonell statleg styringslinje og har parallelle oppgåver innan same område. For delar av forvaltningsoppgåvene rettar dei verksemda si mot kommunane for formålet å gjennomføre lovpålagde oppgåver / statleg politikk.

Forvaltningsøkonomisk vil det og ha meining at Fylkesmannen får ein sterkare funksjon som regional samordnar, jf. farnlegg i Produktivitetskommissjonens delinnstilling II.

Samstundes vil ei slik samordning – funksjonelt og/eller organisatorisk – danne grunnlaget for å over-føre fleire og utvida oppgåver frå direktoratsnivå. Som døme på slike vurderingar viser vi til døme i NOU 2015:11 *Med åpne kort* når det gjeld tilsyn med helsetenesta, både den kommunale og spesialisthelsetenesta, og administrative åtgjerder når det gjeld helse- og sosialpersonell. Vi viser og til *Rapport til Kunnskapsdepartementet 06.01.2016, Kunnskapssektoren sett utenfra*, s. 70, der det m.a. heiter:

*Fylkesmennene sitter nærmere skoler, barnehager og deres eiere og har større mulighet til å drive veiledning og utviklingsarbeid som treffer de lokale utfordringer. Fylkesmannen har lokal og regional kontakt med tenestemenn (og – kvinner), fagfolk og politikere. Kunnskapen og kontakten som opparbeides gjennom tilsynene, og den geografiske og kulturelle nærheten til skolene og samfunnet rundt, gir Fylkesmennene gode*



*Kunnskapsdepartementet bør derfor styrke Fylkesmennene rolle i arbeidet med veiledning og rådgiving og utviklingsarbeid overfor skoler, barnehager og deres eiere. Dette kan eventuelt skje gjennom å overføre ressurser, oppgaver og ansvar fra direktorat til Fylkesmennene på dette området.*

Ei slik utvikling bør også vere aktuell på andre fagområde, og bør vere endå meir aktuelt dersom embeta blir styrka med fleire oppgaver, jf. ovannemnde, og større kompetanse, jf. neste avsnitt.

### **Fylkesmannsembete – organisering / kompetanse**

Den nye økonomiske situasjonen i landet, med eit klårt avtrykk i Hordaland, i kombinasjon med t.d. utfordringar og press på velferdstenestene og aukande klimautfordringar, reiser spørsmål om ein meir effektiv og rasjonell stat og styringsstruktur, jf. det som tidlegare er sagt om ein meir koordinert og styrka regional stat. Også det regionale folkevalde nivået og fylkesmannsorganiseringa er under endring, i tillegg til arbeidet med kommunestrukturen. Vi ser slike strukturendringar, med m.a. ein nyorganisert regional stat, som absolutt nødvendig dersom ein skal ta vare på, effektivisere og få større kompetanse innan alle dei verksemdsområda Fylkesmannen arbeider med.

Når det særskildt gjeld spørsmålet om organiseringa av fylkesmannsembete, er vi av den klare oppfatninga at det er nødvendig skal ein oppnå det som er gitt uttrykk for i forrige avsnitt. Vi ser derfor positivt på at embete blir samanslåtte. Det er fleire grunnar til det, og vi har nemnd nokre i kap. II og tidligare i dette kapittelet. Vi ser også at ei slik utvikling er nødvendig for å auka kompetanse i embeta. Rettstryggleiken er viktig og tilsynet bør ikkje svekkast. Som døme syner vi igjen til NOU 2015:11 når det gjeld tilsyn med helsetenesta, og då særleg spesialisthelsetenesta, men også andre tenester. Sjølv eit såpass stort embete som Hordaland er på ei kritisk grense når det gjeld ressursar og kompetanse når det særleg gjeld tilsyn med store og kompetente organisasjonar innan spesialisthelsetenesta. Det vil og vere tilfelle innan andre samfunnsområde, t.d. når det gjeld tilsynsarbeidet generelt enten det gjelder kommuner eller større industriverksemder.



## Leiar sin kommentar til Årsrekneskapen 2015

### Formål

Fylkesmannen er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningsline frå Stortinget og Regjeringa vert følgde opp. Fylkesmannen har innanfor dei rammer som blir stilt til disposisjon i tildelingsbrev, embetsoppdrag, fullmaktsbrev og gjeldene regelverk og avtalar, mynde til å iversetje tiltak innanfor sitt område. Fylkesmannen er underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

### Stadfesting

Årsrekneskapet er i samsvar med «bestemmelser om økonomistyring i staten», rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå «Virksomhets- og økonomiinstruks for Fylkesmannen» fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Rekneskapet gir eit dekkande bilde av Fylkesmannen i Hordaland sine tildelingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigendelar og gjeld. Dei talla som er presentert i oppstillinga til årsrekneskapet gjeld ikkje berre embetet sine eigne driftsutgifter, men inkluderer også alle ordningar embetet har administrert og utbetalt på vegne av fagdepartement og direktorat i 2015.

Fylkesmannen skal gjennom sin økonomi- og verksemdstyring sikre at statlege midlar vert nytta i samsvar med Stortinget sine vedtak og føresetnader, at vi når fastsette mål og resultatkrav, at statlege midlar blir brukt effektivt, og forsvarleg forvaltning av materielle verdier.

### Vurdering av vesentlege forhold

I 2015 har Fylkesmannen samla disponert tildelingar på drift på kr. 112 026 000,-. Vi har totalt disponert tildelingar og belastningsfullmaktar på utgiftssida på kr. 713 877 911,-. I tillegg kjem opne fullmaktar til m.a. fri rettshjelp, verjehonorar og kontrollkommisjonane.

*Vi har i 2015 hatt eit mindreforbruk på kr. 2 637 257,40 på drift kap. 525 post 01 og kr. 100 596,- på kap. 0525 post 21 som vi søkjar overført til 2016.*

Det er fleire årsaker til mindreforbruket på kap. 525 post 01. Vi har hatt uventa forseinking/forskyving i fleire leveransar m.a. innkjøp inventar og i planlagt ombygging i resepsjonen i Statens hus. Dette arbeidet var planlagt sett i verk seinhausten 2015 men måtte utsetjast grunna forseinkingar frå leverandør/byggfirma. Dette medfører at vi har fleire store kostnader som må overførast til budsjettet i 2016. Vi har hatt vakanse andre halvår 2015 i fleire stillingar m.a. i legestillingar som det har vore vanskeleg å omdisponere lønsmidlar for. Dette har gitt oss ei uventa innsparing på slutten av året. Prognose 2. halvår viste at det ville bli meirutgifter på verjemål som var planlagt dekkja av driftsbudsjettet. Justisdepartementet har i andre halvår 2015 gitt embetet tilleggsløyvingar på totalt kr. 728 500,- innanfor verjemålsområdet. Embetet fekk seinast i oktober 2015 ei tilleggsløyving på totalt kr. 348 500,-.

Når vi får tilleggsløyvingar og avklaringar seint på året er det var vanskeleg å omdisponere midlane. Vi har tidlegare meldt tilbake at det er ei betydeleg utfordring for økonomistyringa at ikkje alle midlar vert tildelte i budsjettkapittel 0525. Skal Fylkesmannen ha fullt handlingsrom og kunne drive så ressurseffektivt som mogeleg, må alle stillingar inn i kap. 0525, og dei må vere fullfinansierte når dei vert lagt inn. Embetet har i dag omlag 25 stillingar som er finanserte av prosjektmidlar. Tilgang på prosjektmidlar kan vere ujamn og til dels utforsigbar gjennom året. Som følgje av dette kan det bli omposteringar frå fagkapitlane på slutten av året.

Vi har sendt skriftleg anmodning om to omposteringar i statsrekneskapet som gjeld inntekter som er feilført på Fylkesmannen sitt eige inntektskapittel og som skulle vore belasta kap. 761, post 21 og kap. 765, post 61. For kap 761 21 er beløpet kr. 637 961,50 og gjeld eigenandel/deltakaravgift for ein konferanse. For kap 765 61 er det utbetalt kr. 123 008,- for mykje i tilskott til Bergen kommune som er tilbakebetalt. Begge omposteringane er stadfesta og endringane er gjennomført.

Vi har to mindre overskridelser som skuldast feil i ompostering internt:

På kap./post 0761 21 - overskridelse på kr. 9 663,45

På kap./post 0469 01 - overskridelse på kr. 1 377,20

Tilskotsutbetalingane våre har auka. I 2015 utbetalte embetet tilskott for kr. 545 114 607,-. I summen ligg ikkje utbetaling av tilskott for landbruk og bygdeutvikling, da desse blir utbetalt av fagsystemet Saturn.

I 2013/2014 gjennomførte vi ein naudsynt ombyggingsprosess i Statens hus. Ombygginga har ført til ein del høgare kostnader på konto «husleige». 2015 var første år med heilårsvirkning av ny husleige. Vi har ansvar for å drifte Statens hus, og vi er mottakar av alle fakturaer som gjeld Statens hus. Vi fordele og fakturerer desse kostnadene til dei andre leigetakarane.

Embetet ble trekt for meirverdiavgift (MVA) i 2015 på kr. 1 869 000,- Resultatet ble kr. 2 045 280,-. Rekneskapsført meirverdiavgift (MVA) viser eit meirforbruk på kr.176 280,- som skuldast investeringar.

Uteståande med statskassa utgjorde per 31.12.2015 kr. 8 392 345,-. Dette er ein endring frå 2014 på kr. 1 086 664,-. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva eigedelar og gjeld det uteståande er samansett av.

### **Tilleggsopplysningar**

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfester årsrekneskapen for Fylkesmannen i Hordaland. Årsrekneskapet er ikkje ferdig revidert per d.d., men revisjonsrapporten er forventa ferdig i løpet av 2. kvartal 2016.

Revisjonsrapporten er unntatt frå innsyn fram til Stortinget har motteke Dokument 1 frå Riksrevisjonen.

Statens hus 26. februar 2016

Lars Sponheim (sign)

## **Prinsippnote årsrekneskapen**

Årsrekneskapen for Fylkesmannen i Hordaland er utarbeidd og avlagt etter retningslinene fastsett i «Bestemmelser om økonomistyring i staten», fastsett 12. desember 2003, med endringar seinast 18. september 2013. Årsrekneskapen er i samsvar med bestemmelsane punkt 3.4.1, nærare bestemmelsar i Finansdepartementets rundskriv R-115 og i «Virksomhets- og økonomiinstruks» fastsett av KMD.

Oppstillinga av bevilgningsrapporteringa viser bevilgningsrapportering, og beholdninga verksemda står oppført med i kapittelrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og kva grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassen.

Oppstillinga av bevilgningsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeida med utgangspunkt i bestemmelsane punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

Rekneskapen følgjer kalenderåret

Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret med bruttobeløp

Rekneskapen er utarbeida i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapportering er utarbeida etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i bestemmelsane punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportera til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsrekneskapet» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i bestemmelsane punkt. 3.8.1. Ordinære forvaltningsorgan vert ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved årets slutt vert saldo på kvar enkel oppgjerskonto nullstilt.

### **Bevilgningsrapporteringa:**

Bevilgningsrapporteringa viser rekneskapstall som Fylkesmannen i Hordaland har rapportert til statsrekneskapet. Det blir stilt opp etter kapittel og post i bevilgningsrekneskapen som Fylkesmannen har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigendelar og gjeld embetet står oppført med i kapitalrekneskapet i staten. Kolonna «samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt i disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel og post.

### **Artskontorrapporteringa:**

Artskontorrapporteringa viser kva rekneskapstal vi har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Vi har ein trekkrettigheit for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og viser derfor ikkje som ei inntekt i oppstillinga. Note 7 i artskontorrapporteringa viser forskjellar mellom avrekning og mellomverande med statskassa.



**Oppstilling av bevilgningsrapportering, 31.12.2015**

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2015	Merutgift (-) og mindretgift
0525	Fylkesmannsembetene - driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A,B	112 026 000	110 005 967	2 020 033
0525	Fylkesmannsembetene - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter	A,B	2 941 000	26 814 411	-23 873 411
0225	Tiltak i grunnopplæringen - driftsutgifter	01	Driftsutgifter		3 310 000	3 193 941	
0225	Tiltak i grunnopplæringa - særskilde driftsut	21	Spesielle driftsutgifter		12 050 000	12 044 043	
0225	Tilskudd til oppl. av barn og unge i statl. asy	64	Diverse		5 910 000	4 014 899	
0225	Tilskudd til leirskoleopplæring	66	Diverse		4 998 000	4 939 405	
0225	Tilskudd til opplæring innenfor krimomsorg	68	Diverse		256 167 000	256 166 880	
0226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringen - spes	21	Spesielle driftsutgifter		12 487 086	11 829 951	
0226	Kvalitetsutvikling i grunnskolen - videreutde	22	Diverse		29 629 080	29 317 006	
0227	Tilskudd til internatdrift ved Krokeide yrkes	71	Tilskudd		25 427 000	25 427 000	
0231	Barnehager - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		10 827 000	10 542 167	
0231	Barnehager - Tilskudd for svømming i barne	70	Tilskudd		1 822 500	1 786 500	
0310	Tilskudd til tros- og livssynsamfunn	70	Tilskudd		Åpen fullmakt	7 018 068	
0469	Vergemålsordningen - driftsutgifter	01	Driftsutgifter		17 038 489	17 039 866	
0469	Vergemålsordningen - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		Åpen fullmakt	7 778 517	
0470	Fri rettshjelp- Driftsutgifter	01	Driftsutgifter		Åpen fullmakt	8 245 396	
0500	Kommunal- og moderniseringsdepartemente	21	Spesielle driftsutgifter		1 950 000	1 946 149	
0571	Rammetilskudd til kommuner- spesielle drif	21	Spesielle driftsutgifter		900 000	899 362	
0621	Tilskudd til sosiale tjenester og sosial inklud	21	Spesielle driftsutgifter		2 408 120	2 398 177	
0621	Sosiale tjenester og tiltak for vanskeligstilte	63	Diverse		11 134 332	11 090 310	
0718	Rusmiddelforebygging - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		588 354	543 943	
0719	Annet folkehelsearbeid - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		25 000	5 286	
0720	Helsedirektoratet - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		1 649 508	1 643 626	
0721	Statens helsetilsyn - Driftsutgifter	01	Driftsutgifter		1 557 000	1 465 981	
0734	Særskilte tilskudd til psykisk helse og rustilt	01	Driftsutgifter		Åpen fullmakt	4 512 236	
0734	Tvungent psykisk helsevern	70	Tilskudd		Åpen fullmakt	2 830 306	
0761	Omsorgstjeneste - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		1 478 500	1 488 163	
0761	Omsorgstjeneste - utviklings tiltak	67	Diverse		3 360 000	3 225 983	
0761	Omsorgstjeneste - Kompetanse og innovasjo	68	Diverse		27 255 918	23 955 918	
0762	Primærhelsetjeneste - forebyggende helsetje	60	Diverse		1 300 000	1 290 000	
0762	Forebygging av uønsket svangerskap og abor	73	Tilskudd		850 000	850 000	
0765	Psykisk helse og rusarbeid - spesielle driftsut	21	Spesielle driftsutgifter		991 400	958 674	
0765	Psykisk helse og rusarbeid - kommunale tjen	60	Diverse		36 260 000	36 259 999	
0765	Psykisk helse og rusarbeid - kompetansetil	61	Diverse		5 443 808	5 443 808	
0765	Psykisk helse og rusarbeid - rusarbeid	62	Diverse		39 108 432	39 108 432	
0781	Forsøk og utvikling mv - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		Åpen fullmakt	40 419	
0783	Personell - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		1 155 000	1 109 342	
0854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet - spes. drif	21	Spesielle driftsutgifter		2 742 035	2 546 285	
0854	Kommunalt barnevern	60	Diverse		58 480 000	56 508 890	
1144	Miljørettet prosjektarbeid m.m.	77	Tilskudd		160 000	160 000	
1400	Miljøverndepartementet - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		110 000	109 959	
1410	Miljøovervåking og miljødata	21	Spesielle driftsutgifter		548 400	547 549	
1420	Miljødirektoratet - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		1 562 500	1 562 361	
1420	Statlige vannmiljøtiltak	22	Diverse		6 560 000	6 559 070	
1420	Klima, naturmangfold og forurensing- oppdr	23	Diverse		2 476 729	2 476 728	
1420	Tiltak i verneområder	31	Diverse		1 930 000	1 895 299	
1420	Oppryddingstiltak	39	Diverse		421 720	77 728	
1420	Erstatning for beitedyr tatt av rovvilt	72	Tilskudd		270 000	167 965	
1420	Forebyggende og konfliktdempende tiltak i r	73	Tilskudd		100 000	100 000	
1420	Verdensarvområder, kulturlandskap og verdi	81	Diverse		25 000	25 000	
1420	Tilskudd til prioriterte arter og utvalgte natu	82	Diverse		5 913 000	5 913 000	
1425	Tilskudd til fiskeformål	70	Tilskudd		330 000	330 000	
1425	Tilskot til viltsformål	71	Tilskudd		200 000	200 000	
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter			5 668 863	
Sum utgiftsført					713 877 911	762 078 829	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling	Regnskap 2015	Merinntekt og mindreinntekt (-)
3525	Inntekter ved oppdrag	01	Driftsinntekter		23 974 007	23 974 007
3525	Ymse inntekter	02	Ymse		617 225	617 225
5309	Tilfeldige inntekter, ymse	29	Ymse		867 923	
5700	Arbeidsgiveravgift	72	Arbeidsgiveravgift		16 396 362	
Sum inntektsført				0	41 855 516	
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>					<b>720 223 313</b>	
<b>Kapitalkontoer</b>						
60063601	Norges Bank KK /innbetalinger				26 206 990	
60063602	Norges Bank KK/utbetalinger				-745 343 638	
715212	Endring i mellomværende med statskassen				-1 086 665	
Sum rapportert					0	
<b>Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)</b>						
<b>Konto</b>	<b>Tekst</b>			<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>Endring</b>
6260	Aksjer			0	0	0
715212	Mellomværende med statskassen			-8 392 345	-7 305 681	-1 086 665

\* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter. Se note B for nærmere forklaring.

**Virksomhet: A5 - Fylkesmannen i Hordaland**

<b>Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter</b>			
<b>Kapittel og post</b>	<b>Overført fra i fjor</b>	<b>Årets tildelinger</b>	<b>Samlet tildeling</b>
0525 01	2 010 000	110 016 000	112 026 000
0525 21	2 941 000		2 941 000

**Virksomhet: A5 - Fylkesmannen i Hordaland**

**Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år**

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre i hht avgitte belastningsfullmakter (-)	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastnings-fullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
052501/352502		2 020 033	0	2 020 033	617 225			2 637 258	5 601 300	2 637 258
052521	"kan overføres"	-23 873 411	0	-23 873 411	23 974 007			100 596	[5% av årets tildeling i note A]	100 596
022631	"kan overføres"	137 519	0	137 519				137 519		137 519
022622	"kan overføres"	38 144	0	38 144				38 144		38 144
023121	"kan overføres"	124 907	0	124 907				124 907		124 907
022501	"kan overføres"	116 059	0	116 059				116 059		116 059

\*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Merknader:

Kap 052501: Vi ber om å få overført mindreforbruk på kr 2 637 258

Kap 052521: Vi ber om å få overført mindreforbruk på kr 100 596

**Mottatte belastningsfullmakter**

Fylkesmannen har satt opp tre belastningsfullmakter overfor, hvor vi har anmodet det aktuelle fagdepartement om å få overføre restmidler på fullmaktene til 2016. Mulig overføring til neste år er en beregning og Fylkesmannen får tilbakemelding fra overordnet departemet om beløpet kan overføres til neste år.

\* Kap 0226 31, 0226 22, 0231 21 og 0225 01: Søknad om overføring er sendt til Kunnskapsdepartementet via Utdanningsdirektoratet



## Oppstilling av artskontorrapporteringen, 31.12.2015

	Note	2015	2014
<b>Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	25 352 201	21 881 491
Andre inntekter	1	0	0
<i>Sum inntekter fra drift</i>		25 352 201	21 881 491
<b>Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetalinger til lønn	2	133 772 672	130 205 491
Andre utbetalinger til drift	3	75 211 985	77 587 487
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		208 984 657	207 792 978
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>183 632 456</b>	<b>185 911 487</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
<b>Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetaling til investeringer	5	3 071 673	4 622 787
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		3 071 673	4 622 787
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>3 071 673</b>	<b>4 622 787</b>
<b>Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	612 806	1 514 830
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		612 806	1 514 830
<b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	545 114 607	514 716 395
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		545 114 607	514 716 395
<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		255 116	241 568
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		16 396 362	15 946 002
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		-5 668 863	0
<i>Sum rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		10 982 616	16 187 570
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>		<b>720 223 313</b>	<b>687 548 270</b>
<b>Oversikt over mellomværende med statskassen **</b>			
<b>Eiendeler og gjeld</b>		<b>2015</b>	<b>2014</b>
Fordringer		67 393	32 604
Kasse		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk		-4 966 396	-4 951 652
Skyldige offentlige avgifter		0	0
Annen gjeld 1)		-3 493 342	-2 386 633
<b>Sum mellomværende med statskassen</b>	8	<b>-8 392 345</b>	<b>-7 305 681</b>

\* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.

\*\* Spesifiser og legg til linjer ved behov.

**Kontrollsum:**

720 223 313

720 223 313

0

Differanse

Fotnote 1)

Konto 2900: -3.542.793,38 er prosjektpenger eksternt finansiert. Kr 772,70 er overført fra feilkonto

## Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
Byggesaksgebyr	0	0
Tilsynsavgift elsikkerhet	0	0
Gebyrer / avgift omsetning produksjon sprengstoff første omsetningsledd	0	0
<b>Sum innbetalinger fra gebyrer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
<b>Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Inntekter fra salg av oppdrag, avgiftfri	0	726
Inntekter av oppdrag, utenfor avgiftsområdet	25 352 201	21 880 765
<b>Sum salgs- og leieinnbetalinger</b>	<b>25 352 201</b>	<b>21 881 491</b>
<i>Andre innbetalinger</i>		
<b>Sum andre innbetalinger</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum innbetalinger fra drift</b>	<b>25 352 201</b>	<b>21 881 491</b>

## Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2015	31.12.2014
Lønn	104 713 941	101 264 067
Arbeidsgiveravgift	16 396 362	15 946 003
Pensjonsutgifter*	0	0
Sykepenger og andre refusjoner(-)	-4 205 842	-3 542 257
Andre ytelser (1)	16 868 211	16 537 678
<b>Sum utbetalinger til lønn</b>	<b>133 772 672</b>	<b>130 205 491</b>
<i>* Denne linjen benyttes av virksomheter som innbetaler pensjonspremie til SPK.</i>		
<b>Antall årsverk:</b>	<b>176,4</b>	<b>178,3</b>

Antall årsverk er iht SAP-rapport yhr\_aarsverk som tar med hele 2015 inkl ansatte i permisjon, og med fradrag for alt fravær over 1 dag.

**Fotnote 1)** Gjeld ikkje utbetaling til egne ansatte men m.a honorar til sensorar, kontrollkommisjonar m.fl

Honorar til sensorar utgjør kr 10.555.691,-

Honorar til kontrollkommisjonen utgjør kr 3.750.539,-



**Note 3 Andre utbetalinger til drift**

	<b>31.12.2015</b>	<b>31.12.2014</b>
Husleie	11 122 129	8 724 172
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	16 349	248 178
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler 1)	7 147 893	8 015 281
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	342 268	406 939
Mindre utstyersanskaffelser	785 480	834 527
Leie av maskiner, inventar og lignende	1 035 997	771 931
Kjøp av fremmede tjenester 2)	34 188 584	35 911 264
Reiser og diett	7 680 678	8 940 918
Øvrige driftsutgifter	12 892 607	13 734 276
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>75 211 985</b>	<b>77 587 487</b>

**Fotnote 1):**

Husleige: 15.788.227 (konto 6300)

Refusjon driftsutgifter Statens Hus: -4.666.098 (konto 6302)

**Fotnote 2):**

Av dette beløpet utgjør:

Fri rettshjelp kr 8.217.371

Verjehonorar kr 7.493.058,-

**Note 4 Finansinntekter og finansutgifter**

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	0	0
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	65 807	153 588
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	166 483	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	2 839 383	4 469 200
<b>Sum utbetalt til investeringer</b>	<b>3 071 673</b>	<b>4 622 787</b>

<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
<b>Sum utbetalt til kjøp av aksjer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## Note 6 Innkreivingsvirksomhet og andre overføringer til staten

	31.12.2015	31.12.2014
Tilfeldige og andre inntekter.	612 806	1 514 830
<b>Sum innkreivingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>	<b>612 806</b>	<b>1 514 830</b>

**Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten**

	<b>31.12.2015</b>	<b>31.12.2014</b>
Tilskudd til kommuner	257 018 794	212 321 159
Tilskudd til fylkeskommuner	236 745 183	254 594 100
Tilskudd til private	31 230 783	8 233 957
Tilskudd til organisasjoner	10 997 310	33 132 279
Tilskudd til statsforvaltningen	9 122 536	6 434 900
<b>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>	<b>545 114 607</b>	<b>514 716 395</b>

## Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

## Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2015 Spesifisering av bokført avregning med statskassen	31.12.2015 Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0		
Sum	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	81 584	0	81 584
Andre fordringer	67 393	67 393	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
Sum	148 977	67 393	81 584
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-278 475	0	-278 475
Skyldig skattetrekk	-4 966 396	-4 966 396	0
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-3 505 042	-3 493 342	-11 700
Sum	-8 749 913	-8 459 738	-290 175
<b>Sum</b>	<b>-8 600 936</b>	<b>-8 392 345</b>	<b>-208 591</b>

\* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 8 B

## Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

	Ervervesdato	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balanseført egenkapital i selskapet	Balanseført verdi i regnskap*
Aksjer							
Selskap 1							
Selskap 2							
<b>Balanseført verdi 31.12.2015</b>							<b>0</b>

\* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balanseført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.



# Innhold

Kongehuset	Side 2
Arbeids- og sosialdepartementet	Side 2
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 5
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 10
Justis- og beredskapsdepartementet	Side 19
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Side 26
Kulturdepartementet	Side 37
Kunnskapsdepartementet	Side 38
Landbruks- og matdepartementet	Side 56
Klima- og miljødepartementet	Side 74
Samferdselsdepartementet	Side 84
Statens Helsetilsyn	Side 84
Utenriksdepartementet	Side 86
Andre	Side 87

Fylkesmannsembetene utfører fagoppgaver for flere departementer og direktorater/tilsyn. Hvert departement er faglig overordnet embetene på det aktuelle fagområdet. I årsrapporten del III er det gitt en kort omtale og vurdering knyttet til hvert departementsområde. Nedenfor følger embetets mer utførlig resultatrapportering knyttet til embetsopdraget for de ulike departementene.

## **Kongehuset**

### **Resultatområde 00 Kongehuset**

#### **00.1 Kongelige besøk**

Kongehuset var i Hordaland ved følgende høve i 2015. Alle arrangement i Bergen, dersom ikkje anna er skreve

8. mai: H.K.H. Kronprinsen til stades ifm 70-årsjubileet for frigjøringa

27. mai: H.M. Dronninga til stades ved opning av Festspela i Bergen

10. juni H.K.H. Kronprinsen deler ut årets Holbergpris

12. juni DD.MM. Dronning Sonja og Dronning Margrethe til felles utstilling i Rosendal

8. oktober H.M. Kongen til stades ved Bergen Filharmoniske Orkester sitt 250-årsjubileum

25. - 28. oktober: H.K.H. Kronprins Haakon til stades ved arrangement i regi Bergen Næringsråd og Faneoverrekking KNM Tordenskiold, men i hovudsak i samband med arrangementet "SIKT"

27. oktober: H.K.H. Kronprinsesse Mette-Marit og H.K.H. Prinsesse Ingrid Alexandre til stades på SIKT

Elles var Portugals president i Hordaland i perioden 4. og 5. mai. Fylkesmannen bisto UD i arbeidet.

## **Arbeids- og sosialdepartementet**

### **Resultatområde 73 Sosiale tjenester**

#### **73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen**

I 2015 behandla Fylkesmannen 367 sosialklagesaker, 47 fleire enn året før. Det utgjør ein auke på femten prosent. Vi behandla 99,7 prosent av klagane innan tre månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var ½ måned. Ved behandling av klagene konkluderte vi med at 81 prosent av vedtaka ikkje var i strid med lova, 6 prosent vart heilt eller delvis omgjort og 13 prosent vart oppheva og sendt tilbake til Nav-kontoret til ny behandling.

I 2015 behandla vi elleve hendingsbaserte tilsynssaker etter sosialtenestelova. I tillegg sende vi åtte saker til lokal avklaring. Dei elleve tilsynssakene er fordelt på sju Nav-kontor. I to tilfelle fann vi at Nav-kontoret sin praksis ikkje var i samsvar med lova. Median saksbehandlingstid var 2,5 månader.

Vi førte tilsyn med seks Nav-kontor, to av dei i bydelar i Bergen. Dette er to færre tilsyn enn resultatkravet. Etter lokal risikovurdering auka vi i staden talet på planlagde tilsyn med barneverntenestene frå kravet om tre til sju

tilsyn.

Tilsyna omhandla tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til unge mellom 17 og 23 år. Ved fire av tilsyna avdekte vi manglar ved styringa med tenestene: Manglande oppfølging frå leiinga, manglande individuell kartlegging av sakene og mangelfull dokumentasjon av vurderingar.

Vi har prioritert å gi opplæring på fagsamlingar for Nav-tilsette, med utgangspunkt i lokale behov og i dialog med Nav-kontora om tema. Opplæringa var koordinert med Nav fylke. I tillegg har vi hatt nettverkssamlingar som er nærare omtalt under punkt 73.3, 73.4, 73.5 og 73.6 for Nav-tilsette med oppgåver innan økonomisk rådgjeving, kvalifiserings-programmet, bustadsosialt arbeid og arbeid mot barnefattigdom.

Vi brukte nettsidene våre til å informere om reglar, praksis og synspunkt når det gjeld sosialstønad, mellom anna 27 forskjellige saker under overskrifta «Økonomisk sosialhjelp».

## **73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling**

Fylkesmannen vektla som tidlegare år, å samordne tiltak innan helse, sosial og barnevernsområdet. I tillegg samordna vi tiltaka for formidling, kompetanseutvikling og tilskotsforvaltning på sosialtenestelova sitt område, altså resultatområda 73.1 - 73.6.

Fylkesmannen har vidareført satsinga vår på Barn og unge, sjå rapporteringa under punkt 73.6.

Vi systematiserte opplysningar om kvar kommune og målretta tiltak når det var aktuelt.

I 2015 hadde vi regelmessige kontaktmøte med Nav fylke for fagleg utveksling og samarbeid om tiltak for å styrkje kompetanse og koordinering av tiltak. Vi har dessutan lagt vekt på samarbeid og koordinering med andre statlege faginstansar som Husbanken og IMDI.

Vi deltok på regionale samarbeidsarenaer i fylket. Saman med Nav Hordaland arrangerte vi to samlingar for alle kommunale og statlege Nav-leiarar. Etter vår vurdering er arbeidet vi gjer på dette feltet eit viktig bidrag til utvikling av tenestene i Nav.

## **73.3 Kvalifiseringsprogrammet**

Etter risikovurdering valde vi ut og kartla sju Nav-kontor med langt færre deltakarar i kvalifiseringsprogrammet enn det ein kunne forvente ut i frå dei sist publiserte tala frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. Kartlegginga viste at Nav-kontora opplevde ein del hindringar i arbeidet med å sikre at alle som har rett til kvalifiseringsprogram får tilbod om program. Vi legg likevel til grunn at Nav-kontora har tilgang på verkemiddel som kan bidra til å redusere desse hindringane, og at Nav-kontora no tilbyr kvalifiseringsprogram i den grad det er grunnlag for det.

Tilsette som arbeider med kvalifiseringsprogrammet fekk tilbod om å delta i fagleg nettverk. Det var fire nettverkssamlingar i 2015. Råd og rettleiing er elles gitt fortløpande til dei som har teke kontakt.

Kvalifiseringsprogrammet var tema i møte som vi hadde med statlege og kommunale Nav-leiarar. I 2015 hadde vi to møte. I tillegg har vi deltatt på møta med partnerkapet i Nav og på fagsamlingar i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Vi hadde tre rettsklager på dette saksområdet i 2015.

Vi har, med utgangspunkt i resultatkrava i Embetsoppdraget for 2015, sendt eigen rapport om kvalifiseringsprogrammet til Arbeids- og velferdsdirektoratet.

## **73.4 Økonomisk rådgivning**

I 2015 samarbeida Fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane om å arrangere vidaregåande kurs i økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving for deltakarar frå dei to fylka. Kurset bidreg til kompetanseheving i Nav-kontora, nettverksbygging og erfaringsutveksling på tvers av fylkesgrensene. Etter innmeldt behov frå embeta i regionen, arrangerte vi tre grunnkurs og to vidaregåande kurs i økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving i andre fylke. Vi deltok også i planlegginga av piloten for oppfølgingskurs.



Fylkesmannen i Hordaland driftar nettverket «Økonomisk samarbeidsforum» for kommunalt Nav-tilsette økonomiske rådgjevarar og gjeldsrådgjevarar i Hordaland. Vi hadde fem samlingar i 2015 med om lag 30 deltakarar kvar gong, og interessa for å delta i forumet er god. Innlegg frå inviterte samarbeidsinstansar og erfaringsutvekslingen i forumet er ein viktig arena for å skape kontaktar og medverkar til kompetanseutvikling, særleg ved dei mindre kontora. Vi oppmodar alle kommunar om å delta i samarbeidsforumet og til starte lokale, sjølv-gåande nettverk, samt å samarbeide på tvers av kommunegrensene.

For å auke kompetansen i Nav-kontora og fremje nettverksbygging på tvers av kommune- og fylkesgrenser

- dekte vi deltakaravgift til årskonferansen «Penger til besvær» for 29 deltakarar frå Nav-kontor i Hordaland.
- informerte om tenesta økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving på samling for turnuslegar i Hordaland.
- brukte vi nettsidene til å gje informasjon om ordninga og om våre avgjerder.

Det er generelt god merksemd på tenesta økonomisk rådgjeving i Nav-kontora i Hordaland, og vi har meldt frå om utviklingstrekk på samlingar for kompetansegruppa for økonomisk rådgjeving i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet.

### 73.5 Boligsosialt arbeid

I 2015 tildelte Fylkesmannen 6 178 582 kroner til kommunale bustadsosiale tiltak. Dette er 618 453 kroner mindre enn året før. Tilskotet fordeler seg på ti tiltak i sju kommunar. Det var rom for å ta inn eitt nytt tiltak for tilskot i 2015, medan dei andre ni har fått tilskot tidlegere år også. Bergen fekk tilskot til fire forskjellige tiltak, eitt mindre enn i 2014. Dei seks andre kommunane fekk tilskot til eitt tiltak kvar. Tilskotet finansierte 16 bustadsosiale stillingar.

I løpet av året hadde vi kontakt med alle tiltaka. Tre av dei vitja vi og arrangerte nettverksamling for alle i oktober.

Fylkesmannen bidro også i 2015 inn i Husbanken Region vest sitt bustadsosiale velferdsprogram. Vi deltok i møte med programkommunane. Fylkesmann Sponheim leier programrådet som mellom anna tilrår kva for kommunar som bør takast opp i Husbanken sitt bustadsosiale velferdsprogram.

Fylkesmannen og Husbanken sitt regionkontor arrangerte ikkje bustadsosial konferanse i 2015. Det har samband med at den nasjonale Housing First-konferansen vart arrangert i Bergen dette året.

Fylkesmannen brukte nettsidene til å informere om den statlege satsinga på bustadsosialt arbeid og om den bustadsosiale situasjonen, også om tilskotsordninga, tilsyn med praksis ved tildeling av mellombels bustad til bustadslause og om den nasjonale strategien for bustadsosialt arbeid. Den største utfordringa for kommunane er å dekkje det store behovet for fleire og meir differensierte kommunale bustader. Tilskot til bustadsosialt arbeid er eit bidrag, men langtfrå det som trengst for å løyse dei bustadsosiale utfordringane.

### 73.6 Barn og unge

Fylkesmannen følgjer med på og bruker informasjon om oppvekstvilkår for barn og unge i fylket i kontakten med kommunane og i vårt arbeid med kommunale planar.

I 2015 tildelte vi om lag 3,7 millionar kroner i tilskot til arbeid mot barnefattigdom frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. Pengane vart gitt til åtte tiltak i kommunane: Fjell, Voss, Bømlo, Bergen, Os og Fitjar. Vi vitja tre av tiltaka i 2015, noko som gjer oss eit godt bilete av korleis pengane vert nytta. Det vart arrangert ei nettverkssamling for desse kommunane der deling av erfaringar og utfordringar, var tema.

Frå og med 2015 er Hordaland med i Arbeids- og velferdsdirektoratets forsøk med Nav-retteiarar i vidaregåande skule.

Fylkesmannen tok i 2014 initiativ til ei brei, femårig satsing på barn og unge i kommunane. Satsinga involverer heile embetet, men med ein særleg innsats frå helse- og sosialavdelinga, kommunal- og samfunnsplanavdelinga og utdanningsavdelinga. Frå skjønsmidlane vart det tildelt til saman 6,5 mill. til kommunane Bergen, Askøy, Fjell, Kvinnherad og Ullensvang for å utvikle strategiar og tiltak som kan bidra til at færre barn blir utsette og at dei negative konsekvensane av å vekse opp i låginntektsfamiliar blir redusert. Målet for 2015 var at kommunane



skulle få oversikt over status gjennom kartlegging og auke kompetansen sin på området. Ikkje alle kommunane kom heilt i mål med dette før utgangen av året. Viljen til å setje i verk tiltak før ein har skaffa nok kunnskap om status og effektive tiltak er framleis stor, men dei kommunane som heldt seg til planen og gjennomførte kartleggings- og analysedelen, melder om at dette er svært nyttig, ikkje minst i arbeidet med å forankre arbeidet i kommuneleiinga.

Det er vedteke at omsynet til utsette barn og unge er skal prioriterast i alt arbeidet til Fylkesmannen. Dette gjeld også i klage- og tilsynssaker. Saker som gjeld utsette barn og unge er og prioritert på nettsida vår. I 2015 hadde vi 44 oppslag under bannersaka Barn og unge mot 40 i 2014.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 40 357,85	kr 1 328 950,72
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 1 459 348,70	kr 0,00
74 Tilsyn etter lov om sos. tj. i NAV	kr 1 157 335,94	kr 0,00
Andre oppgaver under ASD	kr 2 493,67	kr 0,00
Sum:	kr 2 659 536,00	kr 1 328 950,00

## Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

### Resultatområde 42 Familierett

#### 42.1 Ekteskapsloven

I 2015 gav Fylkesmannen 868 skilsmissebevillingar og 1007 separasjonsbevillingar.

Det har vore ein auke i korrespondanse på saksfeltet. Det er grunn til å tru at dette primært skuldast saker der ein eller begge partar ikkje er norske borgarar. I 2014 kom det inn 3824 brev og det vart sendt ut 4984 brev.

#### 42.2 Anerkjennelsesloven

Fylkesmannen har i 2015 handsama 105 saker om godkjenning av utanlandsk separasjon/skilsmisse (102 anerkjenningar og 3 avslag). Vi har handsama 28 søknader om fritak for plikta til å dokumentere skifte ved skilsmisse eller død (27 godkjente og 1 avslag).

#### 42.3 Barneloven

I 2015 behandla vi følgjande saker:

Stadfesting av barneavtale - 1 vedtak.  
Klage på avslag på opplysningar - 1 vedtak.

Vi behandla ingen saker om reisekostnader.

#### 42.4 Veiledning og informasjon

På området separasjon og skilsmisse er det ein stabil straum av telefonar og besøk i resepsjonen, tilsvarande som tidlegare år. I september/oktober bidrog Fylkesmannen i Hordaland som pilotembete i samband med lanseringa av elektronisk søknadsskjema for separasjon den 21. oktober 2015. Sjølvbeteningsløysinga kan på sikt gje

## Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilbud

Alle kommunane i fylket er spurde om korleis dei sørgjer for, og følgjer opp krisesentertilbud for innbyggjarane i kommunen. Vi har særleg spurt etter tilbod til personar med rusproblem og eller psykisk sjukdom, funksjonshemma og valdsutsette menn og deira barn. Svarfristen var ikkje ute ved årsskiftet 2015-2016. Vi følgjer opp dette arbeidet i 2016.

## Resultatområde 44 Føre tilsyn med familievernkontor

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med alle familievernkontora i Hordaland i 2015. Vi besøkte fem kontor, men sidan tre av kontora blei slått saman til eitt kontor med felles leiding i 2015, utarbeidde vi tre rapportar. Fylkesmannen vurderer at den organiseringa som Bufetat har valt, kan innebere nokre utfordringar for leiding av kontora utan stadleg leiar. Fylkesmannen fann ved tilsynet ikkje grunnlag for avvik frå lovkrav ved nokre av kontora.

Vi følgde rettleiaren for tilsyn med familievernkontor av 16. juni 2006 frå BLD.

Hovudtema for tilsynet var:

1. Ivaretaking av teieplikt
2. Plikt til å melde uro for barn til sosialteneste/barnevernsteneste

Kontoret sitt omsyn for barn sin rett til å verte høyrd under mekling

## Resultatområde 45 Barn og unge

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med alle familievernkontora i Hordaland i 2015. Vi besøkte fem kontor, men sidan tre av kontora blei slått saman til eitt kontor med felles leiding i 2015, utarbeidde vi tre rapportar. Fylkesmannen vurderer at den organiseringa som Bufetat har valt, kan innebere nokre utfordringar for leiding av kontora utan stadleg leiar. Fylkesmannen fann ved tilsynet ikkje grunnlag for avvik frå lovkrav ved nokre av kontora.

Vi følgde rettleiaren for tilsyn med familievernkontor av 16. juni 2006 frå BLD.

Hovudtema for tilsynet var:

1. Ivaretaking av teieplikt
2. Plikt til å melde uro for barn til sosialteneste/barnevernsteneste
3. Kontoret sitt omsyn for barn sin rett til å verte høyrd under mekling

### 45.1 Veiledning og samordning

Samordning og samarbeid med andre fagområde og tenester var høgt prioritert i 2015. Fylkesmannen vurderer at det framleis er behov for å betre kunnskapen ute i kommunane om kva tilbod dei ulike tenestene kan gje og korleis dei saman kan koordinere hjelp til barn og familiar. I fleire enkeltsaker ser vi behov for betre samarbeid mellom hjelpetenestene.

På bakgrunn av halvårsrapporteringane gjennomførte vi ei rekkje tilsyn med barnevernstenestene og konstaterer at det er stort behov for betre kunnskap om og forbetring av styringssystem i barnevernstenestene. I samling med barnevernsléiarane hausten 2015 var styring (internkontroll) med tenestene hovudtema. Manglar i styringa fører til svikt og risio for svikt i ulike delar av tenestene. Vi ser òg ein tendens til auka bruk av avgjerd

Om utvida undersøkingstid samtidig som taret instovertningar og historot er redusert. Ivange av avgjerdene om utvida tidsbruk fyller ikkje kriteria for dette. Fylkesmannen har hatt særleg merksemd på dette i 2015 og ser at det er behov for å følgje dette temaet vidare.

I dei fleste kommunane ligg ansvaret for tilsyn med barn i fosterheim framleis til barnevernstenestene. Det er mange barn som ikkje får oppfylt kravet til tilsyn i fosterheimen.

Vi har brukt nettsidene våre systematisk til å formidle vurderingar og konklusjonar frå alvorlege enkeltsaker og planlagde tilsyn, samt endringar i regelverk. Tilbakemeldingar frå tenestene er at desse oppslaga er nyttige i det daglege arbeidet. Vi brukar også nettsidene til informasjon om fortolking av regelverk, til dømes om reglane knytt til øvingskjøring for ungdom i barnevernsinstitusjon.

Vi brukar, og viser til barnekonvensjonen i arbeidet med enkeltsaker, og meiner at vi medverkar til å gjere fleire medvitne om barns nedfelte rettar i alle ledd i saks-handsaminga.

Fylkesmannen har erfart at handsaming og oppfølging av tilsynssaker der vi har ført tilsyn med både barnevern, Bufetat og BUP, har ført til utvikling av samabeidsrutiner og betra samhandling mellom barnevern og psykisk helse. Mellom anna vart det inngått samarbeidsavtale mellom Helse Bergen, Bufetat og Bergen kommune i 2015.

Ved behandling av enkeltsaker har vi vektlagt og vurdert samarbeid mellom ulike involverte tenester. Informasjon om avgjerdene har medverka til at dei ulike hjelpetenestene har fått større forståing for kvarandre sine tenesteområde og behov for å styrkje samarbeidet. Etter vår meining er dette med på å sikre at rettane til barn og unge i større grad vert ivaretekne. I enkeltsaker der det er avdekt manglar ved samordninga av tenestetilbodet, har vi møte med aktuelle instansar, til dømes lokal barnevernsteneste, barneverninstitusjon og barne- og ungdomspsykiatrien.

For å bidra til harmonisering av praksis har vi samarbeidsmøte med Fylkesmennene i Rogaland og Sogn og Fjordane. Av same grunn har dei tre embeta i regionen også kontaktmøte med Bufetat Region Vest.

## **45.2 Fritak for taushetsplikt**

Vi behandla 22 saker innan BLD's ansvarsområde i 2015. I tillegg vidaresende vi 5 saker til rett instans (4 til barnevernet for behandling der, og 1 til BLD for behandling der). Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 2,86 dagar, for dei 22 sakene vi behandla. Alle blei innvilga.

Året før (2014) behandla vi 32 saker innan BLD's ansvarsområde. I tillegg vidaresende vi 5 saker til rett instans (barnevernet). Dei sakene vi behandla ble innvilga. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var då 7,5 dagar. Saksbehandlingstida har såleis gått ned. Det har også saksmengda.

## **45.4 Biologisk opphav**

Fylkesmannen har handsama 25 saker om biologisk opphav i 2015.

## **45.5 Opplæringstilbud i å samtale med barn om vold og seksuelle overgrep i undersøkelser**

### **Tverrfagleg opplæringsprogram om å samtale med barn om vold og seksuelle overgrep**

Fylkesmannen arrangerte i samarbeid med RVTS fire dagseminar om samtalar med barn om vald og seksuelle overgrep. RVTS hadde ansvaret for det faglege innhaldet og Fylkesmannen for praktisk tilrettelegging. Målgruppe for seminaret var tilsette i barnevernstenestene, helsestasjonar, skular og barnehagar. Det vart halde to seminar i Bergen og to seminar i Haugesund i samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland med til saman om lag 200 deltakarar. Interesse for opplæringsprogrammet var stor, aller størst frå skular og helsestasjonar. Dei formilda behov for meir opplæring.

### **Nasjonalt opplæringstilbod i undersøkingssaker**



Fylkesmannen arrangerte i samarbeid med Bufetat Region Vest, opplæring i undersøkingsmetodikken EuroAdad for tilsette i barnevernstenestene. Opplæringa gjekk over tre dagar og deltakarane vart sertifiserte i metoden etter fullført opplæring. Tilsvarende kurs vart arrangert i samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland for tilsette i kommunane i opptaksområdet til Helse Fonna HF.

Tilbakemeldingarar frå deltakarane er at opplæringa er krevjande ettersom deltakarane skal gjere oppgåver mellom samlingane og føreset at leiinga har lagt til rette for å løyse oppgåvene. Fylkesmannen kan forebels ikkje seie noko om effekten av opplæringa då denne fann stad seint på året.

## 45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

i 2015 fekk Fylkesmannen midlar til fordeling 1,5 nye stillingar til styrking av det kommunale barnevernet. Midlane vart gitt til styrking og drift av eit kriseteam knytt til barnevernsvakta i Bergen. Kriseteamet skal handsame saker med familievald der føremålet er å hindre akutte plasseringar av barn. Fylkesmannen fordelte også midlar til vidareføring av allereie tildelte stillingar i kommunane i Hordaland.

Etter ei rekkje tilsyn med barnevernstenestene ser vi at det er stort behov for betre styring av tenestene og kunnskap om internkontroll. Vi konstaterer og at auka kapasitet ved tildeling av midlar til fleire stillingar, ikkje nødvendigvis fører til betra kvalitet på tenestene så langt.

## Resultatområde 46 Universell utforming

Prosjektleiaren for prosjektet "Flere boliger i bedre by" haldt intern opplæring i temaet universell utforming våren 2015 med siktemål å betra kompetansen blant dei som arbeider med plan- og byggesaker hos Fylkesmannen. Det vart då tatt utgangspunkt i gjeldande regelverk, samt vist til ei rekkje interessante prosjekt der ein i ulik grad har lukkast med å få til universell utforming.

Universell utforming er vidare eit viktig omsyn i mange plansaker, og vert difor tatt med ogås i uttaler til planforslag som er til offentleg ettersyn.

## Resultatområde 47 Integrering av innvandrere

### 47.1 Statsborgerseremonier

Fylkesmannen i Hordaland arrangerar normalt to seremoniar i året. I fjor var talet på invitasjonar til seremonien 12. juni så høg at ein så seg nødt til å arrangere to same dag.

Lista vart delt i to, heilt vilkårleg, med 365 inviterte på kvar. Det interessante er at den eine seremonien hadde påmelding på 29,32 %, mens den andre var på bare 21,7 %. Dette seier noko om kor vilkårleg det kan vere.

Den siste seremonien vart arrangert 6. desember med rekordpåmelding på 31,65 %. Her var det ein del motiverte personar som tidligare ikkje kunne kome, og som ba om å verte invitert denne gongen - men sjølv om vi tar vekk desse "motiverte inviterte" er påmeldinga likevel 30,25 % for dei andre.

Oslo registrerar kun påmeldte - så lenge dei ikkje rapporterar på kven som faktisk kjem av dei som har takka ja, er det lite hensiktsmessig at andre gjer det.

For Hordaland er det slik at det er ein viss avskalling iom at personar som har takka ja ikkje kjem, på den andre sida kjem det nesten like mange inviterte som ikkje har meldt seg på til seremoniane.

### Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
---------	-------------------	--



Embeter	Antal seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMHO	3	26,78
<b>Sum</b>	<b>3</b>	

## 47.2 Bosetting av flyktninger

### 47.2 Bosetting av flyktningar

Frå 1. januar 2015 har Fylkesmannen i Hordaland vært med i det nasjonale busettingsprosjektet saman med Fylkesmannen i Østfold. Målsettinga med prosjektet er å auke busettinga i kommunane og på den måten oppnå balanse mellom talet på flyktningar som har fått vedtak om opphald i landet og talet på vedtak om busettingsplassar i kommunane.

Vi har valgt ei organisering av prosjektet som føl den alminnelige organiseringa i embetet. Vi har med andre ord ikkje lagt opp til ei eiga prosjektorganisering, men ønskjer å sjå om embetet v/embetsleiinga, avdelingsoverskridande samarbeid, tett kontakt med kommuneleiing og –administrasjon, samt stor innsats på informasjon og rettleiingssida, kan bidra til auka busetting. Ein annan sentral innsatsfaktor er nært samarbeid med andre statlege aktørar så som NAV, IMDi, Bufetat og Husbanken.

Talet på busettingsplassar i kommunane samla har gått opp i løpet av 2015. I november 2015 var talet 1346 vedtaks plassar. På det tidspunktet var det framleis kommunar som ikkje hadde behandla saka etter det siste anmodningsbrevet frå Fylkesmannen.

I 2015 har vi hatt særleg merksemd retta mot situasjonen til einslege mindreårige flyktningar. behovet for å busette EM har auka og frå ein situasjon der berre eit fåtal av våre 33 kommunar busette EM, er situasjonen no at dei fleste er anmoda om å busette EM.

Konkret har vi drøfta busetting av EM i eigne møter med kommunane. Der har vi i tillegg til at embetet er representert med alle aktuelle avdelingar, sikra oss at Bufetat, IMDi og andre aktuelle statlege etatar har vore representert. Tilbakemeldingane frå kommunane er at slike møtepunkt er viktige, særleg fordi dei får diskutere oppgåva med busetting av EM ut frå eigne lokale forhold. I 2015 har vi og planlagt ei samling med tema "Busetting av EM". Når det gjeld busetting av EM er vi uroa over situasjonen. Trongen for plassar er langt større enn det vi så langt ser er kommunane sine vedtak. Vi må prioritere dette feltet høgt også i 2016.

### 47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

I 2015 har embetet avgjort 6 klagar etter introduksjonslova. I alle sakene stadfesta Fylkesmannen vedtaket frå kommunen. Omfanget av klagesaker er tilnærma likt som året før.

Fylkesmannen har elles rettleia kommunane på e-post og telefon.

Embetet arbeider framleis tett med kontaktgruppa for opplæring av vaksne. I tillegg til tilsette ved Fylkesmannen sitt kontor består gruppa av leiarar frå kommunane som både har ansvar for opplæring etter opplæringslova og etter introduksjonslova. Gruppa produserer mellom anna problemstillingar av rettsleg/juridisk karakter som embetet i sin tur legg til grunn for faglege samlingar for kommunane.

### 47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkerere

Embetet har i 2015 ikkje hatt klager som berre gjeld opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introlova §§ 17 og 18. Sjå elles svaret under resultatområde 47.3.

#### Organisere etterutdanning for lærere som underviser voksne innvandrere i norsk og samfunnskunnskap.

Embetet har følgd opp og tatt ansvar/medansvar for dei etterutdanningstilboda som har vore initiert frå VOX/IMDI/Utdanningsdirektoratet i 2015. Samarbeidet har fungert godt, og det har vore stor interesse for tilbodet.

## 47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven

### Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven

Etter kravet skal kvar Fylkesmann ha felles nasjonalt tilsyn med minst to kommunar. Embetet har i 2015 hatt tilsyn med kommunane Etne og Voss. Temaet er «Kravet om fulltids og heilårleg introduksjonsprogram».

## Resultatområde 48 Fremme likestilling og motvirke diskriminering

### Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven	kr 2 092 881,01	kr 0,00
42 Familierett	kr 1 341 644,89	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 429,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak	kr 0,00	kr 0,00
44 Tilsyn med familievernkontor	kr 702,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 1 202 658,85	kr 1 451 651,53
47 Integrering av innvandrere	kr 32 787,10	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr 62 623,46	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 1 273,32	kr 0,00
Sum:	kr 4 734 999,00	kr 1 451 651,00

## Helse- og omsorgsdepartementet

### Resultatområde 76 Samhandling, kvalitet og helseberdskap

#### 76.1 Samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetjenesten

Fylkesmannen har oversikt over samarbeidsstruktur og korleis samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta fungerer i stort. Av samarbeidsprosjekt trekkjer vi fram samarbeidsavtale som er inngått mellom Helse Bergen, psykisk helse barn og unge, Bergen kommune, Bufetat region vest og RKBU vest. Det ligg føre samarbeidsavtaler mellom spesialisthelsetenesta, somatikk og psykisk helsevern og kommunane, men står att ein del før avtalane er godt implementerte. I kommunane er fastlegane i for liten grad trekte inn i arbeidet med tenesteutvikling og i evaluering og revisjon av inngåtte samarbeidsavtalar. Dei kommunale akutt-hjelp sengene er framleis lite brukt og nokre kommunar i fylket har førebels ikkje oppretta tilbodet. Nokre kommunar har og vanskar med å ta imot pasientar som er melde utskrivingsklare. For personar med rusmiddellidingar og psykisk sjukdom manglar det tilrettelagde bustader. Vi viser elles til oppsummeringsrapport om samhandlingsreforma <https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Samhandlingsreforma/Samhandlingsreforma---kva-no/> og til oppsummeringsrapporten frå det landsomfattande tilsynet i 2015 <https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Helsetenester/Erfaringar-fra-tilsyn-med-utskrivning-av-pasientar-fra-spesialisthelsetenesta-til-kommunane-pa-Vestlandet-2015/>

Kartlegging av kommunale habiliteirngs- og rehabiliteringstenester tilseier at kommunane treng betre oversikt over behov for rehabilitering og habilitering og nærre samarbeid med spesialisthelsetenesta

Fylkesmannen har også undersøkt tilbodet i skulehelsetenesta og finn at dette er lite endra frå 2007. Tydeleg informasjon om behovet for å prioritere førebyggjande tenester høgare har så langt ikkje hatt vesentleg effekt.

## 76.2 Kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten

Nettverkssamling for sjukeheimsleger blei gjennomført 10. september Det var 55 deltakarar frå 13 ulike kommunar. Tema som blei tatt opp var mellom anna delirium, gynekologi på sjukeheim, samtykke og tvang. Vi fekk gode tilbakemeldingar om det fagege innhaldet og at dette tilbodet eksisterer.

Ved klagesaker og tilsyn blir IPLOS kartlegging etterspurt. IPLOS var eit tema på saksbehandlarkurset som vi gjennomførte i desember for tilsette i kommunale helse- og omsorgstenester.

Fylkesmannen har prioritert nettverksarbeid knytt til «Pasientsikkerhetsprogrammet – forebygging av fall og trykksår». 17 av 33 kommunar deltek med tverrfagleg team, ergoterapeutar, fysioterapeutar, legar, sjukepleiarar, farmasøyt og helsefagarbeidarar. Alle kommunar blir kontakta og oppfordra til å delta i nettverket. Vi meiner prosjektet har meverka til å heve kompetansen i tenestene og har støtta det med tilskot på kr 200 000 til USHT, Hordaland som driv nettverket. Kommunane Austevoll, Kvinnherad, Tynes, Odda og Voss er i 2015 trekt fram som døme på at pasienttryggleiksprogrammet gjev resultat. Risikovurdering av kvar einiskild pasient har ført til at førekomsten av fall er redusert. Dei tilsette gir tilbakemelding om læring og at deltaking i nettverket gjev stort utbyte gjennom utveksling av idear og erfaringar.

Fylkesmannen deltar på nettverk for kommunar i Hordaland om velferdsteknologi. 17 kommunar deltek i nettverket med tverrfaglege team. Nokre av kommunane deltek i begge nettverka (pasienttryggleik og velferdsteknologi). Alle kommunar blir kontakta og oppfordra til å delta og det blir informert om nettverka i ulike forum. Kommunane som ikkje deltek får informasjon om program og referat frå nettverkssamlingane.

Nettverket om velferdsteknologi medverkar til spreiding kunnskap og gode døme på tiltak, noko vi meiner er nyttig for å motivere fleire kommunar til å utvikle tenestene.

Lindås kommune reist spørsmål ved bruk av eigenbetaling ved innføring av omsorgsteknologi. Etter helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 4-1 skal kommunen sørge for at personer som oppheld seg i kommunen, får nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Kommunen skal dekke utgiftene for dei tenestene den har ansvar for å yte. Dersom velferdsteknologi inngår som nødvendig helsehjelp må kommunen dekkje utgiftene. **Pasienten har i utgangspunktet ikkje rett til velferdsteknologi.**

## 76.3 Felles digitalt nødnett

Fylkesmannen har følgd med på førebuing til utrulling av felles digitalt nødnett. Helsedirektoratet gir lite informasjon direkte til Fylkesmannen. Vi har ikkje noko særskilt å rapportere på dette feltet for 2015.

## 76.4 Helseberedskap og smittevern

Smittevern og antibiotikabruk var tema på eigen smitteverndag for tilsette i kommunane og spesialisthelsetenesta. Vi tok og opp desse emna på andre møte i relevante fora, til dømes om flyktningssituasjonen, og gav råd og rettleiing til helsepersonell på telefon.

Vi har innhenta kontaktopplysningar til smittevern- og kommuneoverlegar i kommunane og oppdatert CIM og nettsidene. Meldingar om utbrot er loggførte. Vi meiner at oppdraget etter er utført, og at det ikkje er særskilte utfordringar i Hordaland på dette punktet.

## 76.5 Personell og kompetanse

Informasjonsmøte for alle kommunane om nytt kompetanse- og innovasjonstilskot blei halde i april.



Fylkesmannen la vekt på at arbeidet med søknaden må samordnast på tvers av tenesteområda internt i kommunen. Vi la også fram oversikt over utvikling i talet på årsverk og del utførte årsverk med fagutdanning i kommunane i fylket og formidla våre vurderingar av på kva område som treng styrking. 32 av 33 kommunar i Hordaland søkte om kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot.

Samanlikna med 2013 var det i 2014 ein reduksjon på 1,7 % i talet på årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Samla kjem kommunane i Hordaland også dårlegare ut enn landsgjennomsnittet. Dei siste tala viser at delen faglærte er på 73,5 %. Det er også ein liten reduksjon i delen årsverk med høgskule- eller universitetsutdanning. Denne negative utviklinga er ny for Hordaland og grunn til å følgje nøye med framover.

Fylkesmannen har årlege møte med KS, fylkeskommunen, høgskulane, og Bergen kommune. Vi er også med i ei ekstern arbeidsgruppe saman med Fylkeskommunen, KS, Helsefagskulen i Hordaland, vidaregåande skule og Bergen kommune der tema er rekruttering til helse- og omsorgsfaga. Dialogen om samarbeidet mellom partane er nyttig.

Talet på turnusstillingar for legar i kommunane er stabilt, med 38 slike stillingar i Hordaland. Dei seks rettleiarane i fylket blir innleigde på timebasis til å førebu og gjennomføre to dagssamlingar med gruppebasert rettleiing for kvart kull. Tilbodet har god oppslutning. Også i 2015 deltok så godt som alle turnuslegane på kurs i akuttmedisin og kurs i offentleg helsearbeid. Vidare arrangerte vi fagsamling for legar som er turnusrettleiarar, med deltakarar frå fem kommunar inkludert Bergen.

Turnusfysioterapeutar deltek på kurset i offentleg helsearbeid som blir gjennomført vår og haust i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Det er vanskeleg å skaffe nok turnusplassar, særleg i spesialisthelsetenesta. Plassar utgår først og fremst i samband med omorganiseringar og funksjonsfordeling. Region Midt-Vest Noreg treng kvart år å få låne plassar i andre regionar.

## **76.6 Rettssikkerhetsarbeid**

I 2015 avslutta vi 298 saker etter pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A med ei median tid på 0,3 månader og alle innan 3 månader. I 2014 avslutta vi 278 saker.

Vi realitetsbehandla 332 (321 i 2014) klagesaker om rett til nødvendig helsehjelp. Av desse vart 97% avslutta på mindre enn 3 mnd (93,5% i 2014).

Vi trur at større saksmengde i 2015 kjem av betre kjennskap til regelverket. Vi ser fortsatt klare skilnader i kunnskap om regelverket mellom verksemdar og kommunar, og desse skilnadane er utgangspunkt for prioritering av innsatsen. Vi har arrangert samlingar, gitt rettleiing og undervisning lokalt og råd på telefon.

Ved tildeling av tilskot til Kompetanseløftet 2015 prioriterte vi opplæringstiltak slik at kommunane i større grad kan oppfylle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova § 9-9 tredje ledd. Leiarar og tilsettefekk i eige møte informasjon og rettleiing om nytt rundskriv og vi arrangerte fagdagar om førebygging av bruk av tvang, jfl helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 og pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A.

92 % av sakene etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 blei behandla innan 3 månader. Vi gjennomførte 37 stadlege tilsyn og 5 tilsyn med kommunale tenester der tema var rettstryggliek ved bruk av tvang og makt.

## **Resultatområde 77 Andre oppdrag**

### **77.1 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt**

Vi behandla 30 saker i 2015. Alle søknadane som gjald forvaltningsmessig teieplikt blei innvilga. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid var (3,6) 4 dagar.

I 2014 behandla vi 19 saker. Alle søknadane blei innvilga. Gjennomsnittleg behandlingstid var 10,4 dagar. Saksbehandlingstida har sålis gått ned, og saksmengda opp.

Det totale sakstilfanget i 2015 var 79 saker, mot 83 saker i 2014.



Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMHO	30	4
<b>Sum</b>	<b>30</b>	

## 77.2 Særfradrag

Fylkesmannen fekk ingen slike saker til behandling i 2015.

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMHO	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## 77.3 Førerkortsaker

Saksfeltet aukar jamnt med ei doblingstid på om lag 5 år. I 2015 avslutta Fylkesmannen i Hordaland avslutta i alt 3030 saker som handla om helsekrav til førarkort.

Dette var ein auke frå året før på 378 saker (14%). Saker der Fylkesmannen rådde politiet til å inndra føreretten auka med 4% frå 1033 til 1078. Størst auke var det i sakene der Fylkesmannen vurderte om førarkortinnehavarar kunne få dispensasjon frå helsekrava. Desse sakene auka med 278 (18%) frå 1276 til 1554. Dette er dei mest krevjande sakene.

Over halvparten av dei dispensasjonssakene der det ikkje var trong for å innhente ekstra dokumentasjon blei behandla innan 7 dagar. Tilsvarende brukte Fylkesmannen 2 dagar på å behandle halvdel av dei sakene der vi sendte melding til politiet om at einskildpersonar ikkje hadde førerett på grunn av helse.

Fylkesmannen av slo 162 søknader om dispensasjon. Dette var og ein auke frå 143 året før. 35 fekk sine klager vurdert hos Helsedirektoratet.

Den største utfordringa framover er å halde god kvalitet i saksbehandling og saksbehandlingstida nede. Dette blir truleg lettare etter kvart som nye helsekrav blir innført.

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMHO	3030	10
<b>Sum</b>	<b>3030</b>	

## 77.4 Pasientjournaler

I 2015 blei Fylkesmannen ikkje spurd om å ta imot journalarkiv for oppbevaring.

Praktiske utfordringar knytt til oppdraget blei melde til Helsedirektoratet i brev av 17. mars 2015. Vi har ikkje utstyr, programvare og lisensar for ulike elektroniske pasientjournalssystem, ressursar til å investere i programvare og nødvendig oppgradering elektroniske arkiv og kompetanse til å rekonstruere og hente ut journalar frå elektroniske arkiv. Vi må difor få avlevert journalarkiva i papir.

Vi er samd i tilrådinga frå Helsedirektoratet om at ordninga med oppbevaring av pasientjournalarkiv hos Fylkesmannen opphøyrer og blir erstatta med ei nasjonal ordning.

Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMHO	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

### 83.1 Folkehelsearbeid generelt

Folkehelseomsynet er vel ivaretatt i Fylkesmannens merknader til kommunale planframlegg og har etter kvart fått ein brei plass i drøftingane i planforum og fylkets plannettverk.

Det er, som det og går fram av riksrevisjonens rapport, langt att til alle kommunane har god nok oversikt over folkehelsa og eit sentralt forankra langsiktig og systematisk folkehelsearbeid. Fylkesmannen har systematisk publisert dei kommunale oversiktsdokumenta på si eiga nettside og i tillegg gjennomført ei spørjegransking om kor langt kommunane har kome i dette arbeidet. Så langt ser det ut til at halvparten har skriva eit slikt dokument, men nokre er så gamle at dei treng revisjon, andre har enno ikkje starta dette arbeidet.

Kompetansehevande tiltak om alkohollova i 2015 var:

- Nettoppslag om endringar i alkoholforskrifta per 1. januar 2015 og 2016
- Nettoppslag om rus og helsekrav til førarkort.
- Dagsamling om trepartsamarbeid mellom næring, politi og kommune for kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden 19. november
- Dagskurs for skjenkekontrollen i Hardanger og Voss 8. desember 2015
- Nettoppslag om endringar i alkohollovgjevinga per 1. januar 2016 med innkalling til ny nettverkssamling i desember 2015. På samlinga deltok dei fleste av kommunane i fylket.

### 83.2 Barn og unge: forebygging, oppfølging og behandling

Fylkesmannen følgjer med på og bruker informasjon om oppvekstvilkår for barn og unge i fylket i kontakten med kommunane og i vårt arbeid med kommunale planar.

I 2015 tildelte vi om lag 3,7 millionar kroner i tilskot til arbeid mot barnefattigdom frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. Pengane vart gitt til åtte tiltak i kommunane: Fjell, Voss, Bømlo, Bergen, Os og Fitjar. Vi vitja tre av tiltaka i 2015, noko som gjer oss eit godt bilete av korleis pengane vert nytta. Det vart arrangert ei nettverkssamling for desse kommunane der deling av erfaringar og utfordringar, var tema.

Frå og med 2015 er Hordaland med i Arbeids- og velferdsdirektoratets forsøk med Nav-rettleiarar i vidaregåande skule.

Fylkesmannen tok i 2014 initiativ til ei brei, femårig satsing på barn og unge i kommunane. Satsinga involverer heile embetet, men med ein særleg innsats frå helse- og sosialavdelinga, kommunal- og samfunnsplanavdelinga og utdanningsavdelinga. Frå skjønsmidlane vart det tildelt til saman 6,5 mill. til kommunane Bergen, Askøy, Fjell, Kvinnherad og Ullensvang for å utvikle strategiar og tiltak som kan bidra til at færre barn blir utsette og at dei negative konsekvensane av å vekse opp i låginntektsfamiljar blir redusert. Målet for 2015 var at kommunane skulle få oversikt over status gjennom kartlegging og auke kompetansen sin på området. Ikkje alle kommunane kom heilt i mål med dette før utgangen av året. Viljen til å setje i verk tiltak før ein har skaffa nok kunnskap om status og effektive tiltak er framleis stor, men dei kommunane som heldt seg til planen og gjennomførte kartleggings- og analysedelen, melder om at dette er svært nyttig, ikkje minst i arbeidet med å forankre arbeidet i kommuneleiinga.

Det er vedteke at omsynet til utsette barn og unge er skal prioriterast i alt arbeidet til Fylkesmannen. Saker som gjeld utsette barn og unge er og prioritert på nettsida vår. I 2015 hadde vi 44 oppslag under bannersaka Barn og unge mot 40 i 2014.

Miljøretta helsevern i barnehagar og skular: Kommunane er vel kjende med regelverk og forventingane om å sørje for at barnehagar og skular tilfredsstillar krava. Fylkesmannen kan imidlertid ikkje instruere kommunane eller ta i bruk andre eigna sanksjonar.

Helsestasjons- og skulehelseteneste: I 2014 og 2015 bad vi kommunane svare på om tenestene var i samsvar med

lov- og forskriftskrav og om nasjonale rettleiarar var kjende og følgde. Rettleiarane er i hovudsak kjende og følgde. Det var ikkje alle kommunane som gav tilbod om alle tilrådde helseundersøkingar i alderen 0-6 år. Helsestasjonstenesta er prioritert fløre skulehelsetenesta. Status for skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom er langt på veg den same som i 2007, med unntak av at dei har fått fleire helsesystemstillingar. Den venta utviklinga til ei meir tverrfagleg teneste i samarbeid med andre deler av kommunen, let framleis vente på seg.

## Resultatområde 84 Kommunale helse- og omsorgstjenester

### 84.1 Allmenhelsetjenesten

Ved kartlegging i 2014 fann vi at det var stor variasjon i organisering, bemanning og utstyr ved legevakt.

<https://www.fylkesmannen.no/PageFiles/643609/Legevaktordningar%20Ro-Ho-SFj%202014-%20korrigert.pdf>

Vi fekk ikkje informasjon i 2015 som tilsier at dette biletet er vesentleg endra. Sentralisering av legevakt har gitt betre kvalitet, men i mange tilfelle også lengre uttrykkingstid og reisetid til legevakt. Dette er forhold som vi meiner bør få større merksemd frå sentrale styresmakter. Vi har ikkje informasjon som sikkert tilseier at alle kommunar har starta arbeidet med å styrkje legevakt slik at denne vil oppfylle minimumskrav til kompetanse, jamfør akuttmedisinforskrifta.

Nokre av kommunane har liten stabilitet i kommuneoverlegefunksjonen og vanskar med å rekruttere til denne stillinga. I fem kommunar og ein bydel i Bergen hadde fastlegar ikkje ledig listekapasitet.

Fastlegane er i for liten grad tekne med i arbeidet med tenesteutvikling i kommunane, til dømes oppretting og bruk akutt-hjelp senger, og i arbeidet med evaluering og revisjon av samarbeidsavtalar med spesialisthelsetenestene.

Pakkeforløp for kreft har medverka til reduserte ventetider og betre forløp for pasientane.

### 84.2 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Fylkesmannen arrangerte ikkje særskilt kompetansehevande tiltak om tenester til innsette i fengsel. Vi har oversikt over helsetenestene i fengsla og samarbeidet mellom dei kommunale tenestene og spesialisthelsetenestene. Ved tilsyn med tenestene i Bergen fengsel i 2015 blei det ikkje funne lovbrøt.

### 84.3 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Vi har ikkje gjennomført særskilt kompetansehevande tilbod for kommunane om rett til helsehjelp og likeverdige tenester for innvandrarbefolkning. Dette er integrert i øvrige tiltak overfor kommunane. Hausten og vinteren 2015 har Fylkesmannen hatt særleg merksemd på og mykje kontakt med kommunane om tenestetilbod til asylsøklarar og flyktingar, både busetjing og mottak av nyankomne.

### 84.4 Forebyggende helsetjenester

[Fylkesmannen har publisert oversikt over frisklivssentralar i Hordaland på nettet med direkte lenkje til det kommunale tilbodet.](#) I Hordaland har vi no registrert frisklivssentral i ni av 33 kommunar. Det er ikkje etablert nye sentralar i 2015. Fleire kommunar har fått midlar til oppstart utan at det har blitt etablert nokon sentral.

I 2015 arrangerte vi eitt nettverksmøte for frisklivssentralane og kommunar med definerte frisklivstilbod. På møtet var det semje om å ha eitt slikt møte i året for å utveksle erfaringar.

Fleire vegrar seg mot å kalle seg frisklivssentral med dei pliktene det gir og vel heller å tilby frisklivstiltak anten aleine eller i samarbeid med andre kommunar. Nokre av frisklivssentralane vurderer å endre status til lærings- og meistringssenter i samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Kommunane vegrar seg mot å budsjettere egne pengar til frisklivssentral, og fleire av dei eksisterande står difor i



Vi har hatt kontakt med utviklingsentralen i Stavanger utan at det har kome noko konkret resultat ut av det.

## 84.5 Tannhelse

Fylkesmannen har i fleire år, også i 2015, årlege møte med fylkestannlegen. Tema er blant anna tannhelse ikommunale helse -og omsorgstenester. Om lag 25 % av vedtaka om tvungen helsehjelp etter pasient og brukarrettslova kapittel 4 A handlar om tannbehandling. I samband med behandling av vedtaka gir vi mykje rettleiing til tannlegane. I 2015 gav vi særskilt tilbod om opplæring i reglane i pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A til dei seks tannhelse-distrikta i fylket og til Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest, avdeling Hordaland.

## 84.6 Habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

I 2015 gjennomførte Fylkesmennene i region vest eige kartlegging av habiliterings- og rehabiliteringstenestene i kommunane. 70 av 85 kommunar svara. Vi fann store skilnader.

<https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Helsetenester/Fleire-kommunar-har-ikkje-oversikt-over-behov-for-rehabilitering-og-habilitering/>

Vi har oversikt over koordinerande einingar i kommunane. Dei fungerer svært ulikt.

Slik det går fram av rapporten, har Fylkesmannen oppmoda kommunane om å skaffe seg oversikt over behov for habiliterings- og rehabiliteringstenester. Oversikta vil vere til hjelp ved analyse og evaluering av tenestene og for å vurdere kapasitet og kompetansebehov. Vi har og rådd kommunane til å avklare kva oppgåver koordinerande eining skal ha i samarbeid med spesialisthelsetenesta.

## 84.7 Omsorg 2020

Målsettingane i Omsorgsplan 2020 vert ivaretekne gjennom mange ulike aktivitetar. Vi har lagt vekt på sprenging av gode prosjekt gjennom konferansar, nettoppslag, nettverks-samlingar og vi har følgd med på prosjekt innan velferdsteknologi. Det er utstrekt samarbeid med Senter for omsorgsforskning region vest, Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT) i Hordaland, USHT i Helse Fonna, KS, høgskular og andre samarbeidspartnarar om gjennomføring av prosjekt og koordinering av tiltak og konferansar. Samhandlinga med eksterne aktørar er god.

Den årlege omsorgskonferansen for tilsette i kommunane blei gjennomført i mars i samarbeid med Senter for omsorgsforskning region Vest, USHT i Hordaland, og KS. Tema var henta frå Stortingsmeldinga om framtidens omsorgstenester. Vi arrangerte fagdag om skrøpelege eldre i november. Deltakarane gav gode tilbakemeldingar på arrangementa.

Demensplan 2015 har vi særleg følgd opp ved tilskot til opplæring i Demensomsorgens ABC og andre kompetansehevande tiltak. Vi gir tilskot frå Kompetanseløftet til Demensomsorgens ABC til alle kommunar som søker, uavhengig om tiltaket er prioritert frå kommunen si side. Berre fire kommunar starta med opplæring i Demensomsorgens ABC i 2015. Alle kommunar som søkte fekk tilskot.

Alle kommunane har fått informasjon om tilskotsordningane til dagaktivitetstilbod og pårørande- eller samtalegrupper. I 2015 blei det i alt oppretta 49 nye dagaktivitetsplassar i fem kommunar.

Det er åtte kommunar i fylket som ikkje har eit dagaktivitetstilbod. Vi har dialog med dei om dette. Nokre av dei minste kommunane opprettar dagaktivitetstilbod ved etter behov. Spørsmål om utgreiing av og oppfølging av personar med demens blir og teke opp i behandling av aktuelle saker.

Talet på søknader om investeringstilskot til sjukeheimsplassar og omsorgsbustader i Hordaland gjekk opp i 2015. Det vart gitt tilsegn om tilskot til 239 einingar, 167 sjukeheimsplassar og 72 omsorgsbustader. Fleire kommunar byggjer om eller utbetrar gamle bygningar. Den reelle tilveksten er 56 nye sjukeheimsplassar og 64 nye omsorgsbustader. Fylkesmannen bidreg med fagleg rettleiing og innspel når Husbanken gjev tilsegn. Vi har særleg merksemd på at bygningane vert tilpassa menneske med kognitiv svikt. Informasjon om tilskotsordninga, råd og rettleiing er gitt fortløpande, og vi har møte med Husbanken og kommunane etter behov.



Fylkesmannen har utstrekt samarbeid med USHT Hordaland og USHT i Helse Fonna og deltek i fag- og samarbeidsrådet. Kompetanseutvikling er eit sentralt satsingsområde i Omsorgsplan 2015 og utviklingssentra er ein viktig samarbeidspartnar.

I samarbeid med leiar for Kompetansesenteret i lindrande behandling Helseregion Vest vurderte og prioriterte vi søknadane om "Tilskot til lindrande behandling og omsorg ved livets slutt". Det kom inn 17 søknader frå 14 kommunar. 11 søknader fekk tildelt midlar. Tildelt tilskot var på 3.514.065 kroner. Kommunane er godt kjent med tilskotsordninga og har fått auka kompetanse på dette området. Vi ser at kommunane har ulike behov, og det er svært ulikt nivå på søknadene. Mange søknader gjeld innføring av nye modeller for varetaking av pasient og pårørande. Vi har gitt innspel til evalueringa av tilskotordninga.

## 84.8 Psykisk helse og rus

Fordeling av tilskotsmidlar og rapportering til Helsedirektoratet er utført i samsvar med oppdrag. Fylkesmannen i Hordaland samarbeidde med Fylkesmannen i Rogaland, Helse Fonna og Korus Vest om å arrangere fagdagar for dei tilsette som arbeider med psykisk helse og rus i kommunane, spesialisthelsetenesta og brukarorganisasjonar. Dette er eit tilbod som er meint å gje fagleg påfyll og bidra til nettverksbygging på tvers. Viktige tema var busetjing av vanskelegstilte, eldre og rus, kosthald- og livsstiltak hjå psykisk sjuke og rusavhengige, brukarmedverknad og korleis handtere særskilte pasientar. Det kom eit bredt samansett publikum med om lag 350 deltakarar til saman. Fylkesmannen i Hordaland har og samarbeidd på tvers om ulike kursdagar i Helse Fonna, mellom anna rusdag med vekt på brukarplan, fagdagar om alvorleg skulefråvær, grunnkurs i rus og psykisk helse, tverrfagleg samarbeid om teieplikta og rett bruk av tvang.

Fylkesmannen i Hordaland etablerte i 2014 eit samarbeidsforum med Helseføretaka, KS og dei ulike kompetansesentra. Vi deltek og i kompetansegruppe som mellom anna dekkjer Helse Fonna-området saman med Fylkesmannen i Rogaland. Dette for å betre koordineringa og styrkje samarbeidet om utviklings- og kompetansehevande tiltak for kommunane.

Brukarmedverknad var eit viktig satsingsområde i 2015. Fylkesmannen har starta eit eige prosjekt som skal vidareførast i 2016.

## Resultatområde 85 Specialisthelsetjenesten

### 85.1 Abort- og steriliseringsnemndene

Fylkesmannen i Hordaland handsama søknader om sterilisering og søknader om å utføre steriliseringsinngrep innan åtte veker. Nemnda fekk tre søknader om sterilisering i 2015. To av dei blei handsama og godkjent i nemnda. Fylkesmannen fekk ingen søknader om å utføre steriliseringsinngrep utanfor offentleg sjukehus. Vi har sendt til brev til aktuelle verksemdar med rettleiing om regelverket.

### 85.2 Lov om transplantasjon

Fylkesmannen fekk ikkje slike saker til behandling i 2015.

Antall saker

Embeter	Antall
FMHO	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

### 85.3 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Fylkesmannen fekk ingen slike saker til behandling i 2015.

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	0	

FMHO	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## 85.4 Behandling av klager etter psykisk helsevern

Fylkesmannen mottok ikkje klager på kommunelegens vedtak om tvungen legeundersøking.

Fylkesmannen fekk 115 klager på tvangsmedisinering i det psykiske helsevernet i 2015. Vi gav pasienten medhald i 10,4 prosent av sakene. Medhald omfattar her både oppheving av vedtak og heilt eller delvis endring av vedtak. I nær 88 prosent av sakene stadfesta vi tvangsmedisineringvedtaket. Nokre få klager vart trekte eller fall bort. Saksbehandlingstida er kort, vanlegvis to arbeidsdagar når pasienten som klager er innlagt.

## 85.5 Øvrige oppgaver knyttet til det psykiske helsevern

Søknader om godkjenning og dispensasjon blei behandla fortløpande. Helsedirektoratet fekk oversendt saker og kopi av vedtak om dispensasjon. HELFO fekk tilsendt oversikt over tilsette i fagstillingar ved dei psykiatriske poliklinikkane.

## 85.6 Kontrollkommisjonsoppgaver

Økonomirapportering er sendt Helsedirektoratet kvartalsvis. Informasjon om oppnemningar til kontrollkommisjonane er sendt fortløpande.

## 85.7 Hjemsendelse, hjemhenting og gjennomføring av tvungen psykisk helsevern for pasienter som ikke har bosted i riket

Etter spesialisthelsetenestelova § 5-3 dekkjer staten utgiftene som gjeld opphald på tvungent psykisk helsevern for personar som ikkje har fast bustad i landet. Dette gjeld dei pasientane som ikkje kan få dekt utgiftene på annan måte. I 2015 behandla vi sju saker. i den eine var opphaldsutgiftene over ein million kroner. Dei seks andre hadde opphaldsutgifter frå kroner 20.000 til 300.000.

Vi er særskilt bedt om å formidle erfaringar med ordninga og lyfter fram eit par problemstillingar:

- Saker der heimhenting kunne vore unngått om pasientane ikkje hadde hatt tilgang på eige pass. I fleire saker har ambassadepersonell problematisert at alvorleg sjuke personar med behov for jamleg oppfølging i spesialisthelsetenesta i Noreg stadig reiser utanlands. Helsepersonell kan be politiet å vurdere inndraging av pass om vedkomande ikkje er i stand til å ta hand om seg sjølv i utlandet. Dette gjeld uavhengig av om vedkomande er på tvang eller ikkje. Mange som følgjer opp pasientar i psykisk helsevern ser ikkje ut til å kjenne godt nok til dette, og tar kanskje derfor heller ikkje tak i problemstillinga.
- Det er også stilt spørsmål om det skal vere mogeleg for same person å bli henta heim med ordninga fleire gonger. Det er ønskjeleg å få dette avklart og presisert i rettleiar for ordninga.

## Ressursrapportering

Lågare forbruk i 2015 skuldast m.a at vi siste halvdel av året hadde vakanse i fleire stillingar (m.a i legestillingar).

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 7 722 565,26	kr 54 490,42
83 Folkehelsearbeid	kr 681 304,32	kr 0,00
83.1 Folkehelsearbeid generelt	kr 37 334,80	kr 0,00
83.2 Tilsyn etter folkehelseloven	kr 57 096,79	kr 0,00
84 Kommunale helse- og omsorgstjenester	kr 3 265 948,98	kr 1 088 183,78
85 Spesialhelsetjenesten	kr 629 100,28	kr 5 797 256,24
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 4 302 265,23	kr 574 570,99



## **Justis- og beredskapsdepartementet**

### **Resultatområde 51 Siviladministrasjon og borgerrettigheter**

#### **51.2 Vergemålsloven og utlendingsloven kap. 11 A**

##### **VERJEMÅLSFORVALTNINGA**

Fylkesmannen i Hordaland har i 2015 arbeidd vidare med å byggje opp og utvikle ei trygg og forsvarleg verjemålsforvaltning i tråd med embetsoppdraget og interne føringar. I Hordaland har vi no 5838 verjemåls saker (pr. 31.12.2015), og vi forvaltar nærare 2,3 milliardar på kapitalkonto for personar med verje. Verjemålsreforma har til trass for ein krevjande oppstart, vore eit viktig framsteg for å auke rettstryggleik og rettslikheit for verjetrengande.

Vi hadde i fjor god måloppnåing, og vi arbeider kontinuerleg med å halde nede sakshandsamingstida på ulike område. Vi prioriterer saker som hastar, som til dømes oppnemning av setteverje for barn og vaksne, og oppnemning av representantar for einsleg mindreårige asylsøkjjarar. Godtgjering til verjer og representantar, og bruk av kapital til dei verjetrengande er også blant dei sakane som vi prioriterer.

Vi har opparbeidd eit «verjekorps» med 80 verjer som har høg og allsidig kompetanse innan juss, økonomi, rusproblematikk og psykiatri. Vi gjennomfører jamleg individuelle samtalar med dei faste verjene, og i fjor hadde vi fleire fagsamlingar for faste verjer. Vi har inngått avtale om mentor-ordning med ei av våre faste verjer med lang røynsle. Dette er ei ordning som har fungert bra, og vi vurderer no å utvida ordninga til å gjelde fleire av dei faste verjene i distrikta. Gjennom året har vi deltatt i fleire eksterne møte og kurs med orientering om verjemål m.a. til helse og sosialfaglege etatar og ulike organisasjonar.

Hausten 2015 vart det etablert fleire mottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar i Hordaland. Fleire nye mottaksplasser skal etablerast på nyåret 2016. Vi brukte i fjor haust mykje ressursar på å etablere eit representantkorps, og gje representantane naudsynt opplæring og rettleiing. Vi arrangerte m.a. fleire opplæringskurs for nye representantar. Det er gledeleg å registrere at det har vore stor pågang av personar som har ønska å bli representant for mindreårige. Det har difor så langt ikkje vore noko problem med å få nok representantar til oppdrag. Vi ser likevel at dette er eit særskilt krevjande arbeidsområde som gir oss ekstra utfordringar både kapasitetsmessig og økonomisk.

I 2015 har vi hatt eit stor fokus på å sikre god kvalitet på sakshandsaminga og forvaltninga. Vi har sakshandsamarar med god kompetanse innanfor dei fleste område. Vi arbeider kontinuerleg med å sikre at vi har gode rutinar og internkontroll innanfor dei ulike fagområda. Som eit ledd i dette arbeidet har vi jamlege risikovurderingar og sett inn tiltak på bakgrunn av desse vurderingane. Våre brev og vedtak skal følgje staten sitt mål om eit klart og godt språk. Vi har sett i gang eit internt språkprosjekt kor vi kvalitetsikrar brev, og vi har hatt intern opplæring i nynorsk. Vi ønskjer betre språk i malane som ligg i VERA. Vi treng god oversikt over saksportefølje og statistikk for å få ei god og effektiv intern styring. Vi har ikkje eit godt nok reiskap til effektiv styring i dag, og vi saknar gode oppdaterte rapportar i Vera.

Sjølv om vi har hatt god måloppnåing så har 2015 likevel vore eit særskilt krevjande år for verjemålsforvaltninga i Hordaland. Dette skuldast at vi fortsatt har hatt store utfordringar med eit lite effektivt og mangelfullt dataverkty, og at vi i tillegg har ein stram ressurs situasjon. Fylkesmannen i Hordaland har i 2015 vore pilotfylke for det nye dataverktyet VERA, og vi har prioritert å bruke interne ressursar til å hjelpe departementet i utviklinga og testinga av systemet. I periodar har alle sakshandsamarar vore involvert i utvikling i VERA ved å kome med innspel internt, for vidareformidling til VERA-prosjektet. Dette har vore nyttig, og vi ser at mange nye funksjonar i VERA er eit direkte resultat av våre innspel. Vi er godt nøgde med at vi i desember tok i bruk nytt datasystem, og vi ser klare forbetringar. Det er likevel enda for mange «tidstjuvar» som må vekk og funksjonar som må på plass, før vi kan seie å ha den effektive og heilskaplege dataløysinga som var ei målsetting og føresetnad for reforma då ho vart gjennomført frå 1. juli 2013.

## Statistikk:

- Vi har sendt 51 klagesaker til SRF i 2015.
- Inngående post verjemål 2015 var 25.107 dokument - utgående post 19.827 dokument.
- Oppnemningar 2015 vaksne med verje (oppnemningsdokument for verja): 808 verjemål
- Oppnemning av setteverje eller midlertidig verje: 550 verjemål
- Avslutning av verjemål pga. dødsfall: 355 verjemål
- Avslutning pga. bortfall vilkår etc. : 137 verjemål

## Vedtak 2015:

- Vedtaksbrev med Fylkesmannen sin godkjenning: 1397
- Vedtaksbrev godtgjering: 2492
- Vedtaksbrev fremtidsfullmakt:
  - Stadfesta: 15
  - Ikkje stadfesta:23

## STYRINGSPARAMETER 1 - SAKSHANDSAMINGSTID

**Oppretting av verjemål:** gjennomsnittleg sakshandsamingstid pr. måned for 2015 er 43 dagar

I 2015 varierte sakshandsamingstida mykje, især for siste halvdel av året. Dette har si årsak i at Fylkesmannen i Hordaland var pilot for VERA. Viktige sakshandsamarressursar vart nytta i pilotarbeidet. I tillegg vart det brukt mykje tid på opplæring av nye sakshandsamarar.

Innhenting av politiattestar gjorde også at sakshandsamingstida gjekk opp, i tillegg til at vi brukte mykje ressursar på å bygge ned restansar i gamalt sakshandsamarsystem, i overgangsperioden mellom ARVE og VERA.

### Hasteoppnemningar

Mindreårig utan formue: gjennomsnittleg sakshandsamingstid pr. måned for 2015 er 10 dagar

I 2015 hadde vi totalt 313 meldingar frå politiet med oppmoding om å oppnemne setteverje i samband med avhøyr og/eller straffesak for mindreårige. Dette er ei prioritert gruppe verjetrengande, der gode rutinar er på plass i alle delar av forvaltninga. Vi nyttar nokre faste verjer som tar desse verjeoppdraga på kort varsel (inntil 2 timar). For andre saker der mindreårige utan formue treng verje, kan det gå noko tid, der førehandsvarsel og evt. innhenting av nærare opplysningar i saka gjev ei lengre sakshandsamingstid.

EMA: gjennomsnittleg sakshandsamingstid pr. måned for 2015 er 12 dagar

I oktober 2015 opna det fyrste mottaket for einslege mindreårige asylsøkjjarar (EMA) i Hordaland. Sakshandsamingstida vart i 2015 påverka av at vi har hatt rutine for å registrere kopi av melding om busetting frå IMDI som melding om behov for representant EMA. Denne praksisen vart avslutta i august/september 2015. Tala fram til oktober viser difor ikkje reell sakshandsamingstid. Frå oktober 2015 har sakshandsamingstida vore innanfor måloppnåing 2015.

**Utbetalingar:** gjennomsnittleg sakshandsamingstid pr. måned for 2015 er 17 dagar

**Godtgjeringar:** gjennomsnittleg sakshandsamingstid pr. måned for 2015 er 33 dagar

Godtgjering av verjer er ei viktig mengdeoppgåve, som er ressurskrevjande då oppdraga er særskilte og verjene har ulike utfordringar i det einskilde oppdrag. Det vart fatta 2.492 godtgjeringsvedtak i 2015.

## STYRINGSPARAMETER 2 - TRYGG KAPITALFORVALTNING

### Verjerekneskapskontroll 2014



Pr. 31.12.2014 vart det registrert 2.927 løypande verjemål med rekneskapsplikt. Av desse hadde 10 verjer utvida rekneskapsplikt. Verjemåla var fordelt på 2.224 verjer.

Statens sivilrettsforvaltning tok uttrekk på 412 av løypande verjemål med rekneskapsplikt. I tillegg hadde rekneskapskontrollørane hos Fylkesmannen trekt ut 96 verjemål som vart kontrollert på grunn av funn i løpet av året. Totalt 508 verjerekneskap vart kontrollert i 2015. 36 kontrollerte verjerekneskap vart ikkje godkjende.

I tillegg til årleg rekneskapskontroll for løypande saker, kontrollerer Fylkesmannen i Hordaland fortløpande verjemål ved byte av verje (bortfall av vilkår eller død). Desse utgjer ca. 500 saker årleg. Totalt hadde vi 58 personer som vart vurdert for fråtaking av verjeoppdraget i 2015

Verjerekneskapskontrollen for rekneskapsåret 2014 har vore tidkrevjande. Hovudtyngda av kontrollane er gjennomført i løpet av ein 6-vekers periode. Kontrollørane vart skjerma for andre oppgåver i perioden. Verjerekneskapskontrollen vart slutført 25. september 2015 og Ernst & Young hadde revisjon 28. og 29. september 2015.

### **Midlar til forvaltning**

Fylkesmannen i Hordaland har pr. 31.12.2015 **2,23 mrd. kroner** til forvaltning og midlane er spreidd på totalt 4.464 kontoar. Danske Bank, Sparebanken vest og DnB har størst andel av midlane; 84%. Ei sentral målsetting for verjemålsreforma var å sikre ei nøytral ordning når det gjeld avkastning, dvs. at personar under verjemål verken skulle tape eller ha vesentleg vinning ved at finansielle midlar vart forvalta av det offentlege. 2015 har vore eit krevjande år for dei som skal sjå til at midlane er plassert på ein god måte.

### Renteendringar

Ei av utfordringane har vore bankval og renteendringar. Med stadig renteendringar frå bankane, er det fleire som ynskjer å byte bank. Dette er særleg tidkrevjande for oss. Vi ser også at det ikkje nødvendigvis er til gunst for person med verje, i den grad at det er små marginar på renteendringane, og at det i neste omgang gjerne er banken dei har flytta midlar til, som set ned rentene.

### Sakshandsaming i bankane

Ei anna utfordring har vore der fleire mindre bankar får verjemålsmidlar å forvalte, og personalet i banken ikkje har same kunnskap/opplæring om verjemål. Dette gjer at kommunikasjon og gjennomføring av oppgåvene vert uklår. Vi ser også utfordringar ovanfor større bankar, der det ikkje alltid er kontinuitet i kven som jobbar med saker som gjeld verjemålsmidlar. Dette fører til at vi stadig må bruke tid og ressursar på å informere og diskutere ulike problemstillingar knytt til forvaltning av midlane.

### ARVE/VERA Agresso rekneskapssystem

Vi opplever rekneskapssystemet som særst lite fleksibelt. Sakshandsamarar hos oss kan i svært liten grad gjere endringar og løyse problem sjølve i systemet. Dette gjer at vi er avhengige av at banktilsette utfører oppgåvene vi bestiller. Vi er også avhengig av at dataleverandøren Evry løyser problema vi får mot bankane og datasystemet.

### Manuelle rutinar

Innbetalingar som skjer til kapitalkonto må i tillegg førast manuelt av oss. Vi brukar mykje av ressursane på dette, noko som vi meiner burde vore løyst med maskinelle registreringar direkte til vårt rekneskapssystem. Bankane har også mange manuelle prosessar for verjemålsmidlar, som gjer at vi opplever at oppgåvene vi ber om vert gjort, tek uforholdsmessig lang tid å utføre på korrekt måte. Dette gjer at sakshandsamar hos oss stadig må nytte tida si til å kvalitetssjekke om banken har utført den bestilte oppgåva frå oss.

### Plassering av midlar

Vi opplever stadig misnøgde brukarar i samband med plassering av midlar. Dette gjeld midlar som allereie er plassert på ein trygg måte, med god avkastning, og som må overførast til konto i ein av dei 46 bankane for plassering av verjemålsmidlar. Foreldre til barn med formue kan også ha ønskje om å plassere midlar på ein måte som gjev betre avkastning enn frå desse 46 bankane.

### **FRÅTAKING AV RETTSLEG HANDLEEVNE**

Fylkesmannen i Hordaland sende stemning til retten i 11 saker i 2015. I fem av disse sakene vart det gjennomført hovudforhandling med ordinær domsbehandling medan seks av desse vart avgjort etter forenkla domsbehandling

For ei av sakene gjaldt fråtaking av rettsleg handleevne både for personlege og økonomisk forhold. For dei ti andre sakene gjaldt det berre fråtaking av rettsleg handleevne i økonomiske forhold.

Utfallet av sakene: Vi har fått medhald i 10 av 11 saker. To av sakene er anka til lagmannsretten.

#### Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMHO	5838	508
<b>Sum</b>	<b>5838</b>	<b>508</b>

### 51.3 Forliksrådene

I 2015 har vi handsama 10 skriftlege saker om forliksråda, og svara på nokre spørsmål pr telefon. 6 av sakene gjaldt oppnemning av avløyser og suppleringsval for forliksrådmedlemer for perioden 2013-2016. 3 av sakene var klage over forliksrådet si handsaming. Alle dei tre sakene vart undersøkt og avslutta grunna at forholdet ikkje fell inn under Fylkesmannen sitt tilsyn. I ein skriftleg og fleire førespurnader per telefon, har vår oppgåve vore å redegjøre på generelt grunnlag for regelverket i tvistelova og Fylkesmannen si fullmakt til tilsyn. Munnlege førespurnader har elles dreid seg om felleskommunale forliksråd, forliksrådmedlemer si møteplikt/gyldig forfall og Fylkesmannen sitt tilsynsansvar.

### 51.5 Tomtefesteloven

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje handsama saker etter tomtefestelova i 2015.

## Resultatområde 52 Borgerrettigheter

### Embetet har oppdrag innafor namnelova og lov om fri rettshjelp.

**Oppgåver etter namnelova:** Fylkesmannen skal behandle klagar over skattekontora sine vedtak etter namnelova.

### Oppgåver etter lov om fri rettshjelp:

Fylkesmannen skal:

- behandle søknader om fri sakførsel og fritt rettsråd etter rettshjelplova, herunder:
  - avgjere søknad om fritt rettsråd, jf. rettshjelplova §§ 11 og 12, jf. § 14 og rettshjelpforskrifta kap. 3
  - avgjere søknad om fri sakførsel i saker som fell inn under rettshjelplova § 16 tredje ledd, jf. rettshjelpforskrifta § 4-2
  - avgjere om løyvet til fri sakførsel skal omfatte sakskostnader til motparten, jf. rettshjelplova § 22 fjerde ledd og rettshjelpforskrifta § 4-3
  - avgjere om det skal krevjast refusjon eller trekke tilbake det offentleges utgifter i tilfeller der Fylkesmannen, advokat eller rettshjelper har innvilga fri rettshjelp, jf. rettshjelploven § 8 og rettshjelpforskrifta § 2-4
- føre kontroll i saker der advokaten/rettshjelparen eller Fylkesmannen har innvilga fritt rettsråd, jf. salærforskrifta § 4 annet ledd
- førebu klagebehandling over eigne vedtak etter rettshjelplova

Fritt rettsråd omfattar rettshjelp på stadiet før ei sak kjem inn for domstolane. Her er det Fylkesmannen som utbetaler utgifter til advokat eller rettshjelpar, samt sideutgifter som tolk og kostnader til medisinsk eller annan sakkunnig. I Hordaland har det i 2015 blitt utbetalt fritt rettsråd med kr 8 122 374,-, noko som er ein nedgang på 3,5 % i høve til i 2014. (Til samanlikning betalte Fylkesmannen i Hordaland i 2008 ut heile kr 12 126 988,- i fritt rettsråd.)

Fri sakførsel er fri rettshjelp i saker som står for domstolane, og for visse forvaltningsorgan som Trygderetten og Fylkesnemnda for sosiale saker. Fylkesmannen har mynde til å avgjere søknader om fri sakførsel i sakstypar som er uprioriterte etter rettshjelplova. Av dei 32 søknadane som Fylkesmannen i Hordaland fekk inn i 2015, vart fri sakførsel innvilga i 5 saker. I sakstypar som er prioriterte etter rettshjelplova, er det domstolen sjølv som avgjer søknader om fri sakførsel.

Fylkesmannen har vidare ansvaret for utbetaling av fri sakførsel i saker som er handsama av kontrollkommissjonen for psykisk helsevern. Desse utbetalingane var i 2015 på kr 2 143 325,-, noko som er på same nivå som i 2014.

## 52.1 Fri rettshjelp

Om lag 1 200 saker vart behandla i 2015. Av desse var det 32 søknader om fri sakførsel, resten var søknader om fritt rettsråd. I tillegg har vi utbetalt salær for kontrollkommissjonane for psykisk helsevern, og dekkja utgifter til tolk i prioriterte rettsrådssaker.

Totalt vart det utbetalt kroner 10 256 105,- i fri rettshjelp frå Fylkesmannen i Hordaland i 2015. Dette er ein nedgang i høve til tidlegare år. Nedgangen kan ha samanheng med at inntektsgrensene for behovsprøvd fri rettshjelp har vore uendra sidan 1. januar 2009.

75,3% av dei innkomne sakene er sende inn elektronisk. Det har vore ein jamn auke i talet på elektroniske søknader sidan systemet vart innført i 2008.

Vi viser elles til vår kvartalsvise rapportering til Statens sivilrettsforvaltning.

## 52.3 Navneloven

Fylkesmannen har i 2015 handsama ti klagesaker etter namnelova. Vi har omgjort to vedtak. Åtte vedtak er stadfesta.

# Resultatområde 53 Forebyggende samfunnsikkerhet

## 53.1 Oversikt over risiko og sårbarhet

Ny revidert FylkesRos Hordaland 2015 vart publisert 30. desember 2014.

Dokumentet inneheld framlegg til risikoreduserande tiltak, med tilhøyrande ansvars plassering. Fleire av desse tiltaka kan vere krevjande å følgje opp, og Fylkesmannen har ikkje mynde til å påleggje aktørane oppfølgingsplikt. Kommunar og andre regionale instansar nyttar elles FylkesRos som grunnlagsdokument for vidare detaljerte ROS-analysar.

Fylkesmannen har samanstillt og sendt ut oppfølgingspunkt med ansvarsavklaring til aktuelle aktørar i fylket, og som det må rapporterast tilbake på i det faste årlege møtet i fylkesberedskapsrådet (FBR). Hovudområde for oppfølging på FBR-møtet i 2016 er transportberedskap og kritisk infrastruktur.

FylkesROS vart presentert for fylkesberedskapsrådet 15. januar 2015.

## 53.2 Samfunnsikkerhet i planlegging etter plan – og bygningsloven

Alle kommunane får rettleiing ved oppstart av planprosessar.

Når det gjeld rettleiing i gjennomføring av ROS knytt til § 4-3 har vi mellom anna arrangert fagsamling for beredskapskontaktar i november 2015. ROS var eit tema i samlinga. Det er òg arrangert plankonferanse i samarbeid med fylkeskommunen, samt at vi deltek i jamlege møte i planforum der m.a. ROS-analyse er eit av fleire aktuelle tema. Vi følgjer elles alle saker tett ved oppstart og ved utlegging til offentleg ettersyn.



Det vert sjekka at relevante risikotilhøve er følgd opp i planen (t.d skred- og flaumdata frå NVE, DSBs FAST-database, radonkartlegging osv.), og at avdekt risiko vert følgd opp med m.a. omsynssoner i plankartet og tilhøyrande føresegner for å sikre at det ikkje vert gjennomført tiltak i område med uakseptabel risiko.

Fylkesmannen i Hordaland er med på forsøksordninga med samordning av statlege motsegner. Erfaringa frå prosjektet viser at dei fleste forhold som kan leggje grunnlag for motsegn blir rydda av vegen gjennom dialog med kommunane. Motsegn blir derfor berre unnataksvis nytta i plansamanheng.

### **53.3 Tilsyn**

FMHO gjennomførte i 2015 tilsyn med åtte kommunar (1/4) og beredskapsgjennomgang i Hordaland fylkeskommune med fokus på transportberedskap. Alle er innrapportert i DSBs innmeldingsløsning.

Status for tilsynsrunde 4 og plan for ny runde 2016–2019 vart oversendt DSB 18. november 2015.

Embetet har for første gang i 2015 opplevd at ein kommune (Osterøy) ikkje følgjer opp avvik i tilsyn, og har måtta gå til det skritt å varsle om pålegg, og har seinare gjeve pålegg.

## **Resultatområde 54 Beredskapsplanlegging**

### **54.1 Fylkesmannens egen beredskapsplanlegging**

Den største utfordringa i eigen kriseorganisasjon er manglande samsvar mellom pålagde oppgåver og tildelte ressursar for å løyse oppgåvene. T.d. skal vi frå beredskapssida stille med personell i LRS når politiet set stab, jf. ny organisasjonsplan for redningstenesta gjort gjeldande frå 01.11.2015. Dersom det er ei større krise som pågår 24/7 over tid, må vi avgi minimum 2 personar til kvar LRS, i alt 4 personar. Dersom same krise krev innsats frå eigen beredskapsorganisasjon, så har vi berre eit halvt årsverk (ev. 1 person) igjen til interne oppgåver og samordning. Denne personen skal da i verste fall både ta hand om kryptoteneste, stabsleiing, samordning med vidare 24/7 så lenge hendinga pågår. Dette let seg ikkje gjere.

Dermed er det òg slik at vi opplever at Fylkesmannen si rolle med omsyn til krisesituasjonar er uklår. Fylkesmannen i Hordaland utarbeidde difor på eige initiativ ein rolledefinisjon for å tydeleggjere kva vi leggjer i vår rolle i beredskapsamanheng. Denne er tidlegare sendt både JD og DSB.

Vi kan ikkje levere i høve til forventningane, og må difor tilpasse etter beste evne.

Fylkesmannen sin plan for beredskapssituasjonar vert fortløpande oppdatert, men skal gjennom hovudrevisjon i 2016 for å ta høgde for m.a. endringar i ny instruks, samt erfaringar frå siste større øving hausten 2015.

Fylkesmannen har installert nytt gradert samband og er i gang med opplæring. I løpet av 2016 vil opplæring vere gjennomført og sambandet integrert i eige beredskapsplanverk.

Aktuelt personell har tilstrekkeleg kompetanse i bruk av SBS.

Vi har utfordringar med omsyn til å ha tilstrekkeleg personell med CIM-kompetanse i fagavdelingane på embetet. Dette krev jamleg bruk og øving, noko som har vist seg vanskeleg å få til i ein hardt pressa organisasjon. Dette er primært eit kapasitetsspørsmål. FMHO har sendt ein førespurnad til NUSB om dei vil komme til Bergen halde kurs i CIM både for eigne tilsette og for kommunane. NUSB har stilt seg positive til førespurnaden. Vi har og dialog med Bergen kommune om å opprette eit brukarforum for CIM.

Fylkesmannen har gjennomført og/eller delteke i ei rekke øvingar frå reine varslingsøvingar, via table-topøvingar til øvingar med praktiske element og tilnærma fullskala øvingar. Hovudsatsinga i 2015 var atomberedskapsøvinga Øving Hordaland 2015 der det delvis vart øvd over fleire nivå (lokalt – regionalt – nasjonalt). Alle kommunane har vore med i varslingsøvingane, medan 26 av 33 kommunar deltok i Øving Hordaland. Alle desse vart arrangert av FM. Scenario er henta frå FylkesROS og øvingane vert evaluert. Ein del av evalueringa er oppfølgingsplan for avdekte forbettringspunkt, til dette ligg og oppdatering av planverk.



## 54.2 Regional beredskapsplanlegging

Fylkesmannen i Hordaland har tradisjon for å arrangere éi større regional øving anna kvart år. Hausten 2015 arrangerte Fylkesmannen Øving Hordaland 2015. Tema for denne øvinga var atomberedskap og ei uønskt hending i samband med besøk av eit reaktordrive fartøy til Haakonsvern orlogsstasjon. Øvinga var todelt, der første del (15. september) var ei samling (inkludert bordøving) med relevante aktørar for å sikre at ansvar, roller og varslingsrutinar var sameinte, medan andre del (27. oktober) var ei speløving for å teste ut varslingsrutinane mellom sentrale aktørar på den eine sida, og kommunal handtering på den andre. Den overordna målsettinga med øvinga var å betre koordineringa av atomberedskapen i fylket på strategisk nivå. Alle kommunane i fylket vart inviterte med, i tillegg til relevante regionale aktørar (dvs. Haakonsvern orlogsstasjon, Hordaland politidistrikt, Hordaland sivilforsvarsdistrikt, Mattilsynet region Sør-Vest) og Statens strålevern. Øvinga vart avslutta gjennom eit møte i FBR/ABU-H (som no er slått saman). Vi syner til eiga evaluering av øvinga som vil verte ferdigstilt og distribuert til mellom anna DSB i løpet av februar 2016. Øving Hordaland var ei konkret oppfølging av tiltak i FylkesROS Hordaland 2015 både knytt til det å gjennomføre øving, men òg knytt til å avklare ansvar og roller. I samband med øvinga har Fylkesmannen i 2015 utarbeidd ein samordna regional beredskapsplan for anløp av reaktordrivne fartøy til Haakonsvern orlogsstasjon, samt eit døme på tiltakskort i kommunane for oppfølging av førehandsdefinerte tiltak frå Kriseutvalet for atomberedskap (KU).

Fylkesmannen deltok også i nokon grad inn i Øving Bjørgvin 2015 (september), ei årleg øving i regi av Bergenhus heimevernsdistrikt 09. Øvinga hadde fokus på objektsikring av kritisk infrastruktur i Øygarden kommune (særleg olje- og gassinntallasjonar) og involverte ei rekkje lokale og regionale aktørar (t.d. Sjøforsvaret, politiet, brannvesenet, Helse Bergen, Kystverket, Sivilforsvaret, lokale kommunar, Statoil, Telenor og Statens vegvesen). For Fylkesmannen sin del bestod øvinga av å delta på førebuingar til sjølve øvinga, samt arrangere eit møte i fylkesberedskapsrådet (FBR). FBR vart difor kalla inn til Statens Hus 3. september som eit ledd i øvinga, der ulike aktørar gav statusrapportar ut frå sin sektor/ståstad. Vidare vart moglege sivile tiltak/samordning drøfta. Som eit ledd i øvinga vart graderingsnivået «begrenset» sett for møtet. Mobiletelefonar og anna elektronisk utstyr vart difor samla inn i forkant av møtet for alle deltakarane, noko som logistisk sett var ei nyttig erfaring for embetet.

Fylkesmannen i Hordaland øver elles ikkje FBR isolert, men FBR vert samla i regionale øvingar der ein finn det hensiktsmessig. I 2015 vart FBR som nemnt trekt inn både i Øving Bjørgvin og i Øving Hordaland. FBR vart også kalla inn 11. juni 2015 i samband med faren for stor vår/sumar-flaum på Vestlandet. (Grunna gunstige omstende vart det ikkje noko stor flaum, men det var i alle tilfelle ei nyttig erfaring å kalle FBR inn reelt på kort varsel). FBR vart også kalla inn 11. september 2014 i samband med Øving Bjørgvin 2014. Tema i øvinga var ekstremvær og følgjeutfordringar knytte til kraft, tele og samferdsel. FBR tok ikkje del i Øving Hordaland 2013, då fokus i denne øvinga spesifikt var retta mot å øve den kommunale kriseleiinga (KKL) i kommunane i fylket.

Scenario for øvingane tek utgangspunkt i FylkesROS, men og funn/utfordringar/forbetringspunkt avdekt i øvingane vert innarbeidd i FylkesROS/Planverk der det er naturleg. Fylkesmannen har elles rutinar for systematisk oppfølging av forbetringspunkt i FylkesROS.

## 54.3 Kommunal beredskapsplikt og kommunenes samfunnssikkerhetsarbeid

Alle kommunane i fylket har fått rettleiing i oppfølging av kommunal beredskapsplikt, m.a. gjennom Fylkesmannen si årlege fagsamling for kommunale beredskapskontaktar mfl. I tillegg er det gjeve individuell rettleiing på førespurnad. Vidare vert det òg gjeve rettleiing i samfunnstryggleik og beredskap m.a. plansamanheng i fora som planforum og plankonferansen.

Fylkesmannen øver planmessig samtlege kommunar i fylket mfl. annakvart år. Alle kommunane i fylket vart inviterte til å delta i Øving Hordaland 2015, der scenarioet var ei mogleg hending med eit reaktordrive fartøy knytt til Haakonsvern orlogsstasjon. 26 av 33 kommunar deltok (Austevoll, Austrheim, Bømlo, Fedje, Modalen, Radøy og Os deltok ikkje. Os øvde likevel det same scenarioet med bistand frå Fylkesmannen dagen etter).

Alle kommunane har CIM, men vi har ikkje oversikt over i kor stor utstrekning CIM faktisk vert nytta. DSB-CIM er vanskeleg å integrere i det daglege arbeidet både i kommunane og hjå Fylkesmannen. Det gjer at bruken er mindre og meir sporadisk enn ønskjeleg av di CIM-bruk ofte vil generere dobbeltarbeid, t.d. i høve til arkivfunksjonar. Fylkesmannen vil i løpet av 2016 innhente oppdatert kunnskap om bruk og ferdigheiter i CIM for kommunane i fylket.

Alle kommunane i fylket har delteke på to varslingsøvingar i CIM i regi av Fylkesmannen.

I samband med m.a. tilsyn er utsjekk av at kommunane sine beredskapsplanar er oppdaterte og samordna med

andre aktører sine planverk eitt av fleire sjekkpunkt.

Naudnett er innført i fylket og FM har bidrege til dette der det har vore naturleg og på førespurnad frå DNK. I 2015 har likevel ikkje det vore ei stor oppgåve.

## Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

### 55.1 Håndtering av uønskede hendelser

Fylkesmannen har motteke, kvittert for og vidareformidla alle innkommande beredskapsvarsel i 2015. I alt inneheld CIM-loggen vår meir enn 600 postar, noko som utgjer 2400 sider.

Vidare sender vi både rutinemessig og på førespurnad statusrapportar til DSB i samband med større hendingar. Tilsvarande gjer vi til Hdir.

I 2015 har det ikkje vore større hendingar regionalt til evaluering i fylket. Ekstremvêret «Nina» råka fylket i januar, men konsekvensane av uvêret var moderate i ein regional kontekst. På bestilling frå KMD samanstilte Fylkesmannen i etterkant av hendinga rapportering frå kommunane over pårekna utgifter som følge av «Nina». Samanstillinga synte at uvêret kosta kommunane i overkant av 12 mill. kroner. Til samanlikning var dei samla utgiftene etter flaumane hausten 2014 på fleire hundre mill. kroner.

Fylkesberedskapsrådet var elles innkalt til ekstraordinært møte 11. juni 2015 i høve flaumfaren våren/sumaren 2015 for å bidra til felles situasjonsforståing, men situasjonen kulminerte utan større dramatik. Som ein del av dette vart og eigen kriseorganisasjon kalt inn for å få same informasjon.

M.a. i flaumsituasjonane som har vore, har FM hatt tett dialog med dei kommunane som vart råka med tanke på ev. behov for bistand, men kommunane i fylket er jamt over godt budd på å handtere uønskete hendingar, så det er sjeldan behov for bistand/retteleiing.

Det har ikkje vore hendingar i 2015 som vi har sett behov for å evaluere. Derimot er vi i slutfasen med evaluering av Øving Hordaland 2015. Forbetringpunkta vil i ettertid verte følgd opp i dialog med respektive aktører.

FM har sendt ukerapportar til DSB i samsvar med gjeldande mal og rutine.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 77 576,01	kr 12 283 081,76
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 148 913,19	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 1 630 653,85	kr 26 288,64
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 1 994 649,72	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 1 101 389,68	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 464 683,91	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 124 361,23	kr 0,00
Sum:	kr 5 542 227,00	kr 12 309 370,00



## Resultatområde 60 Ledelse, virksomhetsstyring og administrasjon

### 60.1 Helhetlig ledelse

#### Heilskapleg og strategisk leiing

Embetsleiinga og leiargruppa har i 2015 arbeidd vidare med å styrkje den heilskaplege og strategiske leiinga ved embetet. Vi legg stor vekt på at vi skal ha ei omforeint og myndiggjort leiargruppe som saman evner å styre embetet

mot god måloppnåing både fagleg, økonomisk og personalmessig. Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa. For å få til ei heilskapleg leiing har det vore viktig å knytte seksjonsleiarane tett til leiargruppa. Vi har etablert fire faste leiarmøte i året for den "store" leiargruppa. Møta er lagde inn i styringshjulet.

Fylkesmannen har definert eit verdisett med leiarprinsipp som ligg til grunn for all aktivitet i verksemda:

- Vere tydleg
- Vise lojalitet til eiga organisasjon
- Vise tillit og støtt dine medarbeidarar
- Respektare andre sin kunnskap
- Avklare mål og følg opp resultatansvaret
- Vere kreativ
- Spreie humor og trivsel
- Gå føre og ver gode eksempel

Embetet har søkt og fått kompetansemidlar frå Difi til nytt leiarutviklingsprogram og til målretta kompetanseutvikling i embetet. Dette er eit todelt prosjekt som skal gå i 2015 - 2016.

Formålet med prosjektet er å:

1. Utvikle ein lokal leiarplattform i samsvar med ny leiarplakat i staten og programmet for betre styring og leiing i staten 2014- 2017. Få eit heilskapleg og strategisk leiarfokus på alle nivå i tråd med krav til betre og meir effektiv styring i staten.
2. Gjere tydeleg ansvar, roller og krav i eigen organisasjon til medarbeidarar for å auke den heilskaplege forståinga for embetet sitt oppdrag og samfunnsansvar.

#### Fylkesmannsskulen

Vi har etablert ei eiga opplæring for alle nyttilsette «Fylkesmannsskulen». Fylkesmannsskulen går årleg over fleire bolkar og alle leiarar kan få roller i opplæringa. Vi skal med dette sikre at alle får den same grunnopplæringa i forvaltningsetikk, rolleforståing og intern policy med meir.

#### Samarbeid og samordning på tvers av fagavdelingane

Vi har dei siste åra sett i verk tiltak for å få betre samordning og samarbeid på tvers av fagavdelingane. Det er utvikla dialogmøte og gode samarbeidsrutinar på fleire område, som til dømes på planområdet og tilsyn. Vi har i samband med verksemdsplanarbeidet identifisert område som er avdelingsovergripande og det er sett i gang fleire fellesprosjekt, mellom anna «barn og unge». Dette er viktige tiltak for å bidra til læring og erfaringsutveksling internt.

#### Risikostyring

---

Embetet har implementert risikostyring i det ordinære styringsapparatet. Arbeidet er framleis i leiargruppa

Embetet har implementert risikostyring i det ordinære styringssystemet vart. Ansvar er forankra i leiargruppa men kvar avdeling er involvert i arbeidet. Vi har utarbeidd egne retningslinjer for risikostyring som klargjer roller, ansvar og metodikk for risikovurdering. Risikostyring er integrert i verksemdsplanarbeidet og i styringshjulet. Avdelingane gjennomfører i samband med verksemdsplanarbeidet risikovurderingar av kritiske faktorar knytt til å nå hovudmåla i oppdraga. Risiko på dei ulike områda blir vurderte i samband med gjennomgang av verksemdsplanen jf. styringshjulet. Leiargruppa har gjennomført ein overordna, samla risikoanalyse på verksemdskritiske område i 2015. Leiargruppa har i løpet av året hatt risikostyring på dagsorden i fleire leiarmøte. Dette er dokumentert i referat.

### **Inkluderande arbeidsliv**

Fylkesmannen i Hordaland teikna ny samarbeidsavtale med NAV arbeidslivssenter og partane lokalt hausten 2014. Det vert halde minimum to årlege møte der IA er tema. I 2015 var varsling tema i eit av IA-møta. Her deltek både tillitsvalde og verneombod i tillegg til aktuelle leiarar og representantar frå embetsleiinga, som regel både Fylkesmannen og assisterande fylkesmann. Dette er eit bevisst val for å vise at inkluderande arbeidsliv er forankra i toppleiinga og er meir enn honnørord. Inkluderande arbeidsliv og sjukefråver er og tema i leiarmøte i embetet minimum ein gong per kvartal.

### **Sjukefråver**

Embetet har i avtalen sett som målsetjing at sjukefråværet samla sett skal vere under fem prosent. Dette målet har vi dei siste åra nådd, noko vi trur skuldast fokus på ergonomiltak og at medarbeidarane har meiningsfylte oppgåver i eit godt og inkluderande arbeidsmiljø. I fjor var det samla sjukefråværet på 4,6%. Embetet driv systematisk HMS-arbeid, og har utarbeidd ein kombinert IA/HMS-tiltaksplan med fokus på helsefremjande aktivitetar som treningsretteleing, sunnheitsdagar, pausetrin, turlunsjar mv. I tillegg har vi tett oppfølging av sjukmelde og fokus på tilrettelegging av oppgåver og arbeidstid for å hindre full sjukmelding i dei tilfella det er aktuelt. Dei aller fleste tilsette har hev/senkpult med tanke på ergonomisk tilrettelegging av arbeidsplassen. Fylkesmannen i Hordaland arbeider tett både med bedriftshelsetenesta og NAV for å halde sjukefråværet nede, og nyttar verkemiddelapparatet til NAV aktivt og målretta. Vi ser at kvinner jamnt over i snitt har noko høgare sjukefråver enn menn. Det er likevel ikkje svært store skilnader. Når vi ser på aldersgrupper, er det i aldersgruppa 60-69 år vi har det høgste sjukefråværet i snitt.

### **Nøkkeltal 2015**

Totalt sjukefråver (eigenmeld og legemeld): 4,6 prosent.

Turnover: 5 prosent (medarbeidarar som har **sagt opp** stillinga si for å ta til hos ny arbeidsgjevar).

Praksisplassar for personar med redusert funksjonsevne: 4

Praksisplassar for framandspråklege: 2

### **Mangfaldsrekruttering**

Som statleg arbeidsgjevar har Fylkesmannen eit ansvar og når det gjeld å må nasjonale og overordna målsetjingar knytt til mangfald og integrering. Vi arbeider særleg for å tilsetje fleire medarbeidarar med innvandrarbakgrunn og nedsett funksjonsevne som er ein underrepresentert gruppe blant tilsette i embetet. I tillegg tilbyr vi arbeidspraksis, både til ordinære arbeidssøkjjarar med ulike utfordringar og til personar med nedsett funksjonsevne. Her har vi hatt eit utstrakt samarbeid med NAV for å nå målgruppa i "jobbstrategien" under 30. Likevel ser vi at det er få aktuelle kandidatar i denne gruppa som er aktuelle for praksisplass. Vi har forsøkt å kompensere dette med å ta inn praksiskandidatar med innvandrarbakgrunn, gjennom NAV sine tilskotsordningar. Fylkesmannen i Hordaland har gjennomgåande få kvalifiserte søkjarar med innvandrarbakgrunn til ledige stillingar. Fleire av dei som søker legger ikkje ved NOKUT godkjenning av utdanning, noko som gjer det vanskeleg å vurdere kvalifikasjonane deira opp mot krava i stillinga og dei andre søkjarane. Dette, saman med krav til nynorskkompetanse, er ei hindring når det gjeld å få tilsett fleire frå denne gruppa. Vi har og få søkjarar som opplyser å ha nedsett funksjonsevne. Både søkjarar med innvandrarbakgrunn og søkjarar med nedsett funksjonsevne vert vurdert særskilt for intervju.

### **Auka pensjoneringsalder**

Fylkesmannen i Hordaland har høg pensjoneringsalder, over 66 år, og har difor ikkje sett som mål å auke denne, men å framleis arbeide for å oppretthalde den høge pensjoneringsalderen. Virkemiddel er fokus på kontinuerleg kompetanseheving, bruk av seniorkompetane i mentorverksemd, fleksibelt uttak av ferie, fri og seniordagar og individuell tilrettelegging for den einskilde etter behov.



Embetet har retningslinjer for handtering av konflikter og mobbing som bidreg til å motvirke trakassering både generelt og relatert til kjønn, religion, etnisitet, legning mv. Elles er inkluderingsmåla våre presiserte i lokal IA-avtale.

## 60.2 Likestilling

Hos Fylkesmannen i Hordaland har kvinne delen av dei tilsette auke jamleg dei siste åra. 61 prosent av dei tilsette er i dag kvinner. Vi tek omsyn til kjønnsbalanse i tilsetningssaker, men ser at vi jamt over har fleire kvinnelege enn mannlege søkjarar til ledige stillingar hos oss. Fylkesmannen ønskjer å vere ein attraktiv arbeidsplass både for menn og kvinner - og vi ser fordelene med ein jamn kjønnsfordeling. Vi har difor ønskje om å tiltrekke fleire mannlege søkjarar til stillingar hos oss, noko vi vil ha fokus på i profilering og tilsettingsprosessar framover og sjå tilsetjing i meir heilskapleg perspektiv.

Vi ønskjer og å auke rekruttering for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne og innvandrarakgrunn. Siste året har vi hatt inne totalt fire praksiskandidatar/IA-plassar - der to hadde innvandrarakgrunn.

I leiargruppa har vi jamn kjønnsfordeling, både i den øvste leiargruppa og blant nestleiarane (seksjonssjef/ass.dir). Mannlege tilsette tener gjennomgåande noko meir enn kvinner i dei aller fleste stillinggruppene. Skilnadene er ikkje veldig store, men gjer likevel at vi i tilsetingar og lønnsforhandlinger har eit fokus på å ikkje auke skilnadene ytterlegare. I dei fleste stillingsgrupper kan skilnadane i lønn mellom kvinner og menn forklarast med alder, ansiennitet og utdanningsbakgrunn. Fylkesmannen ønskjer likevel å halde fokus på lønsskilnadene og arbeide for å hindre at desse aukar.

Sjølv om embetet legg til rette for kombinasjon av yrkesliv og familieliv på lik linje for kvinner og menn, ser vi at det er fleire kvinner som vel å arbeide deltid i periodar dei har omsorg for born. Det gjenspeglar situasjonen for øvrig i samfunnet; men vi ser likevel ei dreining mot at fleire menn tek ut lengre permisjon i samband med fødsel. Dette heng saman med endra reglar for foreldrepenngar frå NAV - der ein større del av permisjonen enn tidlegare no er tiltenkt far.

**Tabell 1, Tilstandsrapport - kjønn**

År	Kjønnsbalanse		Månadslønn - Total sum lønn pr. heltidsekvivalent		Deltid - antall av hvert kjønn		Midlertidig ansettelse - antall av hvert kjønn		Foreldrepermisjon - antall av tattalt uttak av permisjon		Legemeldt sykefravær - Menn		Legemeldt sykefravær - Kvinner	
	M	K	M(KR)	K(KR)	M	K	M	K	M	K	Sykedager	Avtalte Arbeidsdager	Sykedager	Avta Arbeidsdager
2015	73	116	47819	43258	4	9	2	5	231	1054	290	17393	1034	25846
2014	79	122	47493	43602	5	7	2	12	200	1617	398	17519	889	26548

**Tabell 2, Tilstandsrapport - nivå delt**

	År	Kjønnsbalanse			Månadslønn - Månedsfortjeneste pr.	
		M%	K%	Total	M(KR/%)	K(KR/%)
<b>Totalt i virksomheten</b>	2015	73	116	100	100	90,5
	2014	0	0	100	100	97,5
<b>Toppledelse, kategori 1</b>	2015	5	5	100	100	92,5
	2014	0	0	100	100	87
<b>Mellomledelse, kategori 1</b>	2015	8	6	100	100	96
	2014	0	0	100	100	102
<b>Kategori 3</b>	2015	35	42	100	100	98
	2014	41	35	100	100	95
<b>Kategori 4</b>	2015	19	36	100	100	100
	2014	17	40	100	100	98
<b>Kategori 5</b>	2015	5	27	100	100	99,5
	2014	7	29	100	100	98

<b>Kategori 6</b>	2015	0	0	100	100	0
Fagarbeiderstillinger	2014	0	0	100	100	0
<b>Kategori 7</b>	2015	0	0	100	100	0
Unge arbeidstakere, inkl. lærlinger	2014	0	0	100	100	0

Tabell 3, Ansatte

År	Ledere med personalansvar i %			Ledere - lønn i forhold til kjønn		Medarbeidere uten personalansvar			Medarbeidere - lønn i forhold til kjønn	
	M%	K%	Antall Totalt	M%	K/M%	M%	K%	Antall Totalt	M%	K/M%
2015	44	56	16	100	0	39	61	189	100	90
2014	33	67	17	100	0	39	61	205	100	92,5

## Resultatområde 61 Samordning og modernisering

### 61.1 Kommunerettet samordning

Fylkesmannen i Hordaland har i 2015 vidareført arbeidet med å samordne statlege etatar i fylket/regionen.

Dei einsskilte fagavdelingane samordnar i stor grad praktisk innafor sine fagfelt - både internt eller eksternt mot andre statsetatar.

Det er oppretta eit eige statsetatsleiarforum som blir samla med jamne mellomrom. Forumet organiserar også eit årleg seminar over to dagar med kommuneleiing der aktuelle tema vert tekne opp til diskusjon. Det årlege arrangementet om hausten er eit viktig møtepunkt for ordførarar og rådmenn i fylket.

Embetet deltek også på regionmøte i fylket saman med andre regionale statsetatar.

Fylkesmannen personleg leiar fylkesberedskapsrådet. Rådet samlar regionale aktørar med relevans til beredskapssituasjonen. I rådet inngår statlege organ, kommunar og andre organisasjonar/bedrifter.

Fylkesmannen sine avdelingar legg vekt på samordning etter fagområde og oppgåve. Kvar 14. dag er det internt møte med avdelingsdirektørane – noko som bidreg til samordning både internt og eksternt. Møtet vert kvart kvartal utvida med alle seksjonsleiarane.

Det eksisterer eit tverrfagleg forum for plansaker internt på embetet. Det tverrfaglege samarbeidet vert og tatt med inn i planforum, i møte med Fylkeskommunen og kommunane.

Fylkesmannen i Hordaland sin rolle som leiar av "Tilsynsprosjektet", der alle statlege motsegner går gjennom oss og vert handsama/diskutert før vi møter kommunen, er svært vellukka.

Også "Busettingsprosjektet", der Fylkesmannen i Hordaland har tatt over oppgåver frå IMDi kva gjeld busetting av flyktningar, er svært interessant. Her er krava til statleg samordning overfor kommunane ein viktig suksessfaktor. I dette arbeidet er Fylkesmannsembeta, med sin faglege bredde og tyngde, den rette aktør.

Embetet arrangerer årleg over 50 konferansar/seminar, i hovudsak retta mot kommunane, på ymse fagområde. Andre statsetatar deltar også der dette er føremålsteneleg.

Samordning er eit vanskeleg felt. Kva som er god samordning er vanskeleg å måle. Fylkesmannen har tatt utgangspunkt i KMD sine retningslinjer. Vi meiner vi etterlever dei mål og prinsipp som ligg til grunn, og dei særlege område som er lagt til grunn for fylkesmannen sitt samordningsansvar skal såleis vere ivareteke.

### 61.2 Modernisering i kommunene

Fylkesmannen i Hordaland sette for 2015 av kr. 27,0 mill. av skjønssramma til fornyings- og utviklingsprosjekt, uføresette hendingar og generell fordeling elles i året.

Regionråda i fylket har no fått ein aktiv rolle i prosessen med fordeling av skjønstilskot til fornyings- og utviklingsprosjekt. Regionråda vurderer søknadene frå kommunane og utarbeiderer ei prioritering mellom søknadene til Fylkesmannen. Fylkesmannen er ansvarleg for sjølve fordelinga av tilskot men legg stor vekt på regionråda sine prioriteringar.

Skjønssramma for 2015 til fordeling gjennom året, kr. 27,0 mill., vart fordelt mellom:

1. Ordinære fornyings- og innovasjonsprosjekt,	kr. 13,3 mill.
2. Satsing mot barnefattigdom (fem kommunar),	kr. 6,5 mill.
3. Busetjing av flyktningar (ni kommunar),	kr. 4,574 mill.
4. Restfordeling; generelt økonomi, kommunereform, og einslege mindreårige flyktningar	kr. 2,626 mill.
=	kr. 27,0 mill.

Tilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt (kr. 13,3 mill.) vart for ein stor del fordelt innan føremåla; helse og omsorg, barnevern, by- og tettstadsutvikling, miljø samt samfunnstryggleik.

### 61.3 Samordning av statlig tilsyn

I embetet er det etablert eit forum, Tilsynsforum, der alle avdelingar som har tilsynsoppgåver er representerte. For å få til eit godt og samordna tilsyn hos Fylkesmannen blir det i forumet diskutert ulike temaer innan tilsynsfeltet, slik at vi kan ha ein felles og samordna tilsynspraksis i møte med m.a. kommunane. I 2015 er det starta eit arbeid, der vi konkret går gjennom t.d. tilsynsrapportar, tilsynsmetode og – metodikk for å oppnå større samordning av tilsynsverksemda i embetet.

I 2015 var det halde eit internseminar med deltaking av alle som driv tilsyn i embetet, der tema var felles tilsynsutfordringar, med særleg vekt på orientering om internkontrollforskrifta, kva er dei rettslege rammene for tilsyn når det gjeld kommunepliktene. Eitt av tema var forventningane til Fylkesmannens tilsyn, men direktøren i Utdanningsdirektoratet som innleiar.

For å bli kjent med og ha høve til å diskutere tilsynsspørsmål med samordningsføremaal har vi jamlege besøk av representantar frå andre statlege tilsynsorgan. Her vert det diskutert tilsynsfaglege spørsmål, og etablert samarbeid der det er høveleg.



## Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

### 62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

Hordaland har no ingen kommunar i Robek - registeret. Talet på kommunar i registeret er i dei siste åra blitt gradvis reduserte. Dei to siste kommunane vart tekne ut av registeret sommaren 2015 (Stord og Osterøy).

Fylkesmannen har i 2015 handsama og godkjent 13 kommunale garantivedtak.

Fylkesmannen gir tilbakemelding på alle kommunane sine budsjett og økonomiplanar, sjølv om ikkje kommunane er registrerte i Robek - registeret. Fylkesmannen meiner dette gir godt oversyn om den einsskilde kommune sin økonomi og er ei styrke for kontakten mellom Fylkesmannen og kommunane. Vi veit at denne tilbakemeldinga blir motteke med interesse og blir brukt internt i kommunane i deira økonomistyring.

Det har vore ei utvikling med noko større relativ auke i kommunane i fylket si lånegjeld enn for landet elles. Dette skuldast den store folketalsveksten i Bergensregionen, både i Bergen og i omlandet. I denne regionen har det vore nødvendig å gjennomføra mange store kommunale investeringar og dette har ført til høg opplåning og stor auke i lånegjelda. Ved utgangen av 2014 var langsiktig lånegjeld per innbyggjar (utanom pensjonsforplikting) i kommunane samla i Hordaland utanom Bergen kr 69 840,-. For kommunane samla i landet utanom Oslo var dette talet kr 65 503,-.

### 62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Fylkesmannen legg stor vekt på økonomisk rettleiing og informasjon til kommunane. Inntektssystemet er viktig i denne samanheng.

Ved publisering av Kostra-tal vert det utarbeidd rapportgenerator for den einsskilde sektor. Dette er i samarbeid mellom Fylkesmennene etter felles mal. Det set fokus på Kostra-tala og blir nytta i kommunane sitt økonomiarbeid.

Kommunane får ved framlegg av kommuneproposisjonen (mai) og statsbudsjettet (oktober) brev frå Fylkesmannen som omhandlar kommuneøkonomien i framlegget, med vekt på fylket. Dette brevet blir også lagt ut på Fylkesmannen si heimeside saman med den informasjonen og analysene som departementet (KMD) utarbeider.

Fylkesmannen samarbeider også med KS om konferansar i samband med kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Det er møte med einssildkommunar etter behov.

Det har vore relativt mange økonomispørsmål knytt til kommunereforma, først og fremst frå kommunane sjølve.

For 2015 vart det fordelt kr 100,7 mill. i ordinære skjønsmidlar av skjønnsramma på kr 127,7 mill. (kr 27,0 mill. fordelt i året).

For 2016 er det fordelt kr 94,4 mill. i ordinære skjønsmidlar av skjønnsramma på kr 127,7 mill. (kr 33,3 mill. sett av til fordeling gjennom året).



## Resultatområde 63 Kommunalrett, forvaltningsrett, kommuneinndeling og valg

### 63.1 Kommunalrett

Vi har behandla tolv lovlegklagar etter kommunelova § 59 nr. 1 i 2015. Vi har også motteke ein del oppmodingar om lovlegkontroll av eige tiltak, men ingen av desse sakene har resultert i at det er fatta vedtak.

#### Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMHO	12	8	4	0	0	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>12</b>	<b>8</b>	<b>4</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

### 63.3 Kommuneinndeling

Fylkesmannen fylgde i 2015 opp sin strategi for kommunereforma med å orientere om reforma i alle attverande kommunestyre som ikkje vart besøkt i 2015. Opplegget er at vi legg likelydande informasjon til dei organa som er tillagt ansvaret for å fatte vedtak i denne saka. Utover dette har vi hatt både formell og uformell kontakt med dei kommunane som har etterspurt vår kompetanse på ulike felt. Vi inviterte på nyåret alle næringsorganisasjonane i arbeidslivet til eit opent informasjonsmøte om reforma og utover dette har fylkesmannen delteke på ei rekkje møter/seminar/ konferansar med innlegg/debatt om kommunereforma. Vi har elles hatt faste møter med styret i KS Hordaland.

Kommunevalet 2015 og valgkampen føreut sette kommunereforma på vent frå mai/juni inntil nye kommunestyre var på plass og interne val gjennomført.

I mindre grad vart kommunereforma i Hordaland ei synleg valkampsak under valet i Hordaland, rett nok med nokre få unntak. Samnanger sitt nye kommunestyre etter valet la kommunereforma ned som «ikkjesak» for kommunen. Nokre mellomstore kommunar har også undervegs konkludert med å stå på eigne bein etter å ha gjennomført utgreingar og prosessar, for eksempel Bømlo og Kvinnherad og for så vidt Askøy. Sistnemnde konkluderte med dette standpunktet utan å gå omvegen gjennom ein avklaringsprosess med andre.

Utover desse har forhandlingane gått vidare for dei fleste kommunar. Høyringsutkastet til nytt inntektssystem for kommunane oppfatar vi forsterke den allereie pågåande diskusjonen om reforma. Det kan setjast spørsmålsteikn ved at desse vedtaka vart fatta utan tilstrekkeleg kunnskap om det nye inntektssystemet til kommunane.

Status Hordaland ved årsskiftet.

1. Alle 8 kommunane i Nordhordland er i forhandlingar. Radøy, Meland og Lindås har gjort vedtak om intensjonsavtale tidlegare og denne oppfatar vi står fast som minste muleg løysing. Dei øvrige 5 kommunane er invitert inn i denne avtalen – med naudsynlege justeringar. Fylkesmannen er opptatt av at minst dei tre nemde lykkes uansett utfallet av nemnde forhandlingar. Fylkesmannen har i ulike «kritiske periodar vore tett på prosessen i Nordhordland og elles fylgd forhandlingane.
2. Askøy føretrekk å stå åleine og har avslutta prosessar med «Sotra-regionen».
3. Bergen er i forhandlingar med Osterøy og Vaksdal. Samnanger var opprinneleg med i denne prosessen, men det nye kommunestyret avslutta dette og meldte seg ut av både denne prosessen og tilsvarende prosess med Kvam og Fusa. Forutsetninga for at Osterøy og Vaksdal vil bygge ny kommune med Bergen, er gjennomføringa av ein bydelsreform i Bergen, der Indre Arna vert bydelssenter for dette området. Det er i

dag uavklart kva innretning bydelsreform vil ta mht delegert myndighet til bydelane. Dette gjer desse forhandlingane kompliserte, sidan Osterøy og Vaksdal legg til grunn at bydelen på visse felt får reell mynde. Fylkesmannen har vore inne i ein tidleg fase i dette opplegget og fylgjer elles opp saka.

4. Vi oppfatter at Austevoll er ute av alle prosesser – både rundt Bjørnefjorden og mot Sunnhordland.
5. Øygarden, Fjell og Sund er i forhandlingar og vi ser for oss ein intensjonsavtale i løpet av mars. Fylkesmannen har innledningsvis vore tett på desse tre kommunane – og vi har ansett dette som den mest tilrettelagde området i fylket for ein ny felles kommune utifrå kjernekriteriane i reforma.
6. Os, Fusa og Tysnes er i samtaler etter felles utgreiing. Tysnes har avslutta utgreiingar og samtaler med Sunnhordlandskommunane. Det laga ei utgreiing for denne Bjørnefjordsregionen - som tildel ligg til grunn for desse
7. Stord og Fitjar har signert intensjonsavtale.
8. Bømlo har gjennom samrøystes kommunestyrevedtak valt å stå åleine.
9. Sveio var i prosess med diverse konstallasjonar i Rogaland, men forutsetningane for å få til eit opplegg mot sør ser ut for å strande som følgje av uavklart situasjonar / negative vedtak i dei angjeldande kommunane i Rogaland.
10. Etne er i samtaler med Vindafjord .
11. Kvinnherad oppfattr vi har bestemt seg for å avslutte prosessar/forhandlingane med Sunnhordlandskommunane og har lagt saka død.
12. I Hardanger er bildet komplisert, men vi har pt følgende konstallasjonar : Odda, Jondal og Ullensvang har så godt som ein intensjonsavtale på plass – med diverse forbehold om godkjenning.
13. Jondal har også i gang forhandlinar med Kvam kommune. Opplegget er at kommunestyret får forelagt to intensjonsavtaler ( inkl den med Odda/Ullensvang ) som så skal ut til folkeavrøysting. Dersom Jondal vel å stå åleine ( kom godt ut av nytt inntektssystem som ufriviljug små ! ) eller går mot Odda, så vil Kvam sannsynlegvis stå att utan samanslåingskandidatar . ( sjå pkt 3 om Samnanger ) Kvam blir ramma relativt sterkt av nytt inntektssystem.
14. Ullensvang forhandler også med Eidfjord, Granvin og Ulvik og det føreligg ein felles intensjonsavtale. Det er pt. uklart kva status er i desse forhandlingane sidan kommunestyret i kommunestyret i Eidfjord samrøystes gjekk i mot denne avtalen. Utfordringane i Hardangerfjordbassenget skuldast delvis at Ullensvang som premiss for sin forhandlingsstrategi la til grunn at herad ikkje skulle delast i kommunereformprosessen. Geografiske utfordringar i kommunen med delvis tilknytning mot Odda i sør og mot Granvin i nord utfordrar kraftig denne strategien. Utfordringsbildet i dette området er dermed forholdsvis krevjande. Avklaring til ta tid. Fylkesmannen er tett på prosessane i dette området og delteke på ulike møter og prosessar.
15. Voss, Vik og Aurland har signert intensjonsavtale – som er på veg til høyring/folkeavstemning.

Oppsumert : Det er mange og krevjande prosessar i gang i kommunane. Hovedbodskapen er at dei aller fleste reelt har tatt fatt i bestillinga i frå regjering og storting. Kommunevalget sette prosessane på vent – og dermed er tidsrommet for forhandlingar fram til 1. juli rimleg komprimert. I særleg grad gjeld det dei område i fylket der det reelt sett er komplisert farvatn- geografisk, økonomisk og strategisk. Høyringsutkast til nytt inntektssystem har på eine sida sett litt fart i forhandlingane, men samstundes bidratt til nokre dilemma.

## **63.4 Valg**

Fylkesmannen har oppfylt embetsoppdraget ved å vere i beredskap i samband med kommunevalet 2015. På grunn av endringane i valsysteemet har det vore lite for Fylkesmannen å gjere, anna enn å svare på og vidareformidle enkelte spørsmål i forkant av og like etter kommunevalet. Spørsmåla har vore om forhåndsstemmegiving, stemmegiving på institusjon, og krav til listeforslag.

## **63.5 Forvaltningslovens og offentleglovas anvendelse i kommunesektoren**

Fylkesmannen i Hordaland har handsama 26 klagesaker etter offentleglova i 2015. Dette talet omfattar berre

oversendingar hit som har resultert i vedtak fatta her.

Av desse vart klagar i 17 av sakane gitt heilt eller delvis medhald.

## Resultatområde 66 Planlegging, bolig- og bygningsrett

### 66.1 Byggesaker

Vi har handsama 640 klagesaker i 2015. Dette er ei økning med 123 saker i forhold til 2014 då vi avgjorde 517 klagesaker. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for år 2015 er 64 dagar (ca. 2 mnd).

Vi har vore innafor fristen på 12 vekers sakshandsamingstid i nesten samtlege saker. Det blei avtalt lengre sakshandsamingstid i tre saker. Sakshandsamingstida blei då forlenga med ca. 14 dagar. Vi har ikkje utsatt fristen i saker grunna barmarksundersøking.

### 66.2 Saker om ekspropriasjon

Fylkesmannen har handsama til saman fem saker om ekspropriasjon i 2015. Desse fordelte seg slik:

Ei sak gjaldt søknad om samtykke til ekspropriasjon etter oreigningslova § 2 nr. 51 (vasskraftproduksjon). Samtykke til ekspropriasjon vart gitt.

To saker gjaldt søknad om samtykke etter oreigningslova § 25 til å setje i verk oreigningsinngrep før det ligg føre rettskraftig skjønn. Samtykke vart gjeve begge sakene.

To saker gjaldt klage over kommunestyret sitt vedtak etter plan- og bygningslova § 16-2 om ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan. Kommunestyret sitt vedtak vart stadfesta i dei to sakene.

### 66.3 Klage etter eierseksjonsloven og lov om kommunal forkjøpsrett til leiegårder

#### Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMHO	4	0	4	Eigarseksjonslova § 6 andre ledd, § 7 tredje ledd og § 6 første ledd.
<b>Sum</b>	<b>4</b>	<b>0</b>		

### 66.5 Planlegging, byutvikling og geodata

#### Prioriteringar

Fylkesmannen har også i år hatt sterkast fokus på overordna planar. Det har vore ein god dialog med kommunane i desse sakene for å få på plass tenlege og gode planar for kommunen som også ivaretek vesentlege regionale og nasjonale interesser. Fleire kommunar har revidert samfunnsdelen av kommuneplanen i 2015. På tross av satsinga på overordna planar har Fylkesmannen også gitt grundige innspel i reguleringsplanprosessar, samt at ein har gitt uttale i 268 dispensasjonssaker.



I 2015 har me sett ei auking i talet på dispensasjonar frå arealdelen av kommuneplanen for utviding eller endra plassering av akvakulturanlegg. Me har klaga på fleire vedtak, då desse sakene reiser fleire spørsmål som burde løysast i kommuneplanen eller i ein reguleringsplan med konsekvensutgreiing. I den samanheng har me oppmoda kommunane om å starta interkommunal planlegging for å kunne få vurdert større sjøområde og fjordar under eitt. I pågåande planarbeid ber me kommunane om å ha fokus også på sjøområda for å få ei vurdering av kor ein skal ha havbruksnæring, samt for å sikra tilstrekkeleg store og tenlege areal til slik næring.

### **Motsegner**

Fylkesmannen i Hordaland er med i samordningsprosjektet for motsegner. Det gjer at ein i stor grad løyser konfliktpunkt knytt til arealbruk i dialog med kommunane. Det gir i mange tilfelle raskare planprosessar enn kva som var tilfelle tidlegare. Der ein likevel finn å måtte fremma motsegn, gjeld desse i hovudsak strandsone, BATP, omsynet til landskap, naturmangfald og friluftsiinteresser.

### **Samarbeid med Hordaland fylkeskommune**

I 2015 hadde ein 11 møtedagar i planforum, inkludert årssamlinga. Fylkesmannen deltok på alle samlingane for å gje innspel til pågåande planarbeid i kommunane i ein tidleg fase av planprosessen.

20.-21. oktober 2015 gjekk årets plankonferanse for Hordaland av stabelen med stor deltaking frå kommunane i Hordaland. Konferansen er eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune.

### **Prosjektet «Flere boliger i bedre by»**

Prosjektstillinga har vore brukt ved vurdering av søknader til skjønsmidlar for by- og tettstadsutvikling, som har vore eit av dei prioriterte områda for utdeling av midlar for 2015.

Stillinga deltek vidare i eit tverrfagleg samarbeidsprosjekt hos fylkesmannen om tiltak mot barnefattigdom.

Prosjektmedarbeidaren har halde foredrag på interne torsdagssamlingar om planlegging med tema «Fortetting med kvalitet» og «Barn og unge i planlegging». Desse samlingane er ein del av den interne kompetanseutviklinga hos Fylkesmannen i Hordaland.

Fylkesmannen sin prosjektmedarbeidar har delteke på fleire vitjingar, samlingar og konferansar. Vitjing til Odde kommune i samband med utarbeiding av områdereguleringsplan for Odde sentrum, Tettstadskonferansen i Norheimsund i regi av Hordaland Fylkeskommune, vitjing til Kvinnherad og Norheimsund i samband med Fylkesmannen si satsing på barnefattigdom, KMD nettverkssamlingar i Hamar og Oslo, og Future Built konferanse i Oslo mm.

Eit av fleire fora for samhandling og utvikling er deltaking i Transnovaprojekt om Kunnskap og kompetanse for klimavennleg og attraktiv byutvikling. Målet er å samle og utarbeide kunnskap som på ein relevant og refererbar måte kan nyttast av planleggjarar i planprosessar og analysar. Prosjektet vil vare ut 2017.

Fylkesmannen deltek òg i samarbeidsgruppe for tema til frukostmøte som tidlegare var i regi av Framtidens byer, nå overtatt av Husbanken og HiB. Møta vert no kalla «Berekraftig frukost» og halde i kantina i Bergen Rådhus, om lag ein gong i månaden.

Fylkesmannen sin representant deltek i gruppa for utarbeiding av program for Plankonferansen, eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Det er også oppretta kontakt med andre aktuelle fagmiljø som Arkitekthøgskulen (BAS).

Prosjektmedarbeidaren vert også brukt av dei andre sakshandsamarane som diskusjonspartnar ved gjennomgang av innsendte planar, særleg fortettings- og sentrumsplanar.

## **66.5 Planlegging, byutvikling og geodata - Faste oppgaver**

**Tal frå Hordaland 2015 (tal frå 2014 i parantes)**



## Kommuneplanar

Tre kommunar hadde arealdel til kommuneplan ute til offentleg ettersyn, ein av desse gjaldt andre gongs offentleg ettersyn. Fem kommunar hadde samfunnsdelen av kommuneplanen ute til offentleg ettersyn. I tillegg hadde tre kommunar planprogram for rullering av samfunnsdel ute til offentleg ettersyn. Ein kommune hadde samla planprogram for arealdel og samfunnsdel ute til oppstart.

I tillegg var det ei rekkje kommunedelplanar på høyring, både tematiske planar og arealplanar for delar av ein kommune.

## Reguleringsplanar

Det vart meldt om oppstart for 274 (267) reguleringsplanar. 166 (197) reguleringsplanforslag var ute til offentleg ettersyn. Fylkesmannen gav uttale i alle regulerings sakene, både til oppstart og ved offentleg ettersyn.

## Dispensasjonar

Vi fekk 1057 (996) saker om dispensasjon til uttale. Vi gav uttale i 268 (138) av desse sakene. 1618 (1619) dispensasjonsvedtak vart sendt oss til klagevurdering. Vi klaga på 74 (18) av vedtaka.

## Resultatområde 68 Samepolitiske hensyn

### Resultatområde 69 Partistøtte

Det vart utbetalt kr 3 135 154,32 til kommuneparti, kr 1 981 477,55 til fylkesungdomsparti og kr 6 758 547,74 til fylkesparti i Hordaland i 2015 via den elektroniske løysinga [www.partistotte.fylkesmannen.no](http://www.partistotte.fylkesmannen.no).

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 32 882 742,25	kr 0,00
Embetsspesifikke landsdekkende oppgaver (f.eks. FRI og trippelnett)	kr 0,00	kr 0,00
62 Kommuneøkonomi	kr 971 723,80	kr 0,00
66 Planlegging, bolig- og bygningsrett	kr 10 259 223,58	kr 1 462 443,69
Konsultasjonar mellom statlige myndigheter og Sameting	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under KMD	kr 280 664,22	kr 845 777,62
Sum:	kr 44 394 353,00	kr 2 308 221,00

## Kulturdepartementet

### Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

Det er utbetalt støtte for 14 252 medlemar fordelt på 64 registrerte og uregistrerte trossamfunn i 2015. Samla utgjer dette kr 6 926 472,-. Det er ikkje registrert nye trussamfunn i Hordaland i 2015. Vi viser ellers til eigen årsrapport som vert sendt Kulturdepartementet kvart år.

## **Resultatområde 96 Gravferdsloven**

Fylkesmannen handsama i 2015 108 søknader etter gravferdslova § 20 andre ledd. 12 søknader vart avslått. 96 vart innvilga. Det er i tillegg gitt ein del orientering og rettleiing til publikum.

## **Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred**

Fylkesmannen har handsama to saker om utvida opningstid etter lov om helligdag og helligdagsfred. Begge søknadane vart avslått. Det er gitt ein del orientering og rettleiing til publikum over telefon og e-post.

## **Kunnskapsdepartementet**

### **Resultatområde 31 Forvaltningsoppgaver - barnehagen og grunnopplæringen**

#### **31.1 Tilsyn**

##### **Måloppnåing/resultatkrav**

Fylkesmannen i Hordaland sitt aktivitetskrav for 2015 var sett til 42 poeng på skuleområdet og 16 poeng på barnehageområdet. Vi planla for eit tilsynsomfang som var tilsvarende kravet og har gjennomført i tråd med den. Det betyr at målet er nådd. Vi viser elles til særreportering på tilsynsområde for konkret informasjon om tilsynsarbeidet og resultat av tilsyna. Tilsynsrapportane er publisert på våre nettsider, vi har og laga nettoppslag knytt til tilsynsystema og funn der det har styrka vårt arbeid med informasjon og rettleiing. Private skular som er aktuelle for tilsyn er meldt til Udir med grunngjeving.

Rettleiingsarbeid og Udir sitt materiell i forbindelse med FNT har vore tema i fleire møte og samanhengar med kommunane. Vi har hatt opplegg både for dei kommunane det har vore tilsyn i, og opplegg for dei øvrige kommunane i fylket.

Metodehandboka er behandla på ein grundig måte internt i avdelinga.

##### **Kompetanse/ressursar**

I 2015 er det totalt 12 medarbeidarar som har tatt del i tilsynsarbeidet. I utgangspunktet har vi to medarbeidarar på kvart tilsyn, men for å sikre god opplæring til nye kolleger har vi prioritert å bruke sjølve gjennomføringa av tilsyn sånn at dei med lite/ingen erfaring får vere med som observatørar under gjennomføringa, og sjølvsgt deltakande når dokumentasjonen blir vurdert og rapportane blir utforma. Dette føl same praksisen som vi hadde i 2014.

Kontoret har deltatt på dei tilsynssamlingane som er arrangert av Udir. Vi har og arrangert ein tilsynsdag på embetet for alle som er involvert i tilsynsarbeid.

Etter vår vurdering har avdelinga god kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet. Det betyr ikkje at vi ikkje har potensiale for å forbetre oss. Særleg er det viktig at vi har tett dialog med kvarandre og med Udir i gjennomføringa av dei felles nasjonale tilsyna.

##### **Utvalkriterier/risikovurdering**

Når det gjeld utval av kommunar og tilsynsobjekt er praksis hos oss at vi nyttar informasjon frå Skoleporten, BASIL og frå GSI. Vi legg og informasjon vi får gjennom henvendingar frå publikum og funn vi har gjennom klagesaksbehandling, til grunn. Vidare har vi mange møtepunkt med kommunane. I desse møta kjem det og fram informasjon som vi tar med i vurderingane våre.

Vi har eit tilsynsforum på huset der kommunane blir drøfta og vurdert ut frå fleire regelverksområde enn utdanning. I desse møta søkjer vi å koordinere tilsynsaktiviteten på ein måte som frå vår si side framstår som

utdanning. I desse møta søker vi å korrigere tilsynsaktiviteten på ein måte som ikkje har ei side framstår som samordna og ikkje minst at embetet framstår med interesse for heile kommunen sin situasjon. Denne interne drøftinga kan påvirke kva kommunar, når det ikkje er tungtveiande grunnar for å gjennomføre tilsyn, får tilsyn.

## **Retting av lovbrøt**

Vår vurdering er framleis at kommunane anerkjenner dei lovbrota som tilsynet konstaterer og at desse blir retta opp. Når det gjeld frist for å rette lovbrøt har vi merka oss at heller ikkje i 2015 har kommunane bedt om utsett frist for retting av desse.

## **Eigenvurdering**

For 2015 vil vi konkludere med at vi har følgd opp aktivitetskravet på tilsynsområdet på ein god måte.

Når det gjeld vår vurdering av korleis tilsynsarbeidet bidreg til betre regelverksforståing og –etterlevelse, så er vi som vi har rapportert om tidlegare opptatt av å sjå til dei same indikasjonane frå år til år. Dette gjør oss betre i stand til å vurdere utvikling og ikkje minst korleis vi faktisk kan sjå endring og resultat.

Dei innsatsane vi har gjort for best mogleg resultat er framleis:

- Rettleiing om regelverk i forkant av tilsyn
- Tilbod om sluttmøte ved skriftlege tilsyn
- Drøftingar av tilsyn som virkemiddel i regionale møter
- Løpande informasjon om tilsynsarbeid på faste møter med regionane
- Regelverksamlingar
- Samlingar der vi koplar tilsyn og andre faglege satsingar
- Nettsaker
- Media

Vår strategi er å nytte varierte og mange arenaar i tilsynsarbeidet, med andre ord at sjølve gjennomføringa av tilsyn ikkje er avslutta som tema når rapportane ligg føre. Vi trur dette er ein strategi som bidrar til at kommunane nyttar resultatane ut over det konkrete tilsynet.

Vår vurdering når det gjeld FNT, er at val av tema framleis blir tatt godt imot i skulane. Når tema er relevant og sentralt i skulane sitt daglege arbeid, ser vi at det tilbyr eit potensiale for nettopp å sjå regelverk som ei støtte i godt pedagogiske arbeid.

På barnehageområdet blir tilsynsarbeidet i mindre grad problematisert frå kommunane si side. Vi registrere likevel at den rettleiinga vi gir gjennom rapportar og oppfølging av desse blir tatt svært godt imot i kommunane, og blir vurdert som nyttig og viktig kompetanseheving.

Alt i alt får vi gode tilbakemeldingar frå kommunane på måten vi informerer om våre tilsynsplanar på, på måten vi tar tilsyn opp på samlingar og møtepunkt, på rapportane vi skriv og ikkje minst på måten vi gjennomfører tilsyna på.

## **31.2 Klagesaksbehandling**

### **Måloppnåing/resultatkrav**

Vi konkluderer med at måloppnåing/resultatkrav når det gjeld klagesaksbehandling er god. Den gjennomsnittlege sakshandsamingstida på klager etter opplæringslova ligg på om lag 3 veker, men sjølvsagt med enkelte klagesaker som av ulike grunnar trekker meir ut i tid. Det kan anten vere at sakene vert prioritert ned til fordel for andre saker eller at vi ikkje får inn naudsynt dokumentasjon i sakene. Vi har god rutinar for å sende ut førebelse svar og antyde kor lang sakshandsamingstide vil vere.

Når det gjeld klager etter barnehagelova, i realiteten berre klager om økonomisk likeverdige behandling, er saksbehandlingstida noko lenger. Behandlingstida på klagene ligg på om lag 3 månader. Dette konkluderer vi med er akseptabelt ut frå den kompleksiteten sakene har, samt at dei i det alt hovudsaklege er kjenneteikna ved at vi bruker mykje tid på å få avklaringar og naudsynt informasjon frå kommunen.

I tillegg til dei klagesakene som går fram av tabellen har Fylkesmannen hatt ei rekke saker som ikkje kan registrerast i tabellen. Desse sakene dreier seg om ulike bestemmingar. Om vi skal peike på ein gjengangar her så må det vere klager som gjeld skulegudstenester.



## Kompetanse/ressursar

Det er vår vurdering at embetet har høg kompetanse og at kvaliteten på klagebehandlinga er god. Den kompetansen vi ikkje har på avdelinga, får vi frå andre avdelingar/einingar i embetet. Dette gjeld særleg økonomikompetanse som er avgjerande i klagebehandling på barnehageområdet; økonomisk likeverdig behandling.

Ressurssituasjonen i 2015 har vore god. Dette gjeld alle kompetanseområde.

## Oppfølging av vedtak

Når det gjeld kommunane si oppfølging av våre vedtak har vi heller ikkje i 2015 døme på at så ikkje er gjort. Under dette punktet er det fristande å legge til at embetet ser nærmare på korleis vi kan følgje opp resultat etter klagebehandlinga, både i enkeltsaker, men og trendar og utviklingstrekk i vår kontakt med kommunane.

## Eigenvurdering

I 2015 starta vi året utan nevneverdige restansar på klagebehandling. Dette har halde seg gjennom året. Dette ser vi oss godt fornøyd med. Status med omsyn til klagebeholdninga blir tatt opp i avdelingsmøte kvar andre veke. Dette betyr at vi tar ansvar i fellesskap og kan omprioritere oppgåver der det er nødvendig.

Vi har framleis ei ordning med eigne møter for behandlinga av klager om økonomisk likeverdig behandling. Dette har sikra at alle kompetansegrupper er løpande med i vurderingane og drøftingane av problemstillingar, samt at vi har kunne koordinert oss godt når vi må innhente ytterlegare opplysningar frå kommunane.

Standpunktklagene utgjør ein stor del av den samla klagebeholdninga. Her har «låser» vi ei veke kvar sommar, samt skjermer 4 – 5 saksbehandlarar til å behandle klagene. Resultatet er at vi stort sett kan starte haustsemesteret utan restansar på dette feltet.

Klagesaker etter 9a-3 har høgste prioritet. Talet på klager har auka kraftig i 2015. Det er nærliggande å tru at den merksemda dei såkalte mobbesakene har fått i media, saman med den merkesemda vi har gitt feltet på nettsider og i møter med kommunane, er ei av grunnane til at klagemengda har gått opp.

I tillegg til å prioritere klagesaker etter 9a-3 først, har vi skjerpa rutine våre for å følgje opp kommunane. Dette betyr for eksempel at vi ber kommunar om å gjere greie for saker vi får meldt anten gjennom henvendingar eller som vi lesre om i lokalpressa. Vidare har vi ytterlegare skjerpa inn kravet om fristar for tilbakemelding frå kommunane. I tillegg har vi tema oppe i nær sagt alle møter og samlingar vi har med kommunane.

Kva vurderer vi så som våre utfordringar når det gjeld klagebehandling? Vår eigen klagebehandling meiner vi har god kvalitet og vi har god tradisjon i embetet for å drøfte klagesaker på tvers av avdelingar. Kvaliteten i kommunane si handsaming må vi framleis karakterisere som ujamn. Dels handlar nok dette om at mange kommunar relativt sjeldan behandlar klager, dels handlar det om kompetanse og kapasitet. Vi trur og at kommunane i for liten grad opplyser foreldre om adgangen til å klage.

I 2015 har vi søkt å bøte på dette ved å tilby kommunane kurs med tema forvaltningsrett og klagebehandling.

### Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt i fag	170	0	32	138	0	
Utsatt skolestart, § 2-1 tredje ledd	1	1	0	0	0	
Ekstra år i grunnskolen, § 2-1 fjerde ledd	1	0	0	1	0	
Bortvisning, § 2-10	6	6	0	0	0	
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	26	1	22	3	0	
Grunnskoleopplæring for voksne, § 4A-1	3	0	3	0	0	
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	1	0	1	0	0	
Spesialundervisning, § 5-1	13	5	4	4	0	

§ 3-1					
Skyss, § 7-1	23	7	14	2	0
Skoleplassering, § 8-1	37	4	25	8	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	25	7	4	14	0
Standpunkt i orden og oppførsel	1	1	0	0	0
Lokalt gitt muntlig eksamen	1	0	1	0	0
Sum	308	32	106	170	

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	6	3	3	0	0	
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	2	0	0	2	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	4	2	2	0	0	
Sum	12	5	5	2		

Klage i private grunnskoler (privatskoleloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt i fag	4	0	2	2	0	
Skyss, § 3-7	1	0	1	0	0	
Sum	5	0	3	2		

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	5	2	2	1	0	
Sum	5	2	2	1		

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	1	1
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	0	3	3	0	6
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0	0	0	0	0

### 31.3 Statistikk og kvalitetsvurdering

#### Måloppnåing/resultatkrav

I Hordaland er det rapportert i samsvar med krav og frist for datainnleveringa i BASIL og GSI. Embetet har kvalitetssikra data innanfor frist.

Det er variasjon mellom skuleeigarane i fylket når det gjeld bruk av Skoleporten som ledd i kvalitetsvurdering og rapportering. Det same gjeld for barnehageeigarane og dei som brukar BASIL. Vi meiner alle høver ut data men



rapportering. Det same gjeld for barnehagemyndene og deira bruk av BASIL. Vi meiner alle nemtar ut data, men det er utfordringar knytt til analysekompetansen og dermed til kva tiltak som blir sett i verk.

FMHO har også i 2015 ført vidare den faste to-dagars-samlinga der vi rettar merksemda mot skuleeigarrolla i samband med Skoleporten, inkludert kunnskapsgrunnlaget for den lokale kvalitetsvurderinga. I 2015 var lokalt arbeid med læreplanar, vurdering for læring og skulebasert vurdering hovudtema på samlinga.

Embetet prioriterer å rette merksemd mot kommunane si rolle som barnehagemynde etter same modell som for skuleeigarrolla. Her vil data og tal frå BASIL fungere som eit nyttig verktøy i kommunane sine analysar, og i våre felles drøftingar om tilstanden. I 2015 var tema for samlinga dei endringane på barnehagefeltet kommunen som myndigheit står framfor, og korleis kommunen kan førebu seg på dei. Kommunen sitt overordna ansvar for kvaliteten i barnehagesektoren var eit hovudspørsmål som og vart drøfta grundig.

I førebuingarbeidet til kommunedialogsmøta har vi også dette året hatt ei gjennomgang av kommunane sine resultat med utgangspunkt mellom anna i Skoleporten og i BASIL. Også desse møta gir høve til å ta opp relevante nøkkeltal med kommunane.

FMHO har vore tilgjengeleg for og lagt til rette for hjelp og rettleiing i praktisk bruk av Skoleporten og GSI for skuleeigarane i fylket også i 2015.

### **Kompetanse/ressursar**

Kontoret har høg kompetanse på GSI-området, både den tekniske delen og innhaldsdelen. Det same gjeld for BASIL. Samla er det fire medarbeidarar har ansvar for oppgåvene på området, to på BASIL og to på GSI. Vi meiner vi har prioritert tilstrekkeleg ressurs for til å innfri resultatkrava.

FMHO har god kompetanse i bruk av Skoleporten. Informasjon frå Skoleporten vert systematisk nytta i samband med tilsynsarbeid og som del av og grunnlag for anna kvalitetsarbeid og i dialog med kommunane. Skoleporten er såleis eit viktig verktøy i FMHO si rolle som sektorovervåkar.

### **Eigenvurdering**

Vi ser at vurderingane våre på dette området i det alt hovudsaklege er dei same i 2015 som dei var i fjor. Vi har i liten grad endra på strategi, innsats, prioriteringar samt at bemanninga er den same.

FMHO representerer Sør-Vest-regionen i Utdanningsdirektoratet si faggruppe for GSI. Fokus i arbeidet er å gje framlegg til skjema, tekstar til rettleiing, framlegg til rapportar, kontrollar mm. Vår oppfatning er at tilbakemeldingane frå direktoratet når det gjeld arbeidsgruppa sitt arbeid, er gode. FMHO deltek og i planlegginga av den nasjonale samlinga direktoratet arrangerer. Desse tilbakemeldingane støttar opp om vår eigenvurdering, nemlig at vi følgjer opp GSI-arbeidet på ein god måte. Vi må legge til at vi fortsatt meiner det er potensiale til å bruke GSI-data på ein enda betre måte. Ikkje minst som konkret grunnlag for dialog med kommunane. Dette har vore prioritert i 2015. Konkret nyttar vi eit utval av GSI-data som eitt av grunnlaga vi har for kommunedialogane som vi i vårhalvåret. Framleis er målet i praksis å vise kommunane korleis GSI-data kan nyttast i utviklingsarbeid og som grunnlag for analyse.

FMHO arrangerer årleg ei eiga samling for Sør-Vest-fylka i desember. Vi lagar ei felles evaluering av dei erfaringane som er gjort i dei fem fylka i samband med siste års innsamling og gjer innspel til det vidare arbeidet med GSI ut frå desse.

Vi har i år, som i fjor, ikkje hatt eiga samling for kommunane og private skular i forkant av innsamlinga. Erfaringa frå i fjor, viste at det ikkje er naudsynt med ei eiga samling om dette. Som eit alternativ har vi hatt individuelle avtalar med nyttilsette i kommunane der vi hadde tett kontakt over telefon med informasjon, rettleiing og naudsynte avklaringar. Dette har fungert godt, og tilbakemeldingane frå dei aktuelle kommunane var at dei oppfatta dette som svært relevant og nyttig hjelp. Vår vurdering er at når det gjeld rettleiing av kommunane, så kan andre modellar enn dei tradisjonelle samlingane vere hensiktsmessig som eit alternativ.

Som vi skriv over har vi arrangert eigne samlingar for å rettleie kommunane i bruken av BASIL. I mange kommunar er det ein og same person som har ansvaret for barnehage og skuleområdet og som dirfor skal rapportere og nyttegjere seg av GSI og BASIL – data. I den grad vi klarer å føre same resonnement og praksis med omsyn til rettleiing, samt at vi tar i bruk data i vår samhandling med kommunane, så er det eit gode for kommunane. Særleg har bruken og analysen av resultat overføringsverdi mellom barnehage og skule.

Arbeidet vårt med kvalitetssikring av tala i GSI er blitt forenkla etter vi fekk høve til å ta ut ein rapport med kommune, skole, utslag frå kontrollar og kvittering kunne hentast ut frå systemet i excelformat. Arbeidet er likevel omfattende i eit så stort skulefelt som Hordaland og vi vil dirfor framleis prioritere at to personer delar på



Vår oppsummering er at vi har vald ein god strategi med arbeidet med Skoleporten for å oppfylle resultatkrava. Vi har lagt vekt på å synleggjere samanhengen mellom datagrunnlag, analysearbeid og kvalitetsutvikling i seg sjølv. Vi har og lagt vekt på at dei samlingane Fylkesmannen arrangerer for skuleeigarane byggjer opp om kvarandre og føl kvarandre tematisk. Strategien vert vidareført i 2016.

## 31.4 Informasjon, veiledning og kunnskapsinnhenting

### Måloppnåing/resultatkrav

Vi vurderer måloppnåinga vår som god.

### Kompetanse og ressursar

Informasjon og rettleiingsarbeid er ei løpande oppgåve for alle tilsette i avdelinga og vi jobbar under den forståinga at vi er formidlarar nær sagt i alle våre roller anten det er korleis vi uttrykker oss i klagesaker, korleis vi formidlar oss på e-post og i telefon eller i møter, samlingar og konferansar. Vi har difor hatt dette på vår kompetanseplan i heile 2015. Mellom anna har vi hatt eit samarbeid med eit eksternt kompetansemiljø, som med utgangspunkt i våre saker, har lagt til rette for samlingar over fleire dagar der vi har fått rettleiing og drøfta styrker og svakheiter ved vår skriftlege formidling.

Vi har sett oss høge ambisjonar når det gjeld rettleiing på våre nettsider. Dette gjeld ikkje berre korleis vi formidlar oss reint språkleg, men og når det gjeld vinklingar på ulike tema og korleis vi planlegg publiseringstidspunkt.

Vi kan og legge til at vi er i dialog med naboembeta våre når det gjeld å utveksle nettsaker. Ei god rettleiingstekst til dømes på lovområde il fungere også i embete som ikkje sjølve har skrive teksten.

### Vår strategi for informasjon og rettleiing

Vårt utgangspunkt har vært at vi må ha etablert eit system for møtepunkt og informasjonsarbeid som og er godt kjent for kommunane og der informasjon og rettleiing skjer på arenaar som er best mogleg tilpassa emnet. Vi har difor halde fast på det opplegget vi allereie har utarbeidd for informasjon, rettleiing og kunnskapsinnhenting. Systemet vårt er klassisk og følgjande inngår:

- nettsider
- konferansar
- samlingar for kommuneleiinga (regelverk og nasjonale satsingar)
- dialogsamling med fokus på skuleeigarrolla
- dialogsamling med fokus på rolla som barnehagemynde
- arbeidsutval (her deltar representantar for kvar kommuneregion)
- kommunedialog
- faglege kontaktgrupper (t.d. vaksenopplæring)
- foredrag på førespurnad frå einskildkommunar/regionar
- samlingar på konkret oppdrag frå Udir (t.d. «den praktiske skuleeierhverdagen» pulje 2, v/Udir)

Grovt sett har vi gjennomført omlag 40 møte og samlingar med kommunane i løpet av 2015, tilsvarande nivået for 2014. Dei emna vi har tatt opp dekker både regelverk og satsingar på skule og barnehageområdet.

### Eigenvurdering

Vår oppsummering er at vi har sers gode vilkår kva gjeld møtepunkt med kommunane for å informere og drøfte sentrale satsingar og regelverksområde. Fordi vi har ein plan for samlingar som ligg føre allereie frå januar kan vi og følgje same tema i fleire rundar og med ulike vinklingar.

Når det gjeld nettsidene våre har vi utarbeidd eit årshjul som bidreg til at vi kan understøtte bodskapar i for- og etterkant av møter og samlingar, samt at vi kan synleggjere sentrale regelverksområde på eigna tidspunkt.

I 2014 gjorde vi eit forholdsvis grundig analysearbeid av kor mykje tid vi brukar på å utarbeide foredrag samt å gjennomføre desse. Ein konsekvens av denne analysen er at vi i 2015 har lagt mykje større vekt på å gi rettleiing på nettsidene våre. Ambisjonen var å auke talet på oppslag med 20 %. Dette målet har vi nådd. Vi meiner og vi har betre kvalitet på oppslaga i den forstand at vi er nøktern når det gjeld mengda informasjon i kvart oppslag, at vi syter for at det er hovudreglar og ikkje unntaka som er i fokus, og at vi tenker nøye igjennom målgruppa og avstemmer språk og ordbruk på ein god måte. Vi prøver og å formidle formål og verdiar knytt til ulike regelverksområde.

Mot slutten av 2015 fekk saker som gjeld mobbing og elevar som ikkje kjenner seg inkludert stor merksemd i mediebildet. I dialog med kommunae blei vi einige om at vårt rettleiingsarbeid på området med fordel kan styrkast ytterlegare ut over dei fagsamlingane vi har arrangert i 2015. Vi har difor planlagt å sette opp eit kurs der kommunane kan delta med det talet av deltakarar dei ønskjer. For å dekke etterspurnaden er det sett opp tre kursdagar våren 2016. Etter vår vurdering er det nyttig å ha nær dialog med kommunane når vi planlegg rettleiingsarbeidet vårt. Den ordninga vi legg opp til her er heller ikkje særleg ressurskrevjande ettersom innhaldet er det same på alle kursa, og at deltakartalet ikkje er fleire enn at vi kan bruke eigne lokaler.

Oppsummert meiner vi sjølv at vi har følgd opp informasjon og rettleiingsarbeidet vårt på ein god måte i 2015. Det gjeld både dei emna som har vore etterspurde i fylket og dei oppdraga og satsingane som er initiert av Udir. Oppslutninga frå kommunane på samlingar, i våre faste samarbeidsmøter og treff på nettsidene våre, fører oss til den konklusjonen. Vi meiner og samarbeidet med Udir har vore konstruktivt.

## **31.5 Eksamen og prøvofeltet**

### **Måloppnåing/resultatkrav**

Vi konkluderer med at måloppnåinga er god og at resultatkravet er nådd.

### **Kompetanse/ressursar**

Tre personar på Utdanningsavdelinga har delt ansvaret for eksamensgjennomføringa. Etter vår vurdering har avdelinga høg kompetanse og lang erfaring i høve til dei oppgåvene vi skal løyse på dette området. Totalt bruker vi om lag 1,5 årsverk. Saksbehandlarar på eksamen er også nytta til klagebehandling og tilsyn, og dette gjev føringar for tidsbruk.

Vår hovudstrategi er å følgje opp skuleeigarane. I vidaregåande opplæring har vi møte med fylkeskommunen og alle skulane to gonger i året om gjennomføring av eksamen. Dette gir oss høve til å følgje opp og ansvarleggjere skuleeigar, og har ført til at få skular vender seg direkte til oss for hjelp. Omfanget av etterpåmeldingar er dermed redusert.

I grunnskulen ser vi stor skilnad på i kva grad kommunar og enkeltskular vender seg til Fylkesmannen for informasjon og rettleiing om eksamen. T.d. har Bergen kommune god kompetanse om eksamen på kommunenivå, og følgjer tett opp sine skular på eksamensfeltet og PAS/PGS området, medan det i andre kommunar er meir vanleg at skular vender seg direkte til oss grunna manglande kompetanse på kommunenivået.

### **PAS/Nye eksamensadministrasjonssystemet og PGS**

Vi har delteke i ei gruppe i regi av Utdanningsdirektoratet i arbeidet med utviklinga av nytt eksamensadministrasjonssystem. Det har vore nyttig og interessant å få delta i dette arbeidet.

Det nye eksamensadministrasjonssystemet vart teke i bruk ved hausteksamen i vidaregåande opplæring. Det ser ut til å fungera etter intensjonen, men det står enno ein del arbeidet att før systemet fungerer optimalt til bruk for fylkesmennene, m.a. manglar vi ein del sentrale rapportfunksjonar.

Frå og med hausteksamen 2015 har vi gått over til elektroniske reiserekningar for alle sensorane. Dette har krevd ein del ekstra førebuing og tilrettelegging i samarbeid med økonomiavdelinga ved embetet og med DFØ. I tillegg har det gått med ein del ekstra tid til brukarstøtte til sensorane. Erfaringa frå haustsensuren har vist at dette kan vere tidsbesparande både for sensorane og for Fylkesmannen når vi får inarbeidd gode rutiner.

PAS/PGS gjør arbeidet med eksamen effektivt, men vi saknar framleis ein del rapportfunksjonar i PAS som ville



PAS-hjelpa til direktoratet fungerer bra og er eit godt hjelpemiddel.

Fellessensuren i grunnskulen og vidaregåande opplæring fungerte godt, og vart gjennomført etter sentrale retningslinjer.

### **Nasjonale prøver**

Nasjonale prøver vart gjennomført etter sentrale retningslinjer. Frå 2014 til 2015 har det ikkje vore endring i talet på elevar som er fritekne for nasjonale prøver. Her ligg Hordaland ligg litt under landsgjennomsnittet. Talet på elevar som står oppført utan resultat på prøvene har derimot auka litt det siste året.

Fylkesmannen brukte ein del ressursar på å følgja opp kommunar med skular som stod i fare for å ikkje gjennomføra prøvene, og kommunar med skular som, då det nærma seg fristen, ikkje hadde registrert resultat på nasjonale prøver i lesing. Likevel var det ein del skular som, innan fristen, ikkje gjorde det dei er pålagde.

### **Elektroniske kartleggingsprøver**

Elektroniske kartleggingsprøver vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer.

### **Sentralt gitt eksamen i grunnskulen**

Eksamen vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. I Hordaland har vi ansvar for sentralt gitt eksamen i norsk, engelsk og matematikk. Det er god tilgang på sensorar til skriftleg eksamen i grunnskulen. Det var til saman 7721 påmelde kandidatar til sentralt gitt eksamen i vårt fylke, og vi hadde ansvar for 112 sensorar. I samband med grunnskuleeksamen i norsk og engelsk leverte 99,8% av elevane i Hordaland elektroniske elevsvar. Ein del av vaksenopplæringssentra har ikkje lagt opp til elektronisk levering av elevsvar.

Vi arrangerte sensorskulering i norsk, engelsk og matematikk for alle sensorane i juni. Det var 100 % frammøte og gode tilbakemeldingar frå deltakarane på desse kursopplegga. I tillegg arrangerte vi ei samling for alle faglærarane som hadde meldt interesse for å vera sensorar i engelsk og matematikk i grunnskulen våren 2015. Denne samlinga fann stad i februar, med til saman 140 deltakarar, og vi fekk god tilbakemelding på opplegget. Vårt mål er at slike samlingar skal auka kunnskapen om vurdering i faget, og føra til at nye faglærarar melder interesse for å ta på seg sensoroppdrag. Det er varierende sensortilgang til dei tre grunnskulefaga vi har ansvaret for, både i norsk og engelsk kunne vi tenkt oss at det var fleire som melde seg til sensoroppdrag, i matematikk er det mange lærarar som ønskjer sensoroppdrag.

### **Lokalt gitt eksamen i grunnskulen**

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføringa av lokalt gitt eksamen i fylket. Alle kommunane, i regi av kursregionar, i fylket har instruksar for lokalt gitt eksamen. Vi deltok med innlegg på ein regional samling der tema var munnleg eksamen.

Vi fekk inn ei klage på gjennomføringa av munnleg eksamen i 2015. Denne klaga fekk avslag. Dei siste åra ha tal på klager etter munnleg eksamen i grunnskulen lege mellom 5 og 10 klager pr. år.

### **Sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring**

Hordaland har både eit regionalt og nasjonalt ansvar for å oppnemne sensorar og gjennomføre sensur etter sentralgitt eksamen haust og vår. I dei faga vi har ansvar for var det til vår-eksamen om lag 25 000 påmelde kandidatar frå 300 skular, og vi oppnemnte 279 sensorar. Omfanget til hausteksamen er mykje mindre. Fylkesmannen vurderer at kvaliteten på eksamensarbeidet i vidaregåande opplæring i fylket er jamt over god.

Tilgangen på sensorar er bra i dei fleste faga. Framleis er norsk eit unntak. Vi klarer så vidt å dekkje behovet til vår-eksamen, men systemet er svært sårbart, og vi er uroa for om vi klarer å gjennomføre sensur i norsk hovud- og sidemål på ein forsvarleg måte i framtida. Omfanget av sensorskulering var svært stort. Dette er positivt, og vi får gode tilbakemeldingar frå mange sensorar.

Fylkesmannen i Hordaland har saman med Fylkesmannen i Rogaland ansvar for behandling av klager etter sentralgitt eksamen i vidaregåande opplæring. I 2015 var det Fylkesmannen i Rogaland som hadde hovudansvaret for klagebehandlinga. Fylkesmannen i Hordaland stilte med ein person for å hjelpe til under hurtigklagebehandlinga i Stavanger i Juli.

Klagebehandlinga fungerte godt og vart gjennomført etter sentrale retningslinjer. Totalt vart det behandla 2580



klager, som er om lag det same som i 2012. Frå 2015 går hovudansvaret over til Fylkesmannen i Rogaland.

### Lokalgitt eksamen i vidaregåande opplæring

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføring av lokalgitt eksamen i fylket.

### Bruk av resultat i tilsynsarbeidet

Fylkesmannen bruker aktivt resultatene frå eksamen og nasjonale prøver i analysearbeid og risikovurderinga i samband med tilsyn.

Karakterstatistikk etter sentralgitt eksamen i vidaregåande opplæring vert tatt ut frå PAS og bearbeidd og presentert på samlingar for fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane.

Karakterstatistikk etter sentralgitt eksamen i grunnskulen vert tatt ut frå PAS og bearbeidd. Resultatet vert drøfta med oppmannskorpsa i engelsk, norsk og matematikk. Resultata av klagebehandlinga i grunnskulen vert og bearbeidd ut frå informasjon henta frå PAS, og presentert for aktuelle sensorar og medlemmene i dei tre oppmannskorpsa.

På grunnlag av risikovurdering av gjennomføring av dei nasjonale prøvene i 2014, hadde Fylkesmannen tilsyn i to kommunar i 2015. Begge kommunane fekk pålegg om retting av lovbrøt. Desse tilsyna er no avslutta.

### Eigenvurdering

Etter vår vurdering har vi gode rutinar for å følgje opp resultatområde 31.5 og vi har kompetanse og kapasitet i avdelinga til å følgje opp rutinane vi har laga. Vi ser at vi i stadig større grad har synleggjort i vårt arbeid med eksamen korleis det er kopla til vurderingsarbeidet og til lokalt arbeid med læreplanar. Slik vi vurderer det er det likevel det er gode grunnar til å sjå nærmare i åra framover, og ikkje minst å diskutere med kommunane/fylkeskommunen, korleis eksamensarbeid og undervisnings og vurderingsarbeid elles kan koplast. Etter våre vurderingar, og erfaring frå det informasjon og rettleingsarbeidet vi har gjort i 2015 ser vi at det er eit ytterlege potensiale i å drøfte, i eit skuleeigarperspektiv, korleis ulike resultat kan sjåast i samanheng for dei prioriteringane og satsingane kommunane legg opp til.

### Fylkesmannen i Hordaland

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra landsgjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver	Fritak fra nasjonale prøver i Hordaland avviker ikke fra landsgjennomsnittet. I engelsk ligger Hordaland på landsgjennomsnittet, i lesing og rekning ligger Hordaland under snittet for landet.	Det er ingen større avvik mellom kommunene i 2015 når det gjelder fritak fra prøvene. I kommuner med lågt elevtal på trinna, kan likevel eitt fritak fra prøvene utgjera stort prosentvis fritak på kommunenivå.		I 2015 gjennomførte Fylkesmannen tilsyn med to kommuner som låg over landsgjennomsnittet for fritak ved gjennomføringa av nasjonale prøver i 2014.

## 31.6 Barn og unge – tidlig innsats, spesialpedagogisk hjelp, tilpasset opplæring og økt gjennomføring

### Måloppnåing/resultatkrav

Embeteet meiner at resultatkravet er innfridd med god måloppnåing.

### Kompetanse/ressursar

Embeteet har høg kompetanse og nødvendig kapasitet til å gjennomføre oppdraget på ein god måte.

## Eigen vurdering

I 2015 har embetet prioritert arbeidet for barn og unge høgt og då med særskilt merksemd retta nettopp mot samordning på tvers av sektorane. Dette har vi gjort internt ved å vidareføre ei barn og unge gruppe der både utdanning, helse og sosial, vergemål og ikkje minst kommunal- og samfunnsplan er fastemedlemmer i dei månadlege møtene, representert ved avdelingsdirektørane. Vi har erfart at det gir eit viktig signal til kommunane om behovet for samordning at embetet sjølv opptrer, informerer og møter kommunane på tvers av dei tradisjonelle avdelingsgrensene/sektorgrensene.

Eit viktig tiltak er vår satsing mot barnefattigdom. Embetet har følgd satsingskommunane tett gjennom heile 2015. I praksis betyr det at vi har vore i møte med leiinga i dei aktuelle kommunane, at vi har gjennomført faglege innlegg på samlingar og planleggingsdagar i kommunane, at vi har invitert til fagdagar der kommunane i fellesskap får faglege foredrag frå toneangivande fagmiljø, samt at legg til rette for nettverk og erfaringsutveksling mellom kommunane. I samband med denne satsinga har vi vidareført ein tett dialog med kompetansmiljø i fylket.

Når det gjelde arbeid for auka gjennomføring i vidaregåande opplæring har Fylkesmannen tatt initiativ til eit samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane der a) fylkeskommunen utarbeider oversikter over gjennomføring i vgo knytt til avgjevarkommune og b) fylkesmannen legg til rette for samlingar der tala kan drøftast og analyserast nærmare c) fylkeskommunen har kontaktpersonar kommunane kan nytte i sitt lokale analysearbeid. Den første samlinga arrangerte vi rundt årsskifte og tilbakemeldingane både frå kommunane og fylkeskommunen var at dette er eit viktig utgangspunkt for samarbeid lokalt mellom avgjevar og mottakaraskular.

Når det gjeld situasjonen i fylket på områda spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning så meiner vi at vi har god kunnskap om kommunane våre. Dette gjeld både barnehage og skule. I løpet av 2015 har spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp vore iet gjennomgangstema i dei møta embetet har med kompetanseregionane, til saman 5 møte i året. Vidare vil vi samarbeide med kommunane om eit fagleg opplegg/kursing som kommunane kan sende nye medarbeidarar til, eventuelt skoleleiarar.

Vi ser at det også i 2015 varierer mellom kommunane kva omfanget på spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning ligg på. Vi registrerer at det er eit gjennomgåande ønske i kommunane at omfanget av spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning skal vere lågt og stabilt. Dette tolkar kommunane som eit teikn på at den alminnelige opplæringa/barnehagetilbodet er godt tilpassa og så variert at dei fleste får eit forsvarleg og godt tilbod. I dei kommunane som ligg høgt er forklaringa den same som i 2014, nemleg at det har utvikla seg ein kultur for at vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning i seg sjølv må til for å sikre barna eit godt tilbod.

I samarbeid med Statped vest er det i 2015 etablert eit nettverk for PPT-leiarane i fylket. Det er valt eit arbeidsutval for nettverket, som har kontakt med Statped vest og Fylkesmannen. Fylkesmannen har ikkje ansvar for drift av nettverket, det skal arbeidsutvalet for nettverket ha.

Også i 2015 var embetet invitert ut både til kommunar og til pp-tenester for å halde foredrag om lov og regelverk, samt kople dette til andre prioriteringar i barnehage og utdanningssektoren. Fylkesmannen er alltid med på samskupnaden for PPT i Hordaland sin årlege konferanse, og har innlegg omed oppdateringar og tolkingar av regelverk. Vi har prioritert å følgje opp alle dei førespurnadane vi har fått. Tilbakemeldingane frå kommunane er gode.

Embetet har vidareført ordninga der universitetet i Bergen sin psykologistudentar får ein praksisdag hos oss. Dette skjer minimum to gongar kvart år. Vårt formål er både i sette psykologstudentane inn i grunnleggjande forståing av forvaltninga, sjå ein framtidig arbeidsplass i pp-tenesta inn i den kommunale styringsstrukturen og ikkje minst å synleggjere for studentane kva problemstillingar som er særleg aktuelle for barn og unge, og som difor er aktuelle tema for pp-tenestene sitt arbeid. Dette er i ordning både vi og UiB er sers fornøgd med og vi vidarefører den. Vi meiner og det er eit lite, men viktig bidrag i arbeidet for å rekruttere psykologisk kompetanse til pp-tenestene i fylket vårt. Vi prioriterer også å vere med i debattar og samlingar som UiB arrangerer for studentar når tema er knytt til tilpassa opplæring, spesialpedagogikk og inkludering.

## 31.7 Tilskuddsforvaltning

### Måloppnåing/resultatkrav

Resultatkravet er nådd, vi vurderer måloppnåinga som god.



unge i asylmottak, kap 225 post 66 Leirskoleopplæring og kap 227 post 71 Tilskot til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole. Fylkesmannen har også kontrolloppgåver til kap 253 post 70 Tilskot til folkehøgskolar.

Fylkesmannen har gjort ein formalia-og rimelegkontroll av søknadene frå kommunane om tilskot til grunnskoleopplæring. Vi har kontrollert listene frå UDI med søknadane frå kommunane. I nokre tilfelle har kommunar søkt om tilskot for elevar som ikkje sto på UDI si liste. I dei tilfella har vi tatt kontakt direkte med UDI.

Det er ikkje gjennomført stikkprøvekontroll, men kontrollen som utført i samband med behandling av søknadene har i nokre tilfelle ført til at korreksjon i tildeling av tilskot. Nokre hadde feil i talet på månader av opplæring i søknaden. Ein kommune fikk avslag for ein elev som viste seg å vere for gammal til å gå på vidaregåande skole.

Tilskot knytt til leirskoleopplæring er forvalta etter føresetnadane frå sentralt hald. Oppgåvene er utført i samsvar med oppdragsbrev. Kommunane sine søknader med elevlister er gjennomgått og kontrollert mot faktura/dokumentasjon frå kommunar på gjennomført leirskoleopplæring. Nokre søknader er retta når det gjeld tale på grupper. Ingen kommunar har fått avslag. Vi har ein del arbeid med å purra på søknadane frå kommunane. Det er nokre få kommunar som sier at dei ikke har økonomi til leirskole, og at tilskotet til leirskole ikkje dekkjer kommunen sine utgifter til leirskole.

Fylkesmannen har ikkje funne grunnlag for stikkprøvekontroll. Vi fører god kontroll gjennom den vanlege sakshandsaminga. FMHO har ingen indikasjonar på at tilskotet ikkje vært nytta i tråd med regelverket.

Hordaland har ei landsline ved ein vidaregåande skole. Fylkesmannen har gjennomført formalia og rimelighetskontroll av tala i "Oppsummering av elevlistene" frå skolen og sendt dei til Utdanningsdirektoratet. Tilskotet vert utbetalt etter Utdanningsdirektoratets fullmaktsbrev kvar 10. i månaden. Det er ikkje funne grunnlag for å gjennomføre stikkprøvekontroll, det er også eit resursspørsmål. Fylkesmannen har ingen indikasjon på at tilskota ikkje vert nytta i tråd med regelverket.

Fylkesmannen har motteke årsregnskapen for 2014 med revisjonsmelding innan fristen frå alle dei åtte folkehøgskolane i fylke. Alle skolane har fått rekneskapen godkjent av revisor. Vi rapporterte vidare til Utdanningsdirektoratet innan fristen 1. september. Ein folkehøgskole hadde underskudd i 2014 som ble dekt av oppsparte midler, ein fikk overskot på grunna av salg av bustader. Ein folkehøgskole seier driften er usikker på grunn av nedgang i elevtalet og redusert statstilskot samt at tilskot ikkje held tritt med kostadsutviklinge ellers. Og nokre melder om auke i elevar.

Fylkesmannen hadde medio februar kontroll av innrapporterte tall for minoritetspråklige barn i Basil og tala blei oversendt Utdanningsdirektoratet.

### **Eigenvurdering**

Vi konkluderer med at rutine vi har når det gjeld tilskotforvaltning er gode, og at arbeidet blir ivaretatt på ein tilfredsstillande måte.

### **Kontroll av årsmelding per 15.12. og årsregnskap for ikke kommunale barnehagene innen fristen 17.02.2015.**

Fylkesmannen har kontrollert og godkjend årsmeldingane per 15.12.14 frå alle barnehagene innan fristen 17.02.2015. Fylkesmannen har også purra på dei kommunene som ikkje hadde levert inna fristen. Det er flest små kommune som har problemer med å levera årsmeldingsskjema inna fristen, dei har også flest feil på skjemaene. Feila som går igjen er 4 E gruppestørrelse og 8 A opplysninga om stillingar og personale, då helst pedagogisk leiar.

Det er også en del skjema som kommunane ber om å få tilbake. Fylkesmannen har gitt fagleg rettleiing til både barnehagenivå og kommunenivå.

Fylkesmannen har kontrollert at kommunane har godkjent årsregnskap i BASIL. Vi har svart på nokre få spørsmål om dette.

UBAS – vi har gitt passord i UBAS til kommunar som hadde brukt for det.



## 32.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

### Måloppnåing/resultatkrav

Vi vurderer måloppnåinga som god.

### Kompetanse/ressursar

Fylkesmannen har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å gjennomføre oppdraget.

### Eigenvurdering

#### Barnehageområdet

Avdelinga har god kompetanse på området.

For å informere og motivere kommunane har vi informert om statlege satsingar i dialogmøte med kommunane, i GLØD nettverket, i AU (arbeidsutval barnehage- og skulefagleg ansvarlege), på eigne samlingar for barnehageansvarlege i kommunane og i etatsjefsamling. På nettsidene våre følgjer vi opp med ny informasjon etterkvart som det er aktuelt.

Fylkesmannen har samarbeidd med høgskulane i fylket og med Hordaland fylkeskommune om å utvikle vidareutdanningstilbod. Etterutdanning skjer oftast internt som kommunane sine eigne tiltak eller samarbeid mellom kommunar/regionar. Fylkesmannen koordinerer og deltek i GLØD -nettverket. GLØD nettverket har vidareført sitt arbeid etter prosjektperioden og er etablert som eit fagleg nettverk for aktørane i barnehagesektoren. I nettverket deltek barnehagemynde, UH sektor, studentforening, fagforeningar og private barnehagar.

Alle tilskotsmidlane er bydd til både kommunale og private barnehagar. Det er generelt meldt om stor interesse for å auke kompetansen i sektoren, men i varierende grad ser eigarane seg i stand til å følgje opp kompetansestrategiens målsetjing dersom det har økonomiske konsekvensar. Det blir rapportert om at tilskot som ikkje omfattar utgifter til vikar og reiser gjer det vanskeleg å prioritere relevante tiltak knytt til målsetjingar om likeverdig og god kvalitet i barnehagesektoren. Dette gjeld både for kommunale og private barnehagar.

Fylkesmannen vurderer at det er trong for aukande merksemd på eigaransvaret for kvalitetsutviklinga i barnehagesektoren. Enkelte tilsette har betalt for si eigen deltaking i kompetansetiltak, og melder om at motivasjonen svekkast på grunn av dette.

Kommunar som har barnehagefagleg kompetanse og nokre av dei store barnehageeigarane peikar seg ut med engasjement for å støtte og prioritere etter- og vidareutdanning som er relatert til kompetansestrategien. Nokre kommunar viser liten interesse for sentralt initierte tiltak og prioriterer eigne tiltak basert på samarbeid med tilbydarar frå eksterne fagmiljø og tema-/fagområde utanfor kompetansestrategien.

Vi vurderer at det er behov for ein søknadsmal for søknader om kompetansemidlar som skal tidelast alle kommunane. På enklare vis kan søknaden synleggjere om til kompetanseplanen støttar sentrale føringar om å følgje opp Strategi for kompetanse og rekruttering 2014-20. Ei meir systematisk oversikt over behovet, utviklinga og bruk av det statlege tilskotet i fylket vil betre våre kvalitative vurderingar av kommunane sitt arbeid og måloppnåing på dette området. Avdelinga vurderer dette som rettleiande for kommunane og målretta utan å vere styrande. Spørsmålet er relatert til Fylkesmannen si rolle og ansvar i kompetansestrategien og vil måtte drøftast nærare i den samanhengen.

Nye kompetansetiltak som vert tilbydd på ulike tider gjennom året, er uheldig for sektoren si planlegging, gjennomføring og til sist rapportering til Fylkesmannen. Det er mange fristar til ulike tider å forhalde seg til, noko som også kan føre til svakheter ved embetet si rapportering. Dette gjeld særleg når rapporteringsfristar ikkje vert haldne og/eller når det manglar element som er kravd i rapporteringa. I årets rapporteringsskjema frå avdelinga er dette synleg ved noko manglande tal på deltakarar frå kommunal og privat barnehage.

Ein bør kunne vurdere å bruke elektronisk rapportering for å redusere usikkerhet hos mottakarane/kommunane både når og på kva som skal rapporterast på, kvalitativt og kvantitativt. Rapporteringkravet om å synleggjere talet på kommunal og privat deltaking på tiltak i regi av kommunen viser seg å ikkje vere heilt enkelt å oppfylle.

Alle midlane til kompetansetiltak er bydd til både kommunale og private barnehagar. Likestillingsarbeidet har ikkje vore prioritert spesielt ettersom det ikkje er prosjekt midlar til dette.

- GLØD-nettverket arrangerte barnehagekonferanse med tittelen *Pedagogisk leing i eit samfunnsperspektiv - barnehagelærarar sin profesjonalitet*. Av praktiske grunnar vart konferansen halden i januar 2016 med prosjektmidlar frå 2015.
- Deler av kompetansemidlane som er sett av til grunnkompetanse og etterutdanningstiltak er tildelt til regionalt samarbeid mellom kommunar og skal gå til tiltak tilknytt to av dei sentrale tema i kompetansestrategien
- pedagogisk leing
- barn med særskilde behov
- Kompetanseheving for assistentar- og barne og ungdomsarbeidarar i Hordaland — 15 studiepoeng

Avdelinga har i samarbeid med Høgskolen Stord/Haugesund og NLA Høgskolen for fjerde gong gitt tilbod til 30 barnehageassistentar og barne- og ungdomsarbeidarar. Dei siste fire åra har 130 assistentar i Hordaland gjennomført studiet. Studentane kombinerer studiet med jobb i barnehage. Erfaringar frå tidlegare studie har vist at denne organiseringa gjev god læringseffekt og aukar motivasjonen hos allereie godt motiverte tilsette. Studiet gjev samstundes innblikk i høgskulesystemet, og kan inspirere til høgare utdanning.

- Barne- og ungdomsarbeidarfaget – Praksiskandidatordninga

Avdelinga har etablert eit teoretisk opplæringstilbod til 40 tilsette i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Voss og Lønborg vidaregåande skular.

Avdelinga har utbetalt stipend til barnehagelærerutdanning, tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk (12 studentar) og Arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (90 studentar).

Fleire av søkjarane til ABLU stipend oppfatta at tilskotet også omfatta studentar ved deltidstudiet ved HIB. Skilnaden mellom ABLU og deltidstudiet ved HIB var ikkje tydeleg for søkjarane. Skuffelsen var stor hos studentar som ikkje fekk stipend til tross for at begge studia er deltid og fører til barnehagelærerutdanning. Dette er grunnen til redusert utbetaling i høve til fullmaktsbrevet til Fylkesmannen.

### **Andre kommentarar på barnehageområdet:**

Fylkesmannen tildeler til vanleg midlar til kommunane som overfører internt til mottakarar i eigen kommune. Fylkesmannen tildeler dermed ikkje utan vidare midlar til private barnehageeigarar. I haust innhenta Udir kontonummer til private barnehagar for at vi skulle utbetale stipend (TIB og ABLU) og svømmetilskot. Dette førte til at arbeidet stor arbeidsmengde og noko forsinkelse hos dei involverte og det må avklarast om dette er ein praksis som skal vidareførast.

### **Kompetanse for kvalitet. Strategi for etter- og vidareutdanning 2012 – 2015**

I Hordaland er Gnist vidareført som eit nettverk for kompetanse og kvalitet. Vi oppsummerer også i år med at embetet har gode samarbeidsstrukturar for å følgje opp strategien «Kompetanse for kvalitet» UH-sektoren og organisasjonane samlast på begge områda med ei sers konstruktiv innstilling, og er etter vår oppfatning lydhør for dei betingelsane kommunane og barnehageeigarane jobber under. Nettverket har fleire møter i semesteret og leing av møta går på omgang. Høsten var brukt til å planlegge for ei samling som tar for seg spørsmål om profesjonsutvikling, framtidens lærarkompetanse og kva ansvar som ligg til kommunenivået.

Ut over det arbeidet som skjer i nettverket, er embetet sin bruk av nettsider og informasjon i faste møtepunkt med kommunane viktig for å sette rekruttering og kompetanse på dagsorden. Vi legg stor vekt på å ta opp kompetansespørsmål og rekrutteringsarbeid både for barnehage og skule ettersom strategiane kommunane legg opp til ofte er dei same og kan trekke vekslar på kvarandre.

Informasjon om vidareutdanning og MatteMOOC er tatt opp både i møte med kommunane, i brev og på våre nettsider. Interesse for MatteMOOC har vore moderat.

Skuleåret 2015/2016 er det 4895 lærarar i Hordaland som tek vidareutdanning. 1359 av desse tek studiet innanfor stipendordninga. Det hovudsaklege av fråfallet var før studiestart, om lag 7,5 %. Dei som var tegna opp



for stipendordninga melde seg av i større grad enn dei som var tegna opp for vikarordninga. Etter studiestart var fråfallet lite.

## Læringsmiljøprosjektet – målretta mot mobbing

Embetet har hatt med ein kommune i direktoratet sitt tiltak med statleg rettleiing i 2015. Tilbakemeldingane frå den aktuelle kommunen er gode. Særleg er dei nøgde med at dei sjølve fekk styre talet på skular som blei del av prosjektet. Interesse frå øvrige kommunar har vore stor og vi meiner det skal gå greitt å rekruttere til ny pulje i 2016.

I 2014 samla vi dei kommunane som hadde høge mobbetal. Sjølv om dette var eit vellukka tiltak etter tilbakemeldingane å dømme, ønskte vi i 2015 å nå ut til enda fleire. Hausten 2015 hadde vi derfor ei samling for rektorar, PPT-tilsette og skulefagleg ansvarlege som vi ga overskrifta: "Når alle elevane trivst og er trygge- kva har du då gjort?" Erlend Moen frå Trondheim kommune var førelesar, og dei 400 deltakarane hadde svært godt utbytte av dagen.

Det aukande talet på klagesaker og foreldre som har vendt seg til vårt kontor, analyse av tala frå Elevundersøkinga og annan informasjon vi har, har medverka til at vi hausten 2015 har utarbeidd et oppfølgingssystem i høve til alle telefonar, e-postar og sjølvsagt klagesaker som vi meiner vil medverke til at det blir gripe fatt i situasjonen til elevane det gjeld umiddelbart. Vi har og sett terskelen for å rykke ut på hendingsbaserte tilsyn knytt til kap 9a svært lågt.

Temaet har og vore fast på agendaen i våre samlingar med etassjefaner der vi har fokus på skuleeigar sin rolle og ansvaret deira for hele dette feltet. Rundskrivet Udir-4-2014 er mykje nytta, og vi har tru på at dei skulefagleg ansvarlege og rektorar også vil ta i bruk RefLex for å kunne vurdere kvaliteten på arbeidet som blir gjort på skulane og i den enkelte kommune.

Arbeidet med elevane sitt læringsmiljø har dei siste åra hatt stor merksemd i vårt embete, og dette vil halde fram også i 2016

## Lokalt arbeid med læreplanar

Temaet er på dagsorden årleg i samband med samlinga vi har for dei skulefagleg ansvarlege der skuleeigarrolla er innfallsvinkelen. Vi drøfter og deler erfaringar knytt til deira ansvar og rolle, til dømes system for å *følge med* på arbeidet og korleis dei *følgjer opp*. Vi drøfter ikkje minst kva dei som skulefagleg ansvarlege må ha på dette omrødet og korleis dei veit at dei tar dei rette grepa – også sett i lys av § 13-10-perspektivet.

Kommunane er godt orienterte om korleis dei kan bruke RefLex på ulike måtar for å auke kunnskapsgrunlaget sitt om korleis skulane arbeider med dette. Dette er eit sentralt tema i arbeidet med å utvikle skulane sitt profesjonsfelleskap, og vil ikkje bli mindre i framtidens skule.

## Strategi for etter og vidareutdanning av ansatte i PP-tenesta

### Vidareutdanning

Det 14 tilsette i PPT i kommunane og fylkeskommunen som har fått tildelt studieplass i 2015-2016 i vidareutdanning i PPT-arbeid. Desse kjem frå 7 kommunar og Hordaland fylkeskommune. 11 av dei 14 nyttar tilbod i regionen (organisasjonsutvikling og endringsarbeid ved NLA Høgskulen).

Fylkesmannen i Hordaland fekk tildelt 503 000 kr i 2015 til gjennomføring av etterutdanning på prioriterte område (SEVU-PPT). I samarbeid med kommunane og fylkeskommunen blei midlane fordelt regionsvis for å styrke samarbeidet lokalt og for å nytta midlane på best mogeleg måte.

Fylkesmannen har hatt styrking og oppbygging av kompetansen til tilsette i PPT som tema på dei jamlege møta med AU for skole- og barnehageansvarlege i kommunane, i tillegg til andre arenar som fylkesmannen tek del på.

Ut over dei satsingane som er omtalt meir grundig her har embetet fulgt opp både VFL, oppgåvene våre knytt til rettleiarkorpset og sensorskolering på ein god måte. Vi legg vekt på å orientere kommunane om dei ulike satsingane, motivere for deltaking og ikkje minst legg vi opp til at kommunane seg imellom får drøfte korleis dei kan nyttegjere seg kvarandre sine erfaringar før, under og etter deltaking. Frå kommunane får vi tilbakemeldingar om at dei samla statlege satsingane kan framstå noko uoversiktleg og at det og kan vere litt uklår kva problemstillingar dei er meint å løyse. Dette, saman med kommunane sine eigne vedtatte satsingar, oppfattast difor frå tid til anna som problematisk. På den eine side er det ressurskrevjande å følge opp satsingar, samstundes er fleire kommunar litt redde for å gå glipp av noko. Vi har stadig oppe til vurdering korleis vi som embete kan



bidra til at kommunane har god oversikt, og at dei prioriterer satsing og deltaking på dei mest aktuelle områda ut frå kommunen sin eigen situasjon. Her er vi og opptatt av korleis vi kan synleggjere kommunane sin nytte av tal og data som kjem fram mellom anna i BASIL og GSI, og andre brukarundersøkingar og kjelder.

## 32.6 Urfolk og nasjonale minoriteter

Fylkesmannen har informert kommunane om dei rettar til opplæring som gjeld særskilt for samiskspråklege barn.

## 32.7 Opplæring innanfor kriminalomsorgen

### Tilskottsordninga

Fylkeskommunane sine budsjettinnspel er kontrollert og vurdert i samanheng med tidlegare tildelte tilskott, rekneskapstal frå 2014, årsrapportering for 2014 og anna kjennskap til fylkeskommunane gjennom dialog og møte. Ingen fylkeskommunar har fått avslag på budsjettinnspela. 17 fylkeskommunar fekk reduserte tilskott sett i høve til budsjettinnspela for året.

Samla budsjetterte fylkeskommunane i 2015 med 290 053 908,- kroner. Fylkeskommunane fekk eit generelt påslag i 2015 på 2,7 % av tilskotet for 2014. Nokre av fylkeskommunane fekk eit påslag utover 2,7 % etter gjennomgang av budsjettinnspela, drøftingar med fylkeskommunar og drøftingar med kriminalomsorga. Dette var mellom anna grunna nye soningsplassar og etablering av ungdomseining. Framlegg til endeleg fordeling frå Fylkesmannen i Hordaland er drøfta i koordineringsgruppa for opplæring innanfor kriminalomsorga (representantar for Fylkesmannen i Hordaland og Kriminalomsorgsdirektoratet). Kriminalomsorgsdirektoratet har òg sendt forslaget til budsjett til kriminalomsorgsregionane for å få innspel til budsjettfordelinga.

Våren 2015 lanserte Kriminalomsorgsdirektoratet «Ny strategisk plan for arbeidsdriften». Det er ein strategi som mellom anna baserer seg på tettare samarbeid mellom arbeidsdrifta i fengsla og skuleverket. Samarbeid mellom skule og arbeidsdrift er òg av Kunnskapsdepartementet formulert som ei målsetting for dei kommande åra. Hausten 2015 gav difor Fylkesmannen i Hordaland «stimuleringsmiddel» til fylkeskommunane for å gje meir rom for at dei kan ta initiativ i tråd med denne planen. Fylkeskommunane fekk tildelt middel fordelt etter tal soningsplassar. Tildelte middel skal gå til tiltak som fremjer godt samarbeid mellom skule og arbeidsdrift slik at ein best mogleg kan stø og styrkje dei innsatte si læring. Fylkeskommunane fekk tildelt middel fordelt etter tal soningsplassar.

Fylkesmannen i Hordaland tok initiativ til at det skal setjast i gang ei omfattande evaluering av tilskottsordninga, blant anna med tanke på å sjå nærare på om den fungerer optimalt for å oppnå hovudmålet for ordninga (= første resultatkrav). Vi har i 2015 bistått Utdanningsdirektoratet i deira arbeid med å planlegge og utlyse eit slikt oppdrag.

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje gripe inn ovanfor nokon av fylkeskommunane i 2015 for ressursbruken.

### Eigevurdering:

Fylkesmannen i Hordaland vurderer at tilskottsordninga i hovudsak fungerer i tråd med styringsdokument og resultatkrav. Som skildra i mellom anna årsrapport for 2014, er det til dels store skilnadar i tilskottet (delt på tal soningsplassar) mellom fylkeskommunane. Vi trur at evalueringa i 2016 er eit særst godt tiltak for å vurdere om eventuelle endringar i tilskottsordninga kan gje eit endå betre resultat i å nå innsette med rett og plikt til opplæring.

### IKT i opplæringa og bruk av skuleadministrativt system

#### Desktop for skulen (DFS):

I læreplanverket er digital kompetanse - og dermed bruk av IKT-verkty - ein integrert del i alle fag. Det er særst vanskeleg å oppfylle innsette sin rett til opplæring i samsvar med gjeldande læreplanverk utan tilfredsstillande løysingar på IKT-området.

Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) har, i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, utvikla ei eige IKT-løysing for skolane som driv opplæring innanfor kriminalomsorga. IKT-løysinga heiter *Desktop for skolen* (DFS), DFS skal dekkje skolen sitt behov for IKT-verkty i opplæringa, samstundes som den skal dekkje kriminalomsorga sitt behov for kontroll og sikkerheit. I 2015 vedtok KDI å rulle denne ut i alle norske fengsel (ein prosess som vil avsluttast i 2016).

Det er Kriminalomsorgsdirektoratet som eig og drifter denne IKT-løysinga, medan skolane må stå for det pedagogiske innhaldet. Men *Desktop for skolen* er ei sentralisert løysing, med begrensa kapasitet til pedagogisk innhald. Derfor er DFS-løysinga ikkje i samsvar med korleis ansvar er fordelt i skuleverket: Vi har sett at dei 19 fylkeskommunane som driv opplæring i kriminalomsorga, no må einast om pedagogisk programvareinnhald i DFS. Dette betyr sjølvstøtt og at skulane som arbeider i kriminalomsorga no må strømlinjeforme sitt utval av pedagogisk materiale etter kva som er tilgjengeleg nasjonalt. Dei vil då samtidig ofte måtte fjerne seg frå praksis i sin fylkeskommune/ moderskole.

Fylkesmannen i Hordaland har derfor i 2015 satt i gang eit arbeid for å gjere det mogleg for dei 19 fylkeskommunane å samarbeide om pedagogisk programvare. Ei arbeidsgruppe frå eit utval fylkeskommunar og skular arbeidde med eit forslag til ein samarbeidsavtale mellom fylkeskommunane, der ein skisserar ein organiseringsform som gjer det mogleg å administrere pedagogisk innhald i DFS nasjonalt. Dette arbeidet vil helde fram i 2016, og ein har som mål at ny organisering skal vere på plass i løpet av 2016, med atterhald om at fylkeskommunane ikkje vert samde om ei løysing.

### Elev- og deltakarregistrering

Når det gjeld fylkeskommunane sine system for elev- og deltakarregistrering, kan fylkeskommunane av fleire årsakar ikkje dra nytte av sine ordinære system Dei to viktigaste grunnane er at dei eksisterande fylkeskommunale systema er for «opne» slik at for mange personar får tilgang til personsensitive data (straffedømde). Den andre er at innanfor denne sektoren er elev- og deltakargrunnlaget heile tida i endring (det er om lag 3650 fengselsplassar, men omlag 14000 som sonar i løpet av eit år), noe som vanskeleg kan passast inn i ordinære fylkeskommunale system. I dag er det difor ikkje mogeleg å rapportere på elev- og deltakar tal for å kunne sjå samanhangen mellom tildelte midlar og måloppnåing. Difor har det også vore naudsynt å bygge opp eit eiga system for rapportering innan opplæring i kriminalomsorga.

Fylkesmannen i Hordaland har gjennom året vært i dialog med Vigo i samband med fylkeskommunane og Oslo kommune sitt arbeid med det nye skuleadministrative systemet «Visma flyt skole». Målet for dialogen er at dette nye systemet òg må leggje til rette for å inkludere opplæring innanfor kriminalomsorga.

### **Eigevurdering:**

*Desktop for skulen* og skuleadministrative system har både gjeve opplæring i kriminalomsorga mange utfordringar. Vi opplever imidlertid at vi i 2015 har funne nye arbeidsmåtar og moglege løysingar for *Desktop for skulen*. Vi trur òg at det nye samarbeidet mellom fylkeskommunane om DFS, vil gjere samarbeidet mellom fylkeskommunar betre på andre felt (t.d. skuleadministrativt system). Fylkesmannen i Hordaland trur òg det er eit føremon at fylkeskommunane med dette vert meir medvitne om opplæring i kriminalomsorga.

### **Arbeid for å skape medvit i kriminalomsorga og andre relevante etatar om innsette sine rettar til opplæring.**

For å oppnå opplæring for alle innsette som treng det, er det heilt sentralt at dei ulike etatane som arbeider med den innsette, stør oppunder dette målet. Men det er framleis ei utfordring for skuleverket å komme i kommunikasjon med ein del av dei innsette med størst behov for opplæring og utdanning. Dette skuldast ofte at desse har dårlege erfaringar med skulen frå tidlegare eller at dei har store sosiale eller helsemessige utfordringar.

Fylkesmannen i Hordaland har derfor i ei årrekke arbeidd for å skape medvit blant våre samarbeidspartnarar om dei innsette sin rett til opplæring og for behovet for opplæring. Dette gjeld særskilt innan kriminalomsorga, der vår samarbeidspartnar er Kriminalomsorgsdirektoratet. Vi har faste møter med desse, samt utstrakt kontakt gjennom året. Som nemt over har vi i 2015 òg gjeve ekstratilskott til våre skular for samarbeid med kriminalomsorga si arbeidsdrift i fengsla, for å styrkje og stø oppunder dei innsatte si læring.

Det er òg viktig at dei andre, importerte tenestene i fengsel samarbeider godt med skulen og er medvitne om opplæringsbehov- og rettar. Dette gjeld t.d. bibliotek, NAV og helseaktørar. Her har t.d. bibliotekene eit tett samarbeid med skulane, mens det varierar i kva grad skulen har fått til eit tett samarbeid med dei andre aktørane.

Sjå òg våre kommentarar under andre resultatkrav, punkt 2, og under tredje resultatkrav, punkt 1.

### **Eigevurdering:**

Våre faste møtepunkt med kriminalomsorga har sikra oss at desse er medvitne om at opplæring er ein sentral rett for dei innsette. Når kriminalomsorga laga ny strategi for arbeidsdrifta i fengsla i 2015, var samarbeid med skulen eit gjennomgåande tema. Det er òg etter kvart mykje godt samarbeid mellom arbeidsdrift og skular, men vi ser at det er store variasjonar lokalt. Vi ser derfor at det er sentralt å fortsetje å prioritere dette samarbeidsfeltet.



Når det gjeld skulane sitt samarbeid med dei andre, importerte tenestene (nemnt over), er det eit klart potensiale for betring, men igjen er det store lokale variasjonar. Fylkesmannen i Hordaland er avhengig av drahjelp frå kriminalomsorga her, sidan dei administrerer og leiar fengsla. Vi vil derfor legge aukt trykk på desse tema i vår dialog med kriminalomsorga framover. Vi vil óg auke vår innsats når det gjeld å ta opp desse tema på våre møtepunkt med skulesektoren (t.d. konferansar og samlingar)

### **1. Informasjon til og dialog med skuleverket**

Vår hovudstrategi er tett oppfølging av skulane og skuleeigarane. Tilskottsbrevet sikrar at skuleeigarane formelt vert minna om dei sentrale opplæringsrettane, mens dei årlege konferansane vi arrangerer er sær gode arenaer til å informere breiare og til fleire. Vi arrangerer éin konferanse for skuleeigarar og éin for lærarar i kriminalomsorga. Her har vi i 2015 hatt både grunnleggjande ferdigheiter og realkompetansevurdering på agendaen.

#### **Eigevurdering:**

Mykje tyder på at desse møtepunkt gjev god effekt i høve til å innfri resultatkravet. Vi vil halde fram med arbeidet.

#### **Samarbeid med kriminalomsorga (arbeidsdrifta) og andre**

Det er eit kjend fenomen for skulane og for mange tilsette i kriminalomsorga at ein del av dei innsette med størst behov for opplæring i grunnleggjande ferdigheiter, óg er dei som vegrar seg mest mot det. Dette kan vere grunna dårlege erfaringar med skulen frå tidlegare eller at dei har store sosiale eller helsemessige utfordringar. Mange av desse innsette jobbar jo i arbeidsdrifta, og det er då lett å sjå at det er viktig med eit godt samarbeid mellom arbeidsdrift og skule. Eit slikt samarbeid gjev grobottn for praksisnær opplæring i grunnleggjande ferdigheiter, og arbeidsdrifta kan óg vere ein god katalysator for at skulen kan komme i dialog med den innsette om realkompetansevurderingar og tilpassa undervisning.

Fylkesmannen i Hordaland har i mange år arbeidd for eit betra samarbeid mellom skulane og dei ulike delane av kriminalomsorga, spesielt arbeidsdrifta. I 2015 har vi gjennomført ei rekkje tiltak for å styrkje samarbeidet mellom skule og arbeidsdrift.

Vi har jennleg dialog med VOX omkring desse tema og inviterer dei til å bidra på våre samlingar.

#### **Eigevurdering:**

Vi ser at dette arbeidet gjev eit aukt medvit om rett til og metodar for opplæring i grunnleggjande ferdigheiter. Vi vil halde fram med dette.

#### **Tilskottsbreva**

I førebels tilskottsbrev og i tilskottsbrev til fylkeskommunane vert kvart år skuleeigar gjort merksam på dei overordna styringsdokument som gjeld for dette området og for skuleverket generelt. Skuleeigar vert gjort særleg merksam på at dei skal prioritere innsette med rett og plikt til grunnskule og innsette med rett til vidaregåande opplæring. Vi viser óg til forskning frå mellom anna UiB som syner at elevane i kriminalomsorga har større behov for spesialpedagogisk utreiing og undervisning som følgje av auka frekvens av lese- skrive og konsentrasjonsutfordringar.

I tildelingsbreva vert fylkeskommunane bedne om å lage ein ny plan for opplæringa innanfor kriminalomsorga med dei overordna politiske styringsdokumenta som rettesnor. Fylkeskommunane og skulane er gjort særleg merksame på Rundskriv G1/2008 frå Justisdepartementet og Kunnskapsdepartementet om forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorga. Fylkeskommunen vert beden om å ha med samarbeidspartar til dei aktuelle skulane i planarbeidet; kriminalomsorga (lokalt og regionalt), NAV og eventuelt andre aktuelle samarbeidspartar.

Dette arbeidet har halde fram i 2015. I dag har 14 fylkeskommunar ein plan for området, og vi veit at andre fylkeskommunar er i gang med eigen plan eller revidering av gamal plan.

**Eigevurdering:** Vi vurderer at tilskottsbrevet er eit godt verktøy i arbeidet for å nå dette resultatkravet

#### **Konferansar for skuleeigarar**

Vi arrangerer årleg ein konferanse der skuleeigarar og avdelingsleiarar er til stades. Dette gjev oss høve til å informere, følgje opp og ansvarleggjere skuleeigarar. Vi minner der om at utreiing og spesialundervisning óg



gjeld for dei innsette i fengsel. Vi nyttar desse høva til å peike på forskning frå mellom anna UiB som syner at elevane i kriminalomsorga har større behov for spesialpedagogisk utreiing og undervising, som følgje av auka frekvens av lese-, skrive-, og konsentrasjonsutfordringar.

#### **Eigevurdering:**

Mykje tyder på at desse møtepunkta er gjev god effekt i høve til å innfri resultatkravet. Vi vil halde fram med arbeidet.

#### **Dialog med fylkesadministrasjon**

I våre møtepunkt med fylkesopplæringsjefane har vi vore medvitne om å minne om deira ansvar i høve til at opplæringslova òg gjeld for elevane i fengsel. Vi har orientert om dei særlege tilhøva for innsette òg vist til forskinga som tek for seg auka frekvens av lese-, skrive- og konsentrasjonsutfordringar. Desse faktorane gjer at det er ekstra behov for at fylkeskommunane følgjer godt med på opplæringa i kriminalomsorga og for at fylkesmannsembeta gjennomfører tilsyn.

I 2015 har vi starta eit arbeid for å knytte sterkare band til relevante tilsette i fylkesadministrasjonen i dei ulike fylka. Målsettinga er å ha faste møtepunkt med desse, og slik auke dialoge med fylkesadministrasjonane og øge deira kjennskap til vårt felt.

#### **Eigevurdering:**

Vi ser at dette arbeidet gradvis fører til betre dialog med fylkeskommunar og vil halde fram med dette.

#### **Konferansar og kommunikasjon med skuleeigarar**

Vi har i 2015 òg satt i gang eit arbeid for å kartleggje skulane si handtering av innsatte når det gjeld ved mistanke om behov for utreiing og spesialpedagogisk hjelp.

#### **Eigevurdering:**

Møtepunkta med skuleeigarar gjev god effekt i høve til å innfri resultatkravet. Vi vil halde fram med dette arbeidet. Vi vil òg fortsetje arbeidet med å kartleggje skulane si handtering av elevane sine behov til utreiing for spesialpedagogisk hjelp, for å finne ut kva vi her skal fokusere på i vår kommunikasjon med skulane i åra som kjem.

#### **Dialog med fylkesadministrasjon**

#### **Eigevurdering av Fylkesmannen i Hordaland si kompetanse og ressursar i høve til embetsoppdraget**

Generelt ser Fylkesmannen i Hordaland at vi har tilstrekkeleg ressursar og kompetanse for å utføre vårt embetsoppdrag på ein tilfredsstillande måte.

#### **Opplysningar om tal deltakarar i høve til dei med rett til opplæring**

For tal innsette i opplæring i høve til kor mange innsette som har rett til opplæring, viser vi til kommande tilstandsrapport (juni 2016). Tala frå 2015 er no under arbeid hos eksternt leverandør, og vil ikkje være tilgjengeleg før tilstandsrapporten vert publisert.

## **Ressursrapportering**

Under resultatområde 31.9 på fagkap. er det utbetalt kr 12 044 043,- til sensorar (inkl arb.g.avg.) Altså gjeld ikkje dette egne driftsutgifter/tilsette.

### **Resultatområde**

	<b>Kapittel 0525</b>	<b>Fagdep.</b>
31.1 Tilsyn	kr 2 074 985,15	kr 666,34
31.9 Andre forvaltn.oppg. - barnehagen og grunnopplæring (rest 31)	kr 2 498 130,02	kr 12 584 176,94
Økt kvalitet i barnehage og grunnopplæringen	kr 2 865 384,73	kr 411 854,89

36 Landsdekkende oppgaver KD

kr 2 045 608,14 kr 314,92

Sum:

kr 9 484 108,00 kr 12 997 013,00

## **Landbruks- og matdepartementet**

### **Resultatområde 21 Matsikkerhet**

#### **21.1 Økt matproduksjon og trygg mat**

I Hordaland kjem 44,9 % av verdiskaping frå mjølkeproduksjonen, 27% frå sauehald og 10,3 % frå frukt og bær. Vi har 330 føretak med frukt i området Hardanger, 7500 dekar er tilplanta med frukt, mest eple (4440 daa). Gjennomsnitt storleik på ein fruktgard er på 23 daa. I 2015 var det omlag 3000 føretak som søkte om produksjonstilskot. Tal mjølkekyr har gått ned frå omlag 14 300 i 2005 til omlag 11 500 i 2015, dette er ein nedgang på 20%. Frå 2014 til 2015 har det imidlertid vore ein liten auke på 1 %. Tal føretak med mjølkeproduksjon har i perioden gått ned med 47% frå 2005 til 2015.

Samla sett har det vore ein liten auke i tal vinterfora sauer dei siste åra. I 2005 var det omlag 105 000 vinterfora sauer og i 2015 var det 107 000, dette er ein auke på 4 %. Frå 2014 til 2015 var auken på 1,7 %. Tal jordbruksbedrifter med sauehald har lege nokonlunde stabilt sidan 2007, men det siste året har det vore ein liten auke. Det er 27 fleire jordbruksbedrifter knytt til sauehald i 2015 enn i 2014.

Nedgangen i dekar til produksjon av frukt og bær følgjer omtrent den generelle nedgangen i tal bedrifter. Tal dekar til frukt- og bærproduksjon har gått ned med 18,8% i perioden 2005 - 2014.

Jordbruket i Hordaland har hatt ein høg effektivitetsauke dei siste åra og har vore tilpassingsdyktig ift krav og moglegheiter. I stadig fleire føretak tar dei no ut stordriftsfordelar ved enten å gå saman i samdrifter eller å utvide produksjonen på eigen gard ved bruk av ny teknologi. Dette gjev samstundes stordriftsulemper med store avstander knytt til innhausting og utkjøring av gjødsel. Dei unge satsar likevel, det er stor investeringslyst og både robot i mjølkebesetninger og foringsaumatar i større sauebesetninger sørger for meir fritid og fleksibel arbeidsdag. Med større arbeidsledigheit i 2015 i oljesektoren, ser vi auke ein i rekrutteri til landbruket.

Nye brukarar har oftast ikkje landbruksutdanning og vi ser ein auke i etterspørsel etter kompetanseheving / vaksenopplæring. Det er behov for å sikre betre oppfølging frå kommunar og rådgivingsteneste i høve til overtaking og utvikling av føretaket.

#### **Storfe / mjølk**

Kravet om lausdrift i mjølkeproduksjonen trer i kraft 01.01.24. I dag har Hordaland 118 løsdriftsfjøs og 421 bås fjøs. Det vert produsert 30 mill. liter melk i lausdriftsfjøs. Hordaland må altså auke leveransen frå lausdriftsfjøs med 50 mill. liter innan 2024. Dette medfører ei investering på 750 mill. kroner, eller ca. 90 mill. kr pr år. Årlig fornyingstakt må være på 6,25 mill. liter pr år, dvs. nesten 50 % høgare enn i 2015. Høg andel av mjølkerobotar i Hordaland er eit uttrykk for at ein kjøper seg fritid med teknologiske løysingar.

Utviklingsarbeidet knytt til mjølkeproduksjon vert dreve fram gjennomprosjektet " Vi satsar på mjølk i Hordaland ". Prosjektet er finansiert med midlar frå IN, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen og Tine. Tine er prosjekteigar og har tilsatt prosjektleiar som følgjer opp med rådgiving og motivasjon til storfebønder i fylket. Dette skjer gjennom fagmøter, åpne fjøs og ikkje minst direkte mot bonde som ynskjer seg ein sparringspartner. Aktivitetar i 2015 var knytt mot utbyggingsbruk som har planar om utbygging og korleis dei kan imøtekomme lausdriftskravet i 2024. Dei små bruka har størst utfordring, men også dei ser på løysingar med lausdrift og bruk av robot, vi ser at bruk ned mor 20 kyr investerer i robot. Som tidlegare år har prosjektet også hatt fokus på auka leveringsprosent. Her er kvotefylling svært viktig dersom det skal gå som planlagt etter ei utbygging. Med ein kvote i 2015 på 86 805 730 liter ligg kvotefyllinga på 86,6 %.

Kjøttproduksjon i tilknytning til mjølkeproduksjonen er i tilbakegang. Det er lite fokus på spesialisert kjøttproduksjon av storfe i Hordaland. Det kan vere eit potensiale i at dei som legg om frå mjølk til kjøtt, kunne ha fått betre rådgiving slik at ein enklare velje rett driftsopplegg og i større grad lukkast med praktiske løysingar og økonomi



## Sau

Mens det tidligere har blitt bygd sauefjøs til ca. 100 -150 dyr, var det i 2015 ei kraftig auke, og gjennomsnittsbruket planlegg nå å drive med 245 v.f.s. I full produksjon vil dette føre til 65 tonn meir sauekjøtt i fylket, og langt på vei demme opp for den årlege nedgangen i tal sauebruk. Gode fjellbeite med lite rovdyr utgjør ein stor ressurs i vårt fylke, men med stadig større sankeområde og færre folk til å gjere jobben, blir fjellbeita vanskeleg å nytte fleire plassar. Satsing knytt opp mot sauenæringa har skjedd gjennom prosjektet "NyGiv". Målsettinga for prosjektet er å auke tal lammeslakt i fylket og å styrke fagmiljøet slik at det blir fleire og meir lokallag innanfor sau- og geiteproduksjonen.

Prosjekt "NyGiv" er eit samarbeid der Sau og Geit, Fatland, Nortura og FM saman driv prosjektet. Det vert og samarbeidd med andre organisasjonar der dette er naturleg. FM har rolle som sekretær i prosjektet. I 2015 har aktiviteten vore knytt til kurs og fagmøter for aktive bønder i lokallaga rundt i heile fylket. Oppmøtet på aktivitetane i prosjektet har jamt over vore svært godt og NyGiv har lukkast i å nå fram til ein stor del av sauehaldarane i fylket. Resultatet er kome gjennom ein auka satsing på nye og større bygg for sau. Prosjektet har vore vellukka, men det er behov også for vidare motivasjon og satsing innan sauehald i Hordaland.

Det har ein betydeleg auke i dei som vil satse på utegangardrift med sau. Desse driftsopplegga er billig og mindre arbeidskrevjande enn drift med vinterfora sauer, og bidrar til å helde kulturlandskapet ope. Ofte er det ein vanskeleg grensegang mellom kva som er «vanleg jordbruksproduksjon» og ikkje. For å sikre matproduksjonen er det behov for å følgje med utviklinga, og det vert motivere til driftsopplegg med høgare avdrått.

## Frukt

Det er nokså god økonomi i fruktnæringa. Både dyrkingsmiljø og rådgivingsmiljø er velfungerande og særskilt profesjonelt. Det er likevel mange utfordringar å gripe fatt fortløpande, mellom anna å auke avlingane og få meir stabile avlingar frå år til år. Vidare er investering i å modernisere frukthagane, betre samordning mellom dyrkar, fruktlager og grossist utfordringar framover. Med målretta innsats kan det òg liggje til rette for å utvide sesongen for norsk frukt. Dei fleste føretaka har små moglegheiter til å auke arealet eller til å gjere areala meir lettdrivne, så her er m.a. plantesystem, sortsval viktige tiltak.

For fruktnæringa var 2015 eit dårleg år grunna kald og sein vår. Lite insekt i blomstringa førte til stor avlingsskade, 140 erstatningssøknader blei levert hausten 2015. Ekstra stort omfang av sjukdommen plommepung var medvarkande årsak til låge plommeavlingar.

Satsinga innan fruktnæringa har i hovudsak vore kanalisert gjennom prosjektet «Dyrk Smart», med dei tre fruktlagera som prosjekteigar og prosjektansvarleg. Motiverings- og tilrettelegingsprosjektet har vore gjennomført i tett samarbeid med Norsk fruktrådgiving Hardanger, Sparebanken Vest, Fylkesmannen i Hordaland og Ullensvang herad, og blei avslutta hausten 2015. Produksjonssamtalar med alle produsentane, med planlegging av utplantingsavtalar mellom produsent og fruktlager har vore ein viktig aktivitet.

Viktige erfaringar er at fruktlagera bør ha fagleg oppfølging hos produsentane, at merkevara Hardanger(frukt) blir styrka, og at ein må leggje til rette for meir satsing på morell, inkludert modernisering av dekkessystem. Fruktlagera er robuste kompetansesenter, noko som er viktig å utnytte fullt ut for å lukkast med at dyrkinga skal vere godt tilpassa marknaden. Vi ser at tilskot til fruktlager av den grunn er viktig.

## Bær

Bærproduksjon i Hordaland er prega av direkte sal, og gir dermed god fortjeneste. Det er få dyrkarar med lite volum i dag, men potensialet for fleire dyrkarar er stort. Målet er best mogleg økonomisk resultat, ikkje nødvendigvis stort volum. Det er behov for fleire omsetnadsdkanalar for å få ein velfungerande produksjon, og for å kunne auke produksjonen. Fylkesmannen deltek i et marknadsprosjekt for bærproduksjon.

## Foregangsfylke økologisk frukt og bær

Det er god utvikling i prosjektet, men fortsatt for svak auke av produksjon av økologisk frukt og bær til å dekke den aukane etterspørselen i marknaden. Styringsgruppa sitt evalueringsarbeid februar 2016 og evalueringsrapport bestilt av LMD om flaskehalsar for auke av norsk økologisk frukt-og grønt produksjon, vil vise vei for nye tiltak i tillegg til planlagte tiltak for 2016, som blei meldt inn i 2015. Tiltaka vil bli gjennomført med eit breitt spekter av aktørar. Spesielt for 2016 blir det eit tettere samarbeid med OIKOS gjennom prosjektet Landbrukets øko-løft. Viser elles til årsrapport for 2015 som blir sendt til Landbruksdirektoratet 1. mars 2016.



Lagring og bruk av husdyrgjødsel er ikkje god nok på mange føretak, inkludert fleire som har bygd nytt. Mange har mindre lagerkapasitet enn kravet og det er for mykje gjødselspreiing utanom vekstsesongen. Det er potensiale for at mange kommunar kan gjere betre oppfølging av ansvaret etter gjødselvareforskrifta, på alle tema. Fylkesmannen er i gang med informasjonsarbeid. Det er også manglande kunnskap i næringa om krav etter den nye plantevernforskrifta.

Små teigar og køyresvak jord er stor utfordring for mange føretak. Det er behov for auka fokus på investeringar i å gjere arealet betre, som vil inkludere inngrep i kulturlandskapet. Det er behov for auka kompetanse i kommunane for å handsame slike saker. For å kunne investere i jorda, er det avgjerande å ha langsiktig tilgang til jordbruksareal. I store delar av Hordaland er det vanskeleg å få langsiktige avtalar. Jordbruksareala er i nokre delar av fylket i ferd med å bli ein potensielt god inntektskjelde for mogleg utbygging i framtida. Slike areal blir gjerne drive ekstensivt, utan investeringar og med lite produksjonsvolum.

I Hordaland er det ein stor marknad for bruk av utbyggingsjord til dyrking. Vi ser mange mindre gode og nokre særst gode forsøk på å bruke jorda til landbruksføremål. Det er behov for meir kompetanse for å få betre agronomisk resultat og sikre at miljøomsyn blir teke hand om. Dette gjeld både ved sakshandsaming, arealplanlegging og praktisk gjennomføring. Det er vanskeleg å bruke gjeldande regelverk i slike saker. Fylkesmannen deltek i prosjekt med Nordhordland regionråd for å få betre kommunal sakshandsaming. Vi har òg starta opp eit prosjekt med konkret rettleiing til entreprenør og gardbrukar for å få gode resultat under våre tilhøve, med mykje organisk jord og mykje nedbør.

### **Prosjekt "Landskap i drift – ope landskap gjennom aktiv drift "**

Attgroing er eit stort problem i fylket – samstundes aukar etterspurnaden etter godt beiteareal, spesielt vår og haustbeite.

Prosjektet "Landskap i drift" har gått over fleire år og delen som gjeld rydding vil avsluttast i 2016 medan underprosjektet «fôringsplasspilotar» som har finansiering ut 2017. Midlane i prosjektet vert brukt til å delfinansiere rydding og oppsett av gjerde på større fellesbeite. Dette for at det kan hentast fleire føreiningar frå ugjødsla utmarksbeite vår og haust, i staden for frå gjødsle innmarka ekstra. Samla sett har prosjektet fått opna opp kring 17.100 daa av utmark sidan oppstart. Hovudfokuset er å få til større samanhengande beite ved hjelp av rådgjeving og tilskot. Med hjelp av NLR sitt klimaverktøy vil effekten av å henta føreiningar frå utmark versus intensiv grovfôrproduksjon ift redusert tap av nitrogen

Piloprosjekt "Fôringsplass" er eit underprosjekt av prosjekt "Landskap i drift " og har som mål å finne fram til nye løysingar for å ta vare på gjødsel, utvide beitesesongen og ha god beredskap når store nedbørmengder krev tilleggsføring over lenger tid, t.d. i vintersesongen. 2 fôringsplasser til sau blei ferdig i 2015, 1 til storfe forventast ferdig nå til våren. Prosjektet har som mål å få 3 ytterligere plasser prøvd ut i prosjektperioden.

### **Fadderprosjektet i landbruket**

Det vert gjennomført eit arbeid for å hjelpe nye bønder gjennom "Fadderprosjektet". Nye brukarar får hjelp av erfarne naboar i ein oppstartsfase, både praktisk og fagleg. I tillegg vart det gjeve tilbod om kurs (i regi av FM, NLR og Bondelaget) innan ulike fagområder slik at nye, unge brukarane får både kompetanse og nye nettverk. Prosjektet vert vidareført og utvikla basert på brukarane sine attendemeldingar og behov. I den samanheng er sosiale mediar viktige. Mot slutten av 2015 har det vore ein auke av nye brukarane inn i prosjektet, i heile prosjektperioden har det vore 34 nybrukarane som har fått direkte fadderhjelp via prosjektet. Finansiering av prosjektet avsluttar i 2016, det vert vurdert ei vidareføring.

### **Stoda m.o.t helsepersonell til husdyrhaldet i Hordaland**

Det er om lag 35 dyrlækjarar som deltek som helsearbeidarar i husdyrhaldet i fylket.

Tendensen er nedgåande, det var såleis fleire som søkte om tilskot første kvartal enn tredje kvartal. Det er ein del eldre som no gjev seg, inntil nyleg har ein stort sett fått inn yngre folk i staden. Ved starten av 2016 er det to vakt-distrikt som har for lite dyrlækjarar sjølve til å få vaktordninga til å gå rundt. Dette speglar også tendensen ift at det vert færre husdyrbruk. Indre Hardanger vakt-distrikt har ei tid hatt trong for dyrlækjarar utanfrå eige distrikt også på dagtid. Stimuleringstilskotet gjer at ein kan få dyrlækjar frå Etne og Kvinnherad, men dette krev også meir i reisetilskot.

### **Samarbeid med regionale aktørar**

Etter samanslåing av Mattilsynet sine regionkontor, har det ikkje vore mogleg å få på plass dialogmøte med det

Etter samarbeid med Mattilsynet sine regionkontor, har det ikke vore mogleg å ta på plass dialogmøte med dei nye disktriktskontoret. Disse dialogmøta har tidlegare vore faste møtepunkt og vi har som mål at dette kjem på plass i 2016.

FM har imidlertid fått på plass dialog mellom disktriktsveterinærane og kommunane, her har vi gjennom fagsamlingar oppretta kontaktpunkt.

FM har gjennom prosjekt og faste dialogmøter godt samarbeid med alle faglaga samt Nibio, NLR, HFK og IN. Det er tett dialog ift bruken av rekrutteringsmidlane som ligg hos fylkeskommunen og faglaga er tett på ift bruken av RMP-midlane. Her har vi faste beslutningsmøter ift prioriteringar og fastsetting av satsar.

## **Resultatområde 22 Landbruk over hele landet**

### **22.1 Bruk av landbruksarealer**

I 2015 søkte 91 beitelag med totalt 118 812 sau/lam og 5 156 storfe tilskot til drift av laga. Vi har hatt ein liten oppgang i tal lag som søker OBB dei to siste åra, men i 2015 var det ein nedgang grunna den svært seine våren.

Tilskotssats til drift av beitelag i RMP 2015 var på 10 kr. pr. sau. Justeringa vart gjort i samråd med Hordaland Bondelag og Småbrukarlaget, og er vurdert i samheng med det regionale miljøtilskotet «Beite i utmark» som vart innført i 2013. Dette tilskotet var i 2015 på 45 kr per småfe og går direkte til føretak som er medlem i organiserte beitelag. Tilskotet skal motivere til fleire aktive beitelag og fleire aktive medlemmer i beitelaga. Vi vonar at denne ordninga totalt sett vil føre til at større del av utmarksbeitebrukarar vert med i beitelag i Hordaland.

Grunna svært mykje snø i fjellet i 2015 - vart beiteslepp 3-5 veker seinare enn normalt. Det var og ein del buskaper som ikkje vart sendt til fjells dette året på grunn av store snømengden i fjellet. Lammevektene var med dei høgaste vi har hatt i Hordaland på mange år.

Det låge tapet i Hordaland i dei siste åra skuldast i stor grad at vi har svært lite rovvilt, men i 2015 fekk med eit tap på ca. 150 dyr som skuldast jerv. Det var lag i Røldal som vart råka av jervdrap. Vi forventa at rovdyrforvatninga sett i verk naudsynte tiltak slik at Hordaland slepp store rovdyrskader i åra framover. Det vert utført mykje bra arbeid i beitelag og enkeltbuskaper for å førebyggje tap av dyr i utmark. Tapet i 2015 var på totalt 3.321 dyr (2,72%) sau og lam i organiserte beitelag, men i tillegg kjem eit ukjent tap i buskaper som ikkje er med i beitelag og dermed ikkje med i talgrunlaget.

For sesongen 2015 vart det utbetalt om lag 1,4 mill kr i tilskot til drift av beitelag.

Føretak som er med i org. beitelag vil til saman få utbetalt om lag 4,0 mill kr for sesongen 2015. Tilskota er viktig for lønsemda i å bruke fjellbeiteområda i Hordaland då mange har stort tidsforbruk og kostnad med både tilsyn og transport.

I Hordaland har FM etablert eit Beiteutval som består av representantar frå Hordaland Sau og Geit, Hordaland Småbrukarlag og Hordaland Bondelag. Beiteutvalet bidreg i diskusjonar knytt til beiteutfordringar og prioritering av investeringsmidlane til beite.

40 (av 91) beitelag søkte om investeringstilskot til i alt 74 ulike tiltak. 39 beitelag fekk løyvd tilskot til investering i 59 ulike tiltak. Totalt tilskot var på om lag 610.000 kroner inkludert indregne midlar frå ikkje gjennomført tiltak tidlegare år.

### **Utnytte data fra Geovekst og Norge digitalt.**

Fylkesmannens landbruksavdeling deltek i arbeidsutvalet for basis geodata og samarbeider der med kartverket og dei andre partane om etablering og ajourføring av kartdata i fylket. Også i Noreg digitalt Hordaland og arbeidsutvalet for temadata er FM representert med leiar for disse utvala.

Vi har eit godt samarbeide med kartverket. Ved oppstart av geovekstprosjekt ser vi, saman med kommunane og andre etatar, på behovet for nye geovekstdata og til ajourføring av AR5. Periodisk ajourhald blir planlagt til når kommunen skal ha fått nye ortofoto. Saman med Nibio held vi kurs i ajourføring av AR5 når vi ser behov for det.



I 2015 var vi feltkurs i samarbeid med NIBIO med deltakarar frå Bergen, Sveio, Stord, Fitjar, Tysnes, Voss, Kvam, Fusa, Samnanger, Os, Sund, Vaksdal og Osterøy. Vi nyttar elles ulike høve der kommunane er samla til å informere om viktigeita av eit godt og kontinuerleg ajourhald.

I 2015 var det fleire kommunar enn året før som leverte ajourførte AR5data, men vi ser at framleis er det rom for betring på dette området og vil framleis rettleie og informere kommunane om kor viktig dette arbeidet er for eit godt geodatagrunnlag.

#### Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2015	2014
FMHO	47121	75012	55,4	1,69	3,37	2,72	4,14
<b>Sum</b>	<b>47121</b>	<b>75012</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

## 22.2 Eiendomspolitikk

Fylkesmannen som kompetanseorgan på området er oppteken av at kommunane får god oppfølging i regelverket innanfor eigedomslovgjeving. Dette vert ivareteke ved fast dialog med kommunane.

I 2015 beli det gjennomført kurs i konsesjonslova og jordlova for dei tilsette i kommunane, samt kurs i jordvern for nye politikare etter kommunevalet. Dette er noko som Fylkesmannen vil fortsette med vidare i 2016.

Fylkesmannen har så lant ikkje nytta mynde etter jordlova § 3 til å innhente forløpande vedtak frå kommunane etter jordlov og konsesjonslov.

Fylkesmannen har i 2015 i alt fatta vedtak i 26 saker etter konsesjonslov og jordlov. Av desse var 15 fyrsteinstansvedtak og 11 klagesaker, ingen av klagarane fekk medhald i klagen. Fylkesmannen har ikkje handsama sakar etter odelova.

## 22.3 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

### Erfaring knytt til forvatning ;

Det vert sett større krav til kommunane når det gjeld skriftleg dokumentasjon av sakshandsaming og rapportering til FM. Søkjarane skal i større grad kontaktast pr. brev i dei tilfeller der kommunen før tok ein telefon til føretaket. Maskinelle kontrollar har blitt fjerna og skal erstattast av manuell kontroll (risikobasert) i kommunen. Kommunane og FM meiner at kommunane ikkje har like god oversikt over om opplysningane i søknadene er korrekte når maskinelle kontrollar blir fjerna. Sjølv om kommunane blir oppmoda om å kontrollere meir enn 5 % av søkjarane, er det mange kommunar som ikkje har kapasitet til å kontrollere meir enn minstekravet.

FM ser at mange kommunar har blitt flinkare til å plukke ut til kontroll føretak med stor samla risiko, og at det er fleire kommunar som kontrollerar føretak med tanke på kravet om vanleg jordbruksproduksjon. Særleg gjeld dette kontroll av føretak med sau som tidlegare kom inn under "utegangarsau".

Når kommunane vurderer avkorting av tilskotet på grunn av feile opplysningar i søknaden, skal dei samstundes vurdere om det er aktuelt å melde føretaket til politiet. Fleire kommunar har aktivt vurdert dette i brevet til føretaket, men ingen har vald å melde føretak. Ein del kommunar synes framleis at det er nytt og vanskeleg, eventuelt unødvendig, å vurdere avkorting ved feilopplysningar. FM vil halde fram fokuset på avkortningar i 2016 slik at vi får auka kunnskapane i kommunane og endra haldningane i dei kommunane der det er nødvendig.

Den viktigaste årsaka til feilopplysningar i søknaden, er at føretaket ikkje har forstått søknadsskjemaet eller regelverket. Kommunane opplever det urimeleg at det er krav om at føretaka skal kjenne eit regelverk som kommunane sjølv har problem med å halde oversikten over.

Føretak som har husdyrhald som ikkje held kravet til "vanleg jordbruksproduksjon" skal få tilskot til dyr på beite og arealtilskot. Til dømes kan eit føretak som har sau, der vèrar utgjer store delar av flokken og der det ikkje blir levert dyr til slakt, ha rett på beitetilskot og arealtilskot fordi høgt beitetrykk gjer at formåla til desse tilskota blir stetta. Dette verkar lite logisk for ålmenta og forvaltninga i kommunane.

### Andre kommentar ;

I tillegg til dei kontrollar som er nemnt i tabell, blei det gjennomført kvartalsvise stikkprøvekontroller av



søknadane knytt til veterinære reiser. Nokre avvik vert avdekkja og desse vert gjort til kjenne i utbetalingsbrevet til veterinærane.

Det blei ikkje gjennomført kontroll av føretak ift sal av grovfor som satt opp i kontrollplanen for 2015. Grunnen til dette var LMD si innføring av amnesti knytt til samdrifter.

**Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2015 - antall**

**Klagebehandling**

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
1	7	0	0	0	0

**Dispensasjonssøknader**

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
13	0	1	0	0	0	0	0	0

**Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2015**

**1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?**

Årsverk: 1,4  
Antall personer: 8

**2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)**

Kommune:	<b>Bergen kommune</b>
Orninger/omfang:	Kontroll/ tilsyn etter Forurensningsloven og Forskrift om gjødselvarer av organisk opphav.
Registrerte avvik:	Kontrollen er ikkje avslutta, den vert vidareført inn i 2016
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	<b>Bømlo kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot,RMP,Smil og sjukeavløysing for 2013 og 2014
Registrerte avvik:	2 avvik og 2 merknader
Oppfølging av avvik:	Kommunen har ikkje svart på kontrollrapporten ennå.

Kommune:	<b>Fitjar kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot,RMP, Smil og sjukeavløysing
Registrerte avvik:	4 avvik og 1 merknad
Oppfølging av avvik:	Kommunen har rettet opp 1 avvik og tatt det andre til etterretning

Kommune:	<b>Fitjar kommune</b>
Orninger/omfang:	Søknad om nybygging/ombygging av landbruksvegar,tilskot til skogskultur,utbetaling frå skogfond og rekneskap skogsvegar for 2013 og 2014
Registrerte avvik:	Ingen avvik
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	<b>Lindås kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot,RMP,Smil og sjukeavløysing

**Årsrapport 2015 Fylkesmannen i Hordaland - Innhold:**

Orninger/omfang:	PRODUKSJONSTILSKOT, RMP, SMIL og sjukeavløysing for 2013 og 2014
Registrerte avvik:	17 avvik og 2 merknader
Oppfølging av avvik:	Svar frå kommunen ikkje mottatt pr.d.d.
Kommune:	<b>Stord kommune</b>
Orninger/omfang:	produksjonstilskot, RMP, Smil og sjukeavløysing for 2013 og 2014
Registrerte avvik:	6 avvik og 1 merknad
Oppfølging av avvik:	Tatt til etterretning
Kommune:	<b>Stord kommune</b>
Orninger/omfang:	Søknad om nybygging/ombygging av landbruksvegar, tilskot til skogskultur, utbetaling frå skogfond og rekneskap skogsvegar for 2013 og 2014.
Registrerte avvik:	1 avvik
Oppfølging av avvik:	Kommunen har tatt avviket til etterretning iflg svarbrev
Kommune:	<b>Sund kommune</b>
Orninger/omfang:	Kontroll produksjonstilskot, RMP og SMIL for 2013 og 2014
Registrerte avvik:	4
Oppfølging av avvik:	Kommunen har tatt avvikene til etterretning iflg.svarbrev
Kommune:	<b>Vaksdal kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, RMP, Smil og sjukeavløysing for 2013 og 2014
Registrerte avvik:	5 avvik
Oppfølging av avvik:	Kommunen ikkje svart på kontrollrapporten ennå.
Kommune:	<b>Vaksdal kommune</b>
Orninger/omfang:	Søknad om nybygging/ombygging av landbruksveg, tilskot til skogskultur, utbetaling frå skogfond og rekneskap skogsvegar for 2013 og 2014.
Registrerte avvik:	Ingen avvik
Oppfølging av avvik:	
Kommune:	<b>Voss kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot og avløysartilskot. Søknadsomgang januar 2015. Deltok på kommunen sin 5% kontroll.
Registrerte avvik:	Ingen avvik
Oppfølging av avvik:	

**3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.**

Foretak:	<b>A</b>
Orninger/omfang:	Husdyrkonsesjon høns 2013 og 2014.
Hjemmel for kontroll:	Konsesjonsregelverket.
Registrerte avvik:	Ingen avvik.
Oppfølging av avvik:	

Oppfølging av avvik:	
Foretak:	<b>B</b>
Orninger/omfang:	Husdyrkonsesjon høns 2013 og 2014
Hjemmel for kontroll:	Konsesjonsregelverket
Registrerte avvik:	Ingen avvik
Oppfølging av avvik:	
Foretak:	<b>C</b>
Orninger/omfang:	Husdyrkonsesjon høns 2013 og 2014
Hjemmel for kontroll:	Konsesjonsregelverket
Registrerte avvik:	Ingen avvik
Oppfølging av avvik:	
Foretak:	<b>D</b>
Orninger/omfang:	Husdyrkonsesjon høns 2013 og 2014.
Hjemmel for kontroll:	Konsesjonsregelverket.
Registrerte avvik:	Ingen avvik.
Oppfølging av avvik:	
Foretak:	<b>E</b>
Orninger/omfang:	Tiltak i beiteområde
Hjemmel for kontroll:	Forskrift om tilskot til tiltak i beiteområder av 4.februar 2013
Registrerte avvik:	Ingen avvik
Oppfølging av avvik:	
Foretak:	<b>F</b>
Orninger/omfang:	Vedlikeholdskontroll av skogsvegar - 2 kontroll i Os, 1 Tysnes, 1 Meland, 1 Bergen
Hjemmel for kontroll:	
Registrerte avvik:	Ingen avvik
Oppfølging av avvik:	
Foretak:	<b>G. Hele Hordaland</b>
Orninger/omfang:	Alle de 94 beitelagene som søker tilskudd gjennom RMP er kontrollert. Vi har kontrollert at de har gjennomført årsmøte, har skrevet årsmelding og at rekneskapet er godkjent av lagets revisor.
Hjemmel for kontroll:	Tilskot til drift av beitelag gjennom RMP Hordaland §9 i 2014.
Registrerte avvik:	9 merknader
Oppfølging av avvik:	Her må vi sammen med beiteutvalget i fylke lage et bedre regelverk for å sikre at tilskotet vert nytta slik det er tenkt.

**4. Andre kommentarer/ innspill:**

4-5 personer deltar på hver kommunekontroll. Totalt er 8 medarbeidere involvert i kontrollarbeidet.



## Resultatområde 23 Økt verdiskaping

### 23.1 Næringsutvikling innen jordbruk og bygdenæringer

Bruken av virkemidlane knytt til miljø- og næringsutvikling er styrt av Regionalt bygdeutviklingsprogram (2014 – 2017). 19 millionar kroner blei i 2015 fordelt til tilskotsordningar retta mot kulturlandskapet og biologisk mangfald. Omlag 4 millionar kroner blei i 2015 brukt til utredning og tilrettelegging for næringsutvikling i landbruket, her blei 3 prosjekt spesielt prioritert; «Satsing på mjølk og kjøtt», «Ny Giv i sauehaldet» og satsinga «Dyrk smart» i fruktneringa. Alle tre prosjekta har hatt gode resultat når det gjeld vidare satsing og investeringslyst. I 2015 var det stor søknadsmengde til Innovasjon sine investeringsmidlar (IBU-midlar). 12 mill. gjekk til investering innanfor driftsbygning mjølk, 7,2 mill. til investering til driftsbygning sau og 6 mill. til investering i frukttrefelt. Omlag 5 mill gjekk til investering i tilleggsnæringer.

Det regionale næringsprogrammet fro Hordaland har skissert fleire satsingar innanfor landbruksbasert vare- og tenesteproduksjon i Hordaland. Det er stor fokus på matsatsinga, i tillegg er reiseliv viktig for næringa i Hordaland og satsinga Inn på TUNET. Det er godt samarbeid i partnerskapet på alle desse områda der også entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling er andre samarbeidsområder.

#### Utviklings- og tilretteleggingsmidlar (UTM)

Frå UTM er det i 2015 løyvd opp mot kr. 4,7 mill. i 58 saker, derunder ca. 4,25 mill. til 48 utviklings- og tilretteleggingsprosjekt og ca. 0,43 mill. til 10 prosjekt innanfor økologisk handlingsplan. Det har vore avkorting og avslag på nærare 2,8 mill. kr. i til saman 23 saker. Sjølv om total løyvingssum er relativt låg, har det vore mogleg å spreie løyvingane på breiare tematikk og fleire prosjekt enn på fleire år.

72 % av løyvingssummane hadde relevans for tradisjonelt landbruk, det meste retta mot mjølkeproduksjon (29 %) og sauehald (20 %). 42 % av løyvingssummane hadde særskilt relevans for nye næringer, der lokal- og gardsmatområdet sto for over halvparten (26 %).

Høvesvis 22 og 26 % av midlane vart løyvde til prosjekt med særskilt relevans for kvinner og ungdom, herunder rekna rekrutteringsaktivitetar og mange av prosjekta innanfor nye næringer.

9 % av UTM-midlane vart løyvde til tiltak under økologisk handlingsplan. I all hovudsak vart desse løyvde til marknads- og publikumsretta tiltak primært mot den store Bergensmarknaden, som er den erklærte drivaren for lokal- og gardsmatarbeidet i fylket.

#### Bedriftsretta tiltak (IBU)

Av bedriftsretta tiltak viser førebelse tal frå Innovasjon Noreg at dei har løyvd 28 mill. i tilskot til 79 prosjekt innan tradisjonelt landbruk, mellom anna 12,7 mill. til 17 prosjekt på mjølk og storfekjøtt, 8,4 mill. til 12 prosjekt på sau og 5,7 mill. til 44 prosjekt for investering i frukthagar.

Etterspurnaden etter IBU-midlar har som spådd vore sterkt aukande. Dette gjer ekstra moglegheiter, vi ser det spesielt i dei to viktigaste husdyrproduksjonane. IN Hordaland måtte allereie i juni stanse søknadsinngangen for desse produksjonane. Dette har igjen ført til ei oppbygging av saker utover hausten 2015, som vi no i 2016 allereie ser byrjar å fylle opp årets tilskotskvote for mjølk.

Investeringane på frukt gjekk ned til 5,7 mill etter toppåret i 2014 på nærmare 10 mill.

Innan bygdenæringer er det løyvd tilskot til 39 saker for til saman kr. 5,3 mill. som er noko lågare enn dei siste åra. Men etterspurnaden ser vi kan verte sterkt aukande i takt med dei generelle endringane i arbeidsmarknaden her på Vestlandet.

Matforedling sto for halvparten av tilskotstotalen i 2015 og «bytte såleis plass» med reiselivet, som sto for vel ein tredel. Bergen sin nye medlemsskap i *UNESCO Creative Cities Network* i gastronomikategorien er venta å løyse ut aukande interesse frå matentreprenørar og reiseliv i åra framover.

#### Matsatsinga

Det er aukande etterspurnad etter lokalmat og spesialprodukt innan lokalmatproduksjon har endra litt på vår tillegging til produsentane. Det vert spesielt et det er underlaget i marknaden på enkelte produkt. Det er fleire av

innføring til produsentane. Det vert registrert at det er underskot i marknaden på enkelte produkt. Det er heile av bedriftene som vil auka opp produksjonen og møte marknaden på ein annan måte enn tidlegare.

Kurs, kompetansebygging og tilgang til gode nettverk, er tiltak lokalmat-produsentane etterspør. Konkret etterspør dei meir informasjon og kunnskap om produktutvikling, design og marknadstilpassing. Her samarbeider FM godt med nabofylka, spesielt Sogn og Fjordane, men også Møre og Romsdal og litt i Rogaland. Besøksordning ei til god hjelp for lokalmat-produsentane. Også for dei som har vore i drift ei tid, er det behov for rettleiing ift ei eventuell omstilling til nye produkt .

Fylkesmannen la i 2014 fram eit forslag til Matstrategi "Vegval for lokalmat i Hordaland". Politkarane i Hordaland Fylkeskommune vedtok Matstrategien og den ligg no føre som eit politisk godkjend dokument i Hordaland. Søknader om regionale virkemidlar til matrelaterte prosjekt vil framover bli målt opp mot denne strategien.

I 2015 vart «Matarena AS» etablert, som eit eige aksjeselskap, der bondeorganisasjonane, Hanen og Bondens marknad er deleigar i selskapet. FM har vore ein viktig samarbeidspartnar for Matarena og vil bidra med kompetanse og støtte til matmiljøa.

Bergen søkte om medlemskap som «UNESCO Creative Cities of Gastronomy», hausten 2015 blei Bergen ein part av dette nettverket som ein av 18 byar i verda.

Denne statusen forpliktar oss til å arbeide meir for lokalprodusert mat og sette på dagsorden matkultur og mattradisjonar.

Matfestivalen i Bergen blei i 2015 flytta frå Bryggen til Koengen og Festningen, eit område som er meir eigna som festivalområdet. Nytt av året var inngangsbetaling for publikum til Matfestivalen , dette fungerte godt og kan på sikt vere med å sikra den finansielle drifta av Matfestivalen i Bergen i framtida. På Matfestivalen var det ca. 100 utstillarar og ca. 350 stand. 4H i samarbeid med Fylkesmannen drifta

"Barnas restaurant" som vart dreva av born frå fleire 4H lag i fylket.

Matfestivalen er ein viktig formidlingsarena for lokal mat, mattryggleik og økologi.

Fylkesmannen har gjennom mange år drevet arbeidet med Bergen Matfestival, noko deltakarane og organisasjonane har vore svært taknemlege for. Alt tyda på at frå 2016 vert Matfestivalen arrangert i Bergen i regi ab Matarena AS, i tett samarbeid med offentlege og private aktørar.

Alle fylka vart invitert frå LMD til å ta del i prosjektet « Det gylne måltid» som har som føremål å setje fokus på ernæringsssituasjonen og miljøet rundt måltida på våre sjukeheimar og eldreinstitusjonar. Arrangementet var eit tett samarbeid mellom landbruksavdelinga og helseavdelinga hos FM. Prosjektet fekk stor merksemd i media. Institusjonane ynskte dette tiltaket velkomen og ville gjerne fortsette i 2016.

Fylkesmannen vil framover også arbeide for å sikra kompetansmiljøa i fylket. Vestnorsk Kulturakademi, Matarena, kompetansenav og andre vil fremje den lokale matproduksjonen og matkulturen. Kontaktperson på matområdet hos FM i Hordaland er etterspurd i nabofylka, kompetansenavet og i UNESCO-arbeidet i Bergen.

## **Mat i reiseliv**

Som eit ledd i å auka innovasjonsevne og verdiskaping i reiselivet har Fylkesmannen gått inn i eit samarbeid med NCE Tourism, Fjord-Norge. NCE har sett i gang prosjektet «Lønnsom opplevelsesmat». Prosjektet omhandlar heile Vestlandet og har som mål å auka lønsemda i opplevingsbedrifter gjennom satsing på lokalmat. Fylkesmannen hadde hovudansvaret for konferansen «Mat i reiseliv» i oktober. Det regionale partnerskapet, NCE og Hanen var medarrangørar i arrangementet som samla hundre reiselivsaktørar og lokalmatprodusentar til foredrag og speed-dating. I evalueringa svara om lag 40% at speed-daten førte til konkrete avtalar om sal/innkjøp mellom reiselivsaktør og lokalmatprodusent. Dette er eit svært positivt resultat. Fylkesmannen vil halda fram arbeidet på dette området i tett samarbeid med NCE Tourism.

## **Inn på tunet**

Inn på tunet-arbeidet har hatt nasjonal og regional handlingsplan som rettesnor for arbeidet. I dette arbeidet er det eit bredt samarbeid mellom helse-, utdanning- og landbruksavdeling hos FM i tillegg til Nav. Det er stor interesse for Inn på tunet i landbruket, og Fylkesmannen har vore ansvarleg og medansvarleg for kompetansehevingstiltak både for nye og etablerte tilbydarar. NAV Hordaland har auka sitt engasjement på området, og nyttar Inn på tunet mellom anna i ordninga «grønt arbeid». I kommunesektoren går arbeidet framleis for seint. Det har vore møte og samlingar i einskildkommunar og Fylkesmannen har intensivert informasjonsarbeidet ved hjelp av månadlege infobrev til kommunar, regionale aktørar, forskingsmiljø og tilbydarar. FMHO var medarrangør for den nasjonale konferansen «Med meistring som ballast», som vart arrangert i Stavanger november 2015.



## Urbant Landbruk

Formøter i en kjernegruppe/styringsgruppe for Urbant landbruk i Bergen starta i 2014, med resultat av eit forprosjekt leia av Bergen kommune, starta opp i 2015. Arbeidet har som hovudmål å aktivisere eit aukande engasjement i bybefolkningen i Bergen rundt urbane landbruksaktiviteter, og indirekte søke støtte frå aktive forbrukarar i å bruke dyrka mark i byen. Dette har styrka arbeidet kring jordvern. Prosjektet Urbant landbruket har samarbeidet med NLR Hordaland og OIKOS om å stimulere til tanken omkring andelslandbruk både på Voss og i Bergen, med fire gjennomførte møter i oktober og november der 30-50 deltakarar møtte på kvart møte. Arbeidet pågår fortsatt og det er interessenter både frå landbruket og forbrukarsida som er i ferd med å organisere seg i eit forpliktande samarbeid. Arbeidet kan følgjast på facebooksidan Urbant landbruk Bergen. Det er også satt igang arbeid med ein vegleiar for etablering og drift av parsellhagar samt skolehagekurs.

### Kompetanseutvikling innan etablerarrettlegg

Etablerarar gjev ofte uttrykk for at det første møtet med landbrukskontor/kommunalt etablererarkontor er ein svært viktig suksessfaktor for å lukkast i å utvikla ein idé til lønsam verksemd innanfor landbruksbaserte næringar. Fylkesmannen har direkte og i samarbeid med den regionale partnerskapen, hatt ulike arrangement for å styrka kompetansen i etablerarrettlegg. Det har vore samling for nyttilsette, entreprenørskapskonferanse, landbrukskonferanse og regionale samlingar, der dette har vore deltema. Dette arbeidet vert styrka ytterlegare i 2016.

FM er kompetansesenter for kommunane og vi hadde fylgjande aktivitet i 2015;

- I 2015 blei det gjennomført den årleg fellessamling med alle kommunane i starten av året. Temaene var knytt til dei oppgåene kommunane har på landbruksområdet, både jord og skog.
- Det blei gjennomført 2 samlingar knytt til arbeidet med tilskotsforvaltning og kontroll
- Det blei gjennomført 3 regionale samlingar knytt til temane miljø- og klima. Samlingane vert halde i Bergn, Kvam og Stord. Oppmøte var stort og i evalueringa er kommunane tydelig på at bruk av regionale samlingar gjev godt utbytte og styrker det regionale samarbeidet mellom kommunane
- Det blei gjennomført 2 regionale samlingar for skogansvarlege i kommunane. Tema knytt til ...
- Det blei gjennomført 1 samling for kommune på fagområde næringsutvikling. Samlinga tok opp tema knytt til utfordringar i det tradisjonelle landbruket.
- Det bli gjennomført fellessamling for kommunane på tema juridiske virkemidlar.
- Det blei gjennomført samling for nye politikarar om den nye joprdvernstrategien i bergensområdet. Veldig bra tilbakemelding på den samlinga, det vert vurdert å ta regionale samlingar på dette tema i 2016.
- I 2015 blei det arrangert fagtur for kommunane til Irland. Turen gjekk over 5 dagar. Hovudtema for turen var sauhold, beitebruk og tilleggsnæringer. Irland har mange av dei same utfordrigane som Hordaland.
- På slutten av året blei det gjennomført samling for kommunane med temaene landbruksregister og klimautfordrigane

Generelt har kommunane i Hordaland fagleg kompetanse på landbruksområdet. Det vi ser manglar i mange kommunar er juridisk kompetanse, kompetanse på skogforvaltning og ressursar nok til å satse på utviklingsarbeid på landbruksområdet. FM har bidrege til å auke fokus og aktivitet på skogområdet i kommunane ved å støtte opp om Skogselskapet sitt prosjekt knytt til felles vegplanlegging i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland. Temane her er; Hovudplan for skogsveg, Områdeplanlegging, prosjektering av skogsbilveg og informasjon- og mobiliseringsarbeid. I 2016 vil vi evaluere dette arbeidet.

Midlane til kommuneretta arbeid har blitt prioritert på fylkjande måte;

- Kommunesamling 2015 - kr 57 220
- Kommunetur 2015 kr 73 780
- Næringssamling kr 7 360
- Jordverkonferanse kr 19 125
- Kommunesamling klima kr 2 514
- Sum kr 160 000,-

Viser til oversikten over aktiviteten ovanfor. Midlane over kap 1144 post 77 er er nytta i stor grad til å styrke kompetansebygging og auke den kommunale aktiviteten. Med stramt driftsbudsjett gir desse midlane handlingsrom for aktivitet, og bidrar til at kommunane får eit godt tilbod på kompetansesida.

Ressursar knytt til landbruksavdelinga i Hordaland pr. 31.12.15; 18,8 årsverk



Ressursar knytt til kommunane i Hordaland pr. 31.12.15 i årsverk;

Askøy; 0,5 - Austevoll; 0,5 - Bergen; 2,5 - Bømlo; 1,2 - Etne; 2,0 - Fitjar/Stord; 3,5 - Fjell 1,0 - Fusa / Os / Samnanger / Tysnes; 4,8 - Granvin; 0,8 - Jondal; 0,6 - Kvam; 1,7 - Kvinnherad; 2,5 - Lindås; 2,2 - Masfjorden; 1,0 - Meland / Modalen; 1,8 - Osterøy; 1,5 - Radøy / Fedje / Austrheim; 3,0 - Sund; 0,5 - Sveio; 2,0 - Ullensvang/ Eidfjord/ Odda; 3,0 - Ulvik; 1,3 - Vaksdal; 1,0 - Voss; 3,8 - Øygarden; 0,5

Samla ca; 43,2 årsverk;

## 23.2 Skogbruk

Skogbruket i Hordaland har ei stor utfordring i høve struktur og storleik på eigedomane. Fylket har mange små skogeigedomar med krevjande driftstilhøve. I mange område mangler framleis skogvegar for å sikre positivt driftsresultat for skogeigarane.

Hogst av skogen i fylket har tradisjonelt auka kvart einaste år. I 2015 vart det hogd 230 888 m<sup>3</sup>, medan det i 2014 vart hogd 181 964 m<sup>3</sup>. Ein forventa auke i volum frå året før på grunn av oppryding etter ekstremværet Nina. Hogst av plantefelt med gran utgjør 93 % av volumet. Der vart planta om lag 2642 dekar (724 090 planter inklusive suppleringsplanter) i 2015. I 2014 vart omfanget 1950 dekar. Der vart reelt planta meir enn statistikken syner, men dette vert registrert fyrst i 2016.

I 2015 vart der utført ungskogpleie i plantefelt på 239 dekar. Dette er noko mindre areal enn i 2014 (324 dekar). Dei siste 10 åra vert omfanget med ungskogpleie redusert for kvart år. I lys av auka areal hogd skog i Hordaland og planting av ny skog, burde det vert utført vesentleg meir ungskogpleie.

Føremålet med prosjekt "Skogsvegbygging for fylka Sogn og Fjordana, Rogaland og Hordaland" er å få oversyn over alle eksisterande skogsvegar og behov for nye skogsvegar dei neste 20 åra. Prosjektet har avdekka eit behov for ca. 600 km ny veg i hogstmoden skog. Skal desse vegane byggast i løpet av dei komande 20 åra betyr det årleg 30 km vegbygging til ein kostnad på om lag 35 millionar. Med dei auka løyvingane til Hordaland dei siste åra får me bygd fleire skogsvegar. Til saman 17 819 meter skogsveg vart ferdig godkjent i 2015. Av desse var 11 567 meter bilvegar nyanlegg, 4 528 meter ombygging bilveg og 1 724 meter traktorvegar nyanlegg. Desse vegane hadde ein samla kostnad på 16 475 081 kroner. Det vart utbetalt 7 971 258 kroner i tilskot til desse vegane, noko som utgjør 48 % av kostnaden.

Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar i 2015 vart områdeplanlegginga av kommunane Fusa, Tysnes og delar av Kvinnherad. Takstprosjektet vart ferdig med ein kostnad på 4 280 000 kr og tilskot 3 253 000 kr. Tilsaman vart det produsert 375 stk planar. Dagens skogbruksplanlegging i Hordaland er kostnadskrevjande og tek for lang tid i forhold til moderne krav til planverk. Vi meiner at skogbruksplanlegging med både ressurskartlegging og tekstdel for framtidig drift er for omfattende for å nå målet om fylkesdekkjande planar. Framover bør vi kunne forkusere berre på ressurskartlegging slik at vi kommer ajour med ei fylkesoversikt. Dagens forskrift med krav om forhandstinga skogbruksplan vanskeleggjer dette arbeidet. Skal vi lukkast med regjeringens mål om meir, tettare og stadstilpassa skog, også som klimatiltak, må skogbruksplanlegginga styrkast og moderniserast framover.

Me har starta arbeidet med ein hovudplan for skogbruksplanlegging i Hordaland. Denne vil vere todelt der skogeigar kan tinga eit enkelt ressurskart for eigedomen eller ein ordinær skogbruksplan.

Sal av juletre i fylket vart auka i høve året føre. Tal sal av juletre vart 46 335 stk i 2015, mot 12 918 stk i 2014

Vedlikahaldskontroll av skogsvegar ferdigstilt i perioden 1999 til 2000 er utført på 5 anlegg i Os, Tysnes, Bergen og Meland kommune. Vegane var jamt over i god stand.

Det er gjeve tilskot til 11 driftar i bratt og vanskeleg terreng i 2015, totalt vart kr 1.015.255.- utbetalt til dette føremål. Fleire av driftene er resultat etter stormen «Nina» i fjor vinter, og der det har vore viktig å få ut tømmeret før det vert lagringskadd.

Fylkesmannen søkte i 2015 LDir om midlar til eit prosjekt innan genbevaring. Vi meiner at utfordringane vi vil møte i samband med auka skogplanting, spesielt i forhold til klimatilpassning, vil kreve eit meir nyansert og stadstilpassa skogbruk. Dette krev at produksjon av robuste, regional tilpassa skogsplantar kjem i gang. I denne samanheng vil meir sjeldne lauvtreslag som eik, alm og ask spille ei viktig rolle framover. I samarbeid med Hjeltnes gartnarskule ynskjer me å finne ut meir om status for mortrebestand, frøseting og planteproduksjon. Fylkesmannen vil og ta initiativ til å "teste ut" moglegheiter for eigedomsoverbyggande samarbeid mellom skogeigarar, spesielt etter hogst og knytt til bygging av større veganlegg. Vi meiner det vil vere naudsynt om vi vil utvikle stabile stadstilpassa skogar som ivareta både tømmerproduksjon (ulike treslag tilpassa voksestad), miljøomsyn (kantskogar knytt til skogsveg, bekk og myr, blandingsskog med grupper av lauv i granskog), klimatilpassning (ras, flom).

Fylkesmannen har starta arbeidet med med å finne nye løysingar for eit klimatilpassa skogbruk. Dette har ført til eit medlemskap som offentleg partner i eit prosjekt frå NIBIO (Adaptation of forestry to sustain the bioeconomy under climate change; optimization and risk management). Me har og vert i god dialog med *The european forest institut (EFI)*. I 2016 er det planlagd ein studietur med fagfolk frå forvaltning, næring og forskning i regi av EFI til Sør-Tyskland og Austerrike. Tema for turen er «klimautfordringar og -tilpassing i skogbruket i Hordaland».

## Resultatområde 24 Bærekraftig landbruk

### 24.1 Samfunns- og arealplanlegging

#### Arealutviklinga

I dei siste åra har det vore ein nedgang i omdisponeringa av dyrka og dyrkbar jord totalt sett i fylket. Det har vore ein nedgang i omdisponering av dyrka jord etter jordlova, samstundes som det har vore ein liten oppgang i omdisponering av dyrkbar jord etter jordlova. Det har vore ein auke i omdisponering av dyrka jord etter plan- og bygningslova, men ein nedgang ift dyrkbar jord. Det er totalt sett mest dyrka jord som blir omdisponert. Mesteparten av omdisponeringa skjer etter plan- og bygningslova. Dei siste åra har søknadar som gjeld nydyrking gått opp, det same gjeld godkjente nydyrkingar i dekar.

I Hordaland er utfordringane knytt til relativt små landbrukseigedomar, med til dels vanskelege arronderingsmessige forhold. Dette fører til at areal går ut av produksjon. Tilbakemeldingar frå kommunane er at dei ikkje har tilstrekkeleg med verkemidlar til å følgje opp driveplikta. Det er enten ikkje nokon som er villige til å leige arealet, eventuelt er ikkje eigar interessert i inngå ein leigeavtale. Eit eventuelt pålegg om bortleige av areal vil kunne trekkje ut i tid frå vedtak er gjort, til arealet blir leigd bort. Ut i frå ressursane i kommunane, er det vanskeleg å følgje opp desse sakane. Etter kvart som arealet går ut av produksjon og ikkje lenger blir klassifisert som jordbruksareal, vil eigar gjerne nytte arealet til noko anna.

Dette er ei problemstilling som også Fylkesmannen har merket seg, ved at det i søknader som gjeld omdisponering blir hevda at arealet ikkje lenger er i drift, og det såleis ikkje er grunnlag for å vurdere saka etter § 9 i jordlova.

#### Aktivitet og status i dialog med kommunane:

Fylkesmannen har kontinuerleg kontakt med kommunane og svarar på dei spørsmål kommunane måtte ha. Vidare har det i 2015 vore halde kurs i konsesjonslova og jordlova for dei tilsette, og introduksjonsforedrag for nye tilsette innan lovverket. Det er halde kurs for nye politikarar om nasjonal jordvernstrategi.

#### Ivaretaking av landbruksomsyn i plan- og dispensasjonssaker etter pbl

Som grunnlag for våre uttaler i plansaker brukar vi dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging, samt den nasjonale jordvernstrategien. Der kommunen har gjort ei kjernekartlegging ber vi



kommunen om å nytta denne ved fastsetjing av omsynssone landbruk. Der kartlegginga er av eldre dato eller der kommunen ikkje har gjort slik kartlegging, ber vi om at kartlegging vert gjort (på ny). Vi minner også om at kommunane bør setja ei langsiktig grense mellom utbyggingsformål og areal avsett til landbruk for å sikra føreseielege vilkår for landbruksnæringa.

Fylkesmannen i Hordaland er med i samordningsprosjektet for motsegner, og motsegnspunkt knytt til m.a. landbruk vert avklara i dialog med kommunane. Dei største konfliktane har ein på kommuneplannivå, i mindre grad på reguleringsplannivå då er arealbruken i hovudsak allereie avklart i kommuneplanen.

I 2015 fekk me 113 dispensasjonssaker til uttale der landbruksinteresser i større eller mindre grad vart råka, samt 142 saker til klagevurdering. Fylkesmannen klaga på det kommunale vedtaket i 19 av desse sakene, då me vurderte vedtaket til å vera i strid med nasjonale landbruksinteresser.

### **Samfunnssikkerheit på landbruk- og matområdet**

I 2015 blei gjennomført temamøte i regi av Bergen kommune om matvareberedskap i lys av endra klima i framtida. Bevisstheita rundt dette tema er viktig for planlegging framover ift nedbygging av dyrka mark.

Det blei gjennomført atomberedskapsøving i Hordaland i 2015. Forholda for matproduksjonen i fylket ved atomutslipp frå Håkonsvern, var ein viktig del av øvinga.

FM har generelt tett og god dialog med Mattilsynet i beredskapsarbeidet.

### **Utvald kulturlandskap**

Hordaland har eit Utvald Kulturlandskap (UKL) - Gjuvslandslia på Varaldsøy, Kvinnherad kommune. Dette er det minste UKL-område arealmessig og er delvis overlappande med Gjuvslandslia Landskapsvernområde. Området er krevjande å halda vedlike, og krev stor innsats på beite, slått og fjerning av bjørnebærkratt. I 2015 har vi funne eit godt nivå på beitetrykket, naudsynte gjerde for god beiting er på plass, og dei fleste bygga i området er no restaurert. Prosess for korleis nytte arealet vidare til næringsutvikling er i gang. Det er viktig at dei lokale har eigarkjensle til utviklinga.

## **24.2 Klimautfordringene**

Fylkesmannen har tett samarbeid med Hordaland Fylkeskommune, og landbruket er med i fylket sin klimaplan med tilhøyrande årleg handlingsprogram. Dette har vore eit viktig bidrag for å få tema på dagsorden og for å få gjennomført tiltak.

### **Tilpassing til eit endra klima**

FM deltar i prosjektet «Hordaklim – Klimaservice Hordaland», som skal nedskalere klimadata i tråd med kva kommunane og næringen har behov for til planlegging av klimatilpassing. Prosjektet i regi av Hordaland Fylkeskommune og Uni Research Klima, er også i samarbeid med Tryg forsikring, Norsk klimaservicesenter og pilotkommunane Bergen, Osterøy, Kvinnherad og Kvam.

Vi har hatt eit seminar om klimatilpassing i jordbruket, og får snarleg levert rapport frå NIBIO om aktuelle tiltak. Begge delar i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Rapporten blir eit grunnlag for å vurdere jordbrukstiltak i Hordaklim-prosjektet.

### **Tiltak for å redusere klimagassutslepp**

Prosjektet «Klimavennleg gjødsling med NLR kretslopstolken» er viktig for å identifisere konkrete klimatiltak i grovførbaserte produksjonar, som grunnlag for rådgiving om drift. Prosjektet blir gjennomført av Norsk Landbruksrådgiving Hordaland i samarbeid med Landbruksdirektoratet, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Regionalt miljøprogram har tilskot til miljøvennleg gjødselspreiing med nedleggingsutstyr og tilførsleslange. For mange føretak vil metoden ikkje vere praktisk grunna avstand frå fjøs. Fylkesmannen jobbar no mykje med informasjon om gjødsellager og spreietidspunkt, for å redusere faren for at nitrogen frå husdyrgjødsel går tapt til lufta. Vi har i samarbeid med Hordaland fylkeskommune hatt eit kartleggingsprosjekt for å få betre kjennskap til lagerkapasitet for husdyrgjødsel i Hordaland, og problemstillingar rundt dette.



## Auke bruk av trevirke

### *Prosjekt - Slow Wood*

Prosjektet «Slow Wood» er Fylkesmannen si satsing for å auke trebruk i vår region og var starta i des.2014. Prosjektleiari er samstundes Innovasjon Noreg sin "tre drivar" i fylket vårt. Prosjektleiinga er eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Hordaland og Høgskulen i Bergen der Fylkesmannen bruker 60 % av ei stilling. Prosjektet drivar nettverksbygging langs heile verdikjeda skog - tre og er ein pådrivar for meir og tettare samarbeid mellom ulike aktørar.

Hovudfokus i 2015 og vidare i 2016 var og er retta mot korleis samarbeidet av aktørar i verdikjeda skog og tre kan organsierast slik at både kompetanse og marknadstilgang aukar i alle ledd. Utover det engasjerer prosjektleiaren seg i nyskapande byggeprosjekt i dialog med utbyggarar som er drivkrafta for utvikling av den trebaserte marknaden, men òg for å auka interessa og kunnskapsnivået innan trevirke og teknologi i kompetanse- og utdanningsinstitusjonar i Bergen og Hordaland.

### *Konferansar, seminar, arena*

Prosjektleiaren og prosjektpartnerar (HiB) av «Slow wood» prosjekt har gjennomført fleire arrangement. Det var stor interesse både for frokostseminaret på Voss *om trebruk i badeanlegg og andre bygg* og treseminaret ved Høgskulen i Bergen - *Fremtiden bygges i tre. Treets påvirkning på inn klima og helse, ny forskning*.

Ut over det har prosjekteigarar arbeida med å utarbeide ein søknad til Norwegian Innovation Clusters (arenaprogram). Målet med dette er å etablere ein arena for tresektoren i Hordaland (Arena for tre - proTre.Hordaland som motstykke til klyngeprosjekt i europeiske land, kalla "ProHolz") som blir styrt av næringa sjølv. Dette prosjekt samla alle aktørar frå skogen til utbyggar.

### *Kompetansetiltak*

I løpet av prosjektet har prosjektleiaren sjølv tatt initiativ til mange møter med arkitektar, utbyggar, investorar, kommunar eller vert bedt om å involvere seg i prosesser. Hovudmål med møta var å bygge opp nye og berekraftige nettverksstrukturer mellom nemnte aktørar og kunnskapsmiljøet både frå lokale (HiB, BAS, KhiB) og nasjonale (Treteknisk institutt, NAL) institusjonar.

I samsvar med Innovasjon Norge sitt trebasert innovasjonsprogram har me gjeve mange nye impulsar til næringa i arbeidsmøta med bedrifter (utbyggar, plankontor). Dette arbeidet har føre til nye søknader til det trebasert innovasjonsprogram.

### *Treklang og tredrivarnettverk*

Treklang (etablert i 2013) er eit tett samarbeid mellom relevante kompetanse- og utdanningsinstitusjonar i Bergen og Hordaland. I 2015 har Treklang starta organiseringa av Bergen International Wood Festival i mai 2016. Bergen Arkitektthøgskulen har realisert eit spektakulært byggprosjekt («Never»-prosjekt), kor studentane fekk mogelegheit til å teste tre i sin heilskap. Treklang som kompetanseressurs vil ha ei viktig rolle gjennom etableringsprosessen av klyngeprosjektet.

Tredrivaren har møtt på alle tredrivarsamlingane og arrangert ein studietur for dette nettverket i september 2015 til Freiburg (Tyskland). Vidare gjennomførte prosjektleiaren ein fagtur med utbyggarar, arkitektar og planfolk frå Bergen kommune til Sør-Tyskland og Vorarlberg. Fagturen vart knytt til eit stor utbyggingsprosjekt i Bergen og hadde trebyggeri og urbant landbruk som tema.

## **Biogass**

Låge straumprisar og små gardsbruk gjer det vanskeleg å introdusere biogassproduksjon i landbruket. Likevel ser vi eit potensial for enkelte område i Hordaland der fleire bruk kan gå saman og investere i eit fellesanlegg.

Fylkesmannen har, i samband med Hordaland fylkeskommune sin klimaplan, fått lage en statusrapport for situasjonen ang lagerkapasitet for gjødsel i fylket. Stor mangel på noverande og framtidig lagerkapasitet i eit område vil gjere at etablering av biogassanlegg gir ekstra gevinst, ved å kunne spare investeringer i gjødsellager. Rapporten er grunnlag for vidare arbeidet med å finna fram til dei som vil satse, og å leggje til rette

**SMIL-ordninga**

Verkemiddelet er med å utløyse investeringar til restaurering av både bygg, landskap og kulturminne.

Ordninga med tilskot til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er ei viktig ordning for å skape aktivitet knytt til miljøverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap i Hordaland. Den årlege løyvinga for SMIL for 2015 var 2 mill lågare enn føregåande og trongen for verkemiddel er høgare. Fleire kommunar melder om kritisk lågt nivå på SMIL-midlane og dei vert mindre marknadsført grunna for lite midlar til tiltak. Tilskotsnivået på søkandane går også ned, og gjer det tyngre å gjennomføra prosjekta. Vestland fylke har fleire kulturlandskapsverdiar pr. areal enn mange andre fylke. I Regionalt miljøprogram for perioden 2013 – 2016 (RMP) er utfordringar og verdiane skildra. På bakgrunn av analysane har ein etablert tilskotsordningar for årleg skjøtsel, kor SMIL støttar opp om tiltak for restaurering.

Mange bønder i Hordaland legg vekt på å byggje opp kompetanse knytt til landskapskjøtsel for å ta i bruk fleire av ressursane på garden. Mange av dei som startar opp med Inn på tunet, reiseliv, lokal mat, aktivitetar gjer nytte av landskapsverdiane som ein del av tilbodet til kundane eller er ei viktig ramme rundt produktet.

I Hordaland har koplinga mellom RMP og SMIL vore god. SMIL - ordninga er kommunane sitt viktigaste verkemiddel innan for miljøområdet i landbruket og skaper aktivitet langt over dei reelle kostnadene som vert langt ned i prosjekta. Vår erfaring er at samfunnsnyttan for å bruke verkemidlet er svært høg.

I fylket har vi fleire regionale prosjekt knytt til tema innanfor SMIL ordninga. Fleire av kommunane har meldt inn at det er planlagde fellesprosjekt knytt til dei regionale satsingane som til dømes "Ny bruk av gamle landbruksbygg", "Landskap i drift" og LivogLyst. Prosjekt Landskapsparke har dei siste seks åra arbeidd fram gode skjøtelsprosjekt som også gjev ringverknadar knytt til næringsutvikling, biologisk mangfald, bygningar med meir.

**RMP 2015**

RMP er den viktigaste ordninga for å nå regionale miljømål innan miljø og klimaområdet i Hordaland. Ordningane fordelar seg på tema som kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminne, avrenning og klima.

Gjennom ei målretting i programperioden 2013 - 2016 har vi etablert to nye ordningar knytt til avrenning til vassdrag.

1. Tiltak knytt til vassdrag med elvemusling. FMLA har saman med miljøvernavingdelinga arbeidd med å få på plass miljøavtaler knytt til føretak som grenser til vassdrag. 40 bruk har søkt på denne ordninga, tilsaman 17144 meter ugjødsla randsone og 3674 daa i nedbørsfeltet har fått tilskot gjennom ordninga.
2. Ordninga med nedfelling av gjødsel vart vidareført i 2015 og fleire gardbrukarar investerte i utstyr for gjennomføring av tiltak. Arealet som er gjødsla på denne måten har meir enn dobla seg frå 2014 til 2015.

Prosjekt Landskapsparke ([www.landskapspark.no](http://www.landskapspark.no)) starta opp i 2006 har stimulert til etablering av 8 parkar kring om i dei ulike landskapsregionane i fylket. Ein Landskapspark har lagt opp til ei klar strategi for korleis ei bygd eller identitetsområde ønskjer å arbeide for næringsutvikling kring landskapsverdiane. I RMP er det etablert ei eiga tilskotsordning til beitedyr i Landskapsparkane. Eit krav til ordninga er at det skal utarbeidast felles skjøtelsplan for landskapet i parken.

**Registrering av spesielle kulturminne**

Som eit framhald av arbeidet med kulturminne i boka «Noregs låver» frå 2014, vart det i 2015 gjennomført ein dokumentasjon av steinbygg i Nordhordland. Området har ein svært spesiell byggetradisjon med bruk av stein i byggverk. Dokumentasjonsprosjektet vil sannsynlegvis resultere i ei ny bok i 2016.

Prosjekt "Ny bruk av gamle landbruksbygg" vart vidareført i 2015 med fornya interesse. Ordning med rådgjeving er eit viktig tiltak i prosjektet for dei som ønskjer å ta i bruk eksisterande landbruksbygg for å nytte dei for bruk for anna næring (vern gjennom bruk). Dette er eit samarbeid med fylkeskonservatoren hjå Hordaland fylkeskommune og deira arkitektar og handtverkarar. Etterspurnaden etter rådgjeving har vore god og har gjeve større behov for tilskot til restaurering. Kostandene på denne type restaurering er høge. Kommunen har dei siste 10 åra hatt ein offensiv politikk knytt til landskap og bygningsarven og har som resultat fleire gode innmelde prosjekt. Prosjektet «Ny bruk av ledige landbruksbygg» vil halde fram i 2016.

**Skjøtsel og tilskot til kystlynghei**



I 2015 har vi hatt samarbeid med lokale brannvesen og Lyngheiseret i høve til grensegangen mellom drift av kystlynghei med kontrollert sviing, planlegging av tiltak for å redusere ukontrollerte utmarksbrannar og tiltak når ein brann har oppstått. Dei er ei utfordring å få gardbrukarane til å gjere så god risikovurdering og planlegging før sviing at brannvesen kan skilje på kven som kan få løyve og kven som ikkje kan få løyve til sviing. Det hadde vore ønskjeleg om lokale brannvesen også hadde eit oppdrag i å bidra til tilrettelegging for skjøtsel av lynghei, gitt av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

### **Tilrettelegging av beiteområde for grågås**

Arbeidet med forvaltningsplanar for grågås har i stor grad stoppa opp fordi det er vanskeleg å etablere frivillige beiteområder for grågås. Fylkesmannen har engasjert seg i arbeidet for å få gode forvaltningsplanar, fordi dette vil gi betre tilhøve for grågåsa og fordi det vil redusere konfliktnivå grågås/landbruk.

I samband med verneområde for fugl i kommunane Øygarden, Fedje, Kvam og Fusa er det behov for å leggje til rette beiteområde for grågås, nær hekkelokalitetane. I tillegg til å vere ein viktig art på Vestlandet, gir grågåsa ekstra opplevingar i kulturlandskapet. Ein kan difor vurdere om det er tilsvarande behov for tilrettelagte beiteområde også i kjerneområde for grågås som ikkje har tilknytning til verneområde.

Aktuelle gåsebeiteareal vil vere både dyrka jord og beite, og blir avklart etter kartlegging og vurdering frå kommunen. For helsetilstanden til gjæsene er det viktig at dei har leveområde der dei ikkje blir skremt og stressa. Med tilrettelegging av faste beiteareal vil gjæsene etter kvart føretrekke dei tilrettelagte beiteareala framfor beite på anna jordbruksareal, der dei i større grad blir skremt og jaga. Tilrettelagte beiteområde kan vere del av eit friområde, som ofte ein føresetnad for å få kommunal forvaltningsplan med bestandsmål godkjent. For å sikre gode beite for gås over tid er det nødvendig med tilskot til den som driv arealet, som betaling for skjøtsel med tilpassa slått og/eller beiting. Utan rett skjøtsel vil arealet har lite verdi som gåsebeite.

### **Implementering av Vassdirektivet**

Landbruket har ansvar for å gjennomføre tiltak for å bidra til betre vasskvalitet. Det har vore ei oppgåve å synleggjere at landbruket faktisk har negativ påverknad på vassdrag og kva aktuelle tiltak kan vere. Det har vore ei like viktig oppgåve å sikre balansert framstilling og å få fram landbruket sine behov for tiltak også langs vassdrag. Det har vore dialog både internt hos Fylkesmannen, med kommunar og faglag.

Det er ei utfordring at ein i mange tilfelle ikkje veit kor stor påverknad landbruket reelt sett har, og kva tiltak som vil vere mest effektive og mogleg å gjennomføre. Det har vore lite arbeid med landbruksforureining i Hordaland dei førre åra, også i dei fleste kommunane. Ein har difor hatt behov for kompetanseuke, også internt hos Fylkesmannen.

Dei fleste problemstillingane gjeld diffus avrenning etter bruk av husdyrgjødsel (til dømes mindre spreing om hausten, betre lagerkapasitet, buffersoner med redusert gjødsling, praktisering av spreieareal, mengd gjødsel på teigen, gjødslingsjournal, fosforinnhald i jorda, lagring av hestegjødsel mm. Vi har òg arbeidd med betre handtering ved bruk av utbyggingsmassar til dyrking.).

Gjennom RMP har vi tilskotsordning til frivillige tiltak berre for særleg prioriterte vassdrag (levestadar for elvemusling). Kartleggingsprosjekt i samband med dette har gitt mykje innsikt i problemstillingane og aktuelle tiltak. Utover dette har vi førebels arbeidd mest med den kommunale sakshandsaminga i høve til regelverket.

For at det skal kunne vere mogleg å nå miljømåla som er sett, må vi både få betre praktisering av regelverk og vurdere bruk av meir RMP-pengar til frivillige tiltak i fleire område, i tillegg til at kommunane må gjere ein stor innsats med problemkartlegging, prioritering og motivering.

### **Drenering**

I Hordaland er det løyvd totalt ca. kr 1.000.000 i tilskot til drenering i 2015. Dette er kr 670.000 mindre enn vi hadde tilgjengeleg. (I 2014 blei det løyvd kr 1.530.000). Mesteparten av tilgjengelege midlar blei fordelt til kommunane i februar. Noko midlar blei halde tilbake til hausten til kommunar med størst behov, men det har vore lite pågang.

Fylkesmannen kunne ha etterspurt rapport om forbruk i kommunane tidlegare på hausten for å gjere alle kommunane meir merksame på moglegheitene for meir midlar. Det kan vere at meir informasjon til gardbrukarar for å «ufarleggjere» søknadsprosessen kunne ha gitt fleire søknader. Det har vore mindre fagleg fokus på drenering i 2015 enn dei førre åra etter innføring av tilskotsordninga. For dei som søker om tilskot, kan krav om grøfteplan likevel gi betre og meir gjennomtenkte løysingar enn utan tilskotsordning.



Tilskotet til drenering utgjer ein liten del av kostnadane. Under våre tilhøve kostar drenering gjerne 90-100 kr/meter. Årsaka er mellom anna bruk av gravemaskin, mange korte strekk, samankopling med eksisterande grøftesystem og behov for stabile røyr på myrjord. Det er grunn til å tru at tilskotet difor berre i nokon grad utløyser ekstra aktivitet. Fleire av dei som grøfter bryr seg ikkje med å søkje sidan tilskotet er for lite.

Sakshandsaminga er relativt lite ressurskrevande, men for å få effekt er det behov for differensiering i tilskotssatsar. Satsane må vere høgare der dreneringsarbeidet er mest kostbart. Behovet for drenering er framleis særst stort, så potensiale for investeringar og bruk av tilskot skulle kunne vere stort.

**Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2015 etter søknadsomgang 2014 - kroner utbetalt til hovedområder**

Embeter	Kulturlandskap	Biologisk mangfold	Kulturmiljøer og kulturminner	Friluftsliv og tilgjengelighet	Avrenning til vassdrag og kyst	Utslipp til luft	Plantevernmiddel	Andre miljøtiltak
FMHO	14495390	1270670	1549427		640620	1871430		
<b>Sum</b>	<b>14495390</b>	<b>1270670</b>	<b>1549427</b>	<b>0</b>	<b>640620</b>	<b>1871430</b>		

## 24.4 Økologisk landbruk

### Økologisk matproduksjon i Hordaland

Utfordringane for Hordaland i forhold til utvikling av økologisk produksjon er synleggjort i Regionalt næringsprogram (RNP).

I 2014\* var 2,3% av jordbruksarealet i Hordaland drive økologisk. Tek vi med areal som er i karens, så får vi 2,5 %. Dette utgjer til saman 10.065 dekar. Dersom 15% av arealet vårt skal drivast økologisk må ein større del av grovførareala leggjast om til økologisk drift slik at vi kan by fram meir økologisk kjøt og mjølk frå Vestlandet. (\*vi ventar på tall frå Debio for 2015).

Det vert jobba tett opp mot både næringa, storkjøkken og marknaden elles. Strategien med å kjøre utviklingsarbeidet parallelt ift konvensjonell produksjon på områda som sau, mjølk og frukt opnar fleire dørar og vil difor vere viktig framover. hausten 2015 blei arbeidet med å lage ny handlingsplan som skal vera klar mars 2016.

I 2015 hadde vi for fyrste gangen Økouka i Bergen der Oikos med eigen prosjektleiar, Reindyrka, Slow Food, Folkelig var hovudaktørane saman med andre aktørar. Det blei geivje støtte frå UTM-midlane til dette arrangementet .

I 2015 har vi løyvd totalt 429.300 til 10 økologiske prosjekt:

Folkelig AS: Øko- Crawl: 15.500,-

Folkelig AS: Øko- Gründercamp: 40.000,-

Folkelig AS: Øko smaksverksted under øko-uka: 10.000,-

Slow food youth network Norge: debattmøte under økouka: 30.000,-

Stend VGS: øko-aktivitetstilhenger: 30.000,-

Okos Vest: Øko-uka: 150.000,-

Oikos Vest: Øko-pris: 3.000,-

Nibio: delfinansiering av studntarbeid Urbant landbruk i Bergen: 10.000,-

Økodrift Homlagarden AS: Avlsstasjon for økologisk fjørfe: 70.000,-

Stine Vikne Blomar: Bergen takhage: 55.800,-

### Føregangsfylke økologisk frukt og bær

Føregangsfylke økologisk frukt og bær arbeider systematisk med å inkludera alle fruktdistrikt i arbeidet, og meiner ein har funne fram til ein god arbeidsmåte for å samarbeide og mekle mellom dei mange aktørane som er

involvert i arbeidet. Det er jamnleg dialog med dei regionale fruktlagra som pakkar økologiske varer og med produsentorganisasjonane som er knytt til lagra, for å stimulere til omlegging og profesjonalisering av dei økologiske dyrkarane. Det er og god kontakt med dei regionale rådgjevarane innan økologisk frukt og bær i NLR, og spesielt med fagkoordinator for frukt og bær i NLR. Samlingar for produsentar eller motivasjonsmøter vert gjerne lagt opp som «turnear» slik at alle fruktdistrikt vert inkluderte. På informasjonssida har det jamleg vorte produsert artiklar om aktivitetane og tilboda i prosjektet, og i snitt annankvar månad har det vorte sendt ut nyheitsbrev til alle samarbeidsaktørar i heile landet med linkar til artiklar på heimesida. Det er om lag 150 abonnentar på lista. Til produsentane har det til dømes vorte laga malar for «øko-hjørne» som dei fleste rådgivingseiningane i NLR har sendt ut til frukt-medlemmane sine. Prosjektleiari viser elles til diskusjonar og konklusjonar i rapporten «Flaskehalsar og muligheter i produksjon og marked for økologisk frukt, bær og grønnsaker», som vert lansert av Landbruksdirektoratet 15. februar 2016.

## Ressursrapportering

### Resultatområde Kapittel 0525 Fagdep.

Oppgaver under LMDkr 12 284 399,44 kr 0,00

Sum: kr 12 284 399,00 kr 0,00

## Klima- og miljødepartementet

### Resultatområde 01 Naturmangfold

#### Skogvern

I løpet 2015 gjennomførte vi utgreiingsprosessar for fire område: Djonno (Ullensvang), Tjongspollen (Bømlo), Alsåker (Ullensvang) og Ullensvang prestegardskog (statleg grunn). Målet er å få vernevedtak for mest mogleg av desse innan utgangen av 2016. Frå før har vi takka nei til oppstart av verneprosess i to skogområde, med bakgrunn i manglande miljøverdier. Totalt har vi 14 område som enten er i prosess eller der det no er tidlege sonderingar mellom Vestskog BA og aktuelle skogeigarar.

I 2015 stoppa vi vernearbeid på Skarvatun i Kvinnherad etter at ein av grunneigarane utførte søknadsplichtige skogbrukstiltak utan løyve. Det vert no gjennomført jordskifte der, og resterande grunneigarar ønskjer frivillig skogvern når det er gjennomført.

Hordaland har kome noko seinare i gang med frivillig skogvern samanlikna med mange andre fylker. Ein vesentleg flaskehals har vore avgrensa ressursar i skogeigarlaget Vestskog BA som representerer skogeigarane i verneprosessen.

#### Marint vern – ny verneform i Hordaland

Arbeidet med marint vern av 3 store kandidat område — i alt om lag 380 km<sup>2</sup> sjøareal — går som planlagt. Oppstartsmelding for desse områda vart sendt i 2015 og følgt opp med opne informasjonsmøte, dels også orienteringar for kommunestyre og regionsråd. Tilbakemeldingane er oppsummerte, avgrensingar justerte og framlegg til verneforskrifter er utarbeidd. Formell høyring er venta februar 2016 etter tilbakemelding frå Miljødirektoratet.

Desse marine områda femner om areal i 10 av kystkommunane våre. Av desse har 5 stilt seg positive etter oppstartsmeldinga. 2 av kommunane har ikkje uttrykt sterke meiningar, medan 3 er kritiske. Innvendingane er mykje styrt av uro for at det vil bli restriksjonar på havbruk i kandidat område i framtida, sjølv om verneforskriftene ikkje på noko tidspunkt har avgrensa denne næringa ut over det som følgjer av kommunale planar og sektorlovverk.



Vi meiner vi skal greie å gjennomføre denne regjeringsoppdraget på ein god og konstruktiv måte, men reknar med vi må frigjere ein del ressursar frå vår side i 2016 for å få dette fullgodt til.

### **Hordaland har ansvar for å utarbeide faggrunnlag for tre naturtypar**

Arbeidet med faggrunnlaget for rikare sumpskog har gått over fleire år og bestått i å utarbeide definisjon av naturtypen, metodeutvikling for kartlegging i felt, kvalitetssikring av eksisterande lokalitetar i Naturbase og samanfating av sjølve faggrunnlaget. I arbeidet med faggrunnlaget la vi særleg vekt på at klassifisering av utformingane innan naturtypen vart gjort parallelt, og tilpassa NiN 1.0 slik at både definisjon av naturtypen og kartlegginga kunne verta einsarta. No i ettertid har Artsdatabanken kome med NiN 2.0. Eit ferdig utkast av faggrunnlaget er sendt Miljødirektoratet og vi avventar vidare signal frå direktoratet til det vidare arbeidet. Det er klart at faggrunnlaget og definisjon av utformingane for naturtypen no må tilpassast NiN 2.0.

Eit utkast til faggrunnlag for fattig boreonemoral regnskog vart levert frå konsulenten i januar 2016. Det som står att er en del 2 med juridisk, administrativ og økonomisk vurdering. Fylkesmannen vil forsøke å ferdigstille dette for innsending til Miljødirektoratet i løpet av første halvdel av 2016.

Når det gjeld faggrunnlag for irsk hannelav er det gjennomført genetiske analysar som viser at det ikkje er genetisk variasjon i den norske populasjonen av irsk hannelav. Den er heller ikkje unik samanlikna med populasjonane i resten av Europa. Resultata indikerer at det ikkje er spreingsstrategien som avgrensar utbreiinga av irsk hannelav i Norge, men dei strenge økologiske krava arten stiller gir få eigna habitat her i landet. I september vart det gjennomført nye, meir grundige søk etter arten i eit av tyngdepunkta; Sævareidberget landskapsvernområde. 446 tre vart undersøkt, og irsk hannelav vart funne på 23 tre eller 5 prosent. Både styva og ustyva tre vart undersøkte, men arten vart berre registrert på styva ask.

### **Kartlegging av naturtypar**

2015 vart eit spesielt år når det gjeld kartlegging av viktige naturtypar. Revisjonsarbeidet med ny rettleiar vart skrinlagt. NiN 2.0 skal heretter ligge til grunn for vidare kartlegging av naturtypar i Norge, og det skal etablerast eit landsdekkande og heildekkande *økologisk grunnkart*. Ansvar for metodeutvikling vart overført frå Miljødirektoratet til Artsdatabanken. Dei samarbeider no om å velje ut *forvaltingsrelevante naturtypar* og å etablere eit verdisettingssystem for desse til bruk i arealforvaltinga. Vi oppfattar det slik at endelig kartleggingsmetodikk enno ikkje er fastsett. Om det skal vere rutebasert 500 x 500 meter heildekkande NiN-kartlegging eller rutebasert kartlegging av *forvaltingsprioriterte naturtypar*. Eit økologisk grunnkart for Norge basert på N5-data vil ta lang tid å få på plass. For raskast mogleg å få på plass datasett som er eigna til bruk i arealforvaltinga på fylkes- og kommunenivå, trur vi at ei rutebasert kartlegging av *forvaltingsprioriterte naturtypar* må vere vegen å gå.

Årets kartlegging av naturtypar har avgrensa seg til kvalitetssikring av skoglokalitetar. I Hordaland er det gjort feltarbeid i kommunane Tysnes og Kvam. Data er levert Miljødirektoratet for innlegging i Naturbase. I tillegg er det retta opp manglar i rundt 100 skoglokalitetar direkte i Naturbase.

Vi har også mottatt nye datasett kartlagt etter gammal metodikk (revidert DN-handbok 13) for Øygarden kommune, og det er gjennomført supplerande kartlegging av holer eiker i delar av fylket. Med unntak av holer eiker registrert i 2015 er Naturbase a jour. (Sjå eige avsnitt om Naturbase.)

### **Dei prioriterte artane dvergålegras, hubro og elvemusling**

Fylkesmannen i Hordaland er nasjonal koordinerande styresmakt for den prioriterte arten dvergålegras. Dvergålegras vart vedtatt som prioritert art 22. mai 2015 og vi har ansvaret for oppfølging av handlingsplan for dvergålegras i Norge.

Årsrapport for 2015 er utarbeidd av prof. Anders Lundberg med fokus på overvaking av kjende lokalitetar og registrering av ein ny, pluss gjennomgang av status for arten. Vi har signert kontrakt med Norsk Landbruksrådgjeving om utarbeiding av miljøplanar for landbrukseigedommar med utslepp til dvergålegraslokalitetar. I februar 2016 i Stavern vert det arrangert nettverkssamling for kommunar, fylkesmenn og andre som skal forvalte dvergålegras.

Hubroen er sterkt trua, og er blant artane som vi har minst kartfesta informasjon om. Hordaland utgjør kjerneområde for arten i Noreg, og det er avgjerande å få meir kjennskap til forekomstar for å kunne ta tilstrekkeleg omsyn.

Gjennom prosjektet *Hubro og kraftliner i ytre Hordaland: betre kunnskap, målretta tiltak og auka overleving av hubro* har Fylkesmannen utvida innsatsen i oppfølging av handlingsplanen for hubro. Satellittmerking av vaksne fuglar har gitt ny og verdifull kunnskap om habitatbruk. Resultatet frå denne delen av prosjekt er viktig for utføring av tiltak på kraftmaster saman med kraftselskap for å redusere dødelegheit. Denne nye kartfesta informasjonen om territorium og habitatbruk vil også vere sentral del av eigeiendomsplanen i framtida.



Fylkesmannen koordinerer bergingsaksjon for elvemusling i Hordaland. I Hordaland er 10 av 21 bestandar utrydda. Åtte av dei resterande bestandane er rekna å vere kritisk trua. Utan tiltak vil også dei døy ut. Ved å ta inn delar av elvemuslingbestandane i det nasjonale elvemuslinganlegget på Austevoll vinn vi noko meir tid på å gjere miljølilhøva i vassdraga betre.

Då har fokuset vore på smartare arealplanlegging, auka oppfølging av kloakkutslepp og forureining hjå verksemdar som er lokalisert i nærområda til viktige vassdrag. Redusert landbruksavrenning er også ein del av dette.

Ein viktig tiltak har vore å etablere ordninga *Miljøavtale Elvemusling* for gardbrukarar i nedbørsfelt til elvemuslingsvassdrag. Gratis miljøplanar med tips og vink for meir miljøvenleg landbruskdrift, vart utarbeid i 2014 og 2015. Totalt omfattar planane 30 595 meter med kantsone til elvemuslingvassdrag og 7 148 dekar landbruksareal innafor nedbørsfelt. I 2015 vart det utbetalt tilskot frå regionalt miljøprogram til 17 144 meter randsone mot elvemuslingvassdrag og 3 674 dekar landbruksareal. Vi har god tru på at desse grepa vil ha solid effekt i å redusere skadeleg landbruksavrenning til desse sårbare vassdraga.

I arbeidet med å ta vare på trua artar og naturtypar, bør miljø - og landbruksforvaltninga i framtida i større grad gå i dialog med grunneigarar og gardbrukarar. Ein bør inspirere og kommunisere naturverdiane, og saman med gardbrukaren drøfte forslag til tiltak for å betra levekåra for sårbare artar og naturførekomstar. Konseptet med å utarbeide individuelle miljøplanar med føremål å redusere naturbelastninga, bør vere ein viktig framtidig strategi i naturforvaltninga i Norge. Og dette arbeidet har vist at ei slik tverrfagleg tilnærming kan gje svært positive resultat.

### **Forvaltning av verneområda**

Feltet har også i 2015 vore høgt prioritert. Eit vesentleg løft er at våre 69 sjøfuglreservat no har fått eit ferdig utkast til felles forvaltingsplan. I denne er all relevant kunnskap om desse verneområda sidan 1980 oppsummert og vurdert. Oppfølging av planen vil generere mykje innsatsfei næraste åra for fylkesmannen, og ikkje minst for naturoppsynet.

Særleg fokus har også vore gitt til ein tidlegare statsskog, som vart teke over av Miljødirektoratet i 2012 og gjort om til naturreservat på Ånuglo i Tysnes kommune. Her vil store mengder av utanlandske treslag som gran, sitkagran, edelgran, lerk og vestamerikansk hemlokk, gje store skjøtselsutfordringar, som har vore planlagde i detalj i 2015. Fylkesmannen kan bli den største skogbrukaren i Hordaland i dei komande to åra som følgje av dette eine prosjektet.

Særleg fokus har også vore gjeve til å vurdere trong for skjøtsel i verna våtmarksområde og myrar. Desse verneområda er gjennomgåande små i Hordaland, og dei endrar raskt karakter utan vedvarande skjøtsel. Vi har også blitt vesentleg meir medvitne om spreing av berberis og fleire artar mispel i to av verneområda våre. Denne utfordringa er stor og sterkt eskalerande, og kan ikkje handterast utan omfattande tiltak utanfor vernegrensene. Skal ein ta fatt på fjerning av desse framande treslaga, vil dette generere svært mykje innsats dei komande åra, der røynslene frå Hordaland vonleg vil vere nyttig for liknande situasjonar i andre delar av landet. Det synest særleg å vere verneområde for barlind og kristtorn som er påverka av denne faktoren.

Samhandlinga med lokalt SNO er som før god. Det er likevel merkbart at vi for 2-3 år sidan mista ei oppsynsstilling i indre Hardanger. Det er enno meir urovekkande at kystoppsynet i framtida skal utøvast frå nabofylket, med sterkt redusert omfang som ein uunngåeleg konsekvens. Dersom dette vert ei varig ordning, vil forvaltninga av mange av verneområda i Hordaland kome dårleg ut på sikt.

### **Hardangervidda nasjonalpark**

Hardangervidda nasjonalpark har enno ikkje fått etablert ordning med interkommunalt nasjonalparkstyre. Fylkesmannen i Hordaland er såleis koordinerande fylkesmann for denne store nasjonalparken, som ofte vert framheva som ein av dei aller viktigaste i Noreg. Vi ser klårt at korkje vi eller dei to andre involverte fylkesmennene har høve til å allokere den tida som forvaltning av dette krevjande området fortener. Det vert såleis jobba aktivt frå vår side for å stimulere dei aktuelle kommunane i dei tre fylka for å etablere ei tilsvarande forvaltingsløyse som dei fleste andre norske nasjonalparker har i dag. Også dei fylkesvise tilsynsutvala poengterer at tilgjengelege ressursar ikkje dekker behovet.

Vesentlege endringar i oppsynsfunksjonen av denne nasjonalparken vart gjennomført for eit par-tre år sidan, og nye omleggingar fann stad i 2015. Ein konsekvens har blitt at oppsynsaktiviteten i Hordaland sin del av nasjonalparken no er sterkt redusert. Hardangervidda natursenter i Øvre Eidfjord har gode fasilitetar for oppgåver relatert til naturinformasjon, men vert i dag berre utnytta i marginal grad.

## Framande artar

Vi arbeider vidare med boersvineblom, kjempespringfrø, vestamerikansk hemlokk, vasspest og kjempebjørnekjeks. Aktivitetsnivået i 2015 utifrå tildelte midlar var om lag som året før. Samarbeidet med Statens vegvesen held fram. Dette gjelder særlig kjempespringfrø i Voss kommune og kjempebjørnekjeks og tromsøpalme.

Vi har utfordringar med handtering av framande artar i nokre av naturreservata våre. Dette gjeld særleg berberis, edelgran (truleg europeisk), spireartar, parkslirekne og mispelartar i tillegg til platanlønn. Det er store utfordringar i eit par verneområde. I den grad dette blir handtert, går det gjennom budsjettet for forvaltning av verneområda, men berberis og mispel har spreingsentra godt utanfor verneområda som vert råka.

Platanlønn er veletablert og godt etablert treslag i Hordalandsnaturen, og er urealistisk å gjere noko med utanfor naturreservata. Men vi vil rope eit sterkt varsku når det gjeld framande bartre, særleg vestamerikansk hemlokk, men også edelgran og sitkagran. Desse artane har stort spreingspotensial og konkurransevne, og vil på sikt kunne endre både biologisk mangfald og store delar av landskapet vårt om ikkje noko vert gjort.

Nedkjemping og fjerning av sitkagran inngår i forvaltninga av nokre av lokalitetane med kystlynghei i fylket, mellom anna i Fitjarøyane. Dette er finansiert gjennom tilskotsordninga for trua naturtypar.

## Utanlandske treslag til skogbruksformål

Vi handsama berre nokre få søknadar om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål i 2015. To av desse gjaldt utsetting av sitkagran i to kystkommunar og var viktige prinsipielle saker. Etter klagehandsaming i direktoratet vart våre avslag stadfesta, noko som bidreg til å sette terskelen for å tillate utsetting knytt opp mot fare for spreing. Dette er spesielt viktig sett opp mot den utfordringa vi står ovanfor med spreing av framande bartre i fylket.

## Stadig fleire data i Naturbase

Med unntak av data frå kartlegging av hule eiker i 2015, har vi ikkje data liggande på vent for registrering i Naturbase. Registrerte eiker vert lagt inn i løpet av ettervinteren 2016. Alle eigarar med registrerte tre får orienteringsbrev og brosjyre som er utgitt av Fylkesmannen i Oslo og Akershus og Miljødirektoratet.

Av komande datasett venter vi på resultat frå supplerande kartlegging av naturtypar etter gammal metodikk i revidert DN-handbok 13, frå Askøy kommune.

Det kan òg nemnast at alle freda tre i Hordaland har fått oppdatert omtale i Naturbase. Tidlegare har det vore lagt inn svært lite informasjon om desse objekta.

Også våre 69 sjøfuglreservat har fått nye omtalar i Naturbase, i tråd med ny forvaltingsplan.

Vi er ikkje heilt tilfredse med Naturbase si handtering av viltartar. Etter vårt syn er ein til ein løysinga mellom eigenskap og kartobjekt lite tilfredsstillande. Ein del viktige funksjonsområde for viltartar er vel avgrensa einingar til dømes viktige vatn og våtmarker. Desse burde kunne registrerast på same måte som ein naturtypelokalitet med ein omtale, inkludert kva artar området er viktig for. Eit mogleg alternativ er å nytte datamodellen for naturtypar på viktige viltlokalitetar. Enkeltartar vil likevel kunne søkast opp etter behov dersom søket blir sett til å omfatte eigenskapen *artsmangfald*.

## Rovvilt

Hordaland har få utfordringar knytt til rovvilt samanlikna med andre fylke i landet. I fjor hadde vi ein relativt stor tapssituasjon søraust i fylket der jerv var skadegjerar. Skadane vart godt dokumenterte av Statens naturoppsyn og gav eit godt grunnlag for å handsame erstatningssøknadane.

Det store støyfaktoren i fylket er framleis konflikten mellom drift med utegangarsau i kystlynghei og kongeørn. Ikkje minst fordi dokumentasjon av tapsårsaker er vanskeleg og ørnene er godt synlege for folk som ferdast i område. Sør i fylket var det mykje merksemd om denne problemstillinga i lokalpressa, noko som etter kvart resulterte i nokre kontroversielle utspel om skyting av kongeørn.

I fjor fann vi eit nytt kongeørnterritorium i Fjell kommune. Vi ser her at konfliktpotensialet er høgt i likskap med Fitjarøyane. Det er utfordrande finne gode taps- eller konfliktreducerande tiltak og erstatningsordninga er ikkje godt tilpassa denne typen tap. Vi har finansiert opplæring av kadaverhundar som kan nyttast i søk for å bidra til å auke dokumentasjonsgraden, men vi har enno ikkje sett resultat av dette.

## Proessen fram mot regional vassforvaltningsplan

Vi har delteke som sektormyndigheit i dei fem vassområda, og i vassregionutvalet inkludert arbeidsutvalet. På det



viset har vi medverka til vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet for vassregion Hordaland som vart vedteke i Hordaland fylkesting i desember 2015.

I tillegg har vi på vegne av heile vassregionen ansvaret for databasen Vann-Nett og for overvakingsprogrammet i vassregionen. Arbeidet med desse oppgåvene har gått føre seg i heile 2015 tilpassa framdrifta av arbeidet med forvaltningsplan og tiltaksprogram.

### **Vassdrags- og energisaker**

Omfanget av konsesjonssaker i Hordaland har vore om lag på same nivå som siste år, eller litt lågare. Fylkesmannen har gitt uttale til 17 konsesjonssøknader for nye småkraftverk, inkludert to pakker med saker, ein i Masfjorden og ein i Voss og Vaksdal. Vi fremja motsegn i 8 saker, rådde frå to saker og hadde innspel med faglege merknader i dei andre. Vi har og gitt uttale i ein del detaljplanar.

Olje- og energidepartementet og NVE ga konsesjon til 11 utbyggingsprosjekt i Hordaland i 2015, som til saman gir ein årleg produksjon på 114 GWh. I alt 14 prosjekt fekk avslag på konsesjonssøknaden, med samla produksjonsvolum på 107 GWh. Samstundes ga NVE positiv innstilling til fleire store utbyggingsprosjekt i fylket, som Tokagelet kraftverk, Fjellhaugen kraftverk, Øystese kraftverk og overføring av Vossdalsvatnet i Øystesevassdraget til Samnanger, med til saman over 230 GWh årleg produksjonsvolum. Dette avspeglar at NVE no har fokus på opprustings- og utvidingsprosjekt i eksisterande kraftverk. Regulær kraft blir vurdert som viktig for å stabilisere kraftsystemet, som har mykje uregulert produksjon frå småkraftverk og vind.

NVE registrerer tydeleg reduksjon i talet på småkraftsøknader på landsbasis. Det er og ein utvikling med skifte i eigarstruktur, der både norske og utanlandske selskap kjem inn.

Fylkesmannen har prioritert høgt å delta på synfaringar og gjennomføre dialogmøter med dei større aktørane i bransjen.

I 2015 har vi gitt uttale til fleire saker med inngrep i vassdrag, mellom anna søknad om vassforsyningsanlegg i Fjell og Sund. Vidare har vi hatt fleire mindre kraftline- og energisaker saker til uttale.

### **Forvaltning av laks og sjøaure**

Året starta med stormen Nina, rømte fisk frå 6 anlegg i fylket, i tillegg til at eit heilt oppdrettsanlegg rømte. Det gjekk mykje tid i møter og telefonar i samband med rømningane. Fiskeridirektoratet påla i samråd med oss eit selskap å gjennomføre gjenfangstfiske. Fiske etter rømt fisk er i stor grad basert på frivillig innsats. Det at rømningane skjedde i januar var ein fordel, sidan det då allereie var eit lovleg fiske etter rømt fisk i fylket. Stormen Nina viste med all tydelegheit at ei beredskapsordning må på plass. Vi kan ikkje basere oss på frivillige hobbyfiskarar, og det er heller ikkje aktuelt for oss å opne for garnfiske utover perioden som allereie er satt.

Vi har to store prosjekt som gjeldt reetablering av laks i fylket; redningsaksjonen for Vossolaksen og reetablering av laks og kalking i Modalen. Redningsaksjonen har gått føre seg sidan 2010 og skal halde på fram til 2020. I Modalen haldt vi fram med rognplanting av vossolaks i vassdraget. Oppstart på bygging av kalkdoseraren var tidleg på hausten 2015 og i desember gjennomførte vi prøvekalking. Ordinær kalking startar opp våren 2016 og prosjektet i Modalen er i rute.

Bestandane av laks og sjøaure i Hardanger og Sunnhordland skal inn i ein ny genbank. Genbanken skal etter planen kome på Ims i Rogaland, men den er ikkje bygd enno. Miljødirektoratet har difor inngått ein avtale med Statkraft om bruk av genbanken i Sima i Eidfjord. All stamfisk av sjøaure og villaks vart i 2015 sendt til Sima. Bestandar frå 22 vassdrag langs fjorden skal inn i genbank, levande og frosen. Første år med innsamling var 2015. Vi reknar med å måtte halde på i 10 år for å få nok material, grunna lite fisk og til dels høg innblanding av oppdrettslaks i villaksbestandane. I forkant av stamfisket gjennomførte vi og Hardangerfjord Villfisklag møter med lokale lag. Denne delen av aktiviteten vil gå ned i 2016. Det er lokale lag som står for innsamlinga av stamfisk, og det er dei lokale laga som skal stå for utplantinga. Den lokale forankringa er viktig for prosjektet.

41 løyver vart gjeve i 2015 til ulike føremål, som oftast til prøvafiske og fiske etter rømt oppdrettsfisk. Vi har følgd opp tre konsesjonar i regulerte vassdrag.

### **Kalking i Hordaland i 2015**

Kalkingsverksemda med nasjonale midlar i Hordaland er nå sentrert rundt drifta av 3 kalkdoserarar i forsura laksevassdrag. I 2015 starta også bygginga av ein fjerde doserare, i Modalselva. Denne doseraren er del av reetableringsprosjektet i Modalselva, og skal syte for at vasskvaliteten i dette forsura vassdraget blir god nok for laksen.

I 2015 blei det etter planen ikkje kalka i innsjøar i Hordaland. Dei innsjøane der kalking er avslutta, blir overvaka



## Resultatområde 03 Friluftsliv

Vi har delteke på møter knytt til Vestkystparken der midlane vert delt ut får Fylkesmannen i Rogaland. Vi har teke initiativ til oppryddingsaksjoner overfor kommunare og avfallselskap på strandryddedagen når det gjeld marint søppel i både verneområde og statlig sikra friluftsområde. Oppslutninga om dette er aukande

## Resultatområde 04 Forurensning

### Forureina sediment Bergen hamn

Bergen hamn er blant dei 17 nasjonalt prioriterte sjøområda for opprydding i forureina sediment. Bergen hamn er definert i tre delområder: Vågen (235 dekar), Puddefjorden (1 985 dekar) og Store Lungegårdsvann (435 dekar), totalt 2 655 dekar. Fylkesmannen deltek i prosjektgruppa *Renere havn Bergen* gjennom ein delfinansiert halv stilling frå Miljødirektoratet ut 2016. Det er god framdrift i planlegginga for tiltaka i alle tre delområda. Fylkesmannen er delegert mynde til å gje løyve til tiltak i Store Lungegårdsvann og Puddefjorden.

I Puddefjorden er det søkt om løyve for tre ulike tiltak. I dei djupaste områda, djupare enn 20 meter skal det ikkje gjennomførast tiltak. Dette er basert på ein risikovurdering og vurdering av kost/nytte. Dette utgjør 1 370 dekar sjøbotn.

Tiltak skal utførast i Indre Puddefjorden (440 dekar) med tiltakshavar Bergen kommune. Sjøbotn vert dekkta til med tunnelboremassar frå Jernbaneverket sitt prosjekt for ny tunell gjennom Ulriken. Tiltaket er finansiert gjennom 75 prosent tilskot frå Miljødirektoratet og 25 prosent frå Bergen kommune og Bergen og Omland Havnevesen. Innanfor dette arealet er det to nedlagde skipsverft og eit aktivt. Fylkesmannen vil pålegge tiltak etter forureiningslova § 7 fjerde ledd mot skipsverft og noverande grunneigar av tidligare skipsverftslokalitetar for å få dei til å bidra med finansiering, slik det vart gjort i hamneoppryddinga i Harstad.

De andre to delområda er:

- Søreivågen (157 dekar), kor tiltakshavar er eit privat eigedomsselskap, Marin Eiendomsutvikling, som eig grunnen og leiger mellom anna ut til eit aktivt skipsverft (Noryards). Eigedomsselskapet har søkt om løyve på eige initiativ. Årsaken til det er at dei er i gang men ein endring av gjeldande reguleringsplan for området, kor dei ønskjer å fylle ut for nytt byggeland for bustader og kontor.
- Nordrevågen (25 dekar). Tiltakshavar er Forsvarsbygg. Forureiningskjelde er forsvarets ubåtanlegg.

Prosjektet er planlagt utført frå hausten 2016 til sommaren 2017 for Indre Puddefjorden. Tiltakshavar for Søreivågen har i søknaden sagt dei vil koordinere seg med kommunen sitt prosjekt. Forsvarsbygg har signalisert at dei vil gjennomføre prosjektet i 2017. Dei tre løyva frå Fylkesmannen skal være ferdig seinast i april 2016.

For å redusere aktive utslipp av miljøgifter til Puddefjorden som kan rekontaminere ny rein sjøbotn, er det eit pågåande prosjekt i regi av Bergen kommune ved VA-etaten, for å måle utslepp frå sandfangkummer og overvassutslepp. Dei vil og teste ut løysingar for å redusere utslepp frå avløpssystemet. Dei to aktive skipsverfta vert følg opp med tilsyn frå Fylkesmannen i 2016. Det er vidare planlagt ein tilsynsrunde i uke 15, i regi av tilsynspersonell frå Miljødirektoratet for å lokalisere andre aktive landkjelder som kan rekontaminere tildekkingslaget.

Sjøbotn i Vågen er freda etter kulturminnelova. Tiltak for å redusere spreining av miljøgifter frå sedimenta må godkjennast av Riksantikvaren. Det er innleia ein dialog med Riksantikvaren etter initiativ frå Miljødirektoratet. Tidspunkt for tiltak i Vågen er ikkje avklart. Tiltak i Store Lungegårdsvann kan verte gjennomført i forbindelse med ny utfylling for bybane mot Fyllingsdalen. Bybaneutbygginga er planlagt med oppstart i 2018.

### Sørfjorden

Uni Research gjennomførte gransking av strømforhold, og rapporten vart gjennomgått og levert i november 2015. Granskinga gir oversikt over hovudstraumar, men dekkja ikkje botnstraum eller detaljer. Rapporten gjev

data som gjer 3D-modellering av straum mogleg, noko Uni Research ønskjer å gjennomføre i eit eige prosjekt.

### **Forureina grunn**

Løyve til BIR Nett AS vart fullført for fjerning av forureina massar Jekteviken i Bergen etter at saken vart flytta frå Bergen kommune til fylkesmannen. Det er og gjeve løyve til etablering av el-kjel, og flytting av drivstoffpumper på området. Utifrå ein samla vurdering er det sendt varsel om opprydding av heile området til alle tomteeigarane i Jekteviken.

Eit liknande varsel er sendt Bergen kommune om opprydding i eit nedlagt avfallsdeponi på Slettebakken, lokalisert midt i eit bustadområde.

I 2015 handsama vi 2 klagesaker om nedgravne oljetankar i Bergen kommune.

Fylkesmannen har fått delegert frå Miljødirektoratet ein ny sak om forureina grunn i Skiftesvik i Askøy kommune. Det er søkt om midlar til opprydding over post 39 hos Miljødirektoratet.

Vi har gitt uttale til plan for masseutskifting på Bømoen i Voss kommune.

### **Industrisaker**

Når det gjeld industrisaker handsama vi 2015 40 nye utsleppsløyve, endra 14 løyve og ga 3 avslag.

### **Akvakultur**

Det var skrivi ut 21 nye løyver og 5 løyver vart endra;

- 10 løyver gjekk på utviding av MTB på eksisterande lokalitetar
- 4 løyver til oppdrett av reinsefisk
- 4 nye lokalitetar for matfiskoppdrett
- 3 løyve til utvida produksjon i settefiskanlegg
- 5 løyver vart endra som følge av endra plassering og utforming av anlegg

Det vart gitt 3 avslag;

- Avslag på forlenging av mellombels løyve der det var sett vilkår om betring av miljøtilstanden i resipienten
- Avslag på søknad om etablering av ny lokalitet med grunngeving i førekomst av korallar
- Avslag på utviding av eksisterande lokalitet med grunngeving i bæreevne på lokaliteten som ligg i ein terskelfjord

### **Utbygging av vegar og kraftanlegg**

Det vart gitt 3 nye løyver og endra 1 løyve innanfor anlegg;

- Ny E 39 mellom Svevatjørn og Rådal
- Tunneldriving OHARA reinseanlegg i Os
- Tunneldriving Nottveit energi
- Endring Ringedalen kraftverk i Odda

Løyvet til E 39 var arbeidskrevjande. Prosjektet er eit av Noregs største vegprosjekt og går over 2 kommunar. Det er gitt løyve til utslepp frå tunneldriving, lagring av sprengstein i Endalausmarka, graving/flytting av sediment og avrenning frå anleggsarbeid i dagsoner og frå riggområde. Det er gitt utsleppsløyve til mange ulike resipientar. Fleire resipientar er sårbare, bl.a. Steinsvikbekken og Sjøbøvassdraget. Løyvet omfattar også utslepp av tunnelvaskevatt i driftsfasen.

### **Mudring, dumping og utfylling**

Det er gitt 13 nye løyver til mudring, dumping eller utfylling og 2 løyver er endra.

5 av desse sakene gjeld utfylling i Hardanger som følge av overskotsmassar frå veganlegg. Massane vart i dette tilfellet brukt til samfunnsnyttige formål, men det er ønskeleg at Statens vegvesen avklarar bruk av overskotsmassar i vegprosjekt så tidleg i planlegginga som råd

I tillegg er det er gitt nye løyver til;

- Avløpsanlegg i Fjell
- Vassbehandlingsanlegg i Bergen
- NM i drifting på motorcrossbana i Åsane

Vi har endra følgjande løyver;

- 3 løyver avløp
- Løyve CCB i Fjell
- Løyve Hansa Borg Bryggerier AS
- Dispensasjon frå kapittel 27 Avinor

Konsesjonshandsaming er ofte arbeidskrevjande prosessar som tar mykje tid. Vi har mange søknader til handsaming, og i tillegg har vi mange konsesjonar som er eldre enn 10 år, som burde vore revidert.

### **Akutt forureining**

Vi har delteke i fleire IUA-aktivitetar som 4-dagers ELS-kurs og konferanse om akutt forureining med IUA Haugesund Oslo-Kiel ferja og i Lindås kommune. Det har gjennom året vore fleire saker til uttale om meldingar til politiet som gjeld akutt forureining.

### **Avløp**

Oppfølging mot kommunar som ikkje klarer fristen for primærreinsing held fram. Vi har mottatt forpliktande framdriftsplanar med tiltak for alle kommunane omfatta av kapittel 14 i forureiningsforskrifta. Basert på denne har vi revidert utsleppsløyva for kommunane Os og Fjell. Ytterlegare fire utsleppsløyve for kommunane Bergen, Stord, Askøy og Kvam er under arbeid. Utsleppsløyva er endra med nye fristar for å overhalda krav til primærreinsing og i tillegg har vi sett meir detaljerte krav knytt til overvatn, overløp og verknadsgrad til leidningsnett. Vi har nytta ny mal for utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn utarbeidd av Miljødirektoratet.

Vi har gitt fråsegn i 9 saker om etablering av avløpsanlegg i samsvar med kapittel 13 og uttale til kommunedelplan for avløp og vassmiljø. I tillegg har vi handsama ein rekkje klager på forureining frå innbyggjarar på manglande kommunal oppfølging av mindre avløpsanlegg.

Stord, Askøy, Kvam, Fjell og Os er i gang med planlegging av nye reinseanlegg for å overhalde primærreiskekravet. Bergen kommune har i 2015 sett i drift 3 nye sekundærreinsanlegg. Biogassanlegget i Rådalen og Flesland reinseanlegg vil ha driftsstart i 2016. Med desse fire anlegga vil omlag 90 prosent av avløpsmengda i Bergen kommune stette sekundærreinskravet.

Akkreditert prøvetaking vert no gjennomført på Voss RA og Knappen RA. Fem andre anlegg vil bli bedømt av Norsk Akkreditering i januar 2016 og dei tre nye anlegga i Bergen vil fase inn godkjent prøvetaking.

## **Resultatområde 05 Klima**

### **Klimatilpassing og reduksjon i klimagassutslepp**

Hordaland har dei siste åra hatt fleire episodar med ekstremver, store mengder snø og nedbørsflaumar. Talet på beredskapsmeldingar som følgje av klimaendringar aukar. Flaumen i Odda og Voss har ført til ein diskusjon om flaumsikring av verna vassdrag. Det vart i desember sett i gang eit utredningsarbeid i begge kommunar for å utgreie moglege løysingar for flaumsikring. Dette arbeidet held fram i 2016 med deltaking frå Fylkesmannen.

I mai vart den første felles samlinga om klimatilpassing arrangert på Lillestrøm i eit samarbeid mellom NVE, Miljødirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap. Her deltok fylkesmennene med tilsette frå både miljøvern og beredskap.

Reduksjon i klimagassutslepp er eit viktig tema i all handsaming av kommunale planar. Alle kommunane har



utarbeidd egne klima- og energiplanar, men korleis desse er følgd opp er ikkje undersøkt. Klima og lokal luftkvalitet som tema i transportsektoren har fått auka merksemd gjennom arbeidet med bymiljøavtaler og innføring av køprising i Bergen.

Fylkesmannen er med i Klimapartnere i Hordaland som er det største klimasamarbeidet mellom offentlege og private verksemdar i Norge. Gjennom gode eksempel er det søkelys på å klimarekneskap og konkrete tiltak for reduksjon av egne klimagassutslipp.

## **Resultatområde 00 Tverrgående virkemidler**

### **Miljøhensyn i planlegging**

Her viser vi til det som er rapportert under KMD. Fagkunnskap frå miljøvernavingdelinga vert spilt inn i planprosesser i dialog med kommunal- og samfunnsplanavingdelinga. Vi viser her og til det som er skreve om innsigelsesprosjektet. Vi har delteke på møte i plannettverket.

### **Tilsyn**

Fylkesmannen nådde målkravet i 2015 når det gjaldt gebyrinntekter. Målkravet for gebyrinntektene på konsesjonshandsaming og tilsyn er på 2,4 millionar kroner. For hele 2015 har vi brukt rundt 3 årsverk på tilsynsoppgåver. Som vi har påpeika før, står inntektene i form av gebyr ved tilsyn ikkje i forhold til arbeidsmengda ved tilsynsaktiviteten. Vi håper at forslag til ny forskrift med meir differensierte gebyr snart vert vedteke.

Fylkesmannen har ikkje meldt nokon verksemdar i 2015 til politiet, og heller ikkje kravd inn tvangsmulkt.

Vi har gjennomført 60 tilsyn, 59 inspeksjonar og 1 tilsyn ovr fleire dagar. Vi hadde i vår tilsynsplan for 2015 lagt opp til 90 tilsyn. Val av tilsynsobjekt vert gjort i tilsynsplanen med bakgrunn i ei risikovurdering. Få gjennomførte tilsyn skuldast stor arbeidsmengde med konsesjonshandsaming og at vi samstundes hadde fleire vakante stillingar som skuldast sjukemelding og svangerskapspermisjonar på tre gebyrstillingar.

Vi har delteke på 3 kontrollaksjoner i regi av Miljødirektoratet; bilvaskoppsamling, vaskeri og reinseri og bilvask.

*Biloppsamling:* Vi har gjennomført 7 tilsyn med biloppsamlingsplassar, 5 verksemdar med utsleppsløyve og 2 utan løyve. Ved tilsynet såg vi på om miljøsaneringa vert gjennomført i tråd med regelverket. Vi sjekka òg at miljøsanering og lagring av bilvrak ikkje førte til forureining av grunn eller vatn, og at farleg avfall vart lagra og levert til godkjent mottak.

Det vart avdekka mange avvik i bransjen og alvorlege avvik ved tre av verksemdene innanfor område utslepp av oljehaldig avfall, manglande tett dekke og manglar ved oljeutskiljar. Aksjonen avdekka fleire uklarheiter i regelverket og ulik tolking av regelverket mellom embeta. Dette skapte mykje ekstraarbeid med gjennomføring av tilsyna. Alle løyva til verksemdene skal reviderast i 2016 og dei er no i prosess. Betre og tydelegare malar frå Miljødirektoratet hadde vore til stor hjelp i denne samanhengen. Til dømes bør krav om kva aktiviteter som skal ha tett dekke og tydeleg forbod mot stabling av usanerte kjøretøy kome med. Det er liten grunn til at det ikkje skal vere klare krav på desse punkta.

*Vaskeri og reinseri:* Vi har gjennomført 10 tilsyn i vaskeri- og reinseri-bransjen. Vi har kontrollert bruk og lagring av kjemikal, lagring og levering av farleg avfall, og om verksemdene har kontroll med utsleppa sine.

Alle vaskeria hadde avvik med utsleppskontrollen. Vaskeria med løyve har problem med å overhalde utsleppsgrensene, medan dei utan løyve ikkje har gjennomført prøvetaking. Alle dei kontrollerte, både vaskeria og reinseria hadde manglar som omfattar risikovurdering, manglande skriftlege rutinar, substitusjon og handtering av kjemikal. Manglar ved lagring og levering av farleg avfall blei avdekka hos alle unntatt hos to verksemdar.

I Hordaland vil vi fortsette å kontrollere fleire vaskeri i år. Spørsmålet er om vi skal halde fram med å gje løyve eller ikkje. Fire av vaskeria har utsleppsløyve. Eigarane av desse verksemdene er frustrerte av di bransjen ikkje blir handsama likt i dei ulike fylka. I databasen *Forurensning* er det registrert 12 vaskeri med løyve. Fem av desse ligg i Hordaland. Vi håper at kontrollaksjonen kan føre til eins praksis over heile landet.

*Bilvask:* Vi har gjennomført 9 tilsyn med bilvask. Tema var internkontroll, funksjon, drift og utslepp frå oljeutskiljar, substitusjon, lagring av kjemikal og handtering av farleg avfall. Fleire av verksemdene hadde manglar knytt til funksjon og drift av oljeutskiljarane og feil bruk av vaske- og bilpleieprodukt som kan bidra til auka utslepp av olje. Det var varierende kunnskap i verksemdene om drift og funksjon til oljeutskiljarane. Dette var fyrste gongen vi gjennomførte ein aksjon saman med Bergen kommune på dette tema. Vår erfaring er at

samordna tilsyn med kommunen hadde god effekt, både med gjensidig læring og tolking av regelverket. Kommunen skal etter denne aksjonen endre sine lokale forskrifter for utslepp av oljehaldig avløpsvatn.

*Avløpsanlegg:* Vi deltok ikkje i den landsomfattande aksjonen på avløpsanlegg, då vi i 2014 gjennomførte tilsyn med alle kommunane dette gjeld. Likevel gjennomførte vi 3 tilsyn på private avløpsanlegg innanfor større tettstader. Tilsyna avdekkja mellom anna dårlig utsleppskontroll av avløpsvatnet og uklare ansvarstilhøve mellom eigarar av anlegga og driftspersonell.

*Mineralindustrien:* Vi har sendt ut spørjeskjema til 33 verksemdar i mineralindustrien der vi bad om opplysningar om handtering av mineralavfall. Vi har no fått tilbakemelding frå 8 relevante verksemdar som driv med mineraluttak. Desse vert følgd opp i 2016 med tilsyn og eventuelt nye utsleppsløyve.

*Settefiskanlegg:* Vi har gjennomført tilsyn med 8 settefiskanlegg. Dette er ein bransje der vi gjennomfører nokre tilsyn kvart år. Vi har i dag 45 aktive settefiskanlegg for produksjon av laks og aure. Vi har som mål å ha gjennomført tilsyn på alle anlegg i løpet av ein fem-seks årsperiode. Vi har sidan 2012 gjennomført 30 tilsyn på settefiskanlegg.

Anlegga er svært ulike med omsyn til storleik og teknisk standard. I 2011 var det 62 settefiskanlegg i Hordaland. Ein del eldre og mindre anlegg er blitt lagt ned eller gjort om til anlegg for produksjon av reinsefisk av rognkjeks og berggylt. Anlegga som er i drift blir fornya og utvida. Nokre utsleppsløyve er av eldre dato med få krav til utslepp. I dei nye utsleppsløyva vert det sett krav om reinsing og oppsamling av slam. Dei tekniske løysingane for slamhandtering er no under stadig utvikling.

Mange av anlegga har ikkje hatt tilsyn tidlegare. Dette ser vi igjen på resultata, med mange funn på manglar ved internkontrollen, handtering av farlig avfall og substitusjon og liknande. Vi finn ingen typiske trekk for avvika då settefiskanlegga er ein lite einsarta gruppe anlegg.

### **Forureiningsseminar for kommunane**

Vi gjennomførte hausten 2015 eit forureiningsseminar med tittelen *Korleis bli miljøkommune – seminar for kommunane om handtering av avfall og massar*. Alle som arbeider med forureining, avfall og miljø i kommunane i Hordaland og Sogn & Fjordane vart invitert.

Kommunane har mange oppgåver etter forureiningsregelverket. På dette seminaret såg vi nærare på kommunane sine oppgåver når det gjaldt handtering av avfall, massar og forureina grunn og erfaringar frå praksis i kommunane. Det vart presentert eksempel på handtering av båtvrak, ulovleg avfallshandtering og handtering av massar.

Interessa frå seminaret var god med om lag 100 deltakarar. Seminaret var gratis for deltakarane og vart finansierte av fagmidlar.

Vi fekk god evaluering etter seminaret og tar sikte på arrangere ny konferanse om forureiningstema i 2016.

### **Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon**

Vi har gjort nødvendige tilpasningar når det gjeld ny kartlegging av naturtyper og løst de oppdrag vi fikk gjennom året.

Vi driver et aktivt arbeid med miljøraker på eigen nettside, og arrangerer kvart år ein konferanse om naturmangfold og ein konferanse om forureining.

### **Geodatautvalget og kartarbeid**

Fylkesmiljøvernssjefen leder Geodatautvalget i Hordaland der det er fokus på å få fram gode temadata til planlegging. det vert gjort eit omfattande arbeid for å kvalitetssikre miljødata i dei databasene der vi legg inn data som Naturbase, Forurensning, Vann-Nett og Vann-miljø

### **Miljøsamarbeid i internasjonale miljøfora**

Vi har vore vertskap for miljøverndelegasjonar frå Poen og Bulgaria som har besøkt Bergen som del av sitt opphald i Noreg.



Høgre forbruk i 2015 på res.omr 122 skuldas at det i 2014 var vakanse i gebyrstillingane.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 0525</b>	<b>Fagdep.</b>
Naturmangfold	kr 8 341 024,40	kr 251 064,08
4 Forurensing	kr 2 346 702,57	kr 219 383,71
Andre oppgaver under KLD	kr 263 765,86	kr 0,00
11 Klima	kr 5 000,00	kr 0,00
12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling	kr 1 406 707,32	kr 2 332 666,13
12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon	kr 812 538,70	kr 0,00
Sum:	kr 13 175 738,00	kr 2 803 113,00

## **Samferdselsdepartementet**

### **Resultatområde 91 Oppdrag for samferdselsdepartementet**

#### **91.1 Avkjørselssaker etter vegloven**

Fylkesmannen i Hordaland fatta 1 vedtak i sak om avkjørsle i 2015. Klagen vart ikkje gitt medhald.

#### **91.2 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner**

Fylkesmannen i Hordaland har gitt tre konsesjonar etter lova i 2015.

## **Statens Helsetilsyn**

### **Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven**

#### **41.1 Hendelsesbasert tilsyn**

i perioden 01.01.2015 - 31.12.2015 avslutta vi 69 saker. Median saksbehandlingstid var 3,1 månader.

#### **41.2 Planlagt tilsyn**

I 2015 gjennomførte vi fleire planlagde tilsyn enn kravet i embetsoppdraget. I tilsynet med barnevernets handering av meldingar fann vi at barnevernet ikkje etterlever pliktene til å gje tilbakemelding til meldar. Vi undersøkte også om helsetenestene, helsestasjon- og skulehelsetenesta og kommunale tenester innan rus og psykisk helse, kjenner og varetek meldeplikt til barnevernet. Vi fann at terskelen for å melde saker til barnevernet er svært høg.

Vi gjennomførte 121 tilsyn på barneverninstitusjonar. Tre av dei blei gjennomført som systemrevisjon. Dei andre tilsyna ved oppmøte på den einskilde avdelinga. Føremålet var i første rekkje å snakke med barn som var plassert. Vi fann avvik ved to av systemrevisjonane der tema var korleis leiinga ved institusjonen sørgjer for at det einskilde barnet får forsvarleg omsorg.



### **41.3 Klagesaker**

I perioden 01.01.2015 - 31.12.2015 avslutta vi 67 saker. Alle sakene blei behandla innan 3 månader.

## **Resultatområde 73 Klager på individuelle tjenester etter lov om sosiale tjenester i Nav**

### **73.1 Klager på individuelle tjenester etter lov om sosiale tjenester i Nav**

I perioden 01.01.2015 - 31.12.2015 avslutta vi 367 saker. Alle blei behandla innan 3 månader.

## **Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i Nav**

### **74.1 Hendelsesbasert tilsyn**

I perioden 01.01.2015 - 31.12.2015 avslutta vi 11 saker. Median saksbehandlingstid var 2,5 månader.

### **74.2 Planlagt tilsyn**

Etter lokal risikovurdering valde vi å redusere talet på planlagde tilsyn med sosiale tenester i NAV og førde i staden fleire tilsyn med barneverntenester i kommunane.

## **Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenester**

### **82.1 Hendelsesbasert tilsyn**

I perioden 01.01.2015 - 31.12.2015 avslutta vi 214 saker. Median saksbehandlingstid var 4,2 månader.

### **82.2 Planlagt tilsyn**

I 2015 gjennomførte vi tilsyn i samsvar med embetsoppdraget.

Hovudfunn ved det landsomfattande tilsynet med samhandling om utskriving av pasientar frå spesialisthelsetenesta til kommunen er oppsummert i eigen rapport, <https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Helsetenester/Erfaringar-fra-tilsyn-med-utskriving-av-pasientar-fra-spesialisthelsetenesta-til-kommunane-pa-Vestlandet-2015/>

Vi har undersøkt status i skulehelsetenesta og samanlikna med funn i 2007 og har konkludert med at det er lite som er endra. <https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Helsetenester/Skulehelsetenesta-/>

I tilsynet med barnevernets handering av meldingar fann vi at barnevernet ikkje etterlever pliktene til å gje tilbakemelding til melder. Vi undersøkte også om helsetenestene, helsestasjon- og skulehelsetenesta og kommunale tenester innan rus og psykisk helse, kjenner og varetek meldeplikt til barnevernet. Vi fann at terskelen for å melde saker til barnevernet er svært høg.

Ved tilsyn med helsehjelp til pasientar som manglar samtykkekompetanse og motset seg hjelpa fann vi at regelverket i varierende grad var kjent.

Ved tilsyn vi finn lovbrøt, er hovudinntrykket at det er svikt i leiing, særleg leiinga si oppfølging av korleis tenestene blir gitt og om styringa er eigna til å førebyggje svikt.

### **82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukerrettighetsloven m.fl.**

Fylkesmannen realitetsbehandla 332 saker. 96 % av sakene blei behandla innan 3 månader.

### **82.9 Andre oppdrag**

Helse- og omsorgstenestelova kapiittel 9:Leiarar og tilsette i kommunane fekk opplæring og informasjon om nytt rundskriv om rettstryggleik ved bruk av tvang og makt. Vi arrangerte felles fagdag (kapittel 9 og 4A) om førebygging av tvang for tilsette i helse- og omsorgstenestene og tannhelsetenestene. 92 % av sakane av sakene etter kapittel 9 blei behandla innan tre månader. Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt var tema ved 37 stadlege tilsyn og femtilsyn med kommunar.

Kartleggingar er oppsummert, presentert på nettsidene våre, sendt til dei som har svara og Helsetilsynet. Funn og vurderingar er også tekne opp i møte med kommunane.

## **Resultatområde 83 Folkehelse**

### **83.2 Planlagt tilsyn**

Tilsyn gjennomført i 2014 er avslutta. Ved utgangen av 2015 blei alle kommunane bedt om å gje opplysningar om kor langt dei var komme i arbeidet med å ferdigstille dokumentet med oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar. Diverre var det fleire som ikkje svara i tide. Fylkesmannen følgjer dette vidare i 2016.

### **83.3 Klagesaker**

I 2015 avslutta vi sju klager. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var like under 3 månader.

## **Utenriksdepartementet**

### **Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet**

#### **92.1 Apostiller**

Embetet behandla 4798 apostillar i 2015.

#### **92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler**

Fylkesmannen gav i 2015 uttale i ei sak om utnemning av honorær konsul.

## Andre

### Ressursrapportering

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 0525 Fagdep.</b>	
Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 339 916,28	kr 0,00
Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 339 916,00	kr 0,00